

FOLK i Ryfylke 2003



Tema: Ryfylke



FOLK 2003 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Utgivar: Ryfylkemuseet
Nordenden 14
4230 SAND
Telefon: 52 79 29 50
Telefaks: 52 79 29 51
E-post: post@ryfylkemuseet.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementsprisen for 2003 er kr. 150,-.
Abonnement inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i Ryfylkemuseet.
Bankgiro: 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding: Allservice AS,
Stavanger

ISSN 0800-4692

Foto på framsida:

Krav om betre kommunikasjonar har stått øverst på agendaen for det interkommunale samarbeidet i Ryfylke. Med noen store og mange små steg blir bygdene i Ryfylke stadig krytta nærmare bysamfunnet på Nord-Jæren. Da ny ferjekai på Ladstein på Finnøy, og ny veg frå Judaberg blei opna 31. oktober 1994 tok 35 barn frå Veslelia barnehage ferje frå Judaberg til Hanasand for å kunne vera med den første ferja frå Hanasand til Ladstein.
Foto: Egil Eriksson, Stavanger Aftenblad

Innheld

- 
- 004 Redaksjonelt
 - 007 Det eldste Ryfylke – Ei historie om skiftande grenser
Av Ernst Berge Drange
 - 035 Frå femten til åtte – Kommunesamslåingar i Ryfylke i 1965
Av Trygve Brandal
 - 045 «Ikke en selvgitt region» – Om strevet med å samle Ryfylke
Av Roy Høibo
 - 069 Næringsgrunnlaget i Ryfylke – Råvareleverandør og energiprodusent
Av Trygve Brandal
 - 083 Vegen til byen – Om strevet med å knytte Ryfylke til Nord-Jæren
Av Roy Høibo
 - 105 Kulturell utvikling – Om strevet med å gjera kulturen til eit strategisk virkemiddel
Av Roy Høibo
 - 128 Årsmelding 2002
 - 142 Rekneskap 2002

Ryfylkemuseet på Judaberg. Museet arrangerte i sommar turne med museumsjekta saman med Venneforeninga for «Brødrene af Sand» og gruppa «Folk». Finnøy kommune var mellom dei som tok i mot, og vi hadde skulebesøk på Fogn og kveldskonsert på Judaberg. Foto: Ryfylkemuseet.


Redaksjonelt

Ryfylke sprikar. Ryfylke skrumpar. Dei som skulle samarbeide om utvikling av regionen drar i ulike retningar. Dei som driv med planlegging på overordna nivå er i ferd med å gi opp trua på at Ryfylke er noen tenleg region. Ryfylke-namnet blir brukt på mange slags vis, og dei som leiter etter ein fellesnevnar leiter forgjeves.

Det tront ikkje vera slik. Ryfylke er eit område rikt på natur og kultur og med eit variert næringsliv. Det er eit område som gir gode utvegar til å finne fram til «det gode liv», og det er eit område som blir oppsøkt av folk som er i ferd med å gå lei av det urbane livet med dei ulempane det byr på i form av forurensing, kriminalitet og ein stressa kvardag. Det er satsa mye på å utvikle dette til felles beste, det vil seia for å styrke busettinga og arbeidslivet i regionen. Og det er satsa aller mest på å skaffe distriktet betre kommunikasjonar, først og fremst mot Stavanger.

Men folk i Ryfylke, og deira representantar i kommunestyra, har aldri kjent fellesskapet med grannbygdene så sterkt at dei har hatt noen verkeleg sterke vilje til å gjera noe i lag. Regionen har dessutan mangla eit samlande sentrum og den økonomiske og teknologiske utviklinga går raskare enn evnen og viljen til å fange ho. Samarbeidet har gått på sparebluss og idealisme og det har alltid stoppa da det har kome til pengane.

Vi prøver i dette heftet å seia noe om kva Ryfylke er og har vore, som administrativ eining og som råvareleverandør og energiprodusent. Og så prøver vi oss på ei



Det gode liv på Kolbeinstveit. Ryfylkemuseet arbeider for å revitalisere bygdetunet som attraktivt besøksmål. Dette betyr opprusting av kjøkken- og toalettforhold, og større vekt på opplevelingar både for store og små. Vi har starta på Kolbeinstveit, og vil gå vidare etterkvart som vi greier å finansiere tiltaka. Sist sommar var det Ingrid Holmboe Høibo og Bård Kleppe som var buande vertskap på garden. Foto: Ryfylkemuseet.

analyse av ulike forsøk på samarbeid, både det generelle, som har gått føre seg som eit formelt samarbeid mellom ein del kommunar som har vore definert som Ryfylke-kommunar, og samarbeidet på saksfelt som har vore peika ut som viktige. Resultatet er eit noe deprimerande inntrykk av ein region der samarbeids tanken har hatt betre vilkår i festtalane enn i det daglege arbeidet.

Det er teikn i tida som ein kan tolke positivt for bygdene nord og aust for Boknafjorden. Dette er bygder som kan tilby ei alternativ livsform, som kan tilby bu- og arbeidsmiljø som kan vera stimulerande for ein del menneske, og som har ressurser som det er aukande etterspurnad etter. Men skal ein ta fatt i slike teikn må ein frigjera seg frå hemmande tankemønster frå bonde- og industrisamfunnet. Ein må ta kunnskaps samfunnet inn over seg og ha tru på at folk kan leva av anna enn folk har gjort i bygdene tidlegare.

Kanskje må ein også fri seg frå hemmande tanke mønster frå ei regioninndeling som bygger på ein bygningslov frå 1965. Den Ryfylke-regionen som blei

konstruert da er allereide død. Det er ikkje sikkert det er noen god ide å prøve og halde liv i restane. Alternativa kan vera meir spennande og stimulerande.

Dette treng ikkje bety at Ryfylke blir borte frå vokabularet. Ryfylke kan vera eit varemerke og ei meiningfull overskrift over mange verdfulle organ, og kan omfatte tiltak både i større og mindre delar av områda «nordom fjorden» enn dei områda det blir brukt om i dag. Poenget må vera å finne fram til samarbeidspartnarar som har felles mål og ikkje berre ei felles geografisk avgrensing, slik tilfellet var da regionsamarbeidet starta i 1965.

Ryfylkemuseet er ein av dei institusjonane som er tufta på dei restane av Rogaland som var att da den prioriterte delen av regioninndelinga i Rogaland var ferdig. Det har ikkje vore uproblematisk, men konstruksjonen ser nå ut til å kunne bli berga av den museumsreforma som Kultur- og kyrkjedepartementet er i ferd med å gjennomføre. Det er likevel ikkje sikkert at arbeidsområdet til Ryfylkemuseet for all framtid skal sjå slik ut som det gjer i dag.

Det eldste Ryfylke

- *Ei historie om skiftande grenser*

AV ERNST BERGE DRANGE

Frå 1200-talet og fram til tidleg på 1500-talet omfatta Rygjafylke heile det nåverande Rogaland. Men ein tok etter kvart til å snakke om Rygjafylke sør og nord om fjorden. I nyare form kom den nordre delen til å bli Ryfylke, medan den søre delen blei Jæren. Frå tidleg 1600-tal og fram til midt på 1700-talet var Ryfylke delt inn i 3 fjerdingsting: Karmsund, Hemnes og Hesby. Innafor kyrkja var den nordre delen av bispedømmet delt i eit Karmsund og eit Ryfylke prosti. Også den militære organiseringa hadde avdelingar som var knytta til delar av det Ryfylke vi kjenner i dag, medan rettsvesenet lenge opererte med eit langt større Ryfylke. Grensene for Ryfylke har altså vore sterkt varierande, og det er ikkje lett å finne noen ein-tydig oppfatning av Ryfylke.

Det ligg både ein sterk glans og ein historisk dår over ordet fylke. Og linene bakover i historia er lange. Men lenge rådde det ein diskusjon mellom historikarane om bakgrunnen for omgrepene (Indrebø 1931). Diskusjonen enda i ei semje om at fylkesomgrepet går tilbake til organiseringa av dei store lovsambanda i Trøndelag og på Vestlandet. I Trøndelag kan såleis fylkesorganiseringa gå attende til 300-600 e. Kr., medan organiseringa truleg kom nokre hundreår seinare på Vestlandet. Men dei 3 kjernefylka i Gulatingslova var på plass alt i førhistorisk tid. Det var Hordafylki, Sygnafylki og Firðafylki. Seinare tenkjer ein seg at Rygjafylki var det første av fleire randfylke (granneområde) som kom med i lovsambandet. Sidan kom Egðafylki (Agder) og Sunnmärafylki. På Olav Haraldson si tid var alle dei 6 fylka i Gulatingslova på plass (kring 1020).

Ordet fylke (norrønt *fylki*) kjem av ordet folk, og tydde opphavelig – ifylge Gustav Indrebø – ein skare eller ein flokk. Den klassiske læra var derimot at ordet

tydde «folkland», det vil seia ættarheimen til ei folkegrein, ein stammeavdeling. Gustav Indrebø gjer greie for at når ordet fylke vart nytta i lokal meaning, tydde det frå først av reint ålm̄ent berre «bygd», det vil seia eit naturleg avgrensa mindre distrikt, eller eigentleg: området der ein skare, ein flokk bur. På eit seinare trinn tok dei så i tillegg ordet i bruk i ei teknisk-juridisk tyding «um visse slags organisasjons-einingar (tingkrinsar), som vart skipa for serlege samfunsfyremål og avgrensa ved offentleg avtale.» Denne sekundære tydinga er det ein har til dømes i Rygjafylke/Ryfylke (Indrebø 1937 s.13ff).

RYGJAFYLKET

Rygjafylke var ikkje det same som Ryfylke i dag. Rygjafylke – som var eit område i Gulatingslova – omfatta derimot heile dagens Rogaland fylke. Rogaland er elles òg eit gamalt namn på området, eit landskapsnamn. Men på 1200-talet vart landskapsnamnet Rogaland erstatta av

nemninga Rygjafylke, både i tale og i skrift (Indrebø 1931, s.30). Så vart Rogaland i nyare tid teke i bruk som fylkesnamn, men det var først i 1919. Det kom då i staden for Stavanger amt, som hadde vore administrativt i bruk like frå 1660-talet av.

Historikaren og språkforskaren, professor Gustav Indrebø, som la fram teorien om bakgrunnen for fylkesomgrepet, meiner at Rygjafylke etter språklege vurderingar ikkje er eldre enn 900 e. Kr. (Indrebø 1937 s.11f). Indrebø viste òg til språkmannen Marius Hægstad som prova at namnet Rogaland var eldre enn ordet Rygjafylki, for Rygja- er ei yngre språkform enn Roga-. Dei første ledda både i Rogaland og i Rygjafylke kjem likevel begge av folkenamnet rygir (fleirtal), men «rygja» er ei yngre analogiform. Folkenamnet «rugii» er nemnt så tidleg som kring år 100 e.Kr. (Tacitus), og i fleire yngre kjelder. Det har vore rekna med at rygene vandra inn til Noreg i folkevandringstida (400-600 e.Kr.), og gav namn til Rogaland. Men dei historiske samanhengane er svært usikre. Det har tvert imot òg vore hevda ein teori om at rygene utvandra *frå* Rogaland noko før byrjinga av vår tidsrekning, blant anna til Rügen. Det er mogeleg at folkenamnet rugii rett og slett tyder «rug-folket» (Hovda 1965 s.255).

Vi finn altså at det rettsleg-administrative namnet Rygjafylki vart laga i vikingtida ein gong med folkenamnet rygir (i gen. fleirtal) som førsteledd. Dette var «rygene sitt fylke». Tilsvarande hadde ein Hordafylki – «hordene sitt fylke».

Det store Gulatinget – som hadde eit årleg møte i Gulen i Ytre Sogn – var det høgaste trinnet i tingstigen på Vestlandet i hundreåra kring år 1000. Frå Rygjafylket skulle det sendast eit fast tal nemndemenn (tingmenn) til Gulen. Opprinneleg var det 102 menn (altså heile Rygjafylket). Sidan vart talet redusert til 60, og frå 1274 (Magnus Lagabøtes landslov) til 30 mann. Dietten vart

då gradert for tingmenn sør og nord for fjorden (Boknafjorden).

Ser vi vidare på tingstigen skulle det under Gulatinget liggja eit ting for kvart fylke. Under der att skulle det vera ting for fjordunger (fjerededelsfylke) og så – i botn – lokale ting for kvart bygdelag. Men mellomtinga – fylkestinget og fjordungstinget – fekk sannsynlegvis lite å seia i praksis. Dei viktige tinga var dei lokale bygdetinga, nedst, og så det overordna lagtinget (Gulatinget), øvst. I tingbøkene for Rogaland på 1600-talet – altså mykje seinare – støytar ein likevel på den lokal-administrative, rettslege eininga «fjordungen», og Asgaut Steinnes meiner at i det gamle Rygjafylke hadde ein god grunn til å tenkja seg at fjordungstinga hadde ein funksjon òg i mellomalderen (Steinnes 1926).

Ein Åmund Remba var lagmann i Rygjafylke på 1220-talet («Soga om Håkon Håkonson», kap. 93). Asgaut Steinnes har laga ei oversikt over kjende lagmenn i Rygjafylket (Steinnes 1974 s.123ff). (I ein parantes kan vi merka oss at stormannen Torstein Heimnes – merkesmannen til Håkon Håkonson – ikkje vert direkte knytta til Ryfylke, men går i «Soga om Håkon Håkonson» under namn av Torstein Heimnes).

Rygjafylket var altså heile dagens Rogaland fylke. Det kan vi mellom anna sjå av mellomalder-dokumenta i Diplomatarium Norvegicum. Vi finn til dømes Braut på Jæren i «Ryghia fylke» i 1306 (II-72) og garden Dale i 1338 som «liggir i Rennisøy i Ryiafylke» (XII-53). I 1369 finn vi omtala ei jord som ligg i Gann «og Høyland heiter og kyrkja stend i «Ryggia fylke»» (IV-370). Så seint som i 1518 var det svorne lagrettemenn «i Rydefylke» som dømde i ei sak om fiskeriet ved Sele i Klepp på Jæren (IV-790).

Derimot er tilvisinga til Jæren svært sjeldan i mellomalderdiploma. Der er eit brev datert Bjørgvin i 1382 som plasserer Reve på «jadraenom ok j bordu kirku sogn»,

altså på Jæren i Bore kyrkjesokn. Dokument frå 1328 (IV-159), 1336 (IV-197) og 1379 (IV-386) nemner garden Voll «a Jædri» eller «a Jadrenom» i Varhaug kyrkjesokn. I 1431 (IV-618) finn vi garden Sørbø «j Klæps sokn oc Kleps skipreidhe a Jadhreno» (Jæren) og i 1445 (III-786) garden Åsen i Time sokn, Haugs skipreide «a Jadreno».

Når mellomalderdokumenta plasserer gardar på Jæren blir det òg brukt tilvisingar til kyrkjesoknet og/eller skipreidet, altså til den kyrklege og skattemessige administrative inndelinga. Det må likevel ha vore den rettsleg-administrative inndelinga som generelt sto sterkest, der det om heile Rogaland i dag vart nytta omgrepene Rygjafylke. Det var òg denne administrative inndelinga som var eldst.

I 1501 finn vi gardane Stavneim og Hogstad på Varhaug på Jæren «liggende aa jedhern i Ryaffylke» (XXI-523), altså på Jæren i Ryfylke. Her blandar ein ny og gamal administrativ inndeling. Men plasseringa både på Jæren og Ryfylke er med å fortelja at avgrensinga av nemninga Ryfylke til berre den nordre delen av dagens Rogaland endå ikkje var heilt på plass kring 1500.

Så seint som i skattelista 1519, der den nordre luten av det gamle Rygjafylket vert kalla Fjorden og Karmsund, er dei tre delane av fylket under eitt kalla «alt Ryfölcke» (Steinnes 1974 s.119).

Ein finn såleis at namnet Ryfylke like til kring 1520 vart nytta i same meinings som det gamle namnet Rygjafylke.

RYFYLKE

I kristen mellomalder kom det eit skifte i fylkesstrukturen, hevdar Gustav Indrebø (Indrebø 1937 s.42f). Svært mange fylke vart då inndelt i «holvor», det vil sei i halvfylke. Desse halvfylka skulle etter kvart stiga fram som ein røynelig faktor i administrasjon og rettsliv attå fjordungane, skriv Indrebø vidare, og: «For administrasjonen kom halvfylki til å få sers mykje å segja, for syslone og sidan leni vart ofte lagde ovanpå deim».

Utdrag frå Arent Berentsen: «Danmarckis og Norgis Fructbar Herlighed», København 1656

Ryfylke eller Fjordene hafver 12 præstegjeld, liggende omkring den store fjord, som indløber mellom Tungenes paa den syndre og det høie fjeld Bucken paa den nordre side, er i sit indløp 2 mile bredt men indenfor sig meget udbreder saa derudi og omkring er beliggende 9 præstegjeld.

Den store ø, Karmøen, som er 9 mile i sin omkreds og hvorpaa er 3 præstegjeld, henhører under Ryfylke.

Oc endog dette fylke ikke giver overflødig kornland, er det ligevel saavidt kornrigt at indbyggerne dem fast av deres apling underholder og hvis dem derudi noget kunde fattis, opretts det den nem i anden adskillig fordel, de dem av deris fænad og anden landsens gode vilkaar vide at tilveyebringe. Udisær hafve de i Fjorden underskeedlige skjønne laxefiskende, synderlig i Digredal, Hjelmeland og Frafjord sambt i Suledal, som gifver meget store laxe saa deraf gemenlig 6 kunde fylde en tynde.

Teksten er henta frå eit utgåve av boka som er utgitt av Selskabet for udgivelse af kilder til dansk historie, København 1971

Halvfylkeinndelinga hadde truleg sin grunn i riksmakta sitt strev for å få ei meir einsretta inndeling og styring i dei forskjellige delane av riket. Men det kan vel òg ha hatt å gjera med folkeauken frametter mellomalderen.

Ein kan tenkja seg at halvfylka i Rygjafylke rettsleg-administrativt vart nemnd søre og nordre Rygjafylke, akkurat som Vest-Agder og Aust-Agder. I eit dokument frå 1303 finn ein nemninga søre delen av Ryfylke. Gardane Åse, Veshovda og Little Svela – i Bjerkreim og Egersund – vert då nemnde å liggja «j sydra luta Rygjafylkiss»

(DN II-58). Frå 1365 (DN IV-344) er det vidare kjent ei befaling om tiende til sokneprestane «j sydra luta Rygja-fylkis».

Magnus Lagabøtes landslov snakkar om Rygjafylke «sunnan fiardar» og «nordan fiardar», altså sør og nord for fjorden (Steinnes 1933 s.136). Fjorden var Boknafjorden. Inne i landet gjekk grensa sør for Årdal (Hjelmeland kommune i dag).

Det nordre halvfylket i Rygjafylket – altså alt nordom fjorden – skulle ta over det gamle fylkesnamnet i ei nyare form: «Ryfylke». Den søre delen skulle sidan koma til å gå under namn av Jæren, sidan – på 1500-talet – som Jæren og Dalane. Men nemninga Rygjafylke/ Ryfylke på heile dagens Rogaland skulle henga att lenge.

Kva dei sa i daglegtalen på denne tida – kring 1500 – er ei anna sak. Meir folkelege namn var sannsynlegvis Jæren og Dalane i sør, etter dei to hovuddistrikta der, og Fjorden og Karmsund i nord, i det seinare Ryfylke. (Steinnes 1933, s.133). «Fjorden» skulle då dekka det meste av dagens Ryfylke. I eit dokument frå 1500-talet, datert Stavanger, vert omtala futen Henning Balhorn «nw i Fiord-hen» (d.v.s. no i Fjorden) (DN II-1090).

I 1518-19 finn vi omtala Tomas (Andersen) Jude, fut i «Ffiordhen oc i Karmswndt» (Fjorden og Karmsund) (NRJ b.I s.74, 93, 244 og b.II. s.545). Jacob Anderssen var på same tida fut på Hesby (NRJ b.I. s.104).

Det kan nemnast at når ein finn lagrettemenn – domsmenn – i gamle Rogalands-brev (Diplomatarium Norvegicum), vert dei ikkje nemnde lagrettemenn i det eller det skipreidet, men med få unnatak som lagrettemenn i Rygjafylke (Steinnes 1974 s.116f). Det var Gulatinget som nemnde opp lagrettemennene. Etter at Gulatinget vart delt (på slutten av 1200-talet) var det truleg syslemenene eller deira ombodsmenn som nemnde opp lagrettemenn. På 1600-talet og seinare var lagrettemennene knytta til eiga skipreide og til eige skipreideting.

SYSSEL – VERDSLEG-SIVIL ADMINISTRASJON I MELLOMALDEREN

Eit syssel (av norrønt sysla) var i mellomalderen namnet på eit forvaltingsdistrikt. I sagalitteraturen kjem det ikkje sjeldan fram at kongen gav sysler til betrudd menn, både i og utanfor Noreg. Det var område dei skulle styra og forvalta. Som løn for arbeidet fekk dei ta ut til seg sjølv ein større eller mindre del av innkomene i sysla. Men dette var meir tilfeldige og usystematiske sysler. Det var i andre halvpart av 1100-talet syslemannsebedet vart introdusert som ein landsomfattande, fast institusjon. Størst gjennomslagskraft hadde sysselnamnet i dei delane av landet der den gamle fylkesinndelinga hadde svakare eller yngre tradisjon. På Vestlandet og i Trøndelag med Namdalen ser det ut som at det eldre fylkesnamnet og andre inndelingsnamn (åttung, skipreide), blokkerte for introduksjonen av syselnamnet (Andersen 1972 s.646f).

I det gamle Rygjafylket var det i mellomalderen to sysler, nemleg Ryfylke på den eine sida, og Jæren og Dalane, på den andre sida. I eit brev datert Hesby i Finnøy 1423 (DN XXI, s.230) finn vi nemnd riddaren Einrid Erlendson som både var hovedmann på Tønsberghus «ok sysleman ofuer rygefylke». (Sjå òg Steinnes 1950, s.133ff.).

Ogmund Finnson var «syslumaðr j Ryghiafyllki» i 1347 (DN I-242) og Peter Nikolason var «syslomadar j Ryghiafylke» i 1392 (DN IV-453). I soga om Håkon Håkonson heiter det at Bård i Hestbø (Hesby i Finnøy) hadde sysla i Rygjafylke for hertug Skule, men gav seg sidan i kong Håkon si teneste (kring 1240) («Soga om Håkon Håkonson», kap. 208).

Diplom-materialet gjev ikkje namn på syslemenn på Jæren, men i eit dokument 1386 finn vi ein Gunstein som «lænsmadr a Jadrenom» (DN IV-532). I eit dokument i 1349 opptrer Helge Magnusson, «lensmaðr herra

Oghmundr Findz sunar», altså Ogmund Finnson sin lensmann (i Ryfylke) (DN VI-190). Lensmannen var syslemannen sin lensmann, men kongen søkte også å halda lensmannen under sin kontroll. Det var berre ein lensmann i kvar syssel, vald blant dei beste bøndene i sysla.

Lensmannen si hovudoppgåva var å driva inn offentlege fordingar i distriktet på vegner av syslemannen. Det var landskyld av krongods, skattar og sakefall. Men lensmannen kunne også – på vegner av syslemannen – gjera rettslege og politimessige oppgåver. Vi har sett at riddaren Einrid Erlendson både var hovedsmann på Tønsberghus og syslemann i Ryfylke. Han budde vel helst i Tønsberg, slik at lensmannen hans hadde stor makt. Lensmannen i mellomalderen – sysselmannen sin lensmann – kunne ha ein eller eit par sveinar under seg. Lensmannstenaren skulle vera «spakr og skilrikr» (roleg og skjønsam) (Norheim 1948 s.26).

Asgaut Steinnes har laga ei oversikt over kjende syslemenn i Rygjafylke (Steinnes 1974 s.119ff).

LEN, FOGDERI, AMT, FYLKE – VERDSLEGRIV-SIVIL ADMINISTRASJON I NYARE TID

Inndelinga i sysler gjekk i oppløysning i seinmellomalderen. Då forsvann etter kvart også lensmannen i si mellomalderlege form, syslemannen sin lensmann. I staden fekk ein systemet med len, styrt av lensherrar eller – som dei også vart kalla – lensmenn. Desse lensmennene hadde altså ein heilt annan sosial og formell posisjon enn syslemannen sin lensmann. Eller som Jens Arup Seip skriv i innleiinga til Ryfylke tingbok 1616-21: «Lensherren er i disse tingbøkene en fjern og ophøyet person». Til vanleg vart han kalla «befalingsmannen» eller «junker» («den gode mann junkeren») (Seip 1957 s.IIf).

På 1500-talet og utetter 1600-talet – då det lokale for-

valtingsapparatet i Noreg blei mykje utbygd – fekk lensherrane tillagt stadig større og fleire forvaltingsoppgårver. Det var ansvaret for innkrevjing av eit aukande tal skattar, forvalting av krongods, administrasjon av rettvesenet, oppsyn med handel, utskriving og leiing av militære mannskap m.m. (Næss 1981 s.114).

Dei nye lensmennene – lensherrane – tok i bruk fullmektingar i forvaltinga av lena som vart kalla futar eller fogdar. Futane fekk seg underlagt bondelensmenn i quart av dei mindre distrikta (skipreidene). Såleis fekk ein no eit treledda system (lensherre/lensmann, fut og bonde-lensmann) i staden for det to-ledda systemet i mellomalderen (syslemann og lensmann) (Fladby 1965 s.506, Seip 1957 s.VI).

Seinast kring 1420 var det vanleg å kalla dei mennene som hjelpte lensherrane i forvaltinga av lenet for fogdar eller futar. I 1512 finn vi Morten Anderssen som «fowet ower Ryfilke», d.v.s. fogd over Ryfylke (DN IV-1058). Han kan ha hatt heile det gamle Rygjafylke. På den andre sida finn vi berre få år seinare (1519) nemnt fleire futar i distriktet (sjå seinare).

Tidleg på 1500-talet finn vi det gamle Rygjafylket forvaltingsmessig som ein del av Bergenhus slottslen (eller hovudlen). Landet var då delt inn i fem hovudlen: Båhus, Akershus, Tunsberghus, Bergen og Trondheim hovudlen (Utne 1973 s.51ff). Og kongsgarden i Bergen vart sete for Bergenhus hovudlen.

Ryfylke som ein del av Bergenhus len finn vi til dømes i skattemanntalet 1563. Under kapitlet «Skatten av Bergenhus len» vert for det første lista opp bønder i «Jerenn och Dalerne», vidare bønder i «Ryefylcke», «Sunnhordelannndt», Hardanger, Nordhordelandtt», Wos, «Sogenn», Sundfiordtt» og «Noordfiordtt». Skattemanttalet fortel at lensherren på Bergenhus hadde eigne futar både i Jæren og Dalane, i Ryfylke, Sunnhordland, etc. (NLR b.III s.3ff).



Bjørn S. Utne hevdar i artikelen «Rogaland – fra sysler til fogderier» at Ryfylke alt tidleg på 1400-talet vart lagt under Bergenhus slottslen (Utne 1973 s.64ff). Stavanger len vart eige hovudlen først kring 1590. Som lensherren i Bergen hadde lensherren i Stavanger eigne futar, ein i Jæren og Dalane og ein i Ryfylke. Og under futane rådde lensmennene i kvar sine skipreider.

Det må nemnast at det i tillegg til hovudlena fanst mindre godslen med eigen administrasjon. I Rogaland var Utstein klostergods ei eiga forlening frå reformasjonen av og like fram til det vart selt frå krona på 1660-talet. På same måten administrerte Halsnøy kloster sine gardar i Ryfylke (til dømes fleire gardar i Sand-bygdå i Sand). Det var på det meste av 1600-talet.

Ved innføringa av eineveldet (1660) vart den lokale administrasjonen styrkt, og i samband med dette vart lensdistrikta avløyst av amt, som embetsdistrikt heilt knytta til den sentrale administrasjonen.

Namneendringa skjedde i 1662. Ryfylke vart verande eit eige, stort futedistrikt i amtet. Og under futane rådde – som før – lensmennene i kvar sine skipreider. Slik var det like til fute-embeta vart avvikla heilt på slutten av 1800-talet. Dei hadde mista sin funksjon som mellomledd mellom lensmann og amtmann. Skipreidene hadde forresten vorte avløyst av tinglag kring 1840.

Nemninga amt vart erstatta av fylke ved lov av 14. august 1918. Stavanger amt vart Rogaland fylke.

SKIPREIDE OG TINGLAG – VERDSLEGE OG RETTSLEG LOKAL ADMINISTRASJON


Skipreide-ordninga har sin bakgrunn i den sjømilitære forsvarsordninga leidangen. Eit skipreide var eit område der innbyggjarane hadde kollektivt ansvar for å byggja, rusta ut og bemanna eit leidangskip. Men alt på 1100-talet hadde leidangen i tillegg byrja ta form av ein fast skatt i fredstid, den første eigentlege statsskatten i Noreg. Dette medførte at skipreidene fekk ein ny administrativ funksjon, nemleg som skattedistrikt (oppebør-selsdistrikt).

Det store Rygjafylket var alt på 1200-talet delt opp i 32 skipreider. Denne inndelinga heldt seg så seint som på 1630-talet (Steinnes 1933 s.133), og vidare. Det var 16 skipreider i kvart halvfylke. Høle og Idse, som i seinare tid låg i det nordre halvfylket, låg opphaveleg under den søre delen, altså Jæren og Dalane (Steinnes 1926). Truleg var det på 1520-talet Høle og Idse vart lagt under det nordre halvfylket, det som på denne tida meir og meir står fram som Ryfylke. I det gamle nordre Rygjafylket var det altså 16 skipreider, men i det nyare Ryfylke – på 1500-talet – var det 18 skipreider. (Sjå illustrasjon s. 14).

Dei 16 opprinnelige skipreidene i det nordre halvfylket – det seinare Ryfylke – var fylgjande: Årdal, Hjelme-land, Jelsa, Suldal, Yksfjord (sidan Sauda skipreide),

Vikadal, Vats, Leirang (Nedstrand i dag), Skåre, Avaldsnes (som femna nordre delen av Karmøynå og noko av fastlandet på andre sida av sundet), Sør-Kormt (sidan Stangaland skipreide, eller den søre delen av Karmøynå), Hetland (som var Bokn med ein del av fastlandet både i Avaldsnes og i Tysvær), Sæbø (som var Sjernarøyane med nokre gardar på Ombo, ein del øyar mellom Finnøy og fastlandet, i Fister, og så Hanasand-gardane på Rennesøynå), Hesby (som var Finnøy samt Helgøy og (Nord-)Talgje, heilt sør i Sjernarøyane), Hauskje (Rennesøynå) og endeleg Askje (eller Bru skipreide), som var Mosterøynå og Kvitsøynå med nokre småøyar i tillegg. Så kom altså Høle og Idse i tillegg seinare, som det 17. og 18. skipreide i Ryfylke.

Ordninga med dei 18 skipreidene i nord og 14 i sør vart endra i 1635 då det vart oppretta eit nytt skipreide, Gjesdal skipreide, i Jæren og Dalane. Dette nye skipreidet femna ein del gardar i det gamle Høle skipreide, slik at sørgrensa for Ryfylke då igjen vart noko endra (Steinnes 1974 s.67). I 1640 vart det gjennomført ei større omlegginga av skipreidene i Midtre Ryfylke, først og fremst knytta til det gamle Hesby og det gamle Sæbø skipreide. Det er Asgaut Steinnes som skriv om dette i sitt historisk-topografiske oversyn over Rogaland – Rygjafylke (Steinnes 1974 s.68). Då fekk ein ei ny Sjernarøy skipreide, teke i bruk i 1642, og Sæbø skipreide gjekk ut. Detaljane i dette kan ein lesa meir hos Steinnes, som i det heile har ei detaljert gjennomgang av skipreidene i Rogaland og Agder (Steinnes 1974). Han skriv òg at «Knapt nokon annan stad i landet hev den administrative kløyvingi i skipreidor halde seg so fast og lenge som i Rogaland, det gamle Rygjafylke» (Steinnes 1926 s.177). Han slår fast at grensene for skipreidene, bort sett frå dei små endringane som hadde vore gjort 1635 og 1640, hadde halde seg uendra frå tidleg mellomalder til 1840, då ordninga vart oppheva.



I tillegg til å vera den lokale eininga for innkrevjing av skatt var òg skipreidet – frå seinmellomalderen av – bondelensmannen sitt distrikt og dessutan området for bygdetinget, det første ledet i rettsskipnaden (bygdetinget). Det vart årleg halde eit par ting i kvar skipreide. I tillegg hadde ein i Rogaland lenge systemet med fjordungsting, eller fjerdingsting. Dette var ting for større bygdelag – fleire skipreider – som utgjorde ein naturleg eller administrativ eining (Seip 1957 s.XIX). Årsaka til at nemninga fjerdingsting vart bevart i Rogaland, men ikkje i andre strøk, hadde – ifylgje Jens Arup Seip – med at fylkestinget i det gamle Rygjafylke kring 1300 blei gjort om til lagting. I førstninga av 1600-talet vart det halde fjerdingsting for alle dei 18 skipreidene i Ryfylke på den gamle kongsgarden og fategarden Hesby. Sidan finn vi Ryfylke delt opp i 3 fjerdingar, Karmsund, Hemnes og Hesby. I Sør-fylket var det to fjerdingar, Jæren og Dalane fjerding (Steinnes 1926 s.181f). Trass i namnet finn ein altså 5 fjerdingar (eller fjordungar) i Rogaland. Steinnes viser då òg at inndelinga i 5 fjerdingar ikkje var gammal.

Fjerdingstinget for Karmsund på 1600-talet vart halde på Avaldsnes og samla dei 4 skipreidene Stangaland, Avaldsnes, Skåre og Hetland. Tinga for Hemnes vart haldne på garden Hebnes (men òg på Folløynå, rett utafor) for dei 7 skipreidene på nordsida av fjorden. Det var Leiranger, Vats, Vikadal, Sauda, Suldal, Jelsa og Hjelmeland. Hesby fjerding, med tingstaden Hesby, femna dei 7 skipreidene sør i Ryfylke (Årdal, Sæbø (Sjernarøy), Hesby, Hauske, Aske, Idse og Høle). Det var dei same 3 fjerdingane i Ryfylke som hadde kvar sin sorenskrivar ein del år frå kring 1640 (Seip 1957 s.XIX).

Steinnes viser (1926) at dei to fjordungane nord for fjorden i mellomalderen hadde ting på Avaldsnes (for det ytre Ryfylke (Karmsund)) og på Hebnes (for det indre Ryfylke). Laglegare tingstad enn Hebnes for fjordungen i

indre Ryfylke – som omfatta dei 7 på 1600-talet, i tillegg til Årdal skipreide – kan ein ikkje tenkja seg. Systemet med fjordungsting heldt seg i Ryfylke like fram til midt på 1700-talet.

Den eldgamle skipreide-inndelinga var altså i funksjon like til kring 1840. Då vart han avløyst av nydanninga «tinglag». Bakgrunnen var at formannskapslova av 1837 hadde bestemt at dei gamle prestegjelda skulle verta formannskapsdistrikt. Men grensene for prestegjelda kunne vera ganske forskjellige frå skipreide-grensene. Skipnaden med tinglag skulle gje eit større samsvar mellom kyrkjelag og verdsleg inndeling, og vart vedteke for Ryfylke futedøme ved resolusjon av 11. august 1841 (og for Jæren og Dalane futedøme ved resolusjon av 12. november 1850).

Etter resolusjonen om tinglag 1841 vart Ryfylke delt inn i 16 tinglag som anten svara til eit heilt prestegjeld – det gjaldt 8 av tinglaga – eller til 1 eller 2 kyrkjesokn i kvart tinglag (Steinnes 1974 s.68f).

På slutten av 1800-talet var tinglaga identisk med kommunane med desse unntaka (Boye-Strøm 1888 s.4): Sand og Sauda var eit tinglag, men to herad. På same måte omfatta Hjelmeland tinglag både Fister og Hjelmeland herad, Nerstrand tinglag utgjorde Nerstrand og Sjernarøy herad, Tysvær tinglag svarte til Tysvær og Bokn herad og Torvestad tinglag til Torvestad og Skåre herad. Avaldsnes tinglag svarte til Avaldsnes herad og Koparvik ladestad og Skudeneshavn tinglag til Skudeneshavn herad og Skudeneshavn ladestad. Rennesøy tinglag var Rennesøy og Mosterøy herad og Høle tinglag var Høle og Fossan (Forsand) herad.

KYRKJA SI ORGANISERING – GEISTLEG

ADMINISTRASJON

Stavanger bispestol vart truleg oppretta i 1124 som Noregs fjerde bispestol. Det store bispedømet for Gulating lagdøme vart då delt i to (Torvund 1957 s.11f, Mar-

thinussen 1957 s.24f). Stavanger bispedømme kom til å omfatta Rogaland (Rygjafylke), Agder, Valdres og Hallingdal. Ei tid låg jamvel Eidfjord sokn i indre Hardanger under bispestolen i Stavanger. Først så seint som i 1631 vart Hallingdal og Valdres lagt under Oslo bispedøme, medan Øvre Telemark vart lagt til Stavanger.

Stavanger bispedømme vart nedlagt i 1682 då Kristiansand vart gjort til bispesete under namn av Christiansand stift, med domkapittel og geistleg jurisdiksjon. Det over 500 år gamle Stavanger bispedømme vart då lagt under Kristiansand, og det skulle gå 240 år før det nye Stavanger bispedømme vart oppretta frå nyttår 1925, identisk med Rogaland fylke.

Vi har sett at den rettslege lokale organiseringa i Rogaland går attende til vikingtida (Gulatingslova). Den kyrkjelege organiseringa kom sjølvsagt med kristendommen. Og frametter mellomalderen fekk ein den lokale inndelinga i lokale kyrkjesokn. Ordet sokn kjem av å sokja, det vil seja eit distrikt der innbyggjarane sökte til ei sams kyrkje. Eit kyrkjesokn skulle ha både ei kyrkje, ein kyrkjegard og ein eigen prest.

Den kyrkjelege organiseringa vart hardt råka av folketapet i seinmellomalderen. Mange sokn vart då gjort om til anneks-sokn, som betydde at presten ikkje lenger budde i soknet, berre betjente kyrkja der.

Omgrepet prestegjeld har bakgrunn i den etter-reformatoriske embetskyrkja. Eit prestegjeld vart då eit distrikt, eit embetsområde, som gav ein prest ytingar.

I Diplomatarium Norvegicum er nemninga sokn svært sjeldan før 1300. Dei einaste døma i Rogaland er tilvisinga til «Klaeps kirkiv sokn» i Arnbjørn av Heimnes sitt testamente kring 1280 (DN I-70) og Finnøy kyrkjesokn i 1296 (DN I-84). Frå Sand har vi det latinske motstykket i «parochia de Sand» frå 1283 (DN II-21), altså Sand sokn. Frametter 13- og 1400-talet kjem det derimot ei stadig aukande mengd dokument som har med tilvising

til kyrkjesoknet. Det aukar nærmast eksplosivt. Medan ordet sokn i heile landet vert registrert berre 10 gonger før 1300 vert det brukt heile 991 gonger mellom 1300 og 1400 og 1621 gonger mellom 1400 og 1500. Dette er altså registreringar i Diplomatarium Norvegicum.

Suldal sokn vart i mellomalderen kalla Vinjar sokn. Frå Strand er Voster sokn kjent frå 1338, 1349 og 1410 (Skadsem 1940 s.73ff). Nedstrand vart kalla Hinderå sokn etter garden Hinderå. I Skjold finn vi Smedsvik sokn i 1461 (DN XVIII-81). Like eins som prestegjelda har prosti-inndelinga bakgrunn i reformasjonen. Det fanst rett nok prostar i mellomalderen, men desse var biskopen sine «lensmenn», med særskilt ansvar for å ta inn dei biskoppelege inntektene. Ingemor Gauteson, «proust paa Jæderenn» i 1443 (DN IX-267) må ha vore ein slik biskoptenar.

Etter reformasjonen vart det skipa til prosti, der prostane i første rekke skulle tena som mellom-menn mellom dei geistlege i prostiet og superintendenten (biskopen). Dei 5 prostia var Dalane, Jæren, Stavanger, Ryfylke og Karmsund. Desse var i funksjon i si opphavlege form like frå 1500-talet og til ut på 1900-talet (Boye-Strøm s.3 og 86). På slutten av 1800-talet bestod Ryfylke prosti av prestegjelta Nedstrand, Vikedal, Hjelmeland, Jelsa, Sand og Suldal. Karmsund var Skjold, Tysvær, Haugesund, Torvastad, Avaldsnes og Skudenes prestegjeld. Men Skjold høyrdde tidlegare til Ryfylke prosti. Vi kan også merka oss at Røldal sokn høyrdde til Stavanger bispedømme (stift) fram til midten av 1800-talet, då det vart overført Hardanger og Voss prosti i Bergen stift. Røldal var anneks-sokn under Suldal fram til 1848. Sauda var anneks-sokn under Suldal fram til 1858. Då vart det ein del av det nye Sand prestegjeld. Sauda vart eige prestegjeld i 1948.

Sand prestegjeld vart anneks-sokn under Suldal prestegjeld midt på 1960-talet, i samband med kommunesaman-

Frå Bendix Christian de Fine: «Stavanger Amptes udførlige beskrivelse» (ca 1745)

Ryefølche Fogderies Situation og Jordens beskaffenhed paa det faste Land især langt inde i Fiordene og til Fields blant Klipperne, hvilke ligesom indslutter og deeler den eene Dal, den eene Fiord, og den eene Gaard fra den anden, saa landet er dyb og trang imellem Fiordene og Fiordene, at der ikkun faae Gaarder og faae Opsiddere paa hver Gaard og Stæd kand Boe til sammen, men her ligger een Gaard, og der een anden, hvis Gaarders og Udmarkers sterknninger adskilles, og enten ved visse Fiorder, Fielde, Høyer, Daler, Elve eller Bækk, som løber fra Fields til Fiære, og ved somme Elver og store Bekke har Bønderne baade deres smaae Sauger, hvorpaa Dæhler skieæres, saa og, som over alt i Amtet, ved de smaae af de ferske vande udrindende bekke deres qverner eller smaae Vandmøller staaende at male Høst og Vaar ved kommende Vandflod, deres Havre Korn paa, af hvilket Meel de baade daglig kaager deres Suppe og Grød, saa og i tyndese Circel-runde Kager, saa store som een Tynde-bund, udbager deres Fladbrød er ellers ligesom forhen om Dahlerne i Jæde-rens Fogderie meldt er, Hvor Jordene er paa eendeel Stæder, Grund, sandig og steenig, som behøver, for Solens sterke Heede og Reflection om Sommeren ned inden udi de dybe Daler imellem de høye Klipper, hvor Gaardene ligger, jdelig Regn, om den skal bære frugt, og er deres Eng derfor paa mange Stæder, undtagen ved Gaardene og Agrene, hvor beste og tykkeste Eng staar, liden og tynd i Bierge og Kløfter, og overgroes med lyng og Musse, hvorfor de maae slaae een stor del Høe

langt oppe fra Gaardene udi de store daledes og Græs groede Fielde, og siden om Vinteren paa Sne frem-bringe hvad de deraf om Sommeren samlet haver, og det med største besværlighed formedelst Sneens aarlig fal-dende mangde af 6 a 7 alens dybhed, saa baade Folkene og Hestene maae forsiunes paa deres Fødder med een slags Fode Machine, som kaldes Tryer, giort omrent saa stor, som een Bund af een ? tønde af et stykke rund-bøjet Træ, sammen snoet med vidier, der bliver bun-den på Foden saavel paa Folk, som Heste, hvilke bruges i dyb og blød Sne at gaae med, for ikkje for dybd udi Sneen at nedsynke. Saa høyt til Fields gaar og Bøn-derne baade udi Ryefølche, saa og Dahlernes Fogderie paa Skie, som er een anden slags Fode-Machine, giort af Eeg eller Birke Træ, een haand breed 3-alen lang, krum for til op ad, som bruges at nedrende af Fieldene med under Bakken, dog ikkje lige ned, man Paa siden af Bakken, havende een Stok i Haanden, for Falde at Stytte og Styre sig med. Men Øerne ere de beste Kornlande i Ryefølche, hvor der og findes mange skiønne Gaarder af Behageligste Situationer, dog er landet lidet som gjør Ager og Eng, imod den store vidde af Klipper og bierge; Bøndernes almindelige Næring paa øerne bestaar i sær af Kornavlning, Slagter qveg, og Hommerfiskerie; Og ved Hav Siden af Fiskerie fornemmelig Sild, Torsk, Sej og Hommer etc., Samt de øvrige Skibbreder i Ryeføl-che, der ligger meere til Fields og udi indløbende Fior-der, deres Næring deels i Bord, Bielkker og Bændeveed, deels og Slagter Qvæg, Smør, Tallig og Skind, samt Nødder, Lax og Makkrel; Men de til Fields høyst boende Bønder i Ryefølche meest af Qveg avling, saa-som de avler sielden saa meget Korn, som de behøver, men maae Kiøbe, Landet er end og der vel bebygget og udnyttet; Ellers findes der og Moosser og udyrkede Heeder paa de stæder bruger om Sommeren til Fæbe-

ede, thj de have den Skikk at de om Sommeren fører deres Creaturer høyest til Fields paa deres Støler, hvor de have staaende smaae Huusse og der aarlig samler deres beste Fæde vahrer af Smør og Ost, For at opæde det Græs, som de ikkje derfra kand hiem føre for Klippernes og vejenes besværlighed, men mange Stæder kand for de mange Ulve og Biørne, der opholder sig og neddræber deres Creaturer ej benyttes.

Teksten er henta frå amtmann Bendix Christian de Fine: «Stavanger Amtes udførlige beskrivelse» frå ca 1745, utgitt av Rogaland Historie- og Åttesogelag 1952.

slåingane. Då vart det òg gjort fleire mindre endringar i prestegjeldsgrensene (sjå t.d. Fedrene kirke 1965 s.144).

På slutten av 1960-talet hadde ein framleis både eit Ryfylke og eit Karmsund prosti (Fedrane kyrkje 1968 s.150ff). Ryfylke prosti var prestegjelda Nedstrand, Vikedal, Hjelmeland, Jelsa, Sauda og Suldal. Nedstrand hadde to sokn, Nedstrand og Sjernarøy (sidan òg det nye Skjoldastrauen sokn). I Vikedal er det tre sokn: Vikedal, Imsland og Sandeid. Suldalspresten har Sand som anneks og Jelsapresten har Erfjord. I Hjelmeland er det tre sokner: Hjelmeland, Årdal og Fister.

Strand, Finnøy (med Hesby og Talgje sokn), Rennesøy (med Hausken, Sørbø og Mosterøy), Høgsfjord (med Høle og Forsand) og Randaberg (med Kvitsøy) høyrdde til eit nyare Hetland prosti. Kvitsøy hadde tidlegare – frå gamalt av – vore eit sokn under Rennesøy prestegjeld. Karmsund prosti utgjorde i 1968 prestegjelda Skudenesh, Kopervik, Avaldsnes, Torvastad, Vår Frelser, Skåre, Rossabø, Tysvær og Skjold. Tysvær har Bokn som anneks-sokn (sidan òg Førdesfjorden sokn) og Skjold har Vats anneks-sokn.

Både namn og prostigrenser vart endra 1988/89. Ryfylke vart då delt i eit Nordre Ryfylke og eit Søre Ryfylke prosti. Til Nordre Ryfylke høyrrer Sauda, Suldal, Tysvær, Vindafjord, Ølen og Bokn kommunar. Til Søre Ryfylke høyrrer Strand, Forsand, Hjelmeland, Finnøy og Rennesøy, altså det meste av det som ei tid heitte Hetland prosti. Dei andre prostia i fylket er Dalane, Jæren og Karmsund, altså gamle områdenamn, men vidare Stavanger Domprosti, Sandnes prosti og Tungenes prosti, som er nye namn.

MILITÆR ADMINISTRASJON

Det norske forsvaret var frå gammalt av basert på folkevepninga, både til lands og til vanns. I sjødistrikta hadde ein leidangen, og siste gong ein leidangsflåte var i kamp skal ha vore i 1429. Så hadde ein oppbodssystemet, også kalla bondeoppbod eller landvern. Det var ein samankalla styrke av våpenføre menn som hadde plikt til å rykka ut i ufredstider.

Leidangen var bygd på eit kommunalt prinsipp på den måten at bøndene i den enkelte «forsvarskommune», skipreidene, var kollektivt ansvarlege for å rusta ut og bemanna eit skip. Vi har elles sett at skipreidene skulle få ei mykje lengre soge i norsk samfunnsliv enn sjølve leidangen.

I seinmellomalderen, frå kring 1350 til kring 1600, låg folkevepninga nede. Då var det festningane med deira garnisonar, stormennene og deira vepna sveinar, samt utanlandske leigetroppar som prega militærvesenet (NHL s.286ff). Men ein freista gjenoppliva leidangsordninga under Kalmarkrigen (1611-13) ved å kalla ut 8000 bondesoldatar som bygdefolket skulle utstyra med mat og våpen. Dette vart ein stor fiasko (Marki 2001 s.19). Dei fylgjande opplysninga om utskriving/militærhistorie i Rogaland er for ein stor del frå Marki 2001).

Ein fast norsk hær vart oppretta først ved krigsordi-

nansen av 1628, og soldatlegda skulle sidan i 170 år danna kjernen i det norske landforsvaret. Legda var ein krins av gardar som skulle rusta ut ein soldat. I Rogaland var det i 1629 390 legder som rusta ut like mange mann. Ordinansen av 1628 organiserte den norske hæren i 5 regiment (Båhusiske, Tunsbergiske, Akershusiske, Bergenhusiske og Tronhemske), 3 Fähnlein eller fenniker (Jämtlandske, Agdesiden og Stavanger) og 14 borgarkompani i byane. Avdelingane skulle stå under kommando av lensherrane. Jamvel om ordninga låg nede i fleire år frå 1629 til 1640, rekna det nyss nedlagde Rogaland infanteriregiment nr.8 si soga attende til det såkalla Stavanger Fähnlein frå 1628. Ved gjenreisinga av hæren 1640-41 vart Agdesiden og Stavangerske fähnlein slege saman til eit nytt Stavanger regiment (Marki 2001 s.20ff), men med to fenniker, ein for kvart len. I 1657 vart regimentet gjenopprettet under namnet Vesterlenske nasjonale infanteriregiment i samband med Bjelkefeiden, altså med bakgrunn i Agder og Rogaland i dag. I 1658 og 1659 vart det i alt sett opp 6 kompani, der halvparten var frå Rogaland: Stavangerske, Ryfylkske og Jæderske kompanier, i alt 689 mann. På 1660-talet (1662-69) vart talet på kompani i Stavanger len (amt) redusert til to, der det eine (Ryfylkske kompani) hadde sitt mannskap frå indre Ryfylke og utetter til havet, medan det andre (Stavangerske kompani) henta soldatar frå Ryfylkegjane, Jæren og Dalane.

Då Stavanger amts kompanier vart delt i to vart første underavdeling av 1. kompani, utanom søndagsekssersisen, eksersert utover sitt standkvarter ved tollboden på Nedstrand. Andre underavdeling av 2. kompani vart jamleg eksersert ved kyrkja på Jelsa.

Frå 1669 til 1710 var det igjen tre kompani i Vesterlenske nasjonale infanteriregiment (Jæderske, Ryfylkske og Listerske). I dagens Rogaland var det i alt 492 soldatlegder, som altså hadde ansvaret for utrustinga av solda-

tane. Men innimellom, i fredstider, låg kompania nede. Grunnlaget for eit militært utskrivingsvesen vart lagt midt på 1600-talet då det vart bestemt at hæren skulle rekruttera soldatar frå Austlandet og Trøndelag, medan mannskap i kystdistrikta sør- og vestpå skulle gå til flåten. Utskrivinga til hæren vart underlagt Generalkrigskommisæren i Noreg frå 1644. Utskrivinga til flåten låg under «Søe-Estatens General Kommissariat» frå 1673. Etter 1814 var «Søe- og Land-Krigs-Commissairen» ansvarleg for heile det militære utskrivingsvesenet. På 1880-talet høyde Stavanger amt under Bergens krigskommisariat med omsyn til den ålmenne utskrivinga. Amtet bestod då av 2 utskrivingsdistrikt (11. og 12. utskrivingsdistrikt) med til saman 8 rulleførerkirksar. Det 12. distriktet utgjorde dagens Ryfylke og Nordfylket elles. Men sjøvepninga hadde òg eit eige utskrivingsdistrikt i Stavanger amt, nemleg Kristiansands innrullekirksdistrikt (Strøm 1888 s.6f). Her var det 4 innrullekirksar, der Suldal herad var det einaste distriket som ikkje var med. Ein har elles ikkje hatt eit eige, lokalt organisert sjøforsvar i Rogaland over lengre tid.

I 1705 kom det ei ny, norsk hærlov. Den fastsette at to fullgardar til saman skulle stilla ein soldat. Det Vesterlenske regimentet vart no delt inn i tre bataljonar. Den første bataljonen bestod av Stavangerske og Ryfylkske kompani med reservar (Marki 2001 s.52). Denne bataljonen hadde øvingar på Hana, og i tillegg vart det halde kompaniøvingar i januar og i september. Ryfylkske kompani heldt elles sine øvingar ved Årdal kyrkje.

Eit sjømilitært manntal for Stavanger Amt, som vart teke opp 1706-07, dokumenterer i detalj det som då var sjølegd i amtet (i dag Rogaland fylke). Talet på matrikkelgardar i Ryfylke var i alt 1151. Av desse var 607 sjølegdsgardar. Alle matrikkelgardane i Rennesøy, Finnøy, Sjernarøy, Kvitsøy og Utsira var naturleg nok med. Frå Vats var det 10 av 42 gardar, Høle 30 av 84, Strand 23 av

59, Sand 10 av 40 og Sauda 9 av 45 (Hovedrulle 1706/07 s.iiif). Dei andre gardane var såkalla landlegd.

I 1709 var det Vesterlenske nasjonale infanteriregiment klar til å setjast inn i den tilstundande store nordiske krigen. I denne styrken var det to linjekompani, Stavangerske og Ryfylkske, reine rogalandsoppsetningar med 148 og 153 mann (Mark 2001 s.54). I 1717 – altså midt under krigen – vart det gamle infanteriregimentet delt i to, der det 2. Vesterlenske nasjonale infanteriregimentet dekte distriktet frå Lindesnes til Etne. Etne og Skånevik kom då frå det tidlegare Bergenhusiske regiment. Det 2. vesterlenske hadde i alt 12 kompani, fordelt på to bataljonar. I 1. bataljon var mellom anna 3 Ryfylke-kompani (1., 2. og 3. Ryfylkske kompani). Kvart kompani talde 50 legder, med to soldatar i kvar legd. Ryfylkekompania hadde sine telthus (utstyrshus) ved Hjelmeland, Vikadal og Hinderå kyrkjer (Nedstrand). Ekserserpossessane var Sæbø i Hjelmeland, Sandsøyra i Strand og Vestbømoen i Sandeid. Sidan var Hebnes i Jelsa brukt som ekserserpossess, og frå 1790 strandstaden Sand, der det òg vart bygd eit telthus.

Åra 1767-69 var regimentet igjen slege saman til eitt, og like eins frå 1789 då Vesterlenske nationale infanteriregiment igjen oppstod. Det var i samband med omorganisering, då ein skilde ut grenaderane (elitetroppane) i eigne kompani.

Då Danmark-Noreg kom med i Napoleonskrigane i 1808 sto det Vesterlenske infanteriregiment ombord i den nyopprettet flåten som marineinfanteri. I tillegg var somme avdelingar av regimentet i garnison i Kristiansand. Framleis var det 3 Ryfylkekompani i regimentet, nemleg i 3. Nasjonale Bataljon. Denne inneheldt i tillegg eit Stavanger-kompani og dei to i Sunnhordland, Etneske og Skånevikske kompani.

Ved nyordninga av hæren etter 1814 vart regimentsordningane oppløyst og erstatta av brigadar. Rogaland

vart utskrivingsdistrikt for det Stavangerske musketerkorps av den Christiansandske infanteribrigade. Kvar brigade skulle ha 4 korps, kvart med 4 kompani. Då den nye ordninga vart innført 1. januar 1818 kom Stavangerske musketerkorps til å bestå av 4 kompani, nemleg Etneske, Ryfylkske, Jæderske og Flekkefjordske, kvart med 103-111 legder og ein total styrke på 400 mann.

Ved ei ny hærordning i 1834 vart Ryfylkske og Etneske kompanier overført den Bergenhusiske infanteribrigade og lagt inn under Søndhordlenske musketerkorps. Men dei sørlegaste delane av Ryfylke fekk si utskrivning til det Jæderske kompani. Det var vel noko etter 1834 at Sørheimsmoen i Etne vart teken i bruk som ekserserpossess for Etneske og Ryfylkske kompani.

Prinsippet om ålmenn verneplikt vart fastsett i grunnlova 1814, men først innført ved ei rekje seinare lover. Vernepliktslova av 1866 auka linjehæren til 18000 mann. Det resulterte i ei ny reorganisering av hæren. Korpsa vart døypt om til bataljonar og kompania vart skrivne ut frå såkalla utskrivingskrinsar. I tillegg vart kvar bataljon nummerert i tillegg til den geografiske namngjevinga. Det vart òg gjort endringar i utskrivingsdistrikta.

4. Hardanger bataljon av Bergenhusiske infanteribrigade fekk nr 2 av 4 kompani heilt eller delvis frå Rogaland. Det 3. kompani henta såleis sitt personell frå Skjold, Torvastad, Haugesund, Avaldsnes, Skudeneshavn og Tysnes, der berre Tysnes er på Hordalandsida. Det 4. kompaniet var eit rent Ryfylke-kompani med mannskap frå Suldal, Sand, Sauda, Jelsa og Vikedal herad. Dei øvrige herad i Rogaland fekk personell skrive i 2. Stavanger bataljon av Kristiansandske infanteribrigade med 4 kompani, der 1. kompani bestod av herada Hjelmeland, Årdal, Finnøy, Rennesøy og Strand.

Madlamoen i Håland prestegjeld vart teken opp som ekserserpossess frå 1870-talet både for Stavanger bataljon

og Kristiansands bataljon. Like fram til 1910 var dette ekserserplassen frå Skånevik-Fjellberg og Finnås i nord til Audnedal i sør. Då vart dei nordlege distrikta overført til Sunnhordland bataljon med ekserserplass på Tvildemoen, Voss, og ein del av Agder regiment gjekk til Gimlemoen ved Kristiansand. Marinens overtok Madlamoen etter krigen, frå 1952 som marinens sentrale rekruttskule, med leirnamn «KNM «Harald Hårfagre». Sidan hadde Rogaland regiment sin base i Soma leir.

Det kom endå ei ny hærordning i 1889. Den nordlege delen av Rogaland fylke vart då igjen tilbakeført som utskrivingsdistrikt under Kristiansandske infanteribrigade, saman med del av Sunnhordland. Brigadens 1. korps heitte Stavanger, medan det 2. korps blei heitande Kristiansand, trass i at hovuddelen av utskrivingsdistriket låg i Stavanger amt, nemleg i den sørlege delen av amtet, men òg inkludert Strand og Høle i Ryfylke. Begge korpsa hadde samlingsstad på Madlamoen.

Fylgjande var utskrivingsdistrikt for 1. korps (Stavanger linjebataljon og Stavanger landevernsbataljon):

1. kompani: Finnås, Ølen, Torvastad, Haugesund og Avalsnes.
2. kompani: Vikedal, Fjellberg, Skånevik, Etne, Skjold, Nedstrand.
3. kompani: Tysvær, Skudeneshavn, Hetland, Stavanger.
4. kompani: Sauda, Sand, Suldal, Hjelmeland, Jelsa, Årdal, Finnøy og Rennesøy, altså det meste av dagens Ryfylke-region.

Ei reorganisering av forsvaret i 1911 innførte den gamle regimentsstrukturen i hæren. Og etter 94 år som avdeling under Kristiansandske infanteribrigade vart Vestrelen infanteriregiment nr.8 Rogaland oppretta, med 4 bataljonar og heile Rogaland som utskrivingsdistrikt bort sett frå herada Vikedal og Skjold. I 1930 fekk regi-

mentet sitt nye namn, nemleg Rogaland infanteriregiment nr.8, eller lokalt: «IR åtta».

Gjenopprettингa av hæren etter krigen 1945 var førebud i England. IR 8 vart lagd under Distriktskommando Sørlandet. Grensa mellom Sør- og Vestlandet var frå 1952 fylkesgrensa Hordaland-Rogaland.

I 1960 vedtok Stortinget etablering av Forsvarsdistrikt (FDI) i Sør-Noreg og eit tilsvarande Landforsvar (LF) i Nord-Noreg. Då vart Rogaland forsvarsdistrikt oppretta, med eit territorielt ansvar, og det formelle namnet på Rogalands-regimentet vart «Forsvarsdistrikt nr.8/Infanteriregiment nr.8 (FDI 8/IR 8)». Her må òg nemnast eit nyt innslag i landforsvaret etter krigen, nemleg heimevernet (HV). Det vart oppretta ved kongeleg resolusjon i 1946. Rogaland Heimevernsdistrikt vart delt i 3 krinsar, sidan kalla avsnitt, nemleg Jæren, Stavanger og Haugesund. Etter først å ha vore bemanna med friviljuge, vart det frå 1950 skrive ut vernepliktig mannskap til Heimevernet. Talet på avsnitt vart sidan utvida, og i dag har ein både eit Ryfylke og eit Haugalandet avsnitt i Rogaland Heimeverndistrikt 08, med base i Stavanger.

Ved siste omorganisering av strukturen i hæren i 1995 vart Distriktskommando Sør- og Vestlandet oppretta med standkvarter i Kristiansand. I Rogaland vart FDI 8/IR 8 lagt ned med verknad frå 31. juli 1995. Samstundes vart Rogaland regiment oppretta med verknad frå 1. august 1995 som territorielt regiment. Dette utgjorde berre ein liten kadrestab med 6 offiserar og 2 sivile tilsett i Stavanger som dreiv med operativ planlegging, og som skulle ha leiinga av landforsvaret på lokalt nivå. Då ville ein hatt heimevernet til disposisjon.

Så vart òg denne ordninga avvikla, frå 1. august 2002. Dermed var Rogaland regiment definitivt ute av soga, etter over 370 år teneste. Rogaland regiment, Agder regiment og Telemark regiment vart då slegne saman under namnet Forsvarsdistrikt Sør, med sete i

Utdrag frå prost

Peder Schrøder:

«Beskrivelse over Ryfölke Fogderie», ca. 1750

OM RYFØLKE FOGDERIETS FORDEEL VED SKUGER OG SAUGE-BRUG

Endskiøndt Skougene i dette Fogderie ere i fordum tid meget ruinerede deels paa Øerne i de 4re Præstegjeld: Rensøe, Schudenæs, Augvoldnæs og Torvestad, saa det end ikke brænde-ved at faa til fuld brug paa nogen Gaard i disse Praestegjeld, endskiøndt de mangfoldige træ-Rødder, som endnu opgraves af jorden ere vidne til at her haver ikkje feylet store og prægtige Skouge i Formaals tider; samme skal deels af Søe-Røvere, deels af Landets Indvaanere self være afbrændte, at Søe-Røvere ikke i samme skulde have skiul, udi dennem; deels i Fiordene i de øvrige 8te Præstegjeld: Schiold, Wigedahl, Nærstrand, Soledahl, Jelsøe, Hielmeland, Findøi og Strand, hvor endnu findes Skouge, men meged svækiske indtil Toldstædet blev forfløttet fra Nærstrand, mig ubevist enten det skede i slutningen af forrige Seculo, eller i Begyndelsen af dette løbende 1700de; thi udi ald den tid kom en mængde af Schotter, som toge Skibsladninger af bord, men, i sær, biælker, hvor ved skougene bleve meged udhugne, i sær de nærmestee træer ved siøe-Kandten, og de som havde end ikke naaet sin halve vext, blev fældede til biælker og spi-

rer: Saa ere de dog i de bemældte 8te Præstegjeld, eller Fiordene, ved fornuftige hjelpemidler efter tidens Leylighed paa denne maade ophiulpne:

At ingen biælker eller spirer item Legdter bliver hugne af noged træ, som er i voxter (d.v.s. som ved tiden kand avangere og blive til Saug-støkker eller huusetømmer).

At inted Saug- eller Huuse-tømmer bliver i almindelighed hugged uden af saadanne træer som ere fouenede i toppe, thi de voxter ikke mer og haver beste og varigste veed af ald.

At, efterdi Høst-hugged tømmer er det duur-kraftigste i sit brug, de da nøye passer paa i første frost-væjr at fælde de træer, som ere længst fr hav-bredden og høyeste i fiældene, paa det de kan des bædre i sneen løbe det ned til Søen.

(...) Saugene i dette Fogderie ere og saa mange, at ingen bliver forlegen med sit tømmer baade af Fyrretærer, og Egetrærer, endskiøndt de siste ere ikke mange, da Fyrretærer, og ingen granne-træer, ere de fleste Skouge fyldte af. Der bliver paa disse Sauge ikke allene skaaren saa mange bord og dæler (planker), som Indvaanerne til sit brug ere forsynede med, men end og nogle Ladninger bliver ved Stavangers skibe henførte til Schotland, undertiden, men sjælden til Franckerig og Hispanien, hvor ved faaes de vaher af samme Lande, som disse stæder kan ernødige.

Utdraget er henta frå eit opptrykk som blei gjort av Rogaland Historie- og Åttesogelag 1998.

Kristiansand. FDI SØR har ansvaret for landforsvaret og heimevernet både i Rogaland, Agderfylka og i Telemark.

Vi har sett at ansvarsområda for dei einskilde regimenta ofte har blitt endra. Årsakene kan vera både geografiske og demografiske. Men det kan òg ha vore endra hærordningar, budsjett og ulike behov generelt. Operasjonsområdet for det gamle IR 8 har likevel som basis vore Rogaland fylke. Men utskriving og ansvarsområde har i periodar gått

inn både i Agder og Hordaland, og omvendt (Marki 2001 s.236). Både Etne, Ølen og Skånevik i Sunnhordland, og områda kring Flekkefjord og Lista, har i fleire periodar vore del av utskrivingsområdet til regimentet.

I dag er Heimevernet det einaste lokale landforsvaret ein har att i Rogaland. I Ryfylke avsnitt av Rogaland Heimeverndistrikt 8 utgjer kvar kommune eit heimevernsområde, med eigen områdesjef.

RYFYLKE FOGDERI – DEN SIVILE LOKALE ADMINISTRASJONEN

Fogd eller fut var ein ny embetstittel i samband med overgangen frå syssel til len på 1400-talet. Futen var, som tidlegare nemnt, lensherren sin tenar, og vart utnemnd av lensherren. Men riksstyret i København byrja òg i aukande grad føra kontroll med futane. Og med omsyn til skattane sto han direkte til ansvar overfor kongen, og leverte sine rekneskapar der. Etter innføringa av eineveldet i 1660 vart futane tilsett av kongen.

I det nye samfunnet – som voks fram på 1500-talet – var det gjennom futen den menige mann først kom i kontakt med staten: «Så godt som hele den lokale administrasjon gikk gjennom fogden. En vesentlig del av dette styre blev utøvd ved hjelp av bygdetingene. Alle bygdeting var fogdeting, de blev administrert av fogden. Der er knapt et eneste eksempel fra Rogaland på at et skipreideting eller et fjerdeting blev holdt uten at fogden eller hans fullmektig var til stede. Tinget var et styringsorgan, samtidig som det var sete for domstolen. Fra gammel tid var det nær sammenheng mellem å styre og å dømme» (Seip 1957 s.IV).

Skatteinnkrevjing var futen sitt viktigaste arbeid. Men han hadde òg ein funksjon i rettspleien. Han leia rettsmøta på tinget og han administrerte retten. Han var dessutan offentleg anklagar i kongens saker. Viktige administrative forretningar på tinget var tinglysing av kongebrev og forordningar av lensherren, presentasjon av ein ombodsmann som skulle tiltre eller gå av frå embetet sitt, og som bad om skotsmål frå allmugen, vidare var det utnemning og kåring av lagtingsmenn, lensmenn og skyss-skaffarar. Skipreidetinga kunne òg vera skattetting (Seip 1957 s.XVIII).

Talet på futar – og dermed futedøme – varierte mykje på 1500-talet. Det kunne vera opp i 4 (Dalane, Jæren, Karmsund og Fjorden). I 1519-20 finn vi for eksempel i

same notatet både Jacob Anderssen, fut på Hesby, og Tomas (Anderssen) Jude, fut i «Fiorden». På same tid vert det omtala ein Gunnar Småsvein som hadde vore eller var fut i «Ryffolke». Og Hans Fynbo var fut på «Jederen» (NRJ b.II, s.545 og s. 686f). Bjørn S. Utne har skrive meir detaljert om dette i artikkelen «Rogaland – frå sysler til fogderier» (Utne 1973). Vi kan elles merka oss at firedelinga i futeembeta kring 1520 var den same som firedelinga av sorenskriveria i dagens Rogaland (Dalane, Jæren, Ryfylke og Karmsund).

På slutten av 1500-talet (1590) prøvde lensherren, Christoffer Valkendorf, å samla administrasjonen hos ein fogd. Slik var det fram til 1618. Då vart lenet igjen delt. Bort sett frå ein periode (1628-32) var det frå då av to fogderi i Stavanger len, Ryfylke fogderi og Jæren og Dalane fogderi (Næss 1981 s.115ff). Slik var det like fram til futeembeta vart nedlagde på 1890-talet.

Futen i Ryfylke hadde setet sitt på Hesby i Finnøy på store delar av 15- og 1600-talet (Bjørkvik 1993 s.323ff). Men frå 1680-talet budde futane på Sand i Nedstrand (Sandsgård), like fram til 1838. Eit unntak var åra 1749-72, då futane Christoffer Garmann og svigersonen Christian Lerche Dahl budde på familie-eigedomen Utstein kloster (Næss 1982 s.116). Sandsgård låg etter måten sentralt i fogderiet. Men i siste halvpart av 1800-talet, fram til futeembetet vart nedlagt, måtte folk i Ryfylke til Stavanger for å finna futen. (Meir detaljert om futane – og sorenskrivarane – i Stavanger len fram til 1814: sjå artiklar av Hans E. Næss i *Ætt og Heim* 1981 og 1982).

Futen hadde ein medhjelpar i kvar skipreide, nemleg lensmannen eller bondelensmannen. Tidleg på 1600-talet var det 17 lensmenn i Ryfylke, ein i kvar skipreide. Sauda og Suldal hadde lensmann i lag ei tid då. Lensmannen var alltid bonde, og var ein av dei beste i bygda. På den eine sida var han ombodsmann for futen, og

høyde såleis til i administrasjonen på det lågaste trinnet. På den andre sida var han òg bøndene sin tillitsmann i skipreidet. Det var ikkje eit skarpt skilje mellom gjermåla til futen og lensmannen. Det futen utførte i det store, utførte lensmannen i det små (Seip 1957 s.VIf).

Futeembeta vart nedlagde på slutten av 1890-talet (kring 1900), etter lova av 1894, då det vart gjort fleire

endringar i det sivile embetsverket. I staden for futeembeta kom det i kvart amt (sidan fylke) ein eller fleire politimeistrar, og dessutan ein amtskasserar, sidan kalla skattefut (Norheim 1948).

Det var ein overgangsperiode for avviklinga av futeembeta, og siste futen i Ryfylke – Wilhelm Michael Michelet – sat i embetet til 1898. Då vart det skipa eit



Nedstrand var ein sentral plass i det gamle Ryfylke. Sandsgård var bustad for futane i Ryfylke frå 1680-talet og like fram til 1838. Fotografiet er tatt av den kjente landskapsfotografen Anders B. Wilse i 1913. Bildet er stilt til rådvelde av Norsk Folkemuseum.

Ryfylke og Jæderens politimeisterembete (for Jæren, Dalane og Ryfylke) og eit Karmsund politimeisterembete (for Haugesund og Karmsund skrivardøme). Men i 1904 vart alle landdistrikta lagde under eit Rogaland politimeisterembete. Frå 1927 vart Karmsund sorenskriveri lagt under politimeisteren i Haugesund (Norheim 1948 s.176). Skattefut-embetet i Rogaland går òg attende til 1898.

LENSMANNEN I DEN NYARE FORVALTINGA

Ved innføringa av tinglag i 1841 fylgde lensmannsdistrikta tinglaga. Men i Ryfylke var det eit unnatak, for Sand og Sauda – som var eitt tinglag – utgjorde kvar sine lensmannsdistrikta.

Ser ein på lensmannsdistrikta i nyare tid (1948) så var Høle og Forsand då eitt distrikt (med 2 herad og 2 sokner). I Strand var herad, prestegjeld, sokn og lensmannsdistrikt identiske i 1948. Finnøy var eit lensmannsdistrikt, eit herad og eit prestegjeld, men 2 sokner (Hesby og Talgje). Rennesøy lensmannsdistrikt var i 1948 3 herad (Rennesøy, Mosterøy og Kvitsøy), 1 prestegjeld (Rennesøy) og 4 sokner (Hauske, Sørbø, Mosterøy og Kvitsøy). Vikedal lensmannsdistrikt var det same som Vikedal prestegjeld med 3 herad og sokner (Vikedal, Sandeid, Imsland). Nedstrand var eit lensmannsdistrikt identisk med prestegjeldet med same namnet og 2 herad og 2 sokner (Nedstrand og Sjernarøy). Årdal var eige lensmannsdistrikt og eige herad, men høyrd til Hjelmeland prestegjeld. Hjelmeland lensmannsdistrikt hadde 2 herad og 2 sokner, Hjelmeland og Fister. Jelsa lensmannsdistrikt hadde i 1948 med Erfjord herad og sokn. Sand lensmannsdistrikt, som vart oppretta i 1860, dekte Sand herad og Sand sokn i Sand prestegjeld. Sauda lensmannsdistrikt og Suldal lensmannsdistrikt utgjorde begge eit herad og eit sokn med dei same namna (etter Norheim 1948).

Lenger ute hadde Tysvær lensmannsdistrikt 2 herad

(Tysvær og Bokn), men berre eitt prestegjeld (Tysvær). Skjold lensmannsdistrikt var i 1948 2 herad (Skjold og Vats) og eitt prestegjeld (Skjold).

I seinare tid har det vanlege vore ein lensmann i kvar kommune.

RYFYLKE SORENSKRIVARDØME – RETTSSTELLET

Vi har sett at Rygjafylket frå vikingtida av var eit av fleire retts-fylke som låg under Gulatingslova. Etter at lagmannsembeta vart oppretta på 1200-talet kom Rygjafylke og Egðafylke (no Agderfylka) til å utgjera eit eige, samla lagmannsdistrikt. Området for Gulatinget vart altså splitta opp. Lagtinget for Rygjafylke og Egðafylke vart halde på Avaldsnes, sidan helst i Stavanger. Men frå byrjinga av 1500-talet hadde Rygjafylke og Agder kvar sine eigne lagmenn, fram til lagmannsembeta vart oppheva i 1797.

Det var innafor rettsstellet den gamle tydinga av Rygjafylket heldt seg lengst, altså som samlenamn for heile dagens Rogaland fylke (Indrebø 1931 s.31). Lagmannen vart nemnt lagmann «i Ry(gja)fylke» så sent som til etter 1500, og ikkje «i Stavanger», etter bustaden. Den gamle tydinga finst òg i nemninga «Ryefylkis labogh» frå 1529 (DN II-808) og «lagmansdomet i Ryfylkæ» 1533 (?) (DN X-731). I lagmannstittelen og i andre rettsnemningar brukte dei «Ry(gja)fylke» på den gamle måten lenge etter at Ryfylke hadde vorte namn på eit mindre område i andre samanhengar.

Frå å vera lovkyndig rådgjevar for lagtinget utvikla lagmannen seg frametter mellomalderen til å verta kongeleg embetsdomar. Slik vart det òg med sorenskrivarene. Sorenskrivarstillingane vart oppretta ved kongeleg forordning i 1591. Det var ein konsekvens av at det året før var blitt bestemt at bygdetingen skulle vera ein regulær førsteinstans i eit nytt hierarkisk oppbygd rettsapparat.

Sorenskrivaren skulle vera lagretten sin hjelpesmann og sekretær, men hadde opphaveleg ingen domsmakt. Berre i løpet av nokre få generasjonar utvikla likevel sorenskriven seg frå å vera lagretten sin sekretær til å bli embetsdommar og leiar av underretten.

Frå 1591 og fram til 1604 var heile Stavanger len eit sorenskrivardøme, og skrivaren – Rasmus Lauritsen – budde i Stavanger. I 1605 vart lenet delt i eit Jæren og Dalane sorenskrivarembe og eit Ryfylke sorenskrivarembe (Næss 1982, s.138ff). Ryfylkeskrivaren budde då i mange år i Sjernarøyane (på Tjul), sidan på Stangeland.

Åra 1645-1681 var Ryfylke delt i tre sorenskrivardøme, nemleg Hemnes, Hesby og Karmsund. Karmsund og Hesby vart slegne saman i 1681, så ein frå då av – fram til midt på 1750-talet – hadde to sorenskrivardøme i den nordre delen av Rogaland fylke i dag (Næss 1991 s.223f). Sorenskrivarane budde somme i byen, somme på private gardar ute i sorenskrivardømet. Søra-Knutsvik i Hjelmeland var sete for to sorenskrivarar åra 1722-82 (sjå tabell hos Næss 1982 s.120).

Det var spesielt i soga til sorenskrivardøma at ein åra 1752-1797 hadde eit stort Ryfylke sorenskrivardøme, frå hav til hei (Næss 1982 s.117). Det vart ved kongeleg reskript av 20. oktober 1797 delt i to under namn av Ryfylke sorenskrivardøme, i aust, og Karmsund og Hesby, i vest.

Det nye Ryfylke sorenskriveri frå 1797 bestod av skipreidene Suldal, Sauda, Jelsa, Hjelmeland, Vikadal, Sjernarøy, Leiranger og Vats. Karmsund og Hesby bestod av skipreidene Stangeland, Skåre, Avaldsnes, Hetland, Hausken, Aske, Idse, Høle, Årdal og Hesby. Vi ser altså at det for størstedelen er dei same skipreidenamna og det same talet skipreider som går att like frå mellomalderen av. Men Høle og Idse låg i mellomalderen under Jæren og Dalane.

Ved reskript av mars 1810 vart Hetland skipreide

(Bokn m.m.) overført frå Ryfylke til Karmsund og Hesby sorenskrivari. Ved kongeleg resolusjon av 6. juni 1840 vart det vedteke at dei gardane i Skjold prestegjeld i Ryfylke fogderi som i den verdslege inndelinga høyrd til Fjære skipreide i Sunnhordland og Hardanger fogderi, skulle flyttast til Vats skipreide i Ryfylke sorenskrivardøme.

Vi har sett at Ryfylke fogderi i 1841 vart delt inn i 16 tinglag. Den gamle administrative eininga skipreide gjekk då ut. Av dei 16 tinglaga skulle fylgjande høyra til Ryfylke sorenskriveri: Årdal (som var Årdal sokn av Hjelmeland prestegjeld), Hjelmeland (Hjelmeland og Fister sokner i Hjelmeland prestegjeld), Jelsa (Jelsa prestegjeld med Sand annekssokn), Suldal (Suldal sokn av Suldal prestegjeld), Sauda (Sauda sokn av Suldal prestegjeld), Vikedal (Vikedal prestegjeld), Skjold (Skjold og Vats sokner av Skjold prestegjeld), Tysvær (Tysvær sokn i Skjold prestegjeld) og Nedstrand (Nedstrand prestegjeld).

Tysvær prestegjeld vart oppretta som eige tinglag ved kongeleg resolusjon av mai 1850, og vart samstundes overført til Karmsund og Hesby sorenskrivari. Sand sokn vart flytta frå Jelsa til Sauda tinglag i 1861. Og Sauda tinglag skifta namn til Sand tinglag ved kongeleg resolusjon av 4. august 1863.

Karmsund og Hesby sorenskrivardøme skifta namn til Karmsund sorenskrivari i 1892. Samstundes vart Skjold tinglag overført til Karmsund frå Ryfylke, medan Høle, Strand, Finnøy og Rennesøy tinglag vart overført til Ryfylke. Sand tinglag vart delt i to, Sand og Sauda i 1894. Etter det skulle Ryfylke sorenskrivardøme bestå av fylgjande 12 tinglag: Høle, Strand, Finnøy, Rennesøy, Årdal, Hjelmeland, Jelsa, Suldal, Sand, Sauda, Vikedal og Nedstrand.

Ryfylke sorenskrivari fram til 1965 bestod av desse kommunane: Suldal, Sand, Sauda, Erfjord, Jelsa, Hjel-

Utdrag frå tabell over Stavanger amts inndeling 1887

Herreder og bykommuner	Tilstedev. folkemængde 1875	Sogne	Prestegjeld	Tilstedev. folkemængde 1875
Høle	1179	Høle	Høgsfjord	3247
Fossand	2068	Fossan		
Strand	2267	Strand	Strand	2267
Finnøy	1698	Hesby Talgø	Finnø	1698
Rennesø	1097	Hausken Sørbø	Rennesø	2361
Mosterø	1264	Askø Utstein kloster Kvitingsø		
Skudeneshavn L.	1224	Falnes	Skudenes	5719
Skudenes	4495	Ferkinstad Aakre		
Kopervik L.	817	Kopervik	Avaldsnes	6035
Avaldsnes	5218	Avaldsnes		
Torvestad	1843	Torvestad Udsire	Torvestad	1843
Skaare	1552	Haugesund	Haugesund	5654
Haugesund K.	4102			
Tysvær	1996	Tysvær	Tysvær	2952
Bokn	956	Bokn		
Skjold	3500	Skjold Vass	Skjold	3500
Vikedal	2914	Vikedal Sandeid Imsland	Vikedal	2914
Nerstrand	1552	Nerstrand	Nerstrand	2380
Sjernerø	828	Sjernerø		
Fister	825	Fister		
Aardal	1086	Aardal		
Hjelmeland	2231	Hjelmeland		
Jelse	2558	Jelse Erfjord	Jelse	2558
Sand	1761	Sand		
Saude	1888	Saude		
Suledal	2112	Suledal	Suledal	2112

Tabellen er henta frå Boye Strøm: «Topografisk-statistisk beskrivelse over Stavanger Amt», 1888 (s.2-3).

En beskrivelse av Stavanger og Rogaland fra Aaret 1795

Ryfylke Fogderie og Sorenskriverie i Stavanger Amt, ligger rundt omkring den store Stavanger Fiord, og bestaaer deels af et fast Land, og deels eller fornemmelig af beboede og ubeboede Øer. Det faste Land grænser i Sønder til Stavanger Bye; i nord til et Field, kaldet Ryvahren, hvor Bergens Stift begynder; i øst til Soledal og Ryldal; og i vest til Udzire, som ligger 3 Mile Vesten for den Øe Karmen. Mange dybe og lange, deels brede og deels smale Fjorde samt Sunde, Viger og Bugter løbe ind i det faste Land, hvoromkring ligesom i adskillige Dalstrækninger en stor Deel Gaarde ligger. Saa ligge og en Deel Gaarde høiere oppe tilfields blandt Klipperne.

Dette Fogderie er inddelte i 12 Præstegjelde, nemlig: Strand, Findøe, Rennesøe, Hielmeland, Jelsøe, Suledal, Vigelal, Skiodl, Hinderaae, Augvaldsnæs, Skudernæs og Torvestad, bestaaende af 32 Kirkesogne, men hvoraf det ene Sogn, nemlig Røldal, Annex til Suledals Præstegjeld, hører i det verdslige under Søndhorlehns Fogderie i søndre Bergenhus Amt. De øvrige 31 Kirkesogne indeholde i alt 1283 matrikulerede Gaarde, som ere ansatte for 146 5/16 Land- eller Soldater-Lægder og 196 Søe-Lægder. Aar 1746 bleve disse Gaarde beboede af 2343 Gaardmænd, og var da Folkemængden i alt omrent 15 000 Siele.

Videre er fôrmeldte Gaarde inddelte i 3de Fierdinger, som ere: Hesbye, Hembnæs og Karmesund, og disse igjen i 18 Skibreder eller Tinglauge, saasom: Hesbye, Aardal, Idzøe, Hølle, Askøe, Housken, Suledal, Søvde, Vigelal, Vads, Jelsøe, Leeranger, Stiernøe,

Hielmeland, Stangeland, Skaare, Augvaldsnæs og Hetland. I hver Fierding holdes Tingene for disse Skibreder eller Tinglauge 2de Gange om Aaret, nemlig: om Sommeren i Junii og Julii og om Høsten i October, November og December Maaneder. Sorenskriverens Domme indstevnes for Stavanger Laugting.

Almuen i dette Fogderie ere meget drivtige Jorddyrkere, og have fornemmelig i den senere Tid meget udmærket sig ved deres Gaardes Forbedring saaledes, at de i gode Aar høste en anseelig Korn- og Høe-Avling, uagtet Jordarten i sig selv er kund maadelig, thi de vide paa en udmærket Maade baade at behandle Jorden og bringe Giødsel dertil. I forдум Tid kunne i Almindelighed neppe avles saa meget Korn, som til Føde var fornødent for det halve Aar; nu derimod ere Bønderne ikke allene forsynde med Føde for hele Aaret og Sædekorn, men fra Fogderiet avhandles dessuten nogle hundrede Tønder aarlig i Bergen og Stavanger m. fl. St. Gaardene, som ligge til Fields, ere vel ofte underkastede mislig Kornavling, formedelst tidlig Nattefrost om Efteraaret og langvarig Kulde om Foraaret, men derimod have de ved skiønne Høesletter og Græsmarker Anledning til at holde desto flere Creature, som med gode Skove tilbringe dem deres Næring. Naar undtages de 4re Præstegjelde: Skudenæs, Augvaldstad og Torvestad, som ligge paa den store Øe Karmen, samt Rennesøe Præstegjeld: saa have de øvrige 8 Præstegjelde i Almindelighed gode Skove, hvorav ei allene Fogderiets Almue forsynes med fornøden Bygningstømmer m.v. men endog andre omliggende Egne, og en stor Deel Saugtømmer hugges til Skiersel paa de mange i Fogderiet liggende Saugbruge, hvis Antal Aar 1746 var 54, men intet til høiere Qvantum end 2000 Bord. Paa disse Bruge skieres hvad Indbyggerne behøve og Resten til Forhandling og Udførsel fra Stav-

anger. Bordene skieres fornemmelig av Fyrretømmer, thi Gran er sielden at finde i nogen Gaards Skov. De andre Skovsorter ere fornemmelig Birk og Elle, som, især langs ved Havbredden, vokse i stor Mængde og blive henstaaende til Forraadnelse, formedelst lang Fraliggenhet. De nærmere Løvskoge hugges til Brænde, og forhandles i Stavanger hvad Bønderne selv behøve.

Av Fyrre-Skovene bygger Almuen tillige deres store og smaa Baade, ja endog smaa Skibe eller Skudter til 20 a 24 Comerce-Læster; desuden forfærdiges Tønder, Kar, Stamber, Melkespande eller Bøtter etc. og af Aske- og Espe-Træer dreies Fade, Skaaler og andre Trækar til eget Brug og til Forhandling.

I Stavanger Fiord og andre derfra løbende Fiorde falder godt Fiskerie af Sild, Torsk og Helleflynder eller Qveiter, makrell, Brisling etc., endog til betydelig Udførsel, item en Mængde Lax i Fiordene og Elvene, som fanges deels ved Baad, deels ved Garn og

deels ved andre Fiskeredskaber. Siden Aar 1690 har Almuen drevet betydelig Hummer-Fiskerie ved de Havne og Steder: Skudernæs-Havn, Akre-Havn, Præste-Havn, Vaage, Stiernerøe og Tananger. Dette slags Fiskerie blev i første Tid drevet med megen Besær, nemlig en Sort Tænger af Træ, men nu med de saa kaldte Hummer-Teener, som have importeret aarlig 4 a 5000 Rdlr. ved Udførsel fra Stavanger Bye til London og Amsterdam. De Gaardeiere paa hvis Grund Hummer-Fiskeriet sker, have forhen tilegnet sig Eiendoms-Ret dertil, og paalagde Huusmænd og andre, som dreve Fiskeriet, at svare dem en vis Afgift, men ved Kongelig Reskript af 23 April 1728 er Fiskeriet bleven frit for alle og enhver.

Et Kobberværk, kaldet Eenigheds-Værk, har her i Fogderiet været i Drift, men ligger nu aldeles øde.

Denne teksten er presentert av skoleinspektør Tvetenrås i Rogaland Historielags skrift nr. 11 fra 1925.

meland, Årdal, Fister, Strand, Forsand, Høle, Kvitsøy, Mosterøy, Rennesøy, Finnøy, Sjernarøy, Nedstrand, Imsland, Sandeid og Vikedal. Ved kommunenesamanslåingane i 1965 vart dei gamle kommunane Nedstrand, Vikedal, Sandeid og Imsland, som for ein stor del vart slegne saman til den nye Vindafjord kommune, overført frå Ryfylke til Karmsund sorenskrivari. Samstundes vart Randaberg overført frå Hafrsfjord til Ryfylke sorenskrivari og Høle med ein del gardsnummer i Forsand overført Sandnes sorenskrivari.

I nyare tid består såleis Ryfylke sorenskrivari av fylgjande 8 storkommunar: Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand, Forsand, Finnøy, Rennesøy og Randaberg.

Vi har sett at sorenskrivarane i eldre tid veksla mellom å bu i byen og ute i distriktet. Frå 1797 hadde sorenskriv-

varen i Karmsund og Hesby permanent sete i Stavanger, medan sorenskrivaren i det nye Ryfylke sorenskrivarembe hadde sete på Strannå i Nedstrand 1800-09, sidan i hovudsak i Stavanger.

KOMMUNANE – FORMANNSKAPSLOVA

«Det har vært sagt av mange at formannskapslovene av 14. januar 1837 var det viktigste supplement til 17. mai-grunnloven, i allfall før 1884. Ved disse lovene skulle herredømmet over de lokale sakene overføres til folkevalgte organer. Embetsmennene skulle skyves tilbake fra styret i kommunene slik som de ved Grunnloven var blitt skjøvet til side i riksstyret. Nå skulle bygdefolk endelig bli herrer i eget hus, Formannskapsloven skulle bli deres grunnlov». Det er

Sverre Steen som skriv dette i boka «Lokalt selvstyre i Norges bygder» (Steen 1968 s.3). Men Steen peikar òg på at allmugen alt før 1837 lokalt hadde hatt organisert medverknad innafor skulestell og fattigstell. Forordninga om skulestellet av 1741 – der det vart bestemt at det skulle opprettaaste faste skular i kvart prestegjeld – hadde såleis bestemt at skulekommisjonen, forutan amtmann, prost, fut, lensmann og sokneprest, skulle bestå av 4 kyndige bønder oppnemnt av amtmann og prost. Dei same menn tok seg av fattigstellet etter forordningar midt på 1700-talet. Dei to kommisjonane kunne verta nemnde som bygde- eller soknekommisjonen (Steen 1968 s.16). Det kan òg nemnast at ein gjennom forlikskommisjonane (frå 1790-talet) hadde eit slags sjølvstyre på det rettslege området.

Med omsyn til organiseringa av kommunane frå 1837 var regelen at kvart prestegjeld skulle utgjera eit formannskapsdistrikt, ein kommune. Tinglaget (sjå ovanfor) skulle framleis vera eigen kommune med omsyn til bygdevegar og somme andre saker, i dei tilfelle der prestegjeldsgrense og tinglagsgrense ikkje fall saman. Samsvaret mellom kommunar og prestegjeld i 1887 går fram av tabellen s.27.

Høle og Fossan hadde høyrd saman med Strand fram til 1842. Då vart dei to sokna, på kvar si side av Høgsfjorden, skilde frå og samla til eit eige herad, Høgsfjord. Så vart Høgsfjord herad i 1871 herad delt i to herad, Høle og Fossan (Forsand). Rennesøy, Mosterøy og Kvitsøy var eit herad fram til 1884. Då vart Mosterøy (med Kvitsøy) delt frå som eige herad. Sauda hadde kommunestyre saman med Suldal fram til 1841. Då vart Sauda eige herad. På same måte var Sand ein del av Jelsa herad fram til 1859.

Kommuneinndelinga frå 1887 var mykje godt intakt like til kommunesamanslåingane midt på 1960-talet.

Men det var desse unnataka: Skjold herad vart delt i to i 1891, Skjold og Vats. Frå Jelsa vart Erfjord delt frå som eige herad i 1914. Kvitsøy vart delt ifrå Mosterøy i 1923 og same året vart Vikedal delt i tre herad, Imsland, Vikedal og Sandeid (etter Norheim 1948).

I 1946 sette sentralmakta ned ei nemnd for å sjå på kommuneinndelinga i landet, med fylkesmann Nikolai Schei som formann. Bakgrunnen var at mange kommunar var for små og fattige til å skaffa seg eit effektivt forvaltingsapparat, som det heitte, og dessutan hadde dei moderne vegsambanda mange stader skapt nye samband mellom bygdene. Arbeidet i Schei-komiteen varte i 20 år, og på landsbasis vart talet på kommunar redusert frå 744 til 454. I Ryfylke skjedde det òg store endringar i kommuneinndelinga.

Dei fire kommunane Sand, Suldal, Jelsa og Erfjord vart slegne saman til ein kommune, Suldal kommune. Hjelmeland, Årdal og ein stor del av Fister vart ein stor Hjelmeland kommune, medan Fisterøyane, Halsnøy, Bokn og Byre, vart slegne saman med dei to gamle kommunane Sjernarøy og Finnøy til ein ny Finnøy kommune. Mosterøy og Rennesøy vart ein stor kommune, Rennesøy, medan little Kvitsøy var urørt. Inne i fjorden gjekk Høle kommune til Gjesdal og bygdene Frafjord og Dirdal gjekk frå Forsand kommune til jærkommunen Gjesdal. Forsand kommune vart såleis redusert.

Lenger nord i Ryfylke vart småkommunane Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og halve Skjold ein stor kommune Vindafjord. Nedstrand gjekk inn i den nye Tysvær kommune, medan delar av gamle Tysvær på den andre kanten gjekk inn i Avaldsnes kommune.

«Dei nye kommunane blei sterkare enn dei gamle, men samstundes kunne avstanden mellom veljarar og representantar bli større. Kvart medlem av kommunestyret kunne ikkje kjenne alle delar av kommunen like

godt. Og ekspertane fekk større innverknad på avgjerdene. Kommunane fekk ingeniørar, etatsjefar og rådmenn mellom seg og folket», skriv Roy Høibo i «Soga om Sand», ein av dei fire kommunane som vart slegne saman til storkommunen Suldal (Høibo 1993 s.611) i 1965.

ANDRE OFFENTLEGE FORVALTINGSORGAN

Distriktslegeordninga vokste fram i første delen av 1800-talet. I Rogaland var det to legedistrikt kring 1850, ein lege med bustad i Stavanger og ein med bustad i Haugesund. I 1859 vart det nordre legedistriktet delt, der Jelsa, Sand, Sauda og Suldal skulle vera eit distrikt. Det var Ryfylke legedistrikt, med legebustad på Sand. Det bestod sidan i tillegg av Vike-dal kommune.

I 1888 var det 8 legedistrikt i Rogaland, nemleg Sogndal, Egersund, Sandnes, Stavanger, Finnø, Sand, Karmøyen og Haugesund (Boye-Strøm 1888 s.5). Vi ser at ingen av dei gamle områdenamna var i bruk i denne lista, korkje Dalane, Jæren, Karmsund eller Ryfylke. Finnø lægedistrikt omfatta kommunane Strand, Finnøy, Rennesøy, Nedstrand, Sjernerøy, Fister, Årdal og Hjelmeland, samt Utstein kloster og Askøy sokner av Mosterøy kommune. Legen i Finnøy distrikt budde på Fåvolden, på Få i Finnøy.

Karmøyen lægedistrikt (1888) omfatta Tysvær, Bokn, Avaldsnes og Skudeneshavn. Haugesund distrikt hadde Haugesund kjøpstads- og kommunane Torvastad, Skåre, Skjold og Sveio (i Hordaland).

Sidan vart legedistrikta mindre etter kvart, og er i dag på kommunenivå. Men distriktslegen i Sand hadde både Sauda, Suldal og Imsland så seint som kring 1950, i tillegg til Sand.

Ordninga med amtsdyrlegar kom midt på 1800-talet. Den første amtsdyrlegen vart konstituert i 1850.

Fra 1880 var det eit Austre og Vestre Ryfylke distrikt i tillegg til dyrlegen for Jæren og Dalane. Dyrlegen i Austre Ryfylke budde på Jelsa fra 1892, sedan på Sand. Fra kring 1910-12 var det eit Indre Ryfylke dyrlegedistrikt, med Sand som bustad for veterinæren. Indre Ryfylke veterinærdistrikt sitt ansvarsområde bestod så seint som i 1942 av Suldal, Sand, Erfjord, Jelsa, Sauda, Imsland og Nedstrand. Så det var eit stort distrikt. Tilsvarande var det eit Ytre Ryfylke veterinærdistrikt. I dag er distriktsveterinærdistrikta på kommunenivå.

Ordninga med amtsagronomar var det Stavanger Amts Landhusholdningsselskap som tok initiativet til alt kring 1860 (Hognestad 1926 s.203ff). Fra 1909 var det to amtsagronomar der Sigmund Hauge fra Sand vart tilsett for Ryfylke distrikt. Fra 1914 var det Ryfylke og Karmsund som var distrikten, men så vart stillingane gjort om til faglege stillingar ein periode med tittel av fylkesagronomar frå 1918. Ordninga med heradsagronomar er mykje yngre. I 1947 var det berre 5 heradsagronomdistrikt i Rogaland, 4 på Jæren og så eitt i Nordfylket, for Torvastad, Skåre, Avaldsnes og Utsira (Time 2002 s.62f). I 1949 kom det to distrikter til, Strand og Hjelmeland, og i 1950: Jelsa og Erfjord i lag. I 1952 vart kommunane Rennesøy og Mosterøy eit agronomdistrikt og same året Sand, Sauda, Imsland og Suldal eitt. I seinare tid har kvar kommune hatt sin heradsagronom.

Innafor skogforvaltinga finn vi i 1943 eit Nordre distrikt av Rogaland fylke, med heradskogmeister busett på Sand. Kring 1960 var dette distrikten Sand, Suldal, Sauda, Imsland, Erfjord og Jelsa.

I det friviljuge foreiningslivet vert Ryfylkenamnet til dømes brukt i Jæren og Ryfylke Indremisjon. I næringslivet finst det ei rekke firma som har Ryfylke i namnet, i alle «Ryfylke-kommunane».

Utdrag frå Hans Arentz: «Beskrivelse over Stavanger Amt i Noreg», København 1779

Bonden i det hele Provstie fører næsten een og den samme Levemaade: Spisen er daglig: Brødet de store tynde Kager næsten en Alen i Tværsnit, tillavede av Havremel, og stegte paa en rund tynd Jernplade, som er støbt af samme Vidde, Suppe af Vand, blandet med lidt Melk, eller i Mangel deraf med nogen suur Melkvalle, og Havremel eller blandet med noget Bygmeal. Grød ogsaa tillavet af Havremel. Saltet Sild gemeenligen spege, undertiden og kogt. Smør og et Slags Ost tillavet af Suur Melk med Salt og Kommen er en Delicatesse, som ikke nydes hver Dag. Rugmeal bruges sielden uden til Bryllupper og Gilder, da enten deraf bages i Huset et Slags Kager, eller og kiøbes Rugbrød andensteds fra. Af den sure Melkvalle, som bliver tilovers, naar deres Ost er tillavet, koges et Slags, som kaldes Møsse-Smør, der sammenkaages saa længe, at det bliver til en tyk Suppe, dette spises til Brødet, og undertiden til Grøden i Mangel af Melk. Af Kiød og Flesh røget eller saltet, aldrig færskt, fortærer meget lidet i Bondens Huus, hos Fattige næsten intet, og hos mer Formuende paa Hellige Dage og ved Gilder. Kaal og Rødder bruges siælden eller aldrig. Det bestandige Sure og Salte i Bondens Diæt, føder vel hos mange det Schorbusiske Flod. De, som boe paa Øer og nær ved Søen, nyde undertiden fersk og salt Sild og Fisk til Føde.

Bondens Drikk er daglig Vand blandet med suur Melk eller med suur Valle. Der bruges siælden Øll uden ved visse Leiligheder, og da maae det i en Hast opdrikkes, skønt da deraf giøres formeget. Det er siælden, at en formuende Bonde har længe Øll udi sit Huus. Brændeviin brænnes aldrig. En velhavende Bonde kan vel have en Flaske Brændeviin i Huset, men enten som en Medicin, eller for at skiænke deraf en Giæst. Ja endog i deres Bryllupper og

Gilder bliver lidet Brændeviin, men desto mer Øll forbrugt.

Klædedragten er næsten samme Slags, som fra gammel Tid har været i Brug, helst hos Mandfolkene. Fattige og Rigere klæde sig næsten ligedan: Korte Overtrøjer af sort Vadmel uden Knapper forandre de aldrig, end ikke de Formuende til største Hæder. Twende Par Beenklæder iføre de sig gemeenlig, af hvilke de yderste ere meget viide uden Knapper eller Baand, dog noget afsnittede neden til, samme oftest af sort Vadmel; men til Stats af sort eller brunt Klæde, og da fremvise de blaue og siælden røde Klædes Undertrøjer med Sølvknapper og bære et Par blaa Klædes Beenklæder under de yderste. Altid ere deres Underklæder af Blaa Farve, skønt Tøjet er til Hverdags Vadmel, undtagen i nogle faa Bøjdelav, hvor Underklæderne bruges af guult Vadmel.

Qvindekiønnet klæder sig i dette Provstie, som Bondefolk andensteds, nemlig i sort eller blaat Vadmel til Hverdags, og i sort, blaat, rødt Klæde, i Engelsk Stoff, ilden Damask, ja og paa nogle Steder i Silketøi til Hæders.

Udi dette Provstie ere Bøndernes Huse næsten paa een Maade indrettede, og det saaledes: Enhver Gaardmand haver først en Dagligstue, bygget af Fyrtømmer, 9 a 10 Alen i Fiirkant, 3 Alen høi uden Loft med twende T værbialker, den ene bidt i Stuen, den anden en Alen fra Døren. I dette Huus er opmuret et slagst Camin nær ved Døren, dog saa, at ingen Skorsteen gaaer op igennem Taget; men naar Stuen skal varmes, som skeer ikun Morgen og Aften, legges en heel Deel smaae Birke eller Ellertrae med det tynde Riis i en Ovn, muret i Caminen, da Røgen gaar fremad, stiger til Taget, og gaaer op igennem et firkantet Hul paa Taget, henved en Alen i Tværsnit, hvilket Hul, naar Røgen er udgaaen, tillukkes inden i Huset med en lang Stang, paa hvis øverste Deel er hæftet en Luge. Når Vedden er udbrændt, rages Gløderne ud af Ovnene frem paa Caminen, og foraarsager en stærk Heede. Bag ved Caminen, hvor Ovnene er muret, ligger over Ovnene en fiirkantet Steen, gemeenlig 2 Alen i hver Kant, og 3 Tommer tyk; paa denne Steen, der bliver meget varm, tørrs meget af deres

Korn før det males, og det Malt, de tilberede; dog saa, at et Teppe af grove Haar bredes over Stenene, hvorpaa Kornet udbredes; men Teppet maae bedække Kornet over til, meden Røgen er i Huset.

Det Malt som tørres paa denne Maade, bliver ligesaa frit fra ubehagelig Smag, som Kakkelovns Malt. De fleste have et Fag Vinduer i denne Stue; men til Fiælds bruges ingen Vinduer, og det firkantede Hul paa Taget maae tiene isteden for Vindue, da det tillukkes med en Ramme, hvori er spændt et tyndt giennemsigtigt Skind. Til denne Stue er hæftet et lidet Kammer af 3 Alens Længde, og noget bredsere, hvori er Loft. Dette Kammer bruges enten til Sovekammer eller Spisekammer. Det andet Huus er en Stue, bygget af Tømmer af 8 til 9 Alen i Fiirkant, og 3 Alen høi under Bielkerne, hvorpaa Loftet hviler. Dette Huus kaldes Sengebod, fordi deri findes 2 eller 3 Afdeelinger i hverandre, som kaldes Senge, og sædvanlig et Fag Vinduer. Uden for dette Huus er en Fordør af Bindingsværk, hvor en Trappe er op til Loftet over Stuen, hvilket Loft bruges til at forvare Korn og andre Madvahrer. Det tredie Huus er Laden, bygget af Bindingsværk med Bræder. I saadan Lade er paa hver Side af Loegulvet en Afdeeling; i den ene legges det meeste af Høet og i den anden Kornet. At Laden ikke bygges af Tømmer, som de andre Huse, skeer fordi det agtes nyttig for Høe og Korn, at Vinden kan trænge ind.

Det fierde Huus er Fæehuset bygget tæt af Tømmer, og stort efter Qveget Antal.

Det femte Huus, sædvanlig tæt ved det forrige, er opsat af Bindingsværk, hvorudi Giødningen henkastes fra Høsten til Foraaret. I dette Huus indsættes Hæstene, eller bindes, men ikke i særskilte Rum, det har løse Krybber, hvorudi Foderet legges. Hestene med deres Krybber fløttes fra et Sted i Huset til et andet, at de skal sammentræde Giødningen, og ofte strøes smaaehakket Enebæriis under dem.

Det siette Huus er Faarehuset, og det syvende hvor Giedderne holdes inde. Disse Slags Creature opelskes paa de fleste Steder, da deres Melk agtes nyttig i Huusholdningen.

Alle Huse er tækkede med den tynde yderste Bark af Birketræer, hvoraf 36 Pund koster 24 ss., oven paa denne Bark, kaldet Næver, legges tyk Grønsvær, at ikke Vinden skal Faae Magt til at afblæse Næveren. Denne Slags Birkebark bliver alt mer vanskelig at bekomme, og som intet uden Tagsteen kan oprette den Mangel, var Teiglbrænderie høit nødvendig.

Disse opregnede Huse findes sædvanlig paa alle Bøndergaarde, som de nødvendigste, og oppsatte særskilte uden Orden.

Teksten er eit utdrag av det kapitlet som handlar om Ryfylke, og er henta frå eit utgåve av skriften som er utgitt av Stabenfeldt forlag, Stavanger 1975. Hans Arentz var prost i Ryfylke.

AVSLUTNING
vanleg ikke rekna med i Ryfylke. Men samstundes er der ingen klar og eintydig grense mot Haugesundsområdet i vest.

Med omsyn til området kring Haugesund – på begge sider av fylkesgrensa Hordaland/Rogaland – har ein i nyare tid forsøkt innføra namnet Haugalandet, både i skrift og i tale. Og det har ein lukkast mykje med. Haugaland-nemninga har vore sær produktiv. Namnet kan

synast gamalt og ærverdig, men i røynda voks det fram først på 1900-talet (Hagland 1975 s.75ff). I dag er vel øg Karmøy som oftast rekna med i distriktsnamnet Haugaland. Historisk sett burde Karmsund ha vore eit rettare namn på dette området. Nemninga Haugalandet er noko tannlaus og seier lite. Nemninga Nordfylket er øg noko lettvinde.

Derimot står det ein sterk dåm over namnet Ryfylke. Og framleis har vi eit Ryfylke sorenskriveri, vi har eit Nordre og eit Søre Ryfylke prosti og eit Ryfylke avsnitt av heimevernet. Omgrepene er øg i bruk i organisasjonslivet og i næringslivet.

Og i daglegtalen, som områdenamn, vil det eldgamle «Ryfylke» leva vidare i nye generasjonar.

KJELDER OG LITTERATUR

- Andersen 1972: Per Sveaas Andersen i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, oppslag «Syssel», b.XVII s.646f.
- Bjørkvik 1993: Hallvard Bjørkvik, «Finnøy Gard og ætt» b.I, Finnøy kommune 1993.
- DN: Diplomatarium Norvegicum (internettutgåva), viser til bind og dokumentnummer (altså ikkje sidetalet).
- Fedrenes kirke/Fedrane kyrkje i Rogaland, er årboka for Stavanger bispedømme.
- Fladby 1965: Rolf Fladby i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, oppslag «Lensmann», b.X s. 506.
- Hognestad 1926: Eivind Hognestad: «Rogaland Landbruksselskap (Stavanger Amts Landhusholdningsselskap) gjennom 150 år», 1776-1926, Stavanger 1926.
- Hovedrulle 1706/07: «Howed Rulle og Matricul ower Søe Limiterne i Norge Udi Stawanger Ambt, Indretted ved dend Allernaa-digste anbefahlede Commision», etc. (Kjeldeutgåve ved Rogaland Historie- og Åttesogelag 1995).
- Hovda 1965: Per Hovda i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, oppslag «Landskapsnamn», b.X s.250ff.
- Høibo 1993: Roy Høibo: «Soga om Sand», Suldal kommune 1993.
- Indrebø 1931: Indrebø, Gustav: «Fylke og fylkesnamn», artikkel i Bergen Museum Årbok 1931, Historisk-antikvarisk rekke nr.1.
- Indrebø 1937: Indrebø, Gustav: «Den gamle norske fylkesskipnaden», Oslo 1937
- Marki 2001: Petter Marki: «Rogaland infanteriregiment nr.8 1628-1995. Fra Fähnlein til «IR åtta»», Oslo 2001.
- Marthinussen 1957: Biskop Karl Marthinussen, «Stavanger bispes- tols gjenopprettelse», i «Fedrenes kirke i Rogaland», årbok for Stavanger bispedømme 1957, s.24-46.
- NHL: «Norsk Historisk leksikon», ved Steinar Imsen og Harald Winge, 2. utg., Oslo 1999.
- Norheim 1948: Lensmann Omund Norheim (skriftstyrar): «Rogaland lensmannslag. Jubileums-skrift 1948», Stavanger 1948.
- NLR: «Norske Lensrekneskapsbøker 1548-1567», gjeve ut av Riksarkivet, b.III. Skatten av Bergenhus len 1563, Oslo 1938.
- NRJ: «Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede (1516-21)», kjeldeutgåve ved H. J. Huitfeldt-Kaas for Det Norske historiske Kildeskriptfond», b.I. Christiania 1885 og b.II, Christiania 1896.
- Næss 1981: Hans Eivind Næss: «Fogder og sorenskrivere i Stavanger len og amt, tidsrommet 1500-1700», artikkel i *Ått og Heim* 1981 s.114-151.
- Næss 1982: Hans Eivind Næss: «Fogder og sorenskrivere i Stavanger amt, 1700-1813», artikkel i *Ått og Heim* 1982 s.116-152.
- Næss 1991: Hans Eivind Næss (red.): «For rett og rettferdighet i 400 år. Sørensentrerne i Norge 1591-1991»
- Seip 1957: Jens Arup Seip, historisk innleiing i «Tingbøker fra Ryfylke 1616-63, band I. (1616-21)» ved Ola Aurenes (Stavanger 1957).
- «Soga om Håkon Håkonsson», av Sturla Tordsson, omsett av Kr. Audne, Det norske samlaget, i serien Norrøne bokverk, Oslo 1963.
- Steinnes 1926: Asgaut Steinnes: «Skipreidur og fjordungur i Rogaland», artikkel i «Maal og Minne 1926.
- Steinnes 1933: Asgaut Steinnes: «Gamal skatteskipnad i Noreg», Andre luten, Oslo 1933.
- Steinnes 1950: Asgaut Steinnes: «Eit brev frå 1423 om garden Aske i Mosterøy herad», *Ått og Heim* 1950, s.133ff.
- Steinnes 1974: Asgaut Steinnes: «Styrings- og rettsskipnad i Sørvest-Noreg i mellomalderen. Historisk-topografisk oversyn», Oslo 1974.
- Steen 1968: Sverre Steen: «Lokalt selvstyre i Norges bygder», Oslo 1968.
- Time 2002: Einar K. Time: «Rogaland landbruksselskap 1927-2001», Stavanger 2002.
- Turvund 1957: Skulestyrar Håkon Turvund. Artikkel «Krossen slo rot i Rogaland», i Fedrenes kirke, årbok for Stavanger bispedømme 1957, s.10-23
- Utne 1973: Bjørn Saxe Utne: «Rogaland – fra sysler til fogderier», artikkel i Stavanger Museums Årbok 1973, s.51-81.
- Ernst Berge Drange (49) er tilsett som førsteamansis og bygdebokskrivar på Ryfylkemuseet. Han har m.a. skrive «Sand – Gardar og folk» I-III (1997-2000).

Frå femten til åtte

– *Kommunesamanslåingar i Ryfylke i 1965*

AV TRYGVE BRANDAL

I det området som snart blei definert som regionen Ryfylke var det før kommunesamanslåingane i 1965 15 kommunar. Etter at samanslåingane var gjennomført var det 8 kommunar att. Men dette var ikkje den første endringa av kommunegrensene i Ryfylke. Heilt sidan det kommunale sjølvstyret blei innført i 1837 hadde det gått føre seg justeringar av kommunegrensene og storleiken på kommunane. Samanslåingane i 1965 vekte nok sterke kjensler somme stader, men var i røynda nokså moderat. I dag ser vi at det er eit sterkt press på kommunane for å gå vidare i arbeidet med å skape større, og det nokre meiner, meir rasjonelle kommunar.

OPPRETTING OG DELINGAR

Kommuneinstitusjonen i Norge nærmar seg 170 år. Han vart oppretta ved formannskapslovene av 1837. I starten i 1837 var det 392 norske kommunar, eller formannskapsdistrikt. Stort sett fall kommunegrensene saman med prestegjeldsgrensene. Men prestegjelda var ganske store geografiske einingar. Dei var då også oppdelte i mindre lokale einingar, i ulike kyrkjesokn.

Etter kvart som det kommunale arbeidet gjekk seg til, kjendest det ulagleg med dei store kommunale einingane. Det vart lange reiser fram til møta i formannskap og kommunestyre. Det var langt frå Sauda til Sand, frå Årdal til Hjelmland, frå Høgsfjord til Strand, når transporten måtte føregå til fots eller med båt på fjorden. Så dei tungvinte praktiske forhold med lang reisetid til møta var ein viktig grunn til at mange ønskte å bli eigen kommune. Den andre viktige grunnen var den som gjekk på det lokale sjølvstyret.

Lat oss sjå på eit par døme på deling av kommunar. Sauda hadde hopehav med Suldal både kyrkjeleg og verdsleg, og

hadde hatt det lenge. Sauda var eit sokn i Suldal prestegjeld, og dei hadde felles forlikskommisjon. Forlikskommisjonane vart oppretta i 1797. Dei skulle ta seg av enklare private saker og prøva å få partane forlike før sakene kom så langt som til retten. Saudabuane kjende det tungvint å reisa heilt til Kolbeinstveit oppe ved Suldalsvatnet, der møta lenge vart haldne, når dei skulle ha opp ei sak. For somme frå Sauda var det fire og ei halv mils veg dit. Det var så langt at fleire heller fortapte retten sin enn å reisa saka under så vanskelege forhold. Slik skreiv iallfall dei 11 saudabuane som i 1834 sende søknad til amtet om at Sauda måtte bli eit eige forliksdistrikt. Og dei fekk viljen sin. Frå 1835 vart Sauda eit eige forliksdistrikt. Distriktet vart noko større enn Sauda sokn. Dei tok med også dei gardane i Sand som hørde til Sauda skipreide. Grunnen til at futen gjekk inn for det, var at han ikkje trudde det i sjølve Sauda fanst «Indvanere som med nogenlunde Orden og Nøiagtighed vil kunne være protocolførende Medlem af en Forligelsescommision».

Årdal vart eigen kommune i 1849, etter 12 års hopehav

med Hjelmeland og Fister sokner. Det må ha blitt snakka mann og mann i mellom i Årdal at dei burde bli eit eige formannskapsdistrikt eller eigen kommune. Vi har liten kjennskap til kva som låg bak ønsket om utskiljing. Men frammøtet frå Årdal til dei kommunale møta på Hjelmeland var ikkje alltid det beste. Mellom 1838 og 1849 var det Andreas Sandsberg og sokneprest Thaulow som var ordførarar. Begge budde på Hjelmeland. Alle felles kommunestyremøte for heile prestegjeldet vart då haldne på Hjelmeland. Dit var det lang veg frå Årdal. Mange ville heller betala bota på ein halv spesidalar enn leggja ut på den stresame reisa til Hjelmeland.

Etter kvart kom det til å utvikla seg eit motsetningsforhold mellom sokneprest Thaulow og årdalsbuane. Presten kunne vera strid, og han gjekk ikkje av vegen for å refsa sokneborna sine frå preikestolen. Thaulow var ordførar frå 1844 til 1847. Det er ikkje urimeleg at det spente forholdet mellom presten og årdalsbuane også smitta over på deira forhold til kommunen, iallfall når presten var ordførar. Då var ikkje vegen lang til ønsket om å bli skild frå hopehavet med Hjelmeland og Fister og bli eigen kommune.

Det vart sett opp ein søknad om å bli eigen kommune, underskriven av «endeel af Aardals Thinglags og Annexsogns Indvaanere». På sommartinget for Årdal den 3. juni 1848 i Hjelmelandsvågen vart saka handsama. 11 av dei 41 med røysterett frå Årdal var til stades. Osmund Mele talte mot framleggelsen. Han fann «Andragendet ubeføjet og Adskillelsen skadelig». Det ville bli dyrt, og han tvilte på om bygda hadde folk med «fornøden Forretningsdygtighed» til å leia kommunen. Noko liknande høyrdie vi var framme når Sauda skulle bli eige forliksdistrikt. Det måtte folk til på eit visst nivå, både når det galdt skrivekunnskap og forstand, for at bygda kunne stå på eigne bein. Ved avrøystinga vart det med 6 mot 5 røyster vedteke at Årdal ikkje skulle skilja seg ut som eigen kommune.

Fleirtalet var knappast muleg, og etter eit par veker fekk

futen skriv frå Endre Endreson Tysdal m.fl., der det vart bede om eit nytt møte for å avgjera spørsmålet. Futen samrådde seg med amtmannen, som meinte det var rettast å ta saka opp på nytt på haustetinget. Det skjedde i Hjelmelandsvågen den 6. oktober. På ny vart det røysta, og no hadde stemninga snudd. Med 21 mot 2 stemmer vart det fleirtal for at Årdal skulle bli eigen kommune. Tre veker seinare skreiv så amtmannen til futen og sa at det skulle bli så frå andre halvår 1849.

TABELL 1: KOMMUNEDELINGAR I RYFYLKE ETTER 1837 - TOPOGRAFISK.

Kommunar frå 1837	Nye kommunar	
Strand	Høgsfjord 1865	Forsand 1871
		Høle 1871
Hjelmeland	Årdal 1849	
	Fister 1884	
Jelsa	Sand 1859	
	Erfjord 1913	
Suldal	Sauda 1842	
	Røldal 1848	
	(til Hordaland)	
Finnøy		
Rennesøy	Mosterøy 1884	Kvitsøy 1922
Nedstrand	Sjernarøy 1868	
Vikedal	Sandeid 1922	
	Imsland 1922	
Skjold	Tysvær 1849	
	Vats 1895	

Sauda og Årdal var dei to første bygdene som skilde seg ut frå det hopehavet dei hadde blitt innlemma i ved opprettninga av det lokale sjølvstyret i 1837. Seinare følgde andre etter. Sjå tabell 1 og 2.

I det gamle Ryfylke var det ni kommunar, eller formannskapsdistrikt, som det lenge heitte, i 1837. Talet auka til 16 i 1875, 19 i 1900 og 23 i 1930. Denne oppdelingsprosessen var gjengs for heile landet. I heile Rogaland var det 25 kommunar i 1837 og 54 i 1930 (48 landkommunar og 6 bykommunar). Og tala for Norge er 392 kommunar i 1837 og 746 i 1930.

STATEN VILLE SANERE

I løpet av dei vel hundre åra som hadde gått frå opprettninga av det lokale sjølvstyret og fram til krigen, hadde altså talet på kommunar i landet blitt nesten fordobla. Bygd etter bygd reiv seg laus frå hopehavet med grannebygda og stod på eigne kommunale bein. Mellom dei rundt 750 kommunane som fanst var det mange små. 84 landkommunar hadde mindre enn 1000 innbyggjarar, 276 hadde mindre enn 2000 innbyggjarar. Rogaland var endå meir prega av småkommunar. 14 av dei 48 landkommunane, nesten 1/3, var på under 1000 sjeler. Dei 14 er lista opp i tabell 3.

TABELL 3: KOMMUNAR I ROGALAND MED UNDER 1 000 INNBYGGARAR I 1960

Utsira	395
Imsland	502
Erfjord	602
Kvitsøy	673
Heskestad	678
Fister	725
Sandeid	807
Bokn	835
Mosterøy	842
Årdal	871
Sjernarøy	886
Helleland	910
Vikedal	919
Høle	935

Det gjekk ikkje så lang tid etter krigen før kommunestrukturen i landet vart teken opp til revisjon. Å få til ein reduksjon i talet på kommunar i landet var ei av oppgåvene som statsstyringa tok fatt på i den tidlege etterkrigstida. Alt i 1946 vart Scheikomiteen oppnemnd med fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Nikolai Schei, som formann.

TABELL 2: KOMMUNEDELINGAR I RYFYLKE ETTER 1837 - KRONOLOGISK

1842	Sauda	Frå Suldal
1849	Årdal	Frå Hjelmeland
1849	Tysvær	Frå Skjold
1859	Sand	Frå Jelsa
1865	Høgsfjord	Frå Strand
1868	Sjernarøy	Frå Nedstrand
1871	Forsand	Høgsfjord delt
1871	Høle	
1884	Mosterøy	Frå Rennesøy
1884	Fister	Frå Hjelmeland
1891	Vats	Frå Skjold
1913	Erfjord	Frå Jelsa
1922	Kvitsøy	Frå Mosterøy
1922	Sandeid	Frå Vikedal
1922	Imsland	Frå Vikedal

SCHEI-KOMITEEN

Mandatet til Schei-komiteen var m.a. «å utrede spørsmålet om en revisjon av den kommunale inndeling med sikte på å gjennomføre en inndeling som er mere i samsvar med de endrede forhold og som administrativt og økonomisk vil sette kommunene bedre i stand til å løse sine oppgaver.» Det skulle gå nesten tjue år før arbeidet vart ferdig. Komiteen la fram fleire tilrådingar. Den første kom i 1951 og galdt prinsipielle retningsliner. I 1955 la Kommunal- og arbeidsdepartementet fram stortingsproposisjon nr. 22 om prinsipielle retningsliner for revisjon av den kommunale inndelinga. Komiteen si førebelse tilråding for endringar i kommunestrukturen i Rogaland kom i 1957, og den endelege tilrådinga kom i 1962. Stortingsproposisjonane frå departementet kom i 1963-1964, og dei nye grensene tok til å gjelda frå 1/1 1965.

Kva la forkjemparane for ein revisjon av kommuneinndelinga vekt på? Kva var grunngjevinga for å gå inn for større kommunar?

Den eine - og vanlegaste - var å sjå på kommunane innanfrå som ei geografisk eining som i eigen interesse burde organiserast mest mulig «rasjonelt», «effektivt» eller «hensiktsmessig». Dette var tre viktige honnørord i debatten.

Ideelt sett burde ein kommune danne ei kommunikasjonsmessig og befolkningsmessig eining med naturlege grenser mot nabokommunane. Han burde ha ein tidsmessig administrasjon og forvaltning som kunne handtere ei stadig aukande saksmengd, og ein økonomi som var solid nok til å gje innbyggjarane eit rimeleg tilbod av kommunale tenester. Innanfor kommunegrensene burde det vere ein rimeleg balanse mellom periferi og sentrum og mellom ulike greiner av næringsliv. I forhold til desse ideelle måla var det klart for alle at svært mange kommunar låg langt unna i den tidlege etterkrigstida, og at i allfall eitt av hovudproblema vart at mange var for små.

Og så hadde det skjedd kommunikasjonsmessige

endringar som gjorde at dei gamle grensene ikkje lenger var naturlege. Slik var det t.d. med dei mange «delte» kommunane, som låg på begge sider av ein fjord. Dette hadde vore naturleg så lenge sjøen var den einaste ferdelsvegen, men vegbygging endra drastisk på dette.

Ein kommune burde og ha ein rasjonell administrasjon. I byrjinga av 1950-åra stipulerte Schei-komiteen ei minimumsbemanning på tre: formannskapssekretær, kommune-kasserar og likningssekretær. Nesten halvparten av norske kommunar hadde færre tilsette enn dette. Det var også ei vanleg oppfatning at administrasjonen i ein stor kommune ville bli billegare enn i ein liten, relativt sett. Og staten vona å få til ein reduksjon i overføringane til kommunane, i form av skatteutjamningsmidlar o.l., som helst hadde gått til mindre kommunar.

Innføringa av niårig skule var og eit moment som trekte i retning av større einingar. Det måtte eit visst innbyggjar- og elevtal til for å få til skular som ikkje vart for små. Både økonomiske og tidas rådande pedagogiske argument trekte i retning av større skular. Modellen med linedelt ungdomsskule passa best i folkerike område.

Den andre - og prinsipielt forskjellige - betraktingsmåten var å legge vekt på kommunane sin funksjon i det totale forvaltningapparatet og å sjå reform av den kommunale inndelinga som eit middel til å oppnå effektivisering. Staten ønskte færre kommunar å forhalde seg til.

LOKAL MOTSTAND

Den sterke statlege viljen til å redusere talet på kommunar ved samanslåingar møtte motstand lokalt ute i kommunane, både frå dei styrande og frå folk flest. Alle institusjonar, også kommunar, har ei viss sjølvopphaldsdrift. Folk som har knytta ein vesentleg del av livet sitt til dei som folkevalde eller som funksjonærar, vil nødig sjå dei bli oppløyste eller vesentleg endra etter opptakt utanfrå. Det prinsipielle lokale standpunkt nesten overalt var å bevare stillinga som ho var.

Men det var regjering og storting som hadde det siste ordet, og etter som det var klart at revisjonen skulle gjennomførast, bøygde dei fleste av, meir eller mindre knurrande. Den lokale motstand var for svak og ikkje organisert kommunane i mellom. Det regjerande Arbeidarpartiet var motoren i prosessen, Senterpartiet den einaste bremsa, og opposisjonspartia samla seg ikkje til meir enn spreidd fekting.

FEMTEN BLIR ÅITE

Stort sett var det slik at Scheikomiteen sine tilrådingar ikkje gjekk så langt som det endelege resultatet kom til å bli i 1965. Departementet fremja dei meir vidtgåande løysingane i 1963, og Stortinget vedtok dei i april 1964. Komiteen ville t.d. slå saman Årdal og Fister, men behalda Hjelmeland som eigen kommune. Her vart det til slutt samanslåing av alle tre. Komiteen ville slå saman Sand og Suldal til ein kommune og Erfjord og Jelsa til ein annan. Her vart det samanlåing av alle fire. Sjernarøy vart slått saman med Finnøy, medan komiteen hadde gått inn for at begge skulle bestå som eigne einingar.

Til dels vart det også frå lokalt kommunalt hald i Ryfylke hevda at Scheikomiteen sine tilrådingar var for lite vidtgåande. T.d. fekk ordførar Karl Helgeland i Erfjord heradstyret med på å hevda at Erfjord og Jelsa ville tena lite på eit nytt ekteskap. Erfjord hadde lege under Jelsa før, og to veike kommunar kunne utretta lite i lag. «Slår dei Jelsa og Erfjord i hop kjem det i alle tilfelle til å bli slik at folk reiser til Sand med pengane sine - og så reiser dei heimatt og deler fattigdommen», meinte Karl Helgeland. Då var det meir aktuelt for Erfjord å koma i lag med Sand, som dei snart ville få vegsamband med med den nye Ryfylkevegen.

Ordførar Halvard Lid i Fister tumla med liknande tankar. Det måtte tenkjast meir offensivt enn berre å slå saman dei to småkommunane Årdal og Fister. Hjelmeland burde også vere med.

Vi veit vel stort sett kva som skjedde, og skal ikkje gå

gjennom sakene for alle kommunar i detalj. Endringane går fram av tabell 4. Av 15 kommunar i Ryfylke vart det laga 8 nye. Tek vi det «utvida» Ryfylke vart 23 kommunar til 10.

TABELL 4: KOMMUNANE I RYFYLKE FØR OG ETTER 1965

Før 1965	Etter 1965
Forsand	Forsand (del av)
Høle	Til Sandnes
Strand	Strand
Årdal	Hjelmeland
Fister	Hjelmeland
Hjelmeland	Hjelmeland
Erfjord	Suldal
Jelsa	Suldal
Sand	Suldal
Suldal	Suldal
Sauda	Sauda
Finnøy	Finnøy
Sjernarøy	Finnøy
Rennesøy	Rennesøy
Mosterøy	Rennesøy
Kvitsøy	Kvitsøy
Vikedal	Vindafjord
Sandeid	Vindafjord
Imsland	Vindafjord
Vats	Vindafjord
Skjold (del)	Vindafjord
Skjold (del)	Tysvær
Tysvær	Tysvær
Nedstrand	Tysvær

Ryfylkeregionen minka under denne prosessen. Før vart bygdene kring Vindafjorden rekna til Ryfylke, og dei var knytte til Stavanger med båtruter. No vart det laga to store kommunar her, Vindafjord og Tysvær, og desse bygdene

vart knytte til Haugalandet og vestover til Haugesund som by. I sør vart det og høvla ein god skalk av Ryfylke. Høle kommune vart innlemma i Sandnes, og Forsand kommune vart kraftig redusert ved at bygdene Dirdal og Frafjord vart overførde til innlandskommunen Gjesdal.

MOTVILJE MOT NABOEN

Det kom fram ein del interessante moment undervegs i prosessen som gjekk forut for samanslåingane i 1965. Ein del kommunar synte stor motvilje mot å bli slått saman med nabokommunar som var noko sterkare enn dei sjølv. Då ville dei heller venda seg andre vegen, til ein mykje større nabo. Dette kan verka noko paradoksalt. Men slik var det t.d. på Mosterøy, som var svært motvillige til å bli slegne saman med Rennesøy. Hovudgrunnen var at bårutene var slik at det var svært ulagleg å reisa frå Mosterøy til Rennesøy og tilbake på dagen. Det hadde ført til at Mosterøy kommune hadde halde sine kommunestyremøte i Stavanger ei tid. Då kunne dei nyta dei bårutene som var utan å setja inn ekstraskyssar.

Mosterøy kommunestyre uttalte i 1959 at Rennesøy og Mosterøy kommunar helst burde halda fram som før. «Ei samanslåing vil ikkje gagna noko interesse, men tvertom verta ei tyngsle for alle.» Skulle dei først slåast saman med nokon, ville dei heller bli slådde saman med Hetland. Hetland hadde sin administrasjon i Stavanger. Det ville ikkje skapa vanskar for folket på øyane å ordna sine kommunale forretningar samstundes som var dei var i byen på handel. Endå til Randaberg ville dei heller slåast saman med enn med Rennesøy. «Sjølv om Randaberg har sine kontor og kommunemøter ute i Randaberg, vil det vera lettare for folk i Mosterøy å søkja dit enn kor som helst på Rennesøy.» Men mosterøybuen nådde ikkje fram. Det enda med at dei vart slådde saman med Rennesøy.

Inne på fastlandet hadde Årdal stor motvilje mot å bli samanslådde med Hjelmeland og Fister til ein kommune, då

det kom opp undervegs i prosessen. Dei heldt på det gamle forslaget frå Scheikomiteen om at Årdal og Fister skulle slåast saman, men at Hjelmeland gjekk for seg sjølv. Igjen var det samferdsla som vart brukt som argument, og som opplagt talde svært mykje. Frå Årdal sentrum til Hjelmeland ville det bli 18 kilometer i motsett leid av den naturlege trafikk, som meir og meir gjekk mot Tau. «Dette vil for Årdal falla heilt unaturleg. Saman med Hjelmeland vil Årdal ikkje, - heller til Strand. Dette finn ein meir naturleg i dag», uttalte Årdal kommunestyre i juli 1963.

Dei styrande i Årdal var nok temmeleg sikre på å ha folket med seg i motstanden mot samanslåing med Hjelmeland. Dei vedtok at det skulle haldast folkeavrøysting over spørsmålet. Den vart halden den 24. oktober 1963, og folket skulle stemma på om dei gjekk inn for at Årdal skulle slåast saman med Hjelmeland og Fister, eller saman med Strand. Dei styrande fekk det resultatet dei ønskte. Av 328 godkjende røyster gjekk 298 inn for samanslåing med Strand, 29 gjekk inn for at Årdal, Hjelmeland og Fister skulle bli ein kommune. Eit formidabelt fleirtal på 91 prosent ville gå saman med Strand. Heller ikkje årdalsbuane nådde fram med sine protestar. Det vart Hjelmeland, Fister og Årdal som vart slegne saman til ein kommune.

I Suldal var motviljen endå større mot å bli slått saman med Sand. Også der vart det halde folkeavrøysting. 468 stemte mot samanslåing med Sand, 27 stemte for. Fleirtalet var nesten austeuropisk - på heile 94,5 prosent.

ETTERARBEID

Etter at Stortinget hadde fatta vedtak om kommunegrensene i vårsesjonen i 1964, var det enno mykje som skulle ordnast på det vel halve året til nyordninga skulle tre i kraft frå 1/1 1965. Det vart valt samordningsnemnder kring om som skulle kome med framlegg om ordning av den kommunale administrasjonen, budsjettet, skulen m.m. i overgangen. Fleire gamle kommunar vart delte, så som Forsand, Fister,

Skjold o.fl., og her måtte det eit økonomisk oppgjer til mellom partane. Og det måtte haldast nye kommuneval hausten 1964, sjølv om det berre var eitt år sidan sist. Alt dette var viktige saker, men det gjekk stort greitt å få dei gjennom.

Noko større spenning knytte det seg til kva dei nye kommuneneiningane skulle heita. Det var kommunestyra i dei gamle kommunane som fatta dei vedtaka i fellesmøte mellom dei som skulle høyra i hop. Dersom eit framlegg ikkje fekk så mykje som _ fleirtal, var det departementet som fatta den endelege avgjerdna.

Årdalsrepresentantane heldt på Austfjord som namn på den nye storkommunen av Hjelmeland, Fister og Årdal, men fleirtalet gjekk inn for Hjelmeland. I den nye Suldal kommune stod striden mellom Sand, Jelsa og Suldal. Erfjordrepresentar fremja forslag om namnet Rygja, men det vann ikkje fram. Det vart til slutt Suldal som vart namnet, og det var el helst å rekne for eit plaster på såret for suldølane, som hadde vore så motviljuge mot tvangsekteskapet.

Mest problem med namn blei det med den nye kommunen ved Vindafjorden. Her samlast lokalpolitikarane om det nye og noko kunstige namnet Rygjastrand. Dermed slapp ein strid om kva for eitt av dei gamle namna som skulle vinna kampen. Men Rygjastrand var staten sine namnekonsulentar lite nøgde med. Dei meinte det var eit konstruert og kunstig namn og ville ikkje godkjenna det. I neste runde fekk namnet Vindafjord og Vats flest røyster, men til sist vart namnet berre Vindafjord.

AVSLUTNING

Dei kommunesamanslåingane som vart gjennomførde midt på 1960-talet opplevdest nok som temmeleg vidtgåande, og dei sette sterke kjensler i sving både hos den jamne mann og hos lokalpolitikarar. Likevel må vi avslutningsvis seie at resultatet etter revisjonen var temmeleg moderat. Talet på kommunar i Norge vart kraftig redusert, men det var likevel

fleire kommunar i landet i 1965 enn ved opprettina av kommunane i 1837. Norge beheldt ein temmeleg oppdelt kommunalstruktur. Mindre enn halvparten av dei nye kommunane fekk meir enn 5000 innbyggjarar, eit tal som hadde vore ein ledetråd i arbeidet som ei nedre grense. Ein tredjedel av kommunane fekk færre innbyggjarar enn det minste-mål på 3000 som vart sett i utgangspunktet.

Fleire andre land gjennomførte liknande revisjonar av kommunestrukturen etter krigen. I våre to naboland Sverige og Danmark gjekk dei mykje lenger. I Sverige hadde dei hatt mange småkommunar. Der vart kommunetalet redusert til ein tiandedel gjennom ein kraftig saneringsprosess i to trinn: frå 2500 kort etter krigen til 282 i 1974.

LITTERATUR

- Edvard Bull: Norge i den rike verden. Tiden etter 1945. Bind 14 i Cappelens Norgeshistorie. Oslo 1979.
Berge Furø: Vårt hundreår. Norsk historie 1905-1990. Oslo 1991.
Roy Høibo: Soga om Sand. Stavanger 1993.
Arvid Lillehammer: Soga om Sauda. Tredje bandet. Bygdesoga før 1880. Stavanger 1991.
Hans Eyvind Næss, Edgar Hovland, Tore Grønlie, Harald Baldersheim, Rolf Danielsen: Folkestyre i by og bygd. Norske kommuner gjennom 150 år. Oslo 1987.
Njål Tjeltveit: Etterkrigs-Ryfylke. 50 år i forandring. Stavanger 1994.
Ymse utgreiingar og tilrådingar frå Kommuneinndelingskomiteen (Schei-komiteen). Mest aktuelt er desse to:
Kommuneinndelingen i Rogaland. Føreløbig tilråding. Datert 23/3 1957.
Kommuneinndelingskomiteens endelige tilråding om kommuneinndelingen i Rogaland. Datert 5/5 1962.
Trygve Brandal (50) har skrive bygdebøker for Hjelmeland og Forsand og vore medforfattar i bøkene «Penger spart – Penger tjent» (1989) og «Klart det lønner seg å samarbeide» (2001). Han har vore leiar for styret i Ryfylkemuseet 1998-2003 og er nå engasjert som vikar ved Ryfylkemuseet. Denne artikkelen blei skriven som eit innlegg på ein konferanse om kommunesamanslåingar som Hjelmeland kommune og Ryfylkemuseet skipa til i 1995. Planane om å gi ut innlegga etter konferansen lukkast ikkje da, men vi fann at artikkelen passer godt i dette nummeret av Folk i Ryfylke.

ROGALAND FYLKE

HERADS KART

For Det Norske Næringsliv
tegnet av O. F. Olden.



«Ikke en selvgitt region»

– Om strevet med å samle Ryfylke

AV ROY HØIBO

I 2006 kunne Ryfylke-kommunane ha feira 40 års samarbeid for utvikling og utbygging av ein ressurssterk ogbynær region. Slik blir det neppe. Om det er noen att i fellesskapet, vil dei vera så få at dei knapt kan skape feststemning i dei lokala ein kan tenkje seg til slikt bruk i Ryfylke. Har såleis 40 år med møte, reiser, utgreiingar, uttaler, løyvingar, konferansar, brevveksling og samtalar vore forgjeves? Nei, det er det truleg få som vil meine. Men etterhalda har vore for store, politikarane har ikkje hatt fullmakt til anna enn å fremje dei kortskiktige eigeninteressene til kommunane sine, og få har sett andre strategiske grep enn dei samferdslepolitiske som kunne ha løfta heile eller store delar av Ryfylke på lengre sikt.

Det var ikkje nok med at mange av kommunane hadde vore gjennom opprivarande samanslåingar med nabokommunar. Nå skulle dei også samarbeide på tvers av kommunegrensene. Det var den nye bygningslova frå 1965 som fastsette krav til oversiksplanar «for samordning av utnytting av grunn for felles løsning av spørsmål om anlegg og innretningar til dekning av allmenne behov i 2 eller flere kommuner». Regionplanen skulle tene som rettleiing ved utarbeiding av generalplanar og reguleringsplanar i kommunane.

Gjennom rundskriv frå Kommunaldepartementet blei fylkesmennene bedne om å ta initiativ til å få utarbeidd forslag til inndeling av fylka i høvelege regionar med tanke på ei systematisk planlegging og utbygging. Hovudføringa frå departementet var å gruppere saman kommunar som «gjennomgåande har betydelige interessefellesskap og framstår som naturlige økonomiske og/eller geografiske enheter». Grupper av kommunar som hadde felles interesse av eit sentrum framsto som den ideelle regiontypen for økonomisk planlegging og grunnutnytting.

EIN REGION AV RESTAR

Utbyggingsavdelinga i fylket gikk laus på oppgåva med stor iver og sjølvsagte løysingsforslag. Det var beine vegen og den slagne landeveg og minste motstands veg. Utbyggingsavdelinga fann «ingen grunn til å bryte med den gamle hevdunne inndelingen av fylket i fire hovedområder: Dalane, Jæren, Haugesundshalvøya og Ryfylke». Og kvifor skulle dei det?

Dalane med Egersund som regionsentrum var ein naturleg region. Jæren med Sandnes-Stavanger som sentrum var ein nesten like naturleg region, bortsett frå at det blei reist spørsmål ved om ikkje Jæren burde delast i to. Eit sør-Jæren med Bryne som sentrum og eit nord-Jæren med Stavanger-Sandnes som sentrum. Og så var det Haugesundshalvøya, inklusive Karmøy, med Haugesund som sentrum, også kalla Nord-Rogaland. Tre nesten like greie regionar med nesten like greie og naturlege sentrumsområde som alle passa godt inn i den ideelle regiontypen til Komunaldepartementet.

Ryfylke var ikke like grei. Fylkesmannen var eigentleg i stor tvil, sjølv om utbyggingsavdelinga ikkje såg noen grunn til å bryte med det avdelinga meinte var gjengs oppfatningar av korleis Rogaland var inndelt. Det som nå sto att var øykommunane Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy, og fastlandskommunane frå Forsand i sør til Sauda i nord. Om desse skriv fylkesmannen i innstillinga si til møte i Fylkestinget 22. november 1965: «For resten av fylket – øykommunene og fastlandet i Ryfylke – kan det synes å ha liten hensikt å sammenstille kommunene i regioner. På grunn av de kommunikasjonsmessige forhold og områdets geografiske beskaffenhet er det lite innbyrdes samkvem mellom kommunene. Senteret for hele området er Stavanger.»

Om ein likevel skulle nemne ei muleg inndeling peika Fylkesmannen på ei muleg to-deling mellom ein Boknfjord-region med øykommunane og ein region kalla Indre Ryfylke med fastlandskommunane, d.v.s. Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda. Men han var sjølv i tvil om det hadde noen mening å samle øykommunane i ei regioneininger: «Hver kommune må vel ses som en planleggings-enhet».

Da var det trass alt meir mening i eit hopehav mellom fastlandskommunane. I 1965 var Ryfylkevegen ferdig, kommunane var bunde saman landverts og det var utsikter til kraftutbygging som kunne skape grunnlag for industrireising. Skreiv fylkesmannen. Det var nå likevel ei sanning med visse modifikasjonar. Det var framleis to fjordar som skilde kommunane, vegen kom lovleg seint og det var slett ikkje meininga å bruke krafta lokalt.

Fylkesmannen konkluderte i første omgang med at det hadde lita mening å dele Ryfylke inn i regionar.

Kommunaldepartementet var ikke nøgd med dette, og spør i staden om det ikke kunne vera tenleg å innlemme Ryfylke i «Stavanger-regionen». Departementet ber om at dette spørsmålet blir vurdert. «For visse deler av oversikts-

planleggingen, for eksempel kommunikasjoner og rekreasjonsarealer, vil det være naturlig å se Stavanger og Ryfylke under ett», skriv departementet.

Fylkesmannen tok dette til etterretning, i alle fall delvis. Da jærkommunane blei bedne inn for å drøfte etablering av ein jærregion, inviterte Fylkesmannen også representantar for Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Strand og Forsand. Men det slo ikkje an. Det var berre Forsand som tykte det kunne vera mening i å høre til på Jæren, så det blei ikkje noe meir med det. Jærkommunane blei elles samde om å sjå heile Jæren under eitt. Tanken om å dele Jæren i to regionar blei såleis forkasta.

KOMMUNANE VAR SKEPTISKE

Seint på hausten i –65, og altså før møtet i Fylkestinget 22. november, blei så Ryfylke-kommunane inviterte for seg. Men heller ikkje der var entusiasmen for ein Ryfylke-region overveldande. Møtet blei leia av fylkesmann Paul Ingebretsen. Frå kommunane møtte desse:

Kvitsøy: Ordførar Rasmus Hviding

Finnøy: Ordførar Nils L. Vestbø

Strand: Ordførar Odd Vasstveit

Forsand: Ordførar Tormod Harboe

Hjelmeland: Ordførar Jone Vadla

Suldal: Ordførar Karl Helgeland

Sauda: Ordførar Erling Larsson

Etter at fylkesmannen hadde orientert om bakgrunnen for møtet, blei kommunane bedne om å melde frå om korleis dei såg på eit regionsamarbeid i Ryfylke. Vi skal ta med litt frå referatet frå møtet.

Ordføraren i Sauda var den første som tok ordet. Han peika på at Ryfylke var eit geografisk spreidd område og med lite interessefellesskap kommunane imellom. Sauda kommune meinte derfor at det ikkje var særleg tenleg å

stille kommunane i området saman i ein region. Formannskapet var likevel redde for at kommunen skulle bli isolert frå dei øvrige Ryfylke-kommunane, og var innstilt på å samarbeide dersom dei andre kommunane var interesserte i eit samarbeid.

Odd Vasstveit følgte opp dette innlegget ved å peike på at Strand på mange måter var likestilt med Sauda. Strand kommune hadde lite samkvem eller interessefellesskap med dei øvrige kommunane i Ryfylke. Han tala likevel for å sjå heile Ryfylke som eit regionplanområde.

Frå Suldal sa Karl Helgeland at kommunen først og fremst var interessert i å utvikle næringsgrunnlaget i kommunen. Han meinte vidare at det ville vera naturleg om delar av Ryfylke blei kopla til Stavanger-området. Men Suldal var altså ikkje mellom dei kommunane som var blitt invitert da Fylkesmannen heldt samrådsmøte med kommunane frå Jæren tidlegare på hausten. Helgeland argumenterte for ei tilslutning til Stavanger-regionen ved å peike på dei fellesinteressene kommunen hadde med Stavanger-regionen som ferieplass for byfolk. Dersom det ikkje var muleg å få til eit samarbeid med Stavanger-regionen, sa Helgeland at Suldal kommune var mest stemt for å utsetta regioninndelingssaka for Ryfylke.

Frå innlegget til ordføraren i Hjelmeland er det berre referert at kommunen var mest opptatt av eit sviktande næringsgrunnlag. Vi må vel kunne tolke det slik at interessa for eit regionsamarbeid var heller labert.

Forsand heldt fram der dei hadde vore da dei fekk vera med på møtet med jærkommunane. Ordføraren viste til at Forsand kommunikasjonsmessig var knytta til Jæren, men at kommunen også hadde felles interesser med dei andre kommunane, utan at han kom inn på kva interesser dette kunne vera. Han ville ikkje setta seg i mot å vera med i eit regionsamarbeid dersom dei andre kommunane fann at dei burde vera med. Sterkare tilslutning til regionideen var det ikkje grunnlag for.

Frå øykommunane blei det sagt heller lite. Rennesøy hadde forfall og Kvitsøy sette seg ikkje på talarlista. Så det blei Finnøy som måtte målbera meiningsane frå øyane. Ordførar Vestbø teikna eit bilde av Ryfylke som eit sundrive område med liten indre samanheng. Det var dårleg samanheng mellom øykommunane, og øykommunane aleine blei dessutan ei for lita eining til å kunne vera ein region. Da var det trass alt litt betre på fastlandet, der Ryfylkevegen hadde ført til ein viss samanheng. Han hadde likevel inga tru på at næringsgrunnlaget i kommunane ville bli styrka om dei gikk inn i ein Stavanger-region, og valde derfor å gå for ein Ryfylke-region. Trass alt, må vi tru, i mangel av noe betre, eller som det beste i valet mellom pest og kolera.

Han fekk ikkje mye å bygge på, fylkesmann Paul Ingebretsen. Det var ikkje mye å ta fatt i når han skulle oppsummere og konkludere før utsendingane skulle lette på reiseveska, finne att frakken, løyse slipsknuten og legge i veg ned mot kaien og båten heim. Hadde han vore i tvil ført måtte vel trua på velsigninga ved eit regionsamarbeid i Ryfylke vera på eit lågmål nå. Kva skulle han seia? Over han låg bygningslova og departementet og pressa på, rundt han satt 8 ordførarar og eit par saksbehandlarar som alle hadde ei kjensle av å vera med på ei pliktøving langt borta-for dei utfordringane dei hadde å ta fatt på heime.

«Ryfylke er ikke en slik selvgitt region som Dalane og Jæren», sa fylkesmann Paul Ingebretsen. «Det er i dag ikke så meget som binder kommunene i området sammen, men en viss forbindelse mellom visse kommuner kan konstateres». Det siste var eit halmstrå og ei formulering som kunne vore ein politikar verdig. Men fylkesmann Ingebretsen hadde ikkje anna å halde seg i. Og så kom løysinga:

«Det synes urealistisk å etablere flere regioner i området. Det må bli en Ryfylke-region. Det bør ikke opprettes regionplanråd, men heller etableres en interkommunal samarbeidsnemnd. Det forutsettes at denne nemnda har et nært samarbeid med fylkets utbyggingsavdeling.»

Ei interkommunal samarbeidsnemnd. Det var løysinga fylkesmannen hadde tenkt ut. Og det var det han foreslo for fylkestinget. Fylkestinget sluttet seg samrøystes til forslaget, utan debatt. Det var ingen som tok ordet til spørsmålet om kva ein skulle gjera med Ryfylke under behandlinga av saka i Fylkestinget.

Departementet godtok løysinga. Ryfylke slapp førebels å opprette regionplanråd etter føresegna i bygningslova. Ei interkommunal samarbeidsnemnd skulle ta seg av visse fellesoppgåver for regionen.

Dermed hadde vi fått eit offisielt Ryfylke. Nå var ikkje Ryfylke lenger eit tal øyar og fjordar og fjellbygder i nord-austleg retning, eller nord om (Bokna-)fjorden. Ryfylke var ikkje lenger Imsland og Vikedal og Sandeid og Skjold. Ryfylke var ein region med 3 øykomunar og 5 fastlands-kommunar: Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy.

INTERKOMMUNAL SAMARBEIDSNEMND

Det gikk eit år, så inviterte fylkesmannen til skiping av den interkommunale samarbeidsnemnda. Det var den 22. november 1966 og Erling Larsson, Sauda, blei vald til formann, Nils L. Vestbø, Finnøy, til nestformann. I eit arbeidsutval blei i tillegg vald Knut A. Jøssang, Strand, Tormod Harboe, Forsand og Albert Moe, Suldal.

Arbeidsutvalet fekk i oppdrag å legge fram forslag til eit arbeidsprogram. Det fekk 4 punkt:

- 1 Kommunikasjonar
- 2 Utbygging av næringsgrunnlaget
- 3 Offentlege institusjonar
- 4 Sams administrative og faglege stillingar

Det første var forutsigbart. Det siste måtte vera dristig. Nemnda tok altså opp spørsmålet om sams administrative og faglege stillingar for 2 eller fleire kommunar «dersom

det er interesse for det, t.d. innan den tekniske etaten». Det var altså noen som kunne tenkje seg at Ryfylke-kommunane kunne samarbeide om å løyse praktiske oppgåver.

Men det var eit anna spørsmål som kom på dagsorden i eit av dei første møta: Planlegging av friluftsområde i Ryfylke. Og her sprengte ein allereide i starten region-grensene. Til drøftinga av denne saka blei det innkalt representantar både frå Vindafjord, Tysvær, Bokn og Sandnes. Diskusjonen kom likevel ikkje til å dreie seg særleg mye om prinsipp og føringar for planlegginga av friluftsområde, men om fordelinga av kostnadane. Etter eit lengre ord-skifte blei det semje om at kommunane skulle bidra med 2.000 kroner kvar.

Det var kommunikasjonsspørsmåla som engasjerte. På første møtet i 1968 tok formann Larsson opp spørsmålet om riksvegferjer under posten «ymse». Det første til ein lang debatt der dei felles interessene fylkesmannen hadde vist til kom noe i bakgrunnen.

Suldal kom raskt på banen og ba om støtte til sitt krav om riksvegferje til Jelsa. Frå Finnøy blei det argumentert for at forlenging av ferjesambandet Stavanger-Judaberg til Nedstrand måtte gjennomførast. Henry Ramstad heldt eit innlegg om at det var livsviktig for Kvitsøy å komma inn på riksferjenettet. Dermed var løpet lagt. Nemnda kunne sjølv sagt sagt ja til alle sambanda, men dei som kjempa for sitt eige ferjesamband var redd for at dette ville svekke deira sak, og kravde ei prioritering. Ettersom det eigentleg var spørsmålet om forlenging av ferjesambandet Stavanger-Judaberg til Nedstrand som var saka, samla nemnda seg til slutt om å innstille på at Nedstrand blei godkjent som riksferjekai, sjølv om enkelte peika på at Nedstrand ikkje ein gong låg i regionen.

MODERNISERING AV BÅTTRANSPORTEN

Når kommunikasjonsspørsmåla engasjerte så sterkt var det både fordi politikarane meinte at betre kommunikasjonar

var nøkkelen til ei positiv utvikling for bygdene, og fordi det var sett i gang eit arbeid med å greie ut dei samferdslepolitiske utfordringane.

Transportøkonomisk Institutt (TØI) utarbeidde i 1968 ei analyse av persontrafikken med båt i Ryfylke. Instituttet peika på ein del sentrale sider ved strukturen i og utviklinga av denne sektoren. M.a. var instituttet opptatt av mangfaldet i tilbodet. Her var ikkje mindre enn 7 selskap involverte i trafikken:

Det Stavangerske Dampskibsselskab (DSD)
Haugesund Dampskibsselskab (HDS)
A/S Jøsenfjord Rutelag
A/S Høgsfjord Rutelag
Sandnæs Dampskibs-Aktieselskab (SDA)
Hylsfjord Rutelag
Suldal Dampskibsselskab

Desse selskapa trafikkerte ikkje mindre enn 149 stoppestader i Ryfylke. Av desse rekna TØI 90 som «faste» stoppestader.

Hovudtrafikken gikk mellom Stavanger og mellomstasjonane. Det var liten intern trafikk (under 10%) mellom stoppestadene. Dette førte til dårlegare kapasitetsutnytting til lengre ein kom frå Stavanger.

Samla sett fann TØI at det var ein auke i trafikken frå år til år, men denne auken var nesten berre knytta til Tau-sambandet. Det var altså slik at trafikken gikk over frå rutebåtar til ferje og bil. I tillegg til denne utviklinga påvirkta også nedgangen i folketalet trafikken på Jøsenfjorden og Høgsfjorden.

Konklusjonen til Transportøkonomisk Institutt var at det låg til rette for ei rasjonalisering av lokalbåttrafikken i Ryfylke.

Ryfylke-ordførarane var samd i det. Men mest av alt var dei opptatte av at Ryfylke måtte komma med i ei nødvendig modernisering av trafikken gjennom overgang frå rutebåtar

til ferjedrift. I ein uttale til analysen frå TØI sa samarbeidsnemnda m.a. følgjande:

«(...) i alle tilfelle hvor det bygges nye kaier i distriktet, eller eldre kaier ombygges, må kaiene bygges som ferjestø, evt. utstyres med ferjelem.» Nå støtta nemnda også krava om ferjestø på Jelsa og på Kvitsøy.

Og det var vilje til å satse på ei modernisering. Ryfylke blei hørt. Distriktsutbygging var i ein periode god politikk. På noen få år fekk dei fleste plassar i Ryfylke ferjetilknyting. Og i rutebåttrafikken var ein annan revolusjon i gang. Alt i 1961 hadde DSD sett hydrofoilbåten «Ekspressen» i trafikk på Ryfylke-fjordane. Båten gikk frå Sauda til Stavanger på under 2 timer. Det var ein halvtime mindre enn hurtigbåten bruker i dag. Men hydrofoilen kunne ikkje gå om vinteren, det var mange tekniske problem med han, og båten var dyr i drift. Etter ti års drift blei hydrofoilbåtane skifta ut med westamaranar. Dei gikk ikkje så fort, men var meir driftssikre.

NÆRINGSUTVIKLING

Nest etter kommunikasjonane var utbygging av næringsgrunnlaget ei oppgåve som kommunane kunne samle seg om. Utvikling av turismen var eit tema som kom opp tidleg i arbeidet til samarbeidsnemnda. Men initiativet kom ikkje frå Ryfylke.

Det var Næringsrådet i Stavanger som inviterte til samarbeid. Og det kan sjå ut til at Næringsrådet ikkje var heilt overtydd om motivasjonen for å satse på turisme. I alle fall finn samarbeidsnemnda grunn til å tilbakevise påstanden om at det skulle vera ei negativ holdning til turisme frå kommunane si side. Alle medlemmene uttaler seg i prinsippet positive til tanken om å fremje turismen i Ryfylke, men ytrer samtidig tvil og etterhald når det gjeld kostnadsdekninga for ei utgreiing om turismen, og om kven som eventuelt skulle utføre eit slikt arbeid. Det er standpunkt som vi kan kjenne att i mange gilde tankar om utviklingsarbeid i Ryfylke.

Trua på at tilrettelegging for friluftsliv og turisme skulle løyse problema til næringslivet i regionen var ikkje overveldande. Det var dessutan ikkje til å stikke under ein stol at det var motsetningar mellom storsamfunnet som ville ha kontroll med friområde, og grunneigarar som ville selja hyttetomter. Da var det nok lettare å samle eit engasjement kring utvikling av primærnæringane. Og turisme var altså ennå ikkje definert som primærnæring. Men nå kom tyngre aktørar på banen.

Til eit møte i mai 1970 hadde nemnda invitert fylkeslandbruksjef Svarstad og fylkesskogsjef Hvoslef til å innleie til drøfting av behovet for å effektivisere dei naturgitte næringane jordbruk og skogbruk. Men da ein ikkje såg det slik at desse næringane aleine ville skape nye arbeidsplassar, måtte det skaffast ny industri til regionen, både industri som kunne bruke råstoff som kom frå distriktet, og annan industri.

Møtet førte fram til eit forslag om å få laga ei næringsanalyse for Ryfylke. Men dette førte igjen tilbake til transportproblema i Ryfylke. «Skal ein ha von om å få hjelpe fram og byggja ut næringslivet i Ryfylket og stansa fråflyttinga, er utbygging av kommunikasjonane heilt avgjerande. Dette er sjølve grunnlaget for ei effektivisering av grunnnæringane. Arbeidet for eit meir differensiert næringsliv har lita mening før Ryfylke får eit meir tidsmessig trafikkopplegg», sa nemnda.

Men før Ryfylke interkommunale samarbeidsnemnd retteleg hadde etablert seg var ho under oppløysing. Spørsmålet om etablering av eit regionplanråd til avløsing av samarbeidsnemnda bei tatt opp i 1970, da ein rekna med at dispensasjonen frå kravet om slikt råd ville bli inndratt før eller seinare. Det var dessutan kommuneval i 1971, og naturleg å sjå på mulege endringar i samarbeidet etter det. Fem år etter at samarbeidnemnda blei konstituert blei ho derfor vedtatt oppløyst.

FRÅ NEMND MED REISNING TIL IMPOTENT RÅD
Samarbeidsnemnda var eit sambuarskap mellom partnarar som eigentleg ikkje hadde særlege kjensler for einannan. Samlivet var likevel ikkje utan glede, og det hadde vore tillaup til koordinert samhandling, utan at det førte til store høgder for noen av partane. Den gnisten som måtte ha synt seg, slokna raskt med det som nå skulle komma.

Overgangen frå samarbeidsnemnd til regionplanråd gikk for det første ikkje heilt knirkefritt, og allereie nå ser vi at det nølande samarbeidet som blei innleia i 1966 ikkje blir sett på som noe sjølv sagt hopehav av alle partane.

Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand sa alle utan vidare ja til oppnemning av regionplanråd. Strand ba i første omgang om å få noe meir tid på seg, men sa seinare ja. Finnøy og Kvitsøy fann lita meinung i å opprette regionplanråd nå. Rennesøy meddelte at kommunen ikkje hadde tatt stilling til den framtidige regioninndelinga i Ryfylke, og at ein fann at den nåverande ordninga, altså med ei samarbeidsnemnd, burde haldast ved lag inntil vidare. Allereide i 1971 fekk dei andre kommunane altså eit varsel om at samarbeidet var eit skjørt byggverk, sjølv om det ennå skulle gå mange år før Rennesøy, som den første av kommunane, tok steget ut av Ryfylke-samarbeidet.

Øykommunane blir etter dette bedne om å vurdere saka på nytt, og etter lett press blir det muleg å opprette regionplanråd for Ryfylke frå 1. januar 1972. Kvitsøy, som har dispensasjon frå bygningslova, får møte- og talerett i rådet, men ikkje stemmerett. Konstitueringa av rådet skjer i juni same året. Desse er medlemmar i det første regionplanrådet:

Forsand:	Einar Wiik
Strand:	Magnus R. Karlsen
	Ola Jørpeland
	Knut T. Bjørkheim
Hjelmeland:	Ola J. Hagalid
	Anders Romsbotn

Suldal:	Trygve Kvæstad
	Karl Helgeland
Sauda	Trygve Pedersen
	Alfred Rød
	Alf Andersen
Finnøy:	Petter Nærland
	Nils Gard
Rennesøy:	Henry Halvorsen
	Sven Kloster
Kvitsøy:	Henry Ramstad

Departementet hadde oppnemnt Odd Vasstveit fra Strand til formann for kommunevalperioden 1972-1975.

Arbeidsprogrammet til det nye rådet var til forveksling likt arbeidsprogrammet til den oppløyste samarbeidsnemnda:

- Utbygging av kommunikasjoner
- Utbygging av næringslivet og etablering av nye arbeidsplassar
- Vurdering av interkommale interesser
- Utbygging av videregående skoler så som gymnas og yrkesskoler

For å ta i ferde med oppgåvene opprettar rådet eit kommunikasjonsutval og eit utval for utbygging av vidaregåande skular. Rådet støtter også ein søknad om opprettning av stilting som tiltaksråd for regionen.

Men regionplanrådet blei ingen suksess. I alle fall ikkje i første omgang. Allereide ved utlaupet av den første perioden, altså i 1975, blei det stilt spørsmål om tilsetting av sakshandsamar eller planleggar for regionen, og om dei økonomiske uttellingane som regionplanarbeidet førte med seg blei følgt opp av kommunane.

Igjen var det pengane til felles tiltak det sto om. Spørsmålet om å få meir arbeidshjelp enn den som utbyggings-

avdelinga hos fylkesmannen kunne tilby var reist allereide i 1971, da knytta til ei muleg stilling som rettleiar i utmarksnæring. Nå kom spørsmålet opp på nytt saman med spørsmålet om regionplanrådet burde halde fram. Kommunane rådde til å halde fram med regionplanrådet, men hadde ikkje pengar til arbeidshjelp.

REGIONPLANLEGGAR SKAPER NY VITALITET

Det nye rådet som kom i arbeid frå 1976 med Magnus R. Karlsen fra Strand som formann, tok på nytt fatt i spørsmålet om ein stilling knytta til rådsarbeidet. «Hittil har arbeidet i rådet vært drevet uten tilsetting av kvalifisert arbeidshjelp. Arbeidet har derfor etter min vurdering ikke fungert slik som det burde fungere», skreiv Karlsen til kommunane. «Jeg ser det slik at dette ikke kan fortsette lenger, dersom en mener noe med regionplanarbeidet. I dag er utbyggingsavdelingen i fylket rådets sekretariat, d.v.s. referenter under møtene og møteinkallere».

Seks av dei fullverdige medlemmane i rådet sa på visse vilkår ja til å opprette ein stilling. Vilkåret frå Strand og Rennesøy var at stillingen blei plassert i Stavanger, frå Hjelmeland at han blei plassert sentralt i regionen, gjerne i Hjelmeland. Ved sida av problema med å skrape saman pengar til aktivitetane, var spørsmålet om kor dei sentrale funksjonane til dei samarbeidande kommunane skulle gå føre seg ei sak som kom til å krevje mye energi og merksemrd.

Den eine kommunen som sa nei var Sauda. Det tykte rådet var særleg leitt ettersom Sauda var peika ut som eit regionsenter. Men det var ikkje noe å gjera med. Regionplanrådet måtte konkludere med at et ikkje var grunnlag for noe engasjement. Men det ga ikkje opp tanken om å legge forholda til rette for noe substans i regionsamarbeidet.

Nå foreslå rådet eit spleislag på utmarksplanleggar. Altså den stillingen som samarbeidsnemnda hadde vore inne på allereie i 1971. Det hadde gått 5 år sidan da utan at noe hadde skjedd.

Dette fekk etterkvar tilslutning. Det blei hengt opp kunngjeringar på oppslagstavlene på landbrukshøgskulen på Ås og på NTH i Trondheim og det meldte seg 4 søkerar. Terje Fatland, født i Hylsfjorden i 1952, meldte seg og blei tilsett for ein periode på 2 år frå 1. juni 1977. Det var truleg eit lukkeleg val. Fatland viste seinare at han hadde evne til å nå heilt til topps i administreringa av fylkeskommunen. Men i 1977 var han ein fersk landbrukskandidat frå Ås med ei hovudoppgåve om hyttebygging. Kontorstaden blei i Stavanger. «Spørsmålet om kontorsted i noen av regionens kommuner tas opp til vurdering på et senere tidspunkt», vedtok rådet.

Nå var det lagt til rette for meir fres i arbeidet. Rådet vedtok ein arbeidsplan med desse overordna oppgåvene:

- Ta fatt i regionale problem som er oppe i tida. I Ryfylke er i så måte samferdsel til ei kvar tid eit aktuelt tema.
- Bruke rådet som politisk innstillings- så vel som politisk pressorgan for å fremja regionale oppgåver
- Legge møta til kommunane

Den nytilsette planleggaren skulle prioritere desse oppgåvene:

- Regional rammeplan for fritidsbustader
- Produksjonsgrunnlaget for landbruket
- Arealbruk og utbyggingsmønster for bustader eller industri

Arbeidet gikk godt, men dei to åra gikk fort, sjølv om engasjementet til Fatland blei forlenga til utgangen av 1979. Ved sidan av arbeidet med dei utgreivingsoppgåvene som var knytta til utmarksplanlegginga, blei planleggaren sitrande i mange møte og i arbeid med mange uttaler og han opplevde at tida ikkje strakk til for å alle dei gjeremåla som rådet burde tatt fatt i. I eit brev til kommunane reiser rådet

spørsmål om muleg tilslutning til opprettning av ein stilling nr. 2 som saksbehandlar og næringskonsulent. Det fekk ingen tilslutning. Da engasjementsperioden gikk ut sa Fatland takk for seg for å gå over i eit meir handfast arbeid i det nystarta firmaet Ryplan.

Rådet fann likevel grunn til å halde fram arbeidet ennå ein periode, altså den tredje perioden sidan starten, 1980-1983. Samferdsel skulle ha høgste prioritet i arbeidet og Knut Nyland blei tilsett som ny planleggar. Knut Nyland var født på Fogn i 1945, var utdanna teknikar, hadde vidareutdanning i samfunnsplanlegging og miljøvern og kom frå planavdelinga ved vegkontoret i Rogaland. Men Nyland blei ikkje lenge i jobben han heller og regionplanrådet var på hell.

RYFYLKERÅDET BLIR ETABLERT

Det var bygningslova av 1965 som hadde ført til oppdeling av fylka i regionar. Nå var bygningslova under revisjon, og frå 1. januar 1985 var det venta at det som sto om regionplanlegging skulle gå ut. Regionplanlegging etter bygningslova var ikkje lenger i funksjon noen stad, og der ein framleis heldt seg med regionplanråd, dreiv desse organa med all slags saker som kunne ha felles interesse. Dette var bakgrunnen for at regionplanrådet for Ryfylke alt i februar-møtet i 1983 nemnte opp eit arbeidsutval som skulle komma med forslag om «mogelege former for interkommunalt samarbeid i Ryfylke for tida etter 1983», da innevarande kommunestyreperiode gikk ut.

I denne nemnda satt rådsformann Magnus R. Karlsen, ordførar Ole Bø, teknisk sjef i Suldal Nils Ingvar Korsvoll og plan- og utbyggingssjef Olaus Rønli (som hadde vore sekretær for den interkommunale samarbeidsnemnda). Rådssekretæren var sekretær for utvalet.

Rådssekretær var nå Audun Rake. Han overtok etter Knut Nyland i 1982 og blei verande lenger i tenesta til Ryfylke-kommunane enn noen annan. Rake var født i

Erfjord i 1951, budde i Strand, var utdanna sivilingeniør og kom frå stillinga som avdelingsingeniør hos fylkesrådmannen. Han heldt ut heilt til i 1991 før han tok til i ny jobb på fylkeslandbrukskontoret. I hans tid grodde Ryfylke-samarbeidet friskt, for ikkje å seia vilt. Og ei av dei tidlege oppgåvene hans var altså å føre i pennen ei tilråding om ei vidareutvikling av samarbeidet i regionen.

Utalet arbeidde raskt, heldt 4 møte og la fram tilrådinga si etter 3 månader. I god samarbeidsånd blei konklusjonen formulert slik: «Det virkar som tanken om interkommunalt samarbeid står ganske sterkt i Ryfylke samanlikna med tilhøva elles i landet. Her er nytten av å ha eit organ som kan markere regionen utad og som kan samle leiarane i kommunane jevnleg, erkjent.» På denne bakgrunnen foreslo uttalet oppretting av Ryfylkerådet.

Det nye Ryfylkerådet skulle omfatte alle dei 8 kommunane som hadde samarbeidd i den interkommunale samarbeidsnemnda og i regionplanrådet. Ordførarane i medlemskommunane skulle utgjera rådet, medan rådmennene skulle få høve til å møte utan røysterett. Statusen til rådmennene skulle komma til å skape atskillig baluba seinare.

Arbeidsuttalet hadde vurdert om næringslivet burde vore representert i rådet, men kom til at det burde vera eit reint kommunalt organ. Verksemda til rådet burde vera næringsretta, men uttalet kom til at ei felles organisering mellom det offentlege og næringslivet høvde betre på kommunenivået. Med rein kommunal representasjon ville ein stå friare til å ta opp saker som ikkje gjikk på reine næringslivsspørsmål.

Utalet såg ei todeling av oppgåvene til rådet: På den eine sida saker av felles interesse innan medlemskommunane. På den andre sida marknadsføring av interessene til Ryfylke utover. Dei prioriterte arbeidsoppgåvene kjenner vi att frå tidlegare:

- Samferdsel/kommunikasjoner
- Tiltaks-/næringsarbeid
- Areal-/naturressursforvaltning
- Sosial- og kulturell utvikling

Det siste punktet var nytt, men det blei ikkje sagt noe om kva det skulle bety. Den nye rådssekretæren kom likevel etterkvart til å gjera dette til eit hovudsatsingsområde.

I prinsippet meinte arbeidsuttalet at sekretariatet til rådet burde ligge i Ryfylke. «Det synest likevel som den einaste kontorstaden det er nokolunde semje om er Stavanger, og då om mogleg i nær tilknyting til plan- og næringsadministrasjonen i fylkeskommunen». Det var framleis ikkje grunnlag for noe forslag om flytting av kontoret frå Stavanger. Utgifte til sekretariatet skulle framleis delast mellom kommunane etter folketallet, bortsett frå at fylkeskommunen heldt hus for Ryfylkerådet og at Strand kommune tok seg av rekneskapen.

Forslaget blei tatt pent i mot i kommunane. Men frå Rennesøy kom det klarare signal om muleg skilsmål enn det gjorde da kommunane arbeidde med oppretting av regionplanråd i 1971. Nå var Rennfast i kjømda. Det nye fastlands-sambandet ville føre til ein heilt annan kontakt med Nord-Jæren og Stavanger, og også nordover til Bokn og Tysvær. I Rennesøy Høgre tok dei opp spørsmålet om regiontilknyting til Nord-Jæren. Dette fekk tilslutning i formannskapet, men blei nedstemt i kommunestyret.

Den udetonerte bomba var likevel spørsmålet om statusen til rådmennene. Både Finnøy-rådmannen og rådmannen i Sauda ville ha røysterett i rådet. Administrasjonen ville altså vera med i politikken når denne blei løfta over frå kommunen til regionen. Dei fekk det ikkje, men heldt spørsmålet varmt.

I møte i regionplanrådet 9. desember 1983 blei det vedtatt å opprette Ryfylkerådet frå 1. januar 1984. Regionplanrådet blei nedlagt frå same tid. Avslutninga blei markert med før-julsmiddag på St. Svithun hotell i Stavanger.

RÅDSBYGGING OG NESTENULUKKE

Allereide første året markerte danninga av Ryfylkerådet ein ny fart i regionsamarbeidet. Samferdselsspørsmål og tiltaksarbeid var hovudsakene, men rådet engasjerte seg også i utbygging av den vidaregåande skulen i regionen, drøfta framtida for det som da blei kalla akvakultur, starta arbeidet med å stake ut ein reiselivspolitikk, sette i gang ei utgreiing om tilrettelegging for pendlarbusetnad i Ryfylke og uttalte seg til innstillinga frå Bygdeutvalet (NOU 1984:21).

Rådssekretæren oppsummerte første året i soga til Ryfylkerådet slik:

Det interkommunale samarbeidet og samkjensla kommunane imellom i regionen har blitt vesentleg styrka etter omorganiseringa til Ryfylkerådet. Auka politisk tyngd saman med at administrasjonen er komen med har ført til at saker ein har fordel av å stå samla om får auka slagkraft så vel innad som utad. Om mykje skil dei einskilde kommunane så er det meir som samlar, og her har Ryfylkerådet ei særskild oppgåve i å bygge opp om det som samlar.

Kva anna kunne han seia? Han var framleis relativt ny i stillingen, tykte han hadde ein kjekk jobb, og trudde på prosjektet. Det hadde dessutan vore meiningsfulle ting å ta fatt i. Norsk Vegplan var ei stor og viktig sak der det var meiningsfullt at Ryfylke uttalte seg saman. Rådet lukkast endatil med å få til ei stor synfaring gjennom heile Ryfylke med samferdselsminister Johan J. Jakobsen. Fylkesutvalet hadde sett i gang eit arbeid med ei transportanalyse for Ryfylke. Her måtte Ryfylke vera på hogget. Og rådet sto samla i klagan på mangelfull utbygging av dei vidaregåande skulane i regionen. Det var ein del saker der kommunane såg nytte av å stå saman. Dette styrka samkjensla og ga rådssekretæren styrke i arbeidet med nye initiativ.

Dei ordførarane som satt i det Ryfylkerådet første perioden var desse:

Forsand:	Årstein Løland
Strand:	Harald Moe
Hjelmeland:	Ola J. Hagalid
Suldal:	Hallvard Bakka
Sauda:	Jan Edvin Birkeland
Finnøy:	Kjell Vasstveit
Rennesøy:	Lars Søkn
Kvitsøy:	Turid Kvamme

Ola J. Hagalid blei vald til rådsordførar. Det var han som også hadde innstillingsrett til rådet. Året etter blei retten til å laga innstillingar gitt til rådssekretæren. Det var eit steg mot ei sterkare institusjonalisering av rådet, men det var også ei tillitserklæring til rådssekretær Rake. Men idyllen kunne ikkje vare. Rådet satt framleis på rádmannssaka: Spørsmålet om statusen til rádmennene. Den kom opp att på tampen av 1985, sto på dagsorden heile 1986 før ho blei avklara i i 1987.

Det dreidde seg altså om rádmennene skulle ha røyste-rett i Ryfylkerådet. Rådet gikk sjølv samrøystes inn for det som blei kalla fullverdig medlemskap for administrasjons-sjefane. Dette gikk både Sauda og Hjelmeland i mot. Men rådet ga seg ikkje, og ba dei to kommunane sjå på saka på nytt. Sauda bøyde av, med 20 mot 7 røyster. Hjelmeland sa framleis nei, med 21 mot 3 røyster.

Nå spissa det seg til. Rådssekretæren peika på at det i §4 i vedtektena sto at «Ryfylkerådet kan la ein kommune velje mellom å godkjenne føreslått vedtektsendring eler gå ut av Ryfylkerådet». Skulle Hjelmeland kastast ut? Dei som endatil satt med rådsordføraren?

Rådmannen i Strand, hjelmelandsbuen Øyvind Bergøy meinte det var svært at ein kommune skulle blokkere for ei sak som dei sju andre kommunane var samde i. «Kvar er då

demokratiet», undrast han, og peika på at dette ville blokkere handlekrafta til Ryfylkerådet. Andre ordførarar ga uttrykk for at dette var blitt ei mye større sak enn dei hadde tenkt seg.

Rådet sette likevel hardt mot hardt og Hjelmeland måtte behandle saka for 3. gong. Med 18 mot 7 røyster slutta dei seg til røysteretten til rådmennene. Dermed hadde Ryfylke ordna seg med tilsette som fekk røysterett i eit politisk organ i kraft av stillinga si. Om det var det som sette verkeleg fart i arbeidet til Ryfylkerådet, om det var energien til rådssekretæren eller om det var det eineståande samarbeidet er ikkje godt å seia, men nå går Ryfylkerådet inn i sin glansperiode.

JUBELÅR I RYFYLKERÅDET

Ryfylkesamarbeidet gikk frå 1985/86 inn i ein periode der aktivitetsnivået og talet på tiltak nådde høgder som det aldri hadde gjort før og ikkje kom til å gjera seinare. Tiltaksarbeid og samferdsel dominerte framleis agendaen, men som eit tredje hovudsatsingsområde kom nå kultur slik det var varsla i forslaget om opprettning av rådet.

I 1986 oppretta rådet eit kulturutval. I dette rådet sat Sigurd Risa som formann og representant for rådet. Medlemmar var kultursjefen i Hjelmeland, Njål Tjeltveit, og styraren ved Ryfylkemuseet, Roy Høibo. Rådssekretæren skulle vera sekretær for utvalet. Vedtaket om opprettning av eit kulturutval bygde på ei innstilling frå ei faggruppe der også Erik Fossåskaret, rennesøybu, sosiolog, forskar og lærar på Høgskolen i Stavanger, var med. Formålet med utvalet skulle vera å få til ei aktiv Ryfylke-markering gjennom å bygge på særtrekk ved regionen. Kulturen blei altså, i alle fall delvis, sett på som eit instrument, eller eit middel, til å oppnå noe anna. I motsetning til å sjå på eigenverdien ved kulturen.

Utvalet drog i veg med planar for ulike tiltak, der desse blei prioriterte i første omgang:

- Ryfylke-konferanse
- Ryfylke-magasin
- Mönstring av spesielle Ryfylke-produkt
- Utbygging av regionale kulturinstitusjonar

Arbeid med ei praktbok for Ryfylke (Roy Høibo og Njål Tjeltveit: *Ryfylke – Liv og landskap*) kom også snart i gang. Denne blei ferdig i 1989. I 1992 deltok Ryfylkerådet i utgivinga av ei vebok for Ryfylkevegen (Roy Høibo og Njål Tjeltveit: *Ryfylkevegen – Kulturhistorisk vebok*).

Kultursektoren blei likevel ikkje det arbeidsfeltet som tok det meste av energien til rådet og rådssekretæren. I samferdselssektoren engasjerte Ryfylkerådet seg i arbeidet for ein ferjfri riksveg 13 og val av ein indre trase for kyststamvegen, var frustrerte over å bli haldne utanom drøftingane mellom DSD og fylkeskommunen om ei muleg omorganisering av ferje- og rutebåtdrifta og klaga på dårlig kapasitet til Skudeneshavn- og Midtsambandet. Nå kom også den store «Transportplan for Ryfylke». Denne blei seinare trukke fram som ei av dei verkeleg store sakene som Ryfylkerådet arbeidde med. Men dette var likevel berre uttalesaker. Det var viktig for Ryfylke å ha ei stemme i slike saker, både av indremedisinske og ytre grunnar, men det var tiltaksarbeidet som tok av.

I arbeidet med å fremje reiselivet i regionen lukkast Ryfylkerådet med å finansiere eit to-årig prosjekt. Hans Hylen Solberg, lærar i den vidaregåande skulen i Sauda, bli tilsett, og var i arbeid på full tid frå 1. april 1987 til 31. desember 1988. Etter det arbeidde han vidare med prosjektet på deltid til utpå våren 1990. Prosjektet kosta 450.000, kommunaldepartementet betalte 250.000, fylkeskommunen 100.000 og da var det berre 100.000 att på kommunane.

Dette var likevel småtteri mot det skogbruksprosjektet som det blei arbeidd med. Hausten 1985 hadde rådet

sett i gang eit utgreiingsarbeid om Ryfylke-skogbruket. Målet var å skape auka aktivitet i skogen. Ei faggruppe med formannen i Rogaland skogeigarlag, Harald H. Løland, heradskogmeister i Suldal, Bjarte Skipevåg og fylkesskogmeister Lars Slåttå hadde arbeid med dette. Gruppa foreslo oppretting av eit Ryfylke-prosjekt for skogbruk. Dette blei greidd ut vidare og førte fram til eit forslag om eit prosjekt som skulle gå over 4 år med 2 medarbeidarar og koste 2,4 mill. kroner.

Om ikkje det var nok nemnte Ryfylkerådet også opp ei faggruppe til å stå for ei utgreiing om hagebruk i Ryfylke. Heradsgartnar Terje Pundsnes, Hjelmeland, lektor Kjell Nes, Vinterlandbruksskulen og «næringsdrivande» Kjell Landsnes sto for dette. Audun Rake var sekretær for alt som gikk føre seg.

Hagebruksgruppa slo fast at «hagebruksnæringa har ei svært interessant framtid i regionen. Dei naturgitte føresetnadane (klima m.m.) er gode for ei rekke produksjonar, ein har eit aktiv hagebruksmiljø å bygge på, og det er interessante tendensar i et å få inn heilt nye produksjonar så vel innan frukt/bær/grønsaker som innan prydplanteproduksjon/snittkultur».

Utgreiingane demonstrerer optimisme og tru på elovande framtid for regionen. Og det er meir.

Ryfylkerådet held temamøte om Ryfylke i massemedialdiplottet, konferansar om pelsdyroppdrett og kvinner i Ryfylke (altså to ulike konferansar), gjennomfører ein møteserie om tiltaksarbeid, etablerer Ryfylke tiltaksforum, samarbeider med skuleprosjektet Arbeidslivskunnskap i distrikta, følgjer opp havbrukskonferansen i 1985, oppmuntrar til auka innsats for husflid og gjennomfører ein marknadsføringskampanje for busetting i Ryfylke.

«Verksemda i Ryfylkerådet har auka sterkt sidan starten», skriv rådssekretæren i årsmeldinga si for 1986. «Auken har kanskje vore mest merkbar siste året. Ikkje berre det at engasementet har auka i ei rekke saker,

fleire heilt nye interessefelt har også kome inn. Det er nok å nemne dette med kultur og sættrekk».

Det blei oppretta eit kvinneutval. Øyvind Bergøy, rådmann i Strand, blei vald til leiar. Dei som elles kom med var Else Ingebrigtsen frå Suldal, Olaug Nygård Nedrebø, Finnøy, Christoffer O. Hausken, Rennesøy og Hildegard Hamre, likestillingskonsulent ved Fylkesarbeidskontoret. Kvinneutvalet gjennomførte m.a. ein møteserie om kvinner i Ryfylke i alle kommunane.

Og nå fekk ein eit nytt verktøy i tiltaksarbeidet. Hjelmeland, Suldal og Rogaland fylkeskommune gikk saman om å opprette eit tiltaksfond for Ryfylke-regionen basert på del av overskotet ved sal av konsesjonskraft frå Ulla-Førre. Fondet kunne delta med delfinansiering av nye tiltak, og var operativt frå 1988. Dette var ei stor sak og Ryfylkerådet heldt fondet med sekretariat. Fondet hadde elles eige styre.

Spørsmålet om lokalisering av rådet hadde vore framme fleire gonger. Nå kom spørsmålet om eit Ryfylke-senter i Stavanger opp att. Formålet med dette blei forbausande svakt formulert. Det skulle vera «regionen sitt ansikt utad», altså eit marknadsføringsstiltak, og det skulle innehalde møtelokale, skulle ha utsal av «husflids- og andre Ryfylkeprodukt», det måtte vera eit utstillingslokale der og vegglass for presentasjonar, serveringslokale og kontoravdeling for Ryfylkerådet m.m. Men det hausta ingen applaus. Forsand, Strand og Hjelmeland var positive til forslaget. Sauda og Suldal svara ikkje. Finnøy og Rennesøy vende tommelen ned, og ikkje berre fordi det kosta pengar. Nå fekk Rennesøy også følgje av Finnøy når dei på nytt reiste tvil om Ryfylke-samarbeidet ville ha noen framtid etter dei omleggingane i kommunikasjonane som ein nå såg at ville komma.

Det var ein finslepen balansegang å drive Ryfylkerådet. Rådssekretæren oppsummerte første fireårs-bolken slik:

Ryfylke er ein både einsarta og ueinsarta region. Preget av at det ytre sett er få ting som samlar sit att frå 1965, då regiongrensene blei lagde av fylkestinget. Samtidig er det ein «indre» fellesskap som m.a. er historisk betinga, og som så absolutt er tilstrekkeleg for eit byggjande og framtidsretta arbeid.

Utfordringa ligg på det praktiske planet og med nennsom hand å finne fram til tiltak for felles markering og løft, som byggjer på og utviklar den fellesskapen som finst, og som alle ser som fordelaktige, også for den enkelte kommunen. Dreininga over mot det som går på kultur, sætrekk og tradisjonar er ein del av dette. I 1987 har ein meir enn før gått i denne retninga, ei utvikling som bør halde fram.

DET BUTTAR I MOT

Det var ei krevjande øving Audun Rake skildra i det siste avsnittet ovanfor. Ved inngangen til den andre arbeidsbolken for Ryfylkerådet (1988-1991) var optimismen framleis intakt, og viljen til å söke nye vegar i det byggjande arbeidet framleis til stades. Det var etterkvar eit dusin prosjekt og utval i sving, og det kom stadig nye til. Eit slikt nytt tiltak var t.d. arbeidet for å skaffe indre Ryfylke ei lufthavn. Den skulle ligge i Sauda eller Suldal eller etterkvar i Vindafjord, men det blei ikkje noe av, Ryfylkerådet fekk hjelpe av meteorologane til å legge forslaget daudt. Og det var fleire ting som gikk tregt. Ryfylke tiltaksforum kom aldri skikkeleg i gang, kulturtuvalet sovna og forsøket på å vidareutvikle arbeidet til rådet stranda.

Ryfylkerådet reiste på studietur til Vesternorrland i Sverige for å studere prosjektet «Höga kusten». Det ga inspirasjon til å utarbeide ei ideskisse for eit «Prosjektkontor for Ryfylke» som skulle intensivere arbeidet på prioriterte område som reiseliv, friluftsliv, marknadsføring og kultur. Men også dette forslaget fekk blanda mottaking i kommu-

nane og rådssekretæren begynte å gå trøtt: «Ein har nå langt på veg kome til at skal ein komme vidare må det sat-sast tyngre på prioriterte felt, og det synest klart at ein må over frå dugnad og spleislag til meir handfast bruk av økonomi i det interkommunale arbeidet». Han måtte vel vita at handfast bruk av økonomi var det siste han burde komma til rådsmedlemmene med. Han konkluderte da også slik: «Verksemda i Ryfylkerådet er kome inn i eit grenseland for samsvar mellom iaugnespringande oppgåver og synleggjering av resultat, og den innsatsen det samla sett er pådriver vilje til å setje inn».

Og nå meldte enda ein kommune tvil om nytten av Ryfylke-samarbeidet. Det er rådmannen i Sauda som finn eit høve til å seia meininga si om Ryfylkerådet i arbeidet med innstillinga om Prosjekt Ryfylke. Han er svært kritisk til dei mange fine formuleringane i skissa frå Ryfylkerådet, og meiner det er vanskeleg å vurdere kor realistiske ideane er. I innstillinga si til formannskapet skriv han: «Ei anna erfaring med arbeidet i Ryfylkerådet er diverre at ein kan arbeide godt i hop så lenge det heile er generelt. Med ein gong det blir ei konkret sak der kommunane kan sjå fordeilar for seg sjølv, der det kan blir konkurranse om til dømes arbeidsplassar – ja, da blir det straks vanskeleg å bli samde. Men dermed kan Ryfylkerådet lett koma i fare for å bli uinteressant, bli eit supperåd som kommunane brukar relativt mykje pengar på, med få og små resultat å vise til.» Sauda-rådmannen peikar på at Sauda har vore medlem av Ryfylkerådet i ei årrekke, og spør kva Sauda får att for medlemskontingenenten.

I 1990 seier Audun Rake opp jobben sin for å gå over i ny stilling på fylkeslandbrukskontoret, og Ola J. Hagalid, som hadde vore leiar av rådet sidan det blei oppretta, overlet stolen til Sigurd Risa frå Finnøy. Året blir oppsummert som eit konsolideringsår og Audun Rake legg att denne avskilshelsinga: «Kor går Ryfylkerådet i tida som kjem? Spørsmålet har stor aktualitet. Samla sett er dagens res-

sursinnsats den ein kan rekne med også i tida som kjem. Dette betyr at eit slags minimum blir normen, og resultata av verksemda må målast med dette som utgangspunkt».

Det var slutt på dei formuleringane som skulle vera byggjande og dekke over sprikande interesser og manglande vilje til å satse på substansielle tiltak. Men det var ingen grunn for Audun Rake eller Ola J. Hagalid til å vera misnøgde med resultata av arbeidet sitt. Ryfylkerådet hadde lukkast med å få til eit overveldande tal tiltak, prosjekt, utval og konferansar, og var ei stemme som det er grunn til å rekne med at blei hørt. Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Vegsjefen i Rogaland, Fylkeslandbruksjefen, Rogaland Reiselivslag og Rogaland Trafikkselskap var mellom dei som lytta. Det kunne vera vanskeleg å måle effekten av strevet, men i forhold til utgangspunktet i 1965, som var å forvalte restane etter at Rogaland var inndelt i tre funksjonelle regionar, kan det vera grunn til å sjå på det arbeidet som Ryfylkerådet fekk til ein periode som eit viktig bidrag til å hindre at distriktet hamna alldelens i bakleksa i forhold til utviklinga av kommunikasjoner, næringsutvikling og busetting.

Ved den siste folketellinga før Ryfylkerådet blei oppretta hadde dei kommunane som skulle komma til å bli Ryfylke-regionen eit folketal på 26.233. Nå, i 1990, hadde dette talet vokse med 9% til 28.622. Men folketalsutviklinga var svært sprikande.

Strand var den store vinnaren. Nærleiken til byen og brukbare forhold for pendling hadde gjort kommunen til ein attraktiv stad å bu. I Rennesøy hadde truleg Rennfast allereide gitt uttelling, 2 år før fastlandssambandet blei opna. Suldal hadde framleis ein positiv effekt av Ulla-Førre-anlegga, men den skulle snart fortape seg. Elles var det ei negativ utvikling, mest dramatisk for Sauda og Kvitsøy, men Hjelmeland og Finnøy sleit også med å halde folketalet oppe.

Det var andre forhold enn arbeidet til Ryfylkerådet som

FOLKETALSUTVIKLINGA I RYFYLKE 1960 – 1990

	1960	1990	ENDRING I %
Forsand	1057	1012	- 4%
Strand	5978	9527	+ 59%
Hjelmeland	3008	2809	- 7%
Suldal	4056	4136	+ 2%
Sauda	6282	5301	- 16%
Finnøy	2946	2770	- 6%
Rennesøy	2238	2588	+ 16%
Kvitsøy	668	479	- 28%
SUM	26233	28622	+ 9%

gjorde at folketalet vaks i Strand og Rennesøy, og som medverka til at det ein periode også hadde vore i vekst i Suldal. Arbeidet til Ryfylkerådet hadde heller ikkje hindra fråflytting frå Forsand, Hjelmeland, Sauda, Finnøy og Kvitsøy. Men fleire kunne ha mista motet og arbeidslassen utan Ryfylkerådet. Og rådet engasjerte seg i arbeidet for eit godt rutetilbod til pendlarane frå Strand.

Mangel på ressurser, sprikande interesser, uklare strategiar og svakt formulerte mål var eit stykke på veg kompensert ved ein entusiastisk, arbeidssam og omgjengeleg rådssekretær. Men det var neppe nok til å gjera Ryfylkerådet til eit dynamisk element i utviklinga av ein region som hadde mange odds mot seg.

NYE KOSTAR

Judy Asheim overtok jobben som rådssekretær etter Audun Rake. Asheim var født i Bjerkreim i 1952, hadde ei universitetsutdanning i realfag og kom frå ei stilling som kommuneplankonsulent i Troms. Ho starta i stillingen 1. juni 1991 etter at rådskontoret hadde stått tomt i 2 månader.

Nå hadde rådet både ny formann og ny sekretær. Det

første den nye rådssekretæren gjorde var å prøve og finne ut kva arbeidsoppgåvene gikk ut på. Det førte til eit organisasjonskart med 28 ruter for små og store engasjement, og ei linjeføring som likna meir på ein sjølv-grodd bygdeby enn ein planstyrтt utviklingsregion. Judy Asheim kalla kartet sitt «Oversikt over noen av Ryfylkerådets arbeidsområder».

Det første den nye formannen gjorde var å dra i gang ein ny diskusjon om arbeidet i rådet. Resultatet av den blei at reiseliv skulle vera satsingsområdet, pluss at ein skulle «gi rom for å bruke rådet som et forum for generell kommunalutvikling».

Det blei ei tid for konsolidering der rådssekretæren hadde meir enn nok med å følgje opp alle dei prosjekta og tiltak som var sett i gang, og som etterkvar var blitt faste oppgåver for sekretæren.

Etter to år, feiringa av 25 års jubileum for Ryfylkesamarbeidet og kommunevalet i 1991 må Sigurd Risa gi frå seg ordførarvervet i Ryfylkerådet til Svein Helgesen frå Rennesøy. Nå ville Ryfylkerådet endre si arbeidsform frå å vera eit driftsorgan til å bli ein initiativtakar og koordinator. Det blir oppretta eit arbeidsutval for å gjera arbeidet i rådet meir effektiv. I dette arbeidsutvalet får Svein Helgesen med seg Torkel Myklebust frå Suldal og Jorunn Strand Vestbø frå Finnøy. Dette blir opplevd som ei revitalisering av arbeidet til rådet, i alle fall av dei som sit tett inntil arbeidsutvalet. Dei øvrige rådsmedlemmane kjenner på at avstanden til arbeidet i Ryfylkerådet er blitt større og at medlemmane i formannskapa og kommunestyra kring om i kommunane kan komma til å kjenne seg framandgjorte i forhold til Ryfylkerådet.

Men før Judy Asheim riktig hadde funne ut av arbeidsforma og oppgåvene til Ryfylkerådet slutta ho etter å ha vore rådssekretær i 2 år. Harald Østensjø overtok, først i eit engasjement, seinare som fast tilsett. Og Svein Helgesen blei headhunta som rådgivar til Krf-

gruppa på Stortinget, så det blei ordføraren i Suldal, Torkel Myklebust, som blei fungerande leiar i rådet ei tid.

Nå blei det sett i verk arbeid med ein strategisk næringsplan for Ryfylke. Hovudstrategiane kom til å bli desse:

- Effektivisere og styrke samhald og samarbeid i regionen
- Auke foredling av lokale ressurser
- Betre regionen sine kommunikasjonar
- Styrke Ryfylke-begrepet og marknadsføringa av regionen
- Styrking av kompetanse og kvalitet i næringslivet
- Styrke kompetanse og kvalitet innafor det offentlege

Dette var rimeleg ambisiøst. Og rådet hadde framleis berre ein tilsett. Men det lukkast faktisk med å følgje opp mange av strategiane. I årsmeldinga for 1995 blir det rekna opp imponerande 69 tiltak som rådet har vore meir eller mindre engasjert i. Men det er nok rett å seia at det mellom desse var mange i kategorien «mindre» engasjement, og at det var ei rekke tiltak som hadde svak framdrift eller som det ikkje lukkast å få til.

Rådet prøvde i ettertid å evaluere effekten av tiltaka. Det overordna målet for den strategiske næringsplanen var å «auke den økonomiske verdiskapinga og sysselsettinga i Ryfylke basert på naturgitte, kulturbetinga og menneskelege ressursar». I arbeidsperioden for den første utgåva av næringsplanen, 1994-1996, auka sysselsettinga i regionen med 144 personar. Rogaland fylkeskommune og SR-bank vurderte det slik at deira engasjement i Ryfylke viste ei betre «helse», og det blei rapportert om «relativt stor optimisme» i næringslivet i Ryfylke.

Ryfylkerådet måtte likevel konkludere med at det ikkje var muleg å måle om gjennomføringa av tiltaka i den strategiske næringsplanen hadde hatt noen verknad på utviklinga. Rådet meinte likevel at næringsplanen måtte kunne seiast å ha vore ein positiv faktor.

Ei av dei store enkeltsakene var vidareføring av DU Ryfylke. DU Ryfylke var starta av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) i 1991. I åra 1991-94 hadde DU Ryfylke bidratt med vel 10 mill. kroner i støtte til ulike tiltak. Den gjennomsnittlege støtta hadde vore på 35-40%. Støtta hadde såleis løyst ut meir frå andre kjelder, og i alt var det gjennomført prosjekt med ein total kostnad på vel 27 mill. kroner. Nå lukkast det å reise ny kapital til vidareføring av tiltaket. Alle kommunane la pengar i ein pott som tilsaman kom opp i 1,4 mill. kroner. Kraftkommunane Suldal, Hjelmeland og Forsand la i tillegg til ein «kraftpott» på tilsaman 1 mill. kroner. Og så kom det pengar frå Rogaland fylkeskommune, bygdeutviklingsmidlar og tilskott frå SND. Tilsaman hadde ein nå 3,8 mill. kroner i ein såkalla basisressurs for ei førebels vidareføring av tiltaksarbeidet i 1995 og 1996. Frå 1997 blei det vedtatt at dette arbeidet skulle halde fram som eit permanent tiltak organisert som eit aksjeselskap med namnet Ryfylke Vekst. Det var tilsett eigen prosjektleiar for DU Ryfylke. I åra 1991-1994 var det Øyvind Bergøy som hadde denne jobben. Etter han overtok Svanhild O. Nessa og deretter Johan Livastøl.

Rådet peika seg ut ungdom som ei viktig målgruppe. Både i 1995 og 1996 blei det delt ut oppmuntringsstipend finansiert av DU Ryfylke og bygdeutviklingsmidlar. Stipendmottakarane var ungdommar som dreiv eller nyleg hadde starta næringsverksemd.

Foreninga Ryfylkeprodukt blei stifta i 1989 etter ei utstilling på Ryfylkemuseet kalla «Made in Ryfylke». Formålet var å utnytte handverkstradisjonane i strevet med å etablere nye arbeidsplassar. Ryfylkerådet tok på seg sekretariatet for foreninga, og dreiv dessutan med marknadsføring og kursing av medlemmane. Gjennom eit samarbeid mellom Ryfylkerådet, Foreninga Ryfylkeprodukt, DU Ryfylke og Ryfylkemuseet blei det laga ei utgreining om tradisjonar i kunst og handverk i Ryfylke. Konklusjonen var at Ryfylke hadde eit potensiale for utnytting av tradi-

sjonar i arbeid med tekstilar, tre, metall, form og farge. Eit problem som ein sleit noe med var at medlemmane hadde svært ulik drift, og at behov og interessere var ulikt. Foreningen samla likevel kring 40 aktive handverks- og husflidsutøvarar.

Rådet engasjerte seg også i arbeidet med å få etablert ein tremassefabrikk i Sauda, som det ikkje blei noe av, og i kartlegging av drivverdige sand- og steinressursar i Ryfylke, som gikk heller tregt. Arbeidet med vegbygginga hadde svak framdrift, bortsett frå at bruva over Lysefjorden blei opna i 1997.

Men nå kom det andre aktørar på banen. Reisemål Ryfylke AS blei etablert for å drive felles marknadsføring og stimulere produktutviklinga i reiselivsnæringa i Ryfylke. Ryfylkeøyane Reiselivslag skulle fremje reiselivsutviklinga i øykommunane. Ryfylke Miljøverk AS blei etablert som eit interkommunale samarbeidsselskap for avfallshandtering. Reisemål Ryfylke, som samarbeidde med reiselivslaget for øyane, Ryfylke Miljøverk og DU Ryfylke hadde kontorfellesskap i Sande Næringsbygg i Hjelmeland. Vegselskapa Ryfylkevegen AS og Høgsfjordbruene AS hadde kontor på Jørpeland. Eigne selskap tok altså fatt i ein del viktige arbeidsoppgåver som Ryfylkerådet hadde hatt på sitt arbeidsprogram tidlegare, og dei etablerte seg med sekretariat og kontorfunksjonar i Ryfylke. Dette skulle omsider også løyse ut ei flytting av Ryfylkerådet.

FLYTTING OG AVSKALLING

Det var rådssekretären som tok opp att saka om flytting, i eit notat til rådet i september 1996. Der peikar han forsiktig på at det har skjedd ei etablering og ei samlokalisering av regionale samarbeidstiltak på Jørpeland og på Sande i Hjelmeland. Ut frå dette ber han rådet sjå på «om det blir betre funksjonelt å ha kontoret ein plass i Ryfylke, kva det kostar og om ein får meir ut av ressursane på det viset».

Sjølv peikar Harald Østensjø på at det kan vera aktuelt å flytte til Sande Næringsbygg på Hjelmeland. Dette vil føre til at rådskontoret blir integrert i eit større regionalt miljø og at det blir korte kommunikasjonslinjer til viktige samarbeidspartnarar. Han meiner og at det vil gi ei betre profiling av regionrådet. På minussida kjem kostnadane med kontor, telefon o.s.v. som Rogaland fylkeskommuna hadde dekka så langt. For å støtte saka hadde han lagt ved eit notat frå leiarane av dei tre selskapa som allereide var etablert på Hjelmeland.

Rådet ba i første omgang om at saka blei lagt fram for nærmare behandling i eit seinare møte. Da saka kom opp att i rådet i desember 1996 var det lagt opp til ei brei drøfting av framtida til rådet. Fylkesvaraordførar og tidlegare rådsordførar Svein Helgesen var kalla inn som innleiar. Han meinte at Ryfylkerådet framleis hadde eit potensiale i framtida. Men berre dersom ein kunne få til eit styrka og handlekraftig råd. Ein måtte få til ein offensiv tankegang for å motvirke den aukande sentraliseringa. Helgesen såg dessutan samarbeid som eit alternativ til samanslåing, og løfta fram spørsmålet om muleg samarbeid om tenesteyting i kommunane.

På det siste fekk han følgje av ordføraren i Suldal, Torkel Myklebust, som etterlyste ei kartlegging av og ei tverrkommunal utnytting av kompetansen i Ryfylkekommunane. Myklebust såg også behov for betre struktur og betre utnytting av ressursane i alle dei regionale samarbeidstiltaka. Hans konklusjon var at Ryfylkerådet burde flytte til Hjelmeland og söke ei samlokalisering med DU Ryfylke, Reisemål Ryfylke og Ryfylke Miljøverk.

Rennesøybuen reserverte seg straks mot å ta stilling til flytting av kontoret frå Stavanger, og fekk følgje av Kvitsøy-rådmannen, medan rådsordførar og ordførar i Strand, Jan Langvik, foreslo at kontoret burde flytte til Jørpeland og samlokalisere seg med vegselskapa. Resultatet blei at saka om lokalisering blei utsett enda ein gong.

Da saka skulle fram att i rådet i mai 1997 låg det føre ei delt innstilling frå arbeidsutvalet, men i rådet blei det eit klart fleirtal for flytting til Hjelmeland. 11 stemte for Hjelmeland, 4 for Jørpeland. Dermed hadde ei vanskeleg sak omsider falle på plass. Men det sto fleire for tur.

På det same rådsmøtet, under posten «ymse», tok ordføraren i Sauda, Anne Marie Brekke, ordet for å orientere om drøfting av regiontilknyting i Sauda. Det var næringslivet, fortalte Brekke, som ønskte ei nærmare tilknyting til Haualandet. Kommunestyret ville behandle saka i juni 1997. Men svaret var allereide gitt, og oppseilinga kom rett etter kommunestyremøtet. Det var altså ikkje Rennesøy som gikk først ut. Lekkasjen kom frå dei indre bygdene. Det var ikkje berre Nord-Jæren som virka attraktiv for Ryfylke, men også Nord-Rogaland, Haugalandet eller Karmsund-regionen. Namnet var for så vidt ikkje det viktigaste, men at Sauda meinte å få meir att for eit samarbeid vestover enn for eit samarbeid sørover. Tanken om at kommunane i sør kunne få meir att for eit samarbeid sørover var heller ikkje gløymt, og Sauda skulle snart få følgje av fleire. Rennesøy var den første av kommunane som følgde etter. Det skjedde i 2000.

Det hadde gått 30 år sidan det interkommunale arbeidet starta. Tidlegare rådsordførar og ordførar i Hjelmeland kommune, Ola J. Haglid, sa i ei oppsummering at det hadde vore ein styrke å samle ordførarane i Ryfylke-kommunane noen gonger i året. Han oppfatta det slik at formålet med arbeidet hadde vore å bli kjende med kvarandre, påvirke sentrale styresmakter, styrke tiltaksapparatet, bygge ut kommunikasjonane, styrke den sosiale og kultuelle utviklinga i regionen og profilere Ryfylke-saker. Det hadde ikkje vore noe mål at Ryfylkerådet skulle bli noe overordna organ, men ei sterkt lobbygruppe for Ryfylke-saker i forhold til fylket og sentrale styresmakter, og ein motivasjonsfaktor for gjennomføring av viktige saker for Ryfylke.

Dette var ikkje nok for næringslivet og politikarane i Sauda. Eller i Rennesøy. Dei ville sjå klarare resultat for sin eigen kommune, og fann ut at det ville vera meir naturleg og utbytterikt å slå seg i lag med byregionane sør og nord om fjorden.

«Me er i bakevja», sa ei forarga Anne Marie Brekke til Haugesunds Avis. «Sauda er ikkje eingong med på karta over framtidige vegprosjekt. Nå må me som bur her komma saman og jobba i lag for å styrka kommunikasjonane til denne delen av fylket. Snøggbåtrutene til Sauda har vore så å seia dei same sidan eg var liten – faktisk har reisetida til Stavanger blitt lengre dei siste åra. Samtidig er behovet til næringslivet og folk flest blitt langt større. Nå er tida overmoden til å sjå på ruteoppsettet for å gi denne delen av fylket eit betre tilbod».

I fylkeskommunen var ein samtidig i ferd med å blinke seg ut indre Ryfylke som eit særleg problemområde. Indre Ryfylke omfatta i denne samanhengen Sauda, Vindafjord, Suldal og Hjelmeland. Desse kommunane hadde like store nedgang i folketalet som Randaberg kommune på Nord-Jæren aleine hadde vekst i folketalet, og fylkeskommunen ville vurdere om det var muleg å setta inn særlege tiltak. Fylkespolitikarane Reidun Korsvoll (Ap) frå Suldal og Gunnar Ulland (H) frå Vindafjord sto saman om å oppfordre kommunane til samarbeid, og antyda støtte til for eksempel samarbeid om utvikling og bruk av informasjonsteknologi.

Dette blei forsøkt følgt opp i Ryfylkerådet, men saka blei noe hemma av eit nytt skifte i leiarskap. Med verknad frå 1. mars 1999 sa Harald Østensjø opp jobben sin som rådssekretær.

NY LEIAR OG NY OMORGANISERING

Ny rådssekretær, nå kalla dagleg leiar, blei Arne Kleppa, som til da hadde arbeidd som rådmann i Hjelmeland. Under ein besøksrunde til kommunane fekk han med seg ei

rekke innspel om innhald i og framtidig organisering av Ryfylke-samarbeidet. Som ein kontrast til utmeldinga frå Sauda og den varsla utmeldinga frå Rennesøy, var innspela positive, sett frå ein regionbyggande synsvinkel.

Kommunane ga tilslutning til at:

- Ryfylkerådet skulle vera eit sterkt politisk organ
- det var rom for auka ressursbruk til interkommunalt samarbeid dersom det ga gevinst for deltakarane
- det var behov for eitt styrande organ for interkommunale samarbeidsprosjekt
- representasjon i styre i interkommunale organ burde avspegle økonomisk innsats
- rådet burde arbeide med:
 - felles profilering og marknadsføring av regionen
 - initiativ og pådrivarrolle for interkommunalt samarbeid
 - samferdselspolitikk, kompetanseutvikling, næringsutvikling og felles kultursatsinger

Etter å ha følgt Ryfylke-samarbeidet gjennom 30 år er det nokså attkjennelege synspunkt som kom fram på rundreisa til den nye daglege leiaren. Men ein ting er nytt: Behovet for å samle dei interkommunale samarbeidsprosjekta under ein hatt. Kommunane såg eit behov for å rydde opp i det som blei skildra som «overlapping i ansvarsområde mellom rådet, medlemskommunane og interkommunale selskap». Det var likevel noe sprikande signal om kva rolle eit nytt Ryfylkeråd skulle ha. Noen ville at Ryfylkerådet skulle reindyrke rolla som initiativtakar og pådrivar for igangsetting av felleskommunale tiltak, medan andre meinte at Ryfylkerådet skulle vera eit overordna og koordinerande organ. Noen gikk så langt som til å meine at kommunane burde delegera oppgåver og mynde frå kommunane til rådet.

Mellom dei andre interkommunale selskapa var Ryfylke

Vekst AS viktig. Holdningane til selskapet var positive hos næringslivet i regionen, og i ei evaluering av verksemda blei det konkludert med at Ryfylke Vekst hadde fått «ei ny og viktig rolle i samband med utvikling og oppfølging av strategiske næringsplanar for Ryfylke». Det var likevel stadig vanskeleg å måle effekten av arbeidet, eller i det heile å finne metodar for resultatmåling.

Med bakgrunn i signala frå kommunane og ei vurdering av eksisterande organisering, vedtok rådet i 2000 å setta i gang ein prosess for omorganisering av Ryfylkerådet og direkte underliggende selskap. Utgangspunktet for prosessen var at Ryfylkerådet skulle vera ein paraplyorganisasjon for interkommunale foretak i regionen.

Ryfylke var ikkje aleine om å leite etter løysingar på det kommunale samarbeidet. I 1999 var det over 50 regionråd i Norge, og mange ønskte nok at det regionale samarbeidet skulle framstå som eit alternativ i debatten om kommunesamanslåingar og nedlegging av fylkeskommunen. Regionaliseringa innafor EU inspirerte mange kommunar til å formalisere det frivillige arbeidet seg i mellom.

I ei drøfting av kva Ryfylke-kommunane nå burde samarbeide om blei det gjort forsøk på å løfte fram arbeidsområde som tidlegare ikkje hadde vore med på menyen over aktuelle tiltak. Det mest grensesprengande var eit forslag om å vurdere spesialisering av sterke ledd i enkelte kommunar, som t.d. rekneskapsfunksjonar, lønn o.a., som så kunne ta på seg oppgåver på oppdrag frå dei andre kommunane. Eit alternativ var å skille ut eigna oppgåver og etablere felles operative kontor for desse. Dette var sjølv sagt glimrande tenkt. Det ville gi stordrifts- og rasjonaliseringsevinstar utan at ein trong gå den tunge, vanskelege og utenkelege vegen om nye rundar med kommunesamanslåingar, og ny teknologi sto til rådvelde for å operere dette på ein effektiv måte. Men på eit tidspunkt ville det like sjølv sagt oppstå eit problem knytta til kor dei skulle arbeide og bu desse som skulle utføre fellesoppgåvene, og særinteres-

sene til kommunane var framleis ein sentral suksessfaktor.

May Britt Jensen, som skreiv ein rapport i framkant av omorganiseringssprosessen, peika spesielt på dette, og meinte det var ei stor utfordring for kommunane å bli samde om gevinst-kriteria før nye tiltak blei sett i verk. Gevinstar i form av innsparinger i den enkelte kommunen kunne vera vanskelege å ta ut fordi arbeidstakarane ville li personlege tap ved å skifte eller miste arbeidsoppgåver. Lokalpolitikarar ville vera motvillige til å overføre ansvar til organ utafor sitt område, og ulike kommunar hadde ulik styrke, både økonomisk og kompetansemessig, slik at det kunne ligge ein fare i at fordeling av utbytte i forhold til innsats kunne opplevast urettferdig.

Avhenging av kva innhaldet i det vidare samarbeidet mellom dei gjenverande Ryfylke-kommunane skulle vera, skisserte ei nedsett styringsgruppe for organisasjonsutviklingsarbeidet to modellar. Den eine var ei vidareføring og styrking av det eksisterande Ryfylkerådet. Hovudargumentet for ei slik organisering var å markere Ryfylkerådet som ein politisk organisasjon der hovudformålet var å arbeide for å finne felles politiske løysingar på felles utfordringar i Ryfylke. Dette var ein modell som var kjenneteikna av sterkt politisk styring, vedtak etter konsensusprinsippet (alle samde) og der konkrete tenesteytingsoppgåver måtte løystast gjennom organisering av eigne selskap.

Alternativet var etablering av eit selskap med eige styre, altså ein organisasjon som berre indirekte ville vera styrt av dei folkevalde i kommunane. Dersom formålet var å styrke Ryfylke-samarbeidet i retning av å løye fleire interkommunale samarbeidsoppgåver utanom dei eksisterande kommuneadministrasjonane, så tala mye for ein slik modell. Grunngivinga for dette bygde på krava til koordinering og effektivisering av det interkommunale samarbeidet, gjerne som eit alternativ til kommunesamanslåingar.

Kommunane valde det siste. Det vil seia dei som blei med vidare. Kvitsøy valde å stå av, så nå var det berre fem

att: Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Finnøy. Finnøy var den neste kommunen som begynte å rasle med utmeldingspapira, men førebels var desse fem samde om å lage eit selskap kalla Ryfylke IKS som særleg skulle arbeide med alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt for effektivisering av kommunale oppgåver. Selskapet blei stifta 26. juni 2001. Ryfylke Vekst AS og Ryfylkevegen AS gikk inn i selskapet som blir drive av eit styre med 7 medlemmar oppnemte av eit representantskap der kommunane møtte med utsendingar i forhold til storleiken på kommunane. Leiar i det nye selskapet blei Odd William Bøe, ordførar i Strand. Med seg i styret fekk han 4 andre politikarar og 2 representantar for næringslivet.

Ved sidan av gammalkjente oppgåver som marknadsføring, samferdsel og næringsutvikling, kom kommunale fellestiltak med som ein strategi, der utvikling av den viruelle kommunen var eit tiltak som blei høgt flagga. Det var djervt og nyskapande tenkt, og skulle fange opp både den nye teknologien og behovet for samordna løysingar på felles utfordringar. Men omorganiseringa førte ikkje til noen ny giv i Ryfylke-samarbeidet. Tvert i mot tårna det seg opp med nye utfordringar som kom til å løfte fram det store spørsmålet om Ryfylke hadde ei framtid som sjølvstendig region.

«IKKE EN SELVGITT REGION»

For det første blei delar av fokus retta mot debatten om kommunesamanslåingar. Den såkalla kommuneproposisjonen (St.prp. nr. 66 (2002-2003) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren, tok opp misforholdet mellom kommunestrukturen og dei oppgåvene kommunane skulle utføre. Departementet peika på at kommunane måtte ha tilstrekkelege økonomiske, organisatoriske og menneskelege ressurser for å kunne møte dei utfordringane tida reiste. Ein del små kommunar hadde problem med det, særleg med å skaffe seg og halde på

kompetent arbeidskraft. Departementet meinte at eit forpliktande interkommunalt samarbeid kunne vera eit alternativ til å slå kommunar saman, altså nettopp slik Ryfylke IKS hadde på sin agenda, men det var ikkje dit Ryfylke-kommunane retta fokus.

Kongstanken, refererer Stavanger Aftenblad, var at Ryfylke IKS, arvtakaren til det gamle Ryfylkerådet, skulle effektivisere kommunane gjennom ei administrativ samordning. I prosjekt Virtuell kommune blei det lagt opp til at kommunane kunne få felles rekneskapsavdeling, sentralbord og andre administrative oppgåver. Men i utkantkommunane kor kvar einaste arbeidsplass er kjækromen, ville ingen gi frå seg oppgåver. «Det gjekk ikkje. Redsla for å mista arbeidsplassar blei for sterkt. Kommunane må finna ut av dette sjølve», sa Arne Kleppa, som meinte utviklinga gikk i retning av kommunesamanslåingar i Ryfylke.

I Ryfylke var det berre to kommunar som hadde meir enn 5.000 innbyggjarar, og den eine av desse, Sauda, med eit naudskrik. «Små kommunar gir gode grunnleggende personrettede tjenester til innbyggerne. Når det er behov for spisskompetanse rettet mot små grupper i befolkninga, har de små kommunene større problemer», sa forskar Trine Myrvold ved Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) til Aftenbladet. Rekrutteringsproblem, små fagmiljø og tette band mellom dei som skal gi og motta tenester blei peika på som ulempar dei minste kommunane slit med. «Hvis kommunen skal få stadig fleire og tyngre oppgaver, for eksempel innen psykiatri, barnevern og omsorg for psykisk utviklingshemmede, må det skje noe med kommunenstrukturen», meinte Myrvold.

Men tankar om kommunesamanslåingar blei ikkje høgt profilert, og blei raskt slått ned på. I dei indre bygdene lufta suldalsordførar Roar Obrestad og saudaordførar Torfinn Opheim ei samanslåing av dei to kommunane i ein ny kommune kalla Indre Ryfylke. Men det blei med det. Ein

muleg partnar i vest, Vindafjord, valde å slå seg saman med Ølen. Ordføraren i Forsand, Torstein Haukalid, som hadde ansvaret for tenestetilbodet til vel 1.000 forsandbuar, trudde Forsand måtte gå saman med ein eller fleire av nabokommunane. Både Gjesdal i sør og Strand og Hjelmeland i nord kunne vera aktuelle partnarar. Men Haukalid var i mindretal i sin eigen kommune, og kom ikkje vidare med saka. Hjelmeland var dessutan ikkje interessert i noen samanslåing verken med Forsand eller andre. I Finnøy blei det signalisert interesse for ei tilnærming til Rennesøy. Men dette var delvis motivert av ei realisering av Finnfast, og blei kontant avvist av Rennesøy der det virka meir attraktivt å sjå sørover til Randaberg.

Og om det ikkje var nok at debatten om mulege komunesamanslåingar greip forstyrrande inn i visjonane for Ryfylke IKS, var det stadig uro i eigarkommunane. Finnøy var på veg ut. Suldal sökte observatørstatus i Haugalandrådet, og signaliserte såleis interesser i same retning som Sauda. Det var likevel Strand som skapte dei store bølgjene. Opposisjonen i Strand ønskete full gjennomgang av interkommunale selskap for å vurdere om det var muleg å kutte noe på løyvingane. «Hva får Strand igjen for pengene som brukes på Ryfylke-samarbeidet», undra Jan Langvik frå Høgre seg i Aftenbladet 25. oktober 2002. Langvik hadde tidlegare vore rådsordførar i Ryfylkerådet. Høgre fekk med seg heile formannskapet på ein gjennomgang av det interkommunale engasjementet til Strand. Målet var å spare 600.000 kroner. «I kraft av storleiken burde Strand vore drivkrafta i Ryfylke-samarbeidet og ikkje vurdert å redusere engasjementet», meinte suldalsordføraren, Roar Obrestad. Full skjering altså, mellom dei ytre og dei indre delane av regionen.

Suldalsordføraren såg at ein reduksjon av engasjementet til Strand kunne velte heile Ryfylke-samarbeidet. Han såg dessutan at ein da raskt kunne få eit dele mellom dei søre og dei nordre delane av Ryfylke ved Jøsenfjorden. Og

sjølv om Suldal skulle få fastlandssamband til Haugesund med bru over Sandsfjorden, ville reisetida dit likevel bli så lang at Haugalandet ikkje ville kunne bli noen del av ein felles arbeidsmarknad. Obrestad var redd utviklinga kunne føre til at indre Ryfylke ville bli ein isolert del av Rogaland, med lange avstandar til bysentra.

Strand var storebror i Ryfylke, hadde gjort Jørpeland til Ryfylke-byen i 1998, eit forsøk som blei grundig latterleggjort av Bergens Tidende, og som neppe har endra statusen til Jørpeland vesentleg for ryfylkingar flest, men som kan skje har gjort noe med sjøvidentiteten til strandbuen. Strand hadde blikket vendt mot Stavanger. I 2002 kom dessutan Storbymeldinga, St.meld. nr. 31 (2002-2003). Her var Strand tatt med i byregionen Stavanger, saman med Forsand og øykommunane. Dei planlagte fastlandssambanda var viktige grunnar til at desse kommunane blei inkludert i Stavanger-regionen.

Nå reagerte også rådmannen i Hjelmeland, Øyvind Bergøy, som hadde eit fortid som rådmann i Strand. «Eg synest det går vel fort i svingane», sa han til Aftenbladet. «Når ryfylkekommunane har etablert eit samarbeid, må ein ta omsyn til partnerane. Strand kan ikkje bare kaste korta». Han meinte vidare at det måtte vera betre å vera stor i Ryfylke enn liten i eit samarbeid med Stavanger, men såg likevel teikninga av eit indre Ryfylke som også omfatta Hjelmeland. På lengre sikt, det vil seia etter Ryfast, var det likevel signalisert at også Hjelmeland kunne bli inkludert i Stavanger-regionen.

Strand følgte opp utgreiinga om mulege kutt i overføringane til interkommunale samarbeidsorgan. Det gikk i første omgang ut over Distriktsmusikarane i Suldal og Ryfylke kunstlag. Men også Ryfylkeveien og Reisemål Ryfylke sto for hogg, dernest sjølve kjernen i samarbeidet, Ryfylke IKS. Men da trakk dei andre kommunane fram riset bak spegelen: Om Strand ikkje ville oppretthalde medlemskontingen ten ville dei bli haldne utanom Ryfylkefondet. Politikarane i

Strand like ikkje det. Men dei ga seg. Dei ga etter i praksis, men ikkje i prinsipp. Strand ønskete å innskrenke aktivitetene til Ryfylke IKS. Først og fremst ønskete Strand at Ryfylke IKS skulle arbeide for å få realisert planane for landfast samband mellom Ryfylke og Nord-Jæren. Eit akutt problem var løyst, men Ryfylke-samarbeidet var tilbake der det begynte, som eit påtvunge hopehav med noen felles interesser knytta til samferdsel.

«Svakheten med Ryfylke IKS er at det er for mange kommunar med. Avstandene blir for store», meinte Torstein Haukalid. I utstrekning er Ryfylke halve Rogaland, kunne Aftenbladet opplyse. Og sett frå Forsand ligg både Suldal og Finnøy for langt vekke. Fjordane er ein barriere og gjer praktisk samarbeid tungvint. Da var det meir naturleg for Forsand å jobba saman med Hjelmeland og Strand. Og når tunnelen mellom Espedal og Frafjord kom på plass, ville Gjesdal bli ein muleg partnar.

Problemet er at kommunane har ulike agendaer, kommenterte Tor Inge Jøssang i Aftenbladet. Strand ønskjer kommunesamanslåing. I første rekke med Forsand, men også Hjelmeland er attraktiv. Men ingen av desse er interesserte i eit kommunalt bryllaup. I 15 år krevde det skjøre Høgsfjord-prosjektet at Ryfylke-kommunane la ein dempar på usemjø i andre saker. Med dagens situasjon der Ryfast ikkje blir motarbeidd av Stavanger, er det ikkje lenger så avgjerande at Ryfylke står saman i eitt og alt. Derved kjem konfliktar lettare fram. Slik som interesseomsetnaden mellom kommunesamanslåing og interkommunalt samarbeid.

Ryfylke-samarbeidet var ved eit vegkryss, konkluderte Arne Kleppa. Ryfylke var i ferd med å bli splitta opp i delar som ikkje heng saman på den gamle måten. Og det var ikkje berre Storbymeldinga som låg bak denne oppdelinga. Sauda, Rennesøy og Kvitsøy hadde alt trekt seg ut av samarbeidet. Om få år ville nye tunnelar knyte Forsand, Strand og Hjelmeland mot Nord-Jæren. Statens Vegvesen hadde

delt Rogaland i to einingar, der Suldal og Sauda var lagt under distriktskontoret i Haugesund, medan dei andre Ryfylke-kommunane låg under Stavanger. Og i fylkeskommunen var ein i ferd med å utradere Ryfylke.

I mars 2003 fekk Fylkestinget førelagt seg ei sak kalla «Plansystem og regionale utviklingstrekk» der saksbehandlarane hadde tatt utgangspunkt i såkalla ABS-regionar, også kalla BAS-regionar, det vil seia regionar med ein felles arbeids-, bustads og service-marknad. Ut frå ei slik forståing satt fylkesadministrasjonen att med 3 regionar: Nord-Rogaland, Midt-Rogaland og eit Sør-Rogaland. Ryfylke var utradert frå saksutgreiing og kart. Suldal og Sauda var plassert i nord-fylket med Haugesund som sentrum, resten av Ryfylke i midt-fylket, i samsvar med kartet for Stavanger-regionen i Storbymeldinga. Sør-fylket var Dalane-regionen med Egersund som sentrum. Nå ville ikkje Fylkestinget vera med på det, slik at Rogaland framleis har 4 regionar, der Ryfylke er ein av dei. Men varsla var ikkje til å ta feil av, Ryfylke som region er under press både innanfrå og utanfrå, og dei endringane i reisemönster som ein må vente når dei planlagte bru- og tunnelprosjekta blir gjennomførte vil skape ein ny røyndom uavhengig av eventuelle viljeserklæringer om vidare Ryfylke-samarbeid.

Dei vegprosjekta som i heile historia til Ryfylke-samarbeidet hadde vore ei kjerne i verksemda, var nå i ferd med å splitte Ryfylke. Fokus hadde vore retta mot fastlandssamband med Nord-Jæren, medan det interne sambandet, og særleg sambandet over Jøsenfjorden, var neglisjert. Da forslaget til ny Fylkesdelsplan for samferdsel i Rogaland blei lagt fram i 2003, var sjølv mindre utbetringar av riksveg 13 gjennom Erfjord utelatt.

40 ÅR TIL INGEN NYTTE?

I 2006 kunne Ryfylke-kommunane ha feira 40 års samarbeid for utvikling og utbygging av ein ressurssterk og bynær region. Tidlegare rådsordførarar, rådssekretærar,

prosjektleiarar og samarbeidspartnarar kunne ha blitt inviterte til festleg samver, god mat og høgstemte talar, og regionen kunne ha fått god presse på viljen og evnen til å møte utfordringane i eit samfunn i endring.

Slik blir det neppe. Om det er noen att, vil dei vera så få at dei knapt kan skape noen feststemning i dei lokala ein kan tenkje seg til slike bruk i Ryfylke. Og det må vera ein god talar som skal makte å løfte resultata av strevet fram på ein slik måte at det skaper begeistring og eigarskap hos festlyden.

Har såleis 40 år med møte, reiser, utgreiingar, uttaler, løyvingar, konferansar, brevveksling og samtalar vore forgjeves? Nei. Det er det truleg få som vil meine. Entusiasstiske rådssekretærar og pliktoppfyllande politikarar har lagt ned eit energisk arbeid for å gjera Ryfylke synleg, skape interesse for viktige tema, fremje felles interesser og utvikle ei felles forståing for dei utfordringane utkantane i Rogaland står over for. Men det har vore vanskeleg å måle effekten av strevet, og mange har vore usikre på om effekten har vore god nok, i alle fall for eigen kommune.

Og her ligg noe av problemet. Ryfylke-kommunane har hatt for lita samkjensle. Interessene har vore for sprikande. Avstandane for store. Det har mangla ein samlande visjon, eit samlande mål, eit samlande sentrum. Ryfylke var bygdene som reiste til byen med varene, arbeidskrafta og pengane sine. Ryfylke var bygdene som byfolk og utflytta bygdefolk reiste til på ferie, på besøk, på slektstemne og i gravferd. Det interne samkvemet har avgrensa seg til ungdomsstemne, misjonsstemne og heiaføring av smalen.

Atterhalda har vore for store i forhold til løyvingar, lokaliseringar og delegering av oppgåver og mynde. Politikarane har ikkje hatt fullmakt til anna enn å fremje dei kort-siktige eigeninteressene til kommunane sine, og få har sett andre strategiske grep enn dei samferdslepolitiske, som kunne ha løfta heile eller store delar av Ryfylke på lengre sikt.

Det er ikkje så rart at det blei slik. Det var ikkje Ryfylke som var utgangspunktet for regioninndelinga i Rogaland. Det var byane. Det var Stavanger/Sandnes, kanskje Bryne, Eigersund og Haugesund. Ryfylke låg for langt borte og fekk ikkje vera med i byregionane. Ikkje den gongen. Da det som ein trudde kunne bli livskraftige regionar var etablert, samla ein restane og prøvde å finne eit truverdig grunnlag for eit samarbeid. Verken den som inviterte eller dei som møtte opp viste noe spesielt engasjement for samarbeidstanken. Det var eit samkome av det slaget som ein kjenner at ein ikkje kan la vera å møte opp i, sjølv om ein eigentleg burde brukt tida til noe betre. Dei stadige behova for å omvurdere verksemda, tyder på at mange må ha kjent det slik også gjennom dei åra som har gått sidan.

Det er lite som tyder på at Ryfylke har noen framtid som regionalt samarbeidsområde. På enkelte saksområde, som t.d. reiseliv, kultur og avfallshandtering, kan det vera gode grunnar til å halde fram med eit samarbeid mellom dei kommunane som ønskjer det, men neppe på noe overordna plan. Jøsenfjorden vil bli for djup når dei planlagte bru- og tunnelprosjekta blir realiserte. Men det betyr ikkje at øy- og fjord-bygdene bør legge bort Ryfylke-namnet. Ryfylke er ei dårleg utnytta merkevare. Ryfylke har store ressurser som matvareprodusent og rekreasjonsområde. Ryfylke har verdiar som i aukande grad blir etterspurte som bu- og oppvekstaktivitetar blant folk som har erfaring frå meir urbane strok. Ryfylke-samarbeidet har bidratt til å halde medvetet om desse kvalitetane varme. Det var kanskje strevet verdt.

Dei viktigaste kjeldene til denne artikkelen er arkivet til Ryfylkerådet, som er på Interkommunalt Arkiv i Stavanger, saksførelegg og årsmeldingar fra Ryfylkerådet i arkivet til Ryfylkemuseet, og avisutklypp i klypparkivet til Ryfylkemuseet.

Roy Høibo (55) er direktør ved Ryfylkemuseet.

Institusjonar og organisasjonar som bruker Ryfylke i namnet sitt

LO Senteret Indre Ryfylke, Sauda
Reisemål Ryfylke AS, Hjelmeland
Revisjon Ryfylke AS, Hjelmeland
RK 13 Ryfylke Kultur, Suldal
Ryfylke Adel, Sauda
Ryfylke Aluminium AS, Stavanger
Ryfylke Aluminium Fogn ANS, Finnøy
Ryfylke Autosenter AS, Suldal
Ryfylke Avisa, Sauda
Ryfylke Bakeri og Konditori AS, Strand
Ryfylke Begravelsesbyrå, Hjelmeland
Ryfylke Betong AS, Rennesøy
Ryfylke Bilverksted AS, Strand
Ryfylke Blonde, Hjelmeland
Ryfylke Bok og Papir AS, Suldal
Ryfylke Budservice, Hjelmeland
Ryfylke Bygg AS, Sauda
Ryfylke Eiendomsutvikling AS, Suldal
Ryfylke Elektro AS, Sauda
Ryfylke Energi AS, Forsand
Ryfylke Fasadeteknikk, Hjelmeland
Ryfylke Fjordferie, Hjelmeland
Ryfylke Forsøksring, Hjelmeland
Ryfylke Friluftsråd, Stavanger
Ryfylke Glass, Sauda
Ryfylke Helse og Miljø, Strand
Ryfylke HMS-senter AS, Suldal
Ryfylke Hus & Interiør AS, Strand
Ryfylke IKS, Hjelmeland

Ryfylke Kranservice, Suldal
Ryfylke Kunstlag, Suldal
Ryfylke likningskontor, Strand
Ryfylke Landbrukservice AS, Rennesøy
Ryfylke Mat AS, Hjelmeland
Ryfylke Miljøverk, Hjelmeland
Ryfylke Musikk, Suldal
Ryfylke Regnskap AS, Strand
Ryfylke Reisebyrå, Suldal
Ryfylke Renovasjon AS, Strand
Ryfylke Tingrett, Stavanger
Ryfylke Transport Service AS, Sauda
Ryfylke Trebåtbyggjeri, Finnøy
Ryfylke Trelast AS, Strand
Ryfylke Turisthotel AS, Suldal
Ryfylke Vedlager, Strand
Ryfylke Väpenservice, Strand
Ryfylkegaten 70 KS, Stavanger
Ryfylkemeieriet, Vindafjord
Ryfylkemuseet, Suldal
Ryfylkenett AS, Hjelmeland
Ryfylkerosa, Suldal
Ryfylkerådet, Hjelmeland
Ryfylkesambandet, Hjelmeland
Ryfylkevegen AS, Hjelmeland
Ryfylkeøyane Reiselivslag, Rennesøy
Strand og Ryfylke Begravelsesbyrå AS, Strand
Vinterlandbrukskulen i Ryfylke, Hjelmeland
Økoregn Ryfylke, Strand

Næringsgrunnlaget i Ryfylke

– Råvareleverandør og energiprodusent

AV TRYGVE BRANDAL

Ryfylke var frå gammalt av eit fiskarbodesamfunn. Det er det ikkje lenger. Særleg dei siste 30 åra har ført til dramatiske endringar i sysselsettinga i regionen. Både jordbruk og fiske har gått tilbake, men også sysselsettinga i industrien. I dag jobbar annakvar ryfylking i offentleg eller privat tenesteyting. Det er dessutan ikkje lenger slik at det er ryfylkingane sjølv som eig bedriftene og butikkane sine. Kolonialiseringa og globaliseringa har også nådd Ryfylke. Det starta med dei kollektivt eigde bygdeinstitusjonane innafor handel, bank og forsikring. Nå er mange bedrifter på utanbygds, og enda til utanlandske, hender. Verksemder i norske fjordarmar produserer ikkje lenger for nærmarknaden, men for verdsmarknaden.

Ryfylke var frå gammalt av eit fiskarbodesamfunn. Dei aller fleste hadde sitt arbeid innanfor primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske. Det var få som hadde spesialisert seg på det eine eller andre. Fleirtalet arbeidde både med jordbruk og fiske i løpet av eit arbeidsår, og i dei indre bygdene arbeidde mange også i skogen i vinterhalvåret.

Jordbrukskulturen har vore i stadig omstilling og endring. Mange synest å tru at dette har vore ei statisk næring lite prega av endringar. Men det er ikkje tilfelle. Nye utfordringar har ofte kravd nye tilpassingar. Frå gammalt av

dreiv så godt som alle gardsbruk med både åkerbruk og husdyrhald. I andre halvdel av 1800-talet starta omlegginga i retning av større vekt på husdyra. Billeg importkorn gjorde det mindre lønsamt å dyrka korn sjølv, og åkerarealet vart mindre på gardane. Når det galdt husdyrhald, hadde regionen gode naturgjevne føresetnader, i form av rike fjellbeite i indre strok og eit mildt øy- og fjordklima som gjorde at dyra mange stader kunne gå ute store delar av året.

Utskiftingar og mekanisering med hestereiskapar før og etter 1900 endra både kulturlandskapet og driftsforma. Dette var tida for det store hamskiftet i landbruket. Vi fekk ein overgang frå eit jordbruk primært innretta på sjølvforsyning til eit jordbruk der ein i større grad baserte seg på å selja varene. Dei indre bygdene sitt fortrinn med dei gode heiabita vart ikkje så mykje verdt lenger, for februaraket som kunne utnytta desse beita vart etter kvart for arbeidsintensivt og lite lønsamt. Gardsdrifta vart i det heile meir forrretning, bøndene måtte sjå

Trygve Brandal (50) har skrive bygdebøker for Hjelmeland og Forsand og vore medforfattar i bøkene "Penger spart – Penger tjent" (1989) og "Klart det lønner seg å samarbeide" (2001). Han har vore leiar for styret i Ryfylkemuseet 1998-2003 og er nå engasjert som vikar ved Ryfylkemuseet.

meir på kva som svarte seg. Grasdyrking vart det viktigaste, og engarealet vart utvida ved nydyrkning. Det vart satsa på produksjon av kjøt, mjølk og smør, og det vart etablert meieri i dei fleste bygder for å sikra ei betre behandling av mjølkeprodukta.

I mellomkrigstida dreia omstillingshjulet vidare, trass i tronge tider for mange bønder. Innsatsvarer som kraftfôr og kunstgjødsel kom meir og meir i bruk, og siloleggning av graset vart introdusert. Försanking i utmarka vart for arbeidskrevjande og gjekk kraftig tilbake. Nye og betre driftsbygningar gjorde dyrestellet enklare og betre. Dei därlege tidene mellom krigane skuldast gjeldsproblem og deflasjon. Mange hadde investert og lånt i dei gode tidene under og etter første verdskrig. Desse låna vart svært tunge å bera i åra som følgde, fordi prisane på bøndene sine varer gjekk ned og ned. Fleire klarte ikkje å få endane til å møtast og hamna i skifteretten, og ein heil del gardar vart selde på tvangsausjon.

I fiskeria var vintersildfisket det dominante fisket på 1800-talet. Etter at det tok slutt rundt 1870, spelte denne næringa ei mindre rolle fram til hundreårsskiftet, då brisling- og småsildfisket fekk auka betydning. Her hadde Ryfylke komparative fortrinn framfor andre distrikt og kunne hevda seg - fordi fiskeførekomstane var rike her og fordi mange hadde nedarva ekspertise på dette feltet. Stavanger vart sentrum for hermetikkindustrien i landet, og fabrikkane tok imot alt det råstoffet dei kunne få. Etter 1900 blomstra også vintersildfisket opp att, og deltakinga var stor både frå øyane og frå mange fjordbygder, slik det hadde vore under sildeperioden på 1800-talet. Sesongmønsteret i fiskerinæringa var slik at det i stor grad var muleg å kombinera jordbruk og fiske.

Etter 1960 har fiskernæringa si rolle blitt kraftig redusert i Ryfylke. Både vintersildfisket og brisling- og småsildfisket tørka inn, og fiskarbonden si tid var dermed ute.

Innslaget av industri var lenge moderat. I andre halv-

part av 1800-talet starta utviklinga i retning av eit meir differensiert næringsliv. På 1860- og 1870-talet vaks det fram mange treskipsbyggeri, særleg i bygdene langs Vindafjorden og på Sand. Vervane trong folk og trekte til seg arbeidskraft frå andre næringar. Treskipsbygginga hadde gode tider fram til slutten av 1870-åra, då svikt i skipsfarten reiv vekk etterspurnaden etter nye skip.

I mange bygder vokser det i tiåra før og etter 1900 fram ein treindustri i småskalaformat. Men fleirtalet av Ryfylke-bygdene hadde til langt inn i etterkrigstida eit sterkt preg av primærnæringane. Berre eit mindretal av dei yrkesaktive var knytte til sekundær- og tertiarsektoren. Det galdt ikkje industribygdene Sauda og Jørpeland, der det vart etablert storindustri tidleg på 1900-talet. Desse vart hjørnestinsbedrifter i desse to bygdene, og sysselsettinga kom på det meste opp i over tusen arbeidarar begge stader.

Den økonomiske utviklinga i Ryfylke etter 1850 kan karakteriserast på to måtar. Regionen opplevde økonomisk vekst og velstandsauke, men likevel svakare økonomisk utvikling enn resten av fylket og landet under eitt. Ryfylke sakka akterut i forhold til den ekspansive regionen sør i Rogaland. Jæren opplevde industridekst og folkeauke i etterkrigsåra, i Ryfylke peika pila den andre vegen. Lite differensiert næringsliv, vanskelege kommunikasjonar og manglende senterdanning er faktorar som kan trekka fram som forklaringar på Ryfylke si negative utvikling.

RAPPORT FRÅ RYFYLKE

Tidleg på 1970-talet vart Ryfylke sin situasjon sett under lupa. Journalist Per Surnevik gav ut *Rapport fra Ryfylke* i 1972. Publikasjonen er ein analyse av kommunikasjonar, næringsliv og busetjing på øyane og i fjordane i Ryfylke. Han skildrar ganske dystert utviklingstrekka i regionen i etterkrigsåra fram til då, med fråflytting og utarming av

næringslivet. Surnevik stiller situasjonen i Ryfylke i skarp kontrast til den rivande utviklinga på Jæren etter krigen, både i jordbrukssektoren, i industrien og i tertiærsektoren. Dette etterkrigsbildet står i motsetning til det gamle bildet, då Ryfylke var Rogalands Gosen, og då Jæren var lystgård, armod og utsikt over grunn.

Ryfylke hadde rundt 1970 problem med både folketal, næringer og kommunikasjoner, og hadde hatt det ei stund. Sterk fråflytting førte til at folketalet vart redusert med vel ein prosent årleg. Det var helst ungdommen som flytte ut, og Ryfylkebygdene opplevde forgubbing. Hjelmeland hadde meir enn dobbelt så høg prosent eldre over 70 år som vekstkomunen Klepp. Berre 29 prosent av hjelmlandsbuane var i den mest yrkesaktive aldersgruppa fra 20 til 50 år. Nettopp desse årgangane var mangelvare i Ryfylke. Det var frå dei det skulle kome initiativ og nye tiltak, men ein stor del av dei var no berre sommargjester i Ryfylke. Regionen eksporterte mykje hjernekraft til meir sentrale strok i desse åra. Tomme hus, resignerte haldningar og kvelte initiativ var resultat av tilbakegangen.

Gardane var små i dei fleste bygder. Ryfylke-jordbrukssektoren sysselsette ein person per 35 dekar, medan kvar bonde på Jæren disponerte 52,5 dekar. Det var 600–800 bønder for mykje i Ryfylke i forhold til naturgrunnlaget, meinte Surnevik.

Årleg vart det 130 arbeidsplassar færre i regionen, først og fremst i jordbrukssektoren. Ny industri lét venta på seg, og i tenesteytande næringer var veksten moderat. Ryfylke lakk som ein sil, og har nok alltid gjort det, fordi folk kjøpte mange varer og tenester i Stavanger-området. Ringverknadene av etableringar vart mindre her. Multiplikatoreffekten per arbeidsplass låg på 2,12 på landsplan, men berre 1,31 i Ryfylke.

Ryfylke spelte meir og meir rolla som råvareproduksjonssent. Det galdt i landbrukssektoren, der meieri og andre fore-

lings verksemder vart sentraliserte til Nord-Jæren. Det galdt i kraftproduksjonen, der ny teknologi gjorde det muleg å overføra krafta frå fjordbotnar til industrierverksemder langt borte. Det galdt i sandindustrien, der sandtaka låg i Ryfylke, medan foredlinga til betongrør og bygningselement for det meste skjedde i sentrale strok. Og det galdt på det menneskelege området. Ryfylke eksporterte ungdom med intelligens, tiltak og initiativ til Stavanger, Jæren eller andre landsdelar.

Surnevik framheva at det Ryfylke måtte satsa på, var eit industrialisert næringsliv. Men industribedrifter stilte store krav til tettstadsfunksjonar. Det var difor viktig å etablera eit sterkt regionalt senter som kunne bryta trennen med at Stavanger fungerte som sentrum i Ryfylke. Han føreslo Nordre Strand som eit framtidig senter i Ryfylke, med Hjelmeland og Sand som sekundære sentrar. Det nye, sterke regionsenteret skulle demma opp for utflyttinga til Stavanger-regionen.

Rapport fra Ryfylke teiknar eit ganske dystert framtidssilde for Ryfylke. Gjekk det så gale? Svaret er nok nei, det gjorde ikkje det. Men det var ikkje fordi Surneviks framlegg til løysing fekk noka oppslutning. Tanken om eit regionsenter i Strand kom stort sett til å møta døve øyro. Redninga kom heller utanfrå, i form av ein ny politikk frå storsamfunnet mot distrikta. Ein gong kring midten av 1970-åra snudde pessimismen og nedgangstrenden i så mange utkanbygder i Norge til optimisme og ny satting. Det kom ei «grøn bølgje» med ny giv i jordbrukssektoren, ikkje minst i distrikta. Lönsemenda betra seg, og det var statleg politikk at så skulle skje. Jamstellingsvedtaket frå 1975, der Stortinget vedtok at inntektsnivået i jordbrukssektoren skulle lyftast opp til industriarbeidarnivå i løpet av ein treårsperiode, var eit viktig vendepunkt. Og hovudarkitekten bak det var ein ryfylking – Berge Furre, som då var stortingsmann og formann i landbrukskomiteen.

Betrinng av kommunikasjonane var også med og la

grunnlaget for at folk ville flytta tilbake og busetja seg i småbygdene i Ryfylke. Øyar vart bundne til fastlandet eller til andre øyar med bruer, og fleire isolerte bygder fekk vegutløsing i åra før og etter 1980. I staden for lokalbåtruter kom det bilferjer. I Finnøy vart det bygt seks nye ferjekaiar i 1970-åra, og ferjer i Midtsambandet knytte øyane saman med kvarandre og med Stavanger. I Sjernarøyane kom det bruer mellom Tjul, Kyrkjøy og Bjergøy og mellom Nord-Talgje og Helgøy. I Hjelmeland opna bru til Randøy i 1976, og bygdene Jøsneset og Jøsenfjorden fekk vegutløsing rundt 1980.

Den negative spiralen vart altså snudd for Ryfylke kring 1975-1980. Stillstand i næringslivet, problematiske kommunikasjonar og eit folketal i fritt fall som hadde prega bildet lenge, vart erstatta av større optimisme og tru på framtida. Dette skal vi gå nærare inn på i det følgjande.

30 ÅRS OMLEGGING

Korleis har så utviklinga i næringsstrukturen i Ryfylke vore gjennom dei siste tiåra? Har det vore store forskyingar mellom næringane i løpet av dei tre siste tiåra? Vi skal sjå på statistikktal frå 1970 og fram til vår tid for å kasta lys over desse spørsmåla. Statistikken syner at det har skjedd store endringar. Endringane har likevel vore mindre her enn mange andre stader. For det store bildet, som gjeld for heile Norge og for så vidt for heile den vestlege verda, fortel om vidare nedgang i talet på yrkesutøvarar i primærnæringane etter 1970 og nedgang også i industrien gjennom den avindustrialiseringa som har føregått. Derimot har den tenesteytande sektoren vore i sterk framgang.

Tabell 1 (høgre kolonne) gir eit grovt inntrykk av utviklinga. Vi ser at den same utviklinga har gjort seg gjeldande i vår region: Primærnæringane og sekundærnæringane har gått tilbake, tertiærsektoren har vakse. Det

er ikkje mindre enn ei drastisk omlegging som har føregått. Primærnæringane er reduserte til ein tredel, sekundærnæringane har gått noko tilbake, men tertiærnæringane har dobla seg. I 1970 var dei tre næringssektorane om lag jamstore. Like etter tusenårsskiftet hadde vi ein liten primærsektor, ein mellomstor industrisektor og ein stor tenesteytande sektor. I 1970 arbeidde kvar tredje ryfylking i jordbruk og fiske, i 2001 berre kvar åttande. Færre enn kvar tredje arbeidde i tenesteytande næringar i 1970, men i 2001 gjorde godt og vel annankvar ryfylking det. Det har vorte færre bønder og tradisjonelle fiskarar, men derimot noko fleire sysselsette i havbruk, noko færre industri- og anleggsarbeidarar relativt sett, men langt fleire som arbeider i bank og butikk, i skulen, på kontor eller i pleieinstitusjonar. Ryfylkebygdene har teke eit langt steg bort frå det temmeleg einsidige primærnæringspreget som dei hadde frå gammalt av.

I 1970 var dette preget framleis sterkt. I Suldal, Hjelmeland, Finnøy og Rennesøy arbeidde meir enn halvparten av dei yrkesaktive med jordbruk og fiske. Finnøy låg høgast med to tredelar sysselsette i primærnæringane. Fram til 2001 vart desse tala kraftig reduserte. No arbeidde berre kvar fjerde til sjette yrkesutøvar i desse kommunane i primærnæringane. Finnøy låg framleis høgast med 28 prosent knytte til jordbruk og fiske, Suldal faktisk lågast, om vi ser bort frå industrikkommunane Sauda og Strand, med berre 15 prosent. Ryfylke har vorte meir lik resten av landet sidan 1970, men framleis er det eit godt stykke att. Både primærnæringane og sekundærnæringane står sterkare her enn i kongeriket under eitt, medan tertiærnæringane er svakare.

Hittil har vi sett på dei åtte Ryfylke-kommunane som ei samla eining. Men desse samletala dekker over det faktum at det er store skilnader mellom kommunane innbyrdes.

Næringsmessig deler dei åtte Ryfylke-kommunane seg

Tabell 1: Sysselsette etter næringssektor i Ryfylke 1970–2001. Prosent.

	Fjord- og øy-Ryfylke		Industri-Ryfylke		Heile Ryfylke	
	1970	2001	1970	2001	1970	2001
Primærnæringer	56	20	10	4	34	12
Sekundærnæringer	15	24	59	35	36	30
Tertiærnæringer	29	55	31	60	30	58

Kjelder: Folketeljinga 1970, kommunehefta og tal frå SSB sine nettsider, folke- og bustadteljinga 2001, tabell 9 samt Statistikkbanken.

klart i to grupper. På den eine sida står dei seks kommunane i Fjord- og Øy-Ryfylke (Forsand, Hjelmeland, Suldal, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy), på den andre sida dei to industrikommunane Sauda og Strand. Spaltar vi opp tala i desse to gruppene, får vi fram eit interessant bilde. (Sjå tabellen ovanfor og figur 2 s. 82)



Sauda er den eine av dei to industrikommunane i Ryfylke. Her har Ryfylkemuseet lukkast med å ta vare på ein arbeidarbustad frå 1917, Håkonsgt. 51-53. Foto: Ryfylkemuseet.

Dei tenesteytande næringane utgjer like mykje i begge gruppene – rundt 30 prosent i 1970, og 55-60 prosent i 2001. Det er i fordelinga mellom primærsektoren og sekundærsektoren dei skil seg frå kvarandre. Primærnæringerane står mykje sterkare i Fjord- og Øy-Ryfylke enn i Industri-Ryfylke, og industrien står mykje svakare. Denne skilnaden har jamna seg ein del ut etter 1970, som eit resultat av at primærnæringerane har tapt terreng overalt, samtidig som industrien har vore i framgang i dei seks fjord- og øykommunane, men i tilbakegang i dei to tradisjonelle industrikommunane. I 1970 stod industrien fire gonger sterkare i dei to industrikommunane enn i dei seks andre, i 2001 berre halvannan gong sterkare.

Til no har vi sett på prosentfordelinga mellom næringane. Om vi brukar dei reelle tala, ser vi at yrkesdeltakinga i Ryfylke faktisk auka med heile 50 prosent mellom 1970 og 2001, medan folketalet voks med berre 15 prosent i same perioden. Veksten i talet på arbeidsplassar var altså stor. Det kom først og fremst av at kvinnene gjorde sitt inntog i yrkeslivet. Fleirtalet av dei fekk arbeid i eit tenesteytande yrke, særleg innanfor skuleverket og helse- og sosialsektoren. Ryfylke har fått 5100 nye arbeidsplass-

sar etter 1970. Det kom 6000 nye i tertærsektoren og 800 nye i sekundærnæringane, medan talet på bønder og fiskarar derimot vart redusert med 1700.

Av dette skulle det gå fram at næringslivet i Ryfylke ikkje har vore statisk sidan 1970. Framleis betyr jordbruksmykje, men med omsyn til sysselsetting, har det tapt terreng. Industrien har samla sett gått noko tilbake. Årsaka ligg først og fremst i utviklinga av tungindustrien i Sauda og i Strand. Stålverket på Jørpeland har drive i redusert utgåve etter at det gjekk konkurs i 1977, og smelteverket i Sauda gir likeins arbeid til langt færre enn før. På den andre sida har talet på industriarbeidsplassar hatt ein gradvis auke i fleire andre kommunar. Ei heilt ny næring har kome til, nemleg havbruket og foredlingsbedrifter knytte til det. Det har også blitt satsa sterkare på sand- og grusuttak og pukkverk med knusing og foredling av sand og stein, og bedrifter som brukar sand som råstoff er etablerte. Vekstsektorane laks, sand og stein har hatt ei sterk orientering mot internasjonal økonomi og eksport. Regionen ligg på landstoppen når det gjeld produksjon av elektrisk kraft, med Lyse i Lysefjorden og Ulla-Førre i Suldal og Hjelmeland som dei store anlegga.

Vi skal no gå noko nærmare inn på utviklinga i ulike næringssektorar gjennom dei siste tre tiåra.

GAMMAL OG NY INDUSTRI

I Sauda og på Jørpeland fekk dei storindustri til bygda tidleg på 1900-talet. Stavanger Staal på Jørpeland kom i drift i 1913, og smelteverket i Sauda starta opp ti år seinare. Smelteverka gjorde Sauda og Strand til utprega industrikommunar, i ein klasse for seg mellom dei andre ryfylkekommunane, der næringslivet var prega av primærnæringane. På det meste arbeidde det over tusen personar på begge smelteverka i Ryfylke. Det er drift på begge etter tusenårsskiftet, men driftsomfanget og ikkje minst sysselsettinga er kraftig redusert.

Etter vel 60 års drift var det midt på 1970-talet klart at stålverket på Jørpeland var i store økonomiske vanskar. Konjunkturomslaget innanfor stålbransjen vart tydeleg i 1975. Motkonjunkturstøtte frå staten heldt skuta flytande eit par år, men før nyttår i 1977 var krisa uunngåeleg. Stålverket var konkurs, og den 30. desember fekk dei rundt tusen tilsette oppseiingsbrev i posten. Dette var den største industrikonkursen i landet til då. Stålverket stod for nesten halvparten av sysselsettinga i Strand kommune. "Halve Strand" var no utan arbeid. På ruinane av den gamle bedrifta oppstod Nye Stavanger Staal AS, som våren 1979 hadde teke inn att 230 av dei tidlegare tilsette. Tre år seinare hadde bedrifta 350 arbeidsplassar. Dei dramatiske konsekvensane for lokalsamfunnet vart avverga. Ein stor del av dei tidlegare arbeidarane på stålverket lukkast i å skaffa seg nytt arbeid i Stavanger-området. Det var i desse åra Strand vart ein pendlarkommune for alvor. I dag heiter stålverket på Jørpeland Scana Steel Stavanger AS og er ein del av det internordiske selskapet Scana Industrier med hovudsete i Stavanger.

Smelteverket i Sauda vart starta opp i 1923 og heitte lenge Electrice Furnace Products Company (EFP). Den månadslange storstreiken sommaren 1970 gjorde Sauda landskjend. I 1981 vart bedrifta heimkjøpt frå dei amerikanske eigarane av eit norsk konsortium under leiing av Elkem A/S. I 1999 overtok det franske multinasjonale selskapet Eramet som eigar av smelteverket i Sauda. Bedrifta held det gåande, men talet på sysselsette har gått gradvis tilbake, til det no like etter tusenårsskiftet arbeider knapt 300 personar der.

Det er Sauda og Strand som har vore dei store industrikommunane i Ryfylke. Dei seks kommunane i Fjord- og Øy-Ryfylke har heile tida hatt ein mindre industrisektor enn dei to store. Etter 1970 har det vore noko vekst i den mekanisk industrien, trevareindustrien, fiskeindustrien og sand-, grus- og steinindustrien.

Stein Mekaniske Verksted i Forsand, dei mekaniske verkstadene Fjelde, Tau og Helland i Strand og Årdal Mekaniske Verksted i Hjelmeland er døme på verkstadbedrifter som har opplevd vekst og framgang. Andre større bedrifter i Ryfylke er trappefabrikkar i Forsand og Suldal (Kolbjørn Skulbru AS og Suldal Trevare AS), jærostfabrikkar i Hjelmeland (Aksel Hansson AS og Slåke Møbelfabrikk AS), taksteinfabrikken i Årdal (Lafarge Braas Norske Tak AS), lakseslakteria Stjernelaks i Finnøy og Ryfisk i Hjelmeland og nye pukkverk på Tau og på Jelsa. Tønnefabrikken til Johannes Østensjø & Co på Jelsa, der dei lagar plasttønner, og Comrod A/S på Tau, som tok til med å laga fiskestenger under firmanamnet Brødrene Tjøstheim, men som etter kvart har gått over til å produsera antenner til skip og militære føremål, er begge døme på vellukka industrietableringar i Ryfylke, som produserer for verdsmarknaden. Sekundærnæringane (industri, bygg og anlegg og kraftforsyning) sysselsette mellom 18 og 28 prosent av arbeidsstyrken i dei seks kommunane i 2001, mot 32 prosent i Strand og 41 i Sauda. Dei seks kommunane i Fjord- og Øy-Ryfylke auka si sysselsetting i sekundærnæringane frå 15 prosent i 1970 til 24 prosent i 2001. I 1970 hadde kvar sjette arbeidstakar yrket sitt i denne sektoren, tretti år seinare var det kvar fjerde.

NY GIV I MODERNÆRINGA

Frå først i 1970-åra og fram til 1980 snudde vinden for Ryfylke-jordbruket. Ei pessimistisk grunnstemming, som hadde rådd grunnen i lengre tid, vart vend til generell optimisme og betre økonomi i næringa. Den statlege politikken, utmeisla gjennom jamstellingsvedtaket frå 1975 og konkretisert gjennom betre tilskotsordningar på mange område i landbruket, var kanskje den viktigaste grunnen til det. Det var nedfelt i landbrukspolitikken at landbruket skulle vere eit verkemiddel for å halda oppe

eit desentralisert busetjingsmønster. Avgangen frå næringa skulle stansast og inntektsskilnadene mellom store og små bruk utjamnast. Det kom optimisme inn i næringa, investeringane auka, og fleire torde satse på eit liv som bonde. På mange gardar kom det opp nye driftsbygninga i desse åra, reiste med hjelp frå gode statlege tilskot og gunstige låneordningar. Oppvurderinga av landbruket vart borene fram av nye politiske haldningar som hadde vakse fram frå slutten av 1960-åra. Utkantideologi, antisentralisme, miljøtenking og fokus på internasjonale matvareproblem var viktige ingrediensar i denne oppvurderinga.

Statlege og regionale tiltak gjekk hand i hand. I Ryfylke vart det etablert eit eige rådgjevingsorgan og stimulerings tiltak for landbruket, det såkalla Ryfylkeprosjektet, som var aktivt frå 1974 til 1980. Dette var eit storstilt program for opprusting av rettleiingstenesta i jordbruket i dei fem fastlands kommunane i Ryfylke: Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda. Det var Rogaland fylke som sette i verk tiltaket for å styrkja landbruket i Ryfylke. Fylket betalte utgiftene dei tre første åra, seinare kom kommunale tilskot inn som ein del av finansieringa. To fylkesagronomar var tilsette i prosjektet. Kommunane vart inndelte i plankrinsar, og agronomane vitja kvart bruk, hjelpte til med råd og rettleiing og utarbeidde optimistiske (og til dels overoptimistiske) driftsplanar for dei som ville byggja ut. Ryfylkeøyane fekk sitt eige stimuleringsprosjekt, det såkalla Øyanprosjektet.

Etablering av vinterlandbrukskulen i Ryfylke var ein annan faktor som styrkte modernæringa. Etter initiativ frå Hjelmeland bondelag i 1978, og rask oppslutning frå kommunane, kunne vinterlandbrukskulen på Jæren setja i gang den første filialklassen hausten 1979. Skulen har ambulert mellom Ryfylke-kommunane og skaffa grunnleggjande fagutdanning for etablerte gardbrukarar.



Veksthusnæringa på øyane har greidd krava til omstillingar og er nå leiande i landet. Her i drivhuset til Kolbjørn Ladstein på Finnøy. Foto: Ryfylkemuseet.

Sauen har heile tida vore det mest talrike husdyret, men mjølkeproduksjonen har utgjort det økonomiske fundamentet for dei mest aktive brukna. Under opptrappinga frå midten av 1970-åra satsa mange på kraftförbasert husdyrproduksjon, som høns og gris. Det var offisiell landbrukspolitikk å kanalisera desse produksjonane mot mindre bruk i distrikta. Den sterke kraftförfbruken førte til at det ikkje lenger var nokon nødvendig samanheng mellom fôrproduksjonen på garden og husdyrhaldet. Ein stor del av dyrefôret vart henta frå korngardar på Austlandet og præriefarmar i Amerika. Frukt- og bærldyrking har spelt ei rolle heile perioden, mest i Hjelmeland og Finnøy. Spesialisering pregar utviklinga her, som elles i jordbruket. Produksjonen er samla på færre bruk som driv meir intensivt, og som har satsa på nye sortar og tettplantingar. I Finnøy og Rennesøy har veksthusnæringa halde stand og utgjer framleis ei viktig driftsgrein i landbruket. Desse to øykommunane står åleine for halvparten av tomatproduksjonen i landet.

LANDBRUK UNDER PRESS

Optimismen i jordbruket frå midt i 1970-åra minka utover i 1980-åra. Presset på landbruksnæringa auka, og den breie politiske støtta raka. Dei økonomiske rammevilkåra vart gradvis mindre gunstige. Dei siste 10–15 åra har landbruksnæringa vorte sett under eit omstillingsspress, og bygdesamfunna har vore prega av endringar. Dette har gjort seg gjeldande i Ryfylke i full monn. Integrasjonen i eit nasjonalt – og ikkje minst globalt – system kjem til syne på dei fleste område. Det gjev seg utslag i næringslivet, men også i kultur og miljø. Landsbygda skil seg ikkje så sterkt frå byområda som tidlegare.

Omlegginga kom tydeleg til uttrykk gjennom Stortingsproposisjon nr. 8 (1992–93), «Landbruk i utvikling», lagt fram av dåverande landbruksminister Gunhild Øyangen. Målet no var mindre overföringar, meir effektivitet og billegare mat for forbrukaren. Styresmaktene innførte også nye miljøkrav overfor jordbruket. Forskrifter for spreieareal regulerte mengda av husdyrgjødsel som kan spreiaast på jordbruksarealet. I praksis sette dette klare rammer for dyretalet for den enkelte bonden, i og med at det måtte vera samsvar mellom gjødselproduksjonen frå husdyra og det tilgjengelege arealet å spreia gjødsla på.

Inntektsauken etter opptrappingsvedtaket i 1975 stimulerte investeringane og dermed produksjonen. Arbeidsproduktiviteten auka kraftig, og det vart overproduksjon, særleg på husdyrsektoren. Å tilpassa produksjonen til marknaden vart eit problem. Jordbruket vart klemt mellom krav frå marknaden på den eine sida og det naturen kunne tolke på den andre. Både i forhold til marknaden og i forhold til ressursane hadde produksjonskapasiteten vorte for stor.

Mjølkeproduksjonen kan stå som eit døme på dette. Konsumet av mjølk var fallande, og det vart nødvendig å tilpassa produksjonen i takt med det. I slutten av 1990-

åra sette staten i verk ei ordning med betaling til dei som ville selja mjølkevoten sin. Også i Ryfylke var det ein del bønder som gjekk inn på denne ordninga, dei selde mjølkevoten og satsa på eit mindre arbeidskrevjande driftsopplegg. I treårsperioden 1998–2000 avvikla kvar åttande mjølkesprodusent i fylket kufjøset og selde mjølkesvotan.

Store endringar skjedde også i matvareomsetninga. I åra 1989–1994 skaffa dei fire store matvarekjedene Forbrukersamvirket, Norgesgruppen, Reitangruppen og Hakongruppen seg ein heilt dominarande posisjon i daglegvarehandelen i landet. Dei auka marknadsdelen sin frå vel 40 til 97 prosent. Det innebar ei maktforskyving frå produsentledd til omsetningsledd, med store konsekvensar for matvareprodusentane. Å få tilgang til marknaden gjennom leveringsavtalar med kjedene vart avgjerande for å kunna halda oppe produksjonen.

Bøndene fekk også merka konsekvensane av den aukande internasjonaliseringa. EØS-avtalen og Norges tilslutning til OECD og WTO la sterke føringar på landbrukspolitikken. Sjølv om vi ikkje vart fullt integrerte i ein open verdenshandel på landbruksvarer, måtte Norge opna for større import (og eksport) av matvarer. Den norske heimemarknaden vart gradvis mindre skjerma mot utanlandsk konkurransen.

Det auka presset på landbruket syner att på bruksstatistikken i Ryfylke. Talet på aktive gardsbruk har gått tilbake sidan 1985, her som elles i landet. I 1985 var det i regionen 1600 gardsbruk som sökte om produksjonstilskot. For at eit bruk kunne søkja om tilskot, måtte det vera på minst 10 dekar og ha aktiv drift. 14 år seinare var det berre vel 1300 bruk att. Det hadde vorte nesten 300 færre aktive bruk i regionen mellom 1985 og 1999, ein tilbakegang på 17 prosent. Kvart sjette bruk i Ryfylke hadde på 14 år gått ut av aktiv drift. For heile fylket låg bruksdøden på om lag same nivået. Det er dei minste

bruka som ikkje blir drivne aktivt lenger som sjølvstendige brukseiningar. Men mykje av jorda har vorte leigd bort til andre bønder. Talet på bruk med over 50 dekar jordbruksareal har halde seg temmeleg stabilt.

Tilbakegangen var ikkje like sterk i heile Ryfylke. Strand, Forsand, Kvitsøy og Suldal låg på topp med kring 25 prosent nedgang. Hjelmeland og Sauda stod i ei mellomstilling, medan Rennesøy og Finnøy klarte seg best. Rennesøy hadde mist åtte prosent av bruken, Finnøy berre fire prosent. Den varierte strukturen i jordbruket i Finnøy og Rennesøy er truleg ein viktig faktor bak stabiliteten. Veksthusnæringa speler ei stor rolle på øyane, og denne sektoren har greidd seg bra, trass i fleire varsel om mørke skyer i horisonten.

Dei mange små bruken er karakteristisk for jordbruket i Ryfylke. Rundt 1990 var halvparten av dei på mindre enn 50 dekar. På Jæren var berre femteparten av bruken så små. Der var i staden halvparten av bruken på meir enn 100 dekar. I Ryfylke låg berre kvart sjette bruk i den klassen. Jordbruksarealet i Ryfylke blir stort sett brukt til å produsera fôr på. 90 prosent blir brukt til grasproduksjon, om lag halvparten til slått og den andre halvparten til kulturnære. Fleirtalet av bøndene i Ryfylke er deltidsbønder. Talet på dei som hentar alt sitt utkome frå garden, har vore i sterk tilbakegang. Ved inngangen til det tredje tusenåret kombinerer storstedelen av bøndene gardsdrifta med eit anna yrke.

Mange gardsbruk har gjennomgått ei utvikling frå familiebruk til bondens einsame arbeidsplass. Tidlegare var det gjerne kona og borna som dreiv garden i lange periodar, medan mannen var borte på fiske eller på arbeid. No er rollene ofte bytte om. Gardkona har gjerne arbeid utanfor garden, og gardbrukaren er åleine om arbeidsinnsatsen på bruket. Med mekanisert og forenkla driftsopplegg har gjerne begge ektefellene i allfall deltid arbeid utanfor garden.

STORPRODUSENT AV ELEKTRISK ENERGI

Ryfylke har rik nedbør, bratte fjellsider og stor vassføring i mange vassdrag. Dette har gitt grunnlag for utbygging av vasskrafta. Utbyggingane er sette i verk for å dekkja krafttrongen, først og fremst hos andre enn ryfylkingane sjølve på det regionale og nasjonale planet. Mesteparten av krafta vert ført ut av regionen. Ryfylke produserer kraft til andre og sender henne austover heiane på syngande kraftliner.

Kraftutbygginga i Ryfylke starta tidleg på 1900-talet. Før 1920 bygde A/S Saudefaldene ut vasskraft i Sauda for å forsyne smelteverket der, og i Strand vart Jørpelandsvassdraget bygt ut til bruk for stålverket. Kraftverket til A/S Flørli på sørsida av Lysefjorden stod ferdig i 1918 og kom til å levera straum til allmenn kraftforsyning i Stavanger. Både i Lyseheiane, Årdalsheiane og Føreheiane vart det lagt store planar for kraftutbygging i desse åra, men første verdskrig og etterkrigskrisa gjorde at planane ikkje vart realiserte. Mindre gards- og grendekraftverk kom i drift rundt om i bygdene både før og etter andre verdenskrigen.

Den neste store utbygginga kom i Lyse, der den første kraftstasjonen kom i drift i 1953. Føremålet var allminnelig kraftforsyning til store delar av Rogaland, både Ryfylke-kommunane, Stavanger og Nord-Jæren. Under utbygginga vart vatn overført frå Årdalsvassdraget til Lyse med kraftstasjon i Lysebotn. Ei slik utbygging hadde A/S Lysefjord planlagt alt i 1908, utan at ho då vart realisert. Kraftproduksjonen i Lyse auka i 1960- og 1970-åra med vidare utbygging av dammar, overføringstunnellar og kraftverk. Det store tillegget kom i 1980-åra, med utbygging av Tjodan kraftverk med tilhøyrande nedslagsfelt på sørsida av Lysefjorden. Lyse Kraft fekk utbyggingsløyve i 1981. Kraftverket kom i drift i desember 1984 og vart offisielt opna i mai 1985. Lyse Kraft overtok også Flørli kraftverk frå Stavanger Energi i 1992.

Det gamle kraftverket i Flørli frå 1917 vart erstatta av ein heilt ny kraftstasjon i 1999.

Røldal–Suldal Kraft bygde ut vasskraft i Røldal og Øvre Suldal i åra 1961–1967. Det vart bygt i alt fem kraftstasjonar, og hovudkontoret til kraftselskapet vart plassert på Nesflaten i Suldal. Norsk Hydro var ein sentral partnar i dette selskapet, og krafta vart nytta ved Norsk Hydros aluminiumsfabrikk på Karmøy, som kom i drift i 1967, og ved Sør-Norge Aluminium på Husnes, med produksjonsstart to år før. I 1970-åra gjennomførte kraftselskapet supplerande utbyggingar.

Både Lyse og Røldal–Suldal var store utbyggingar, men dei bleiknar mot Ulla–Førre-utbygginga i Suldal, Hjelmeland og Bykle, det største kraftprosjektet i landet. Dei sentrale vassdraga i denne utbygginga er elvane Ulla og Førre, som begge rann ut i Jøsenfjorden. Vatnet frå desse elvane og frå mange mindre vassdrag vart ført over til Suldal. Den svære, oppdemde innsjøen Blåsjø i vel 1000 meters høgd er sentral i utbygginga. Han fungerer som eit vasskraftstabbur ved at vatn blir pumpa opp i innsjøen i periodar med stor nedbør og lite forbruk, og blir så tappa ned att når forbruken er stort og prisane høge. På sin veg frå Blåsjø set vatnet fart på turbinane i dei tre kraftstasjonane Saurdal, Kvilldal og Hylen før det renn ut i Hylsfjorden. Det meste av krafta frå Ulla–Førre blir sendt austover i mektige høgpentliner over fjellet, og noko går også inn på det nordiske samkjøringsnettet.

Ulla–Førre-utbygginga varte frå 1974 til 1988 og kosta i alt 7,5 milliardar kroner. Det var eit storstilt teknologiprosjekt i heiane i indre Ryfylke som skapte stor aktivitet med mange ringverknader, gav arbeidsplassar og la grunnlaget for økonomisk vekst. Det var Suldal kommune som fekk nytta mest godt av anleggstida, og folketallet der gjorde eit kraftig oppsving med 20 prosent auke frå 1970 til 1980. Etter oppgangstida under anleggsperioden har kommunen hatt betydeleg nedgang i folketallet.

Ryfylke har hatt store kraftutbyggingsar, og det blir produsert store mengder kraft her, meir enn i nokon annan region i landet. Mesteparten av energien blir ført ut av regionen og brukta andre stader. Det var i anleggstida utbyggingsane gav store utslag i sysselsetjinga. Så mange faste arbeidsplassar blir det ikkje i kraftproduksjon.

FISKEOPPDRETT – EI NY NÄRING I RYFYLKE

Ved sida av etablerte näringar som jordbruk, industri og kraftproduksjon vokser det frå kring 1970 fram to nye næringssektorar i Ryfylke. Det var fiskeoppdrett og sand- og grusindustrien, som begge har vore klare vekstsektorar i Ryfylkes økonomiske liv dei siste tre tiåra.

Reiser du rundt i Ryfylke i dag, ser du her og der nokre store rundingar eller firkantar i sjøen nær land og gjerne eit hus på ein flåte attmed. Det er oppdrettsanlegg som har kome til i dei siste 30 åra. På avstand ser dei ikkje så imponerande ut, heller ikkje landanlegga og försiloane. Men sanninga er at fiskeoppdrettsnäringa har vorte eit viktig innslag i næringslivet i Ryfylke. Ringane og firkantane i sjøen er som toppen av isfjellet; laksen står i store notposar nedover i sjøen, i store mengder.

Oppdrettsnäringa er i dag ei lite synleg, men kapitalintensiv næring som produserer store mengder laks for sal på ein internasjonal marknad. Det som ser ut som ganske beskjedne oppdrettsanlegg i fjordane, er i røynda svære fiskeprodusentar med ei omsetning som ei middelsstor industribedrift. Den norske produksjonen av oppdrettsfisk ligg godt i overkant av den samla kjøtproduksjonen her til lands. På mange måtar er näringa som dei merdane vi ser på sjøen. Ho er mykje større enn vi kjem på, både lokalt i Ryfylke og på landsplan. Det gjeld spesielt når vi mäter i produsert volum og i omsetning, men også talet på arbeidsplassar er større enn vi gjerne trur.

Veksten i næringa har ikkje vore jamn heile tida. Den 30-årige historia til norsk fiskeoppdrett er eit klassisk

døme på korleis utviklinga går i ei vekstnæring. 1970-åra var prega av ein famlande start, med sterkt skiftande økonomi for den enkelte næringsutøvar. Det meste av 1980-åra var ein stabil vekstfase, med jamt over god økonomi for dei fleste oppdrettarane. Ved inngangen til 1990-åra gjekk næringa inn i ein metningsfase, der marknaden for oppdrettslaks ikkje lenger kunne ta imot den stadig veksande produksjonen til dei same høge prisane som før. Konsekvensen for aktørane i næringa vart kraftig svekt lønsemd. Ut over i 1990-åra gjekk næringa inn i ein ny fase, med konsolidering og vekst. I 2002 og 2003 har næringa igjen hatt vanskelege tider på grunn av fallande priser.

Lokale pionerar starta med oppdrettsanlegg i det små på slutten av 1960-talet og utover i 1970-åra. Døvik ørretoppdrett i Strand, drive av Bjarne Dyvik og Arne Bruntveit, var nok det første oppdrettsanlegget i Ryfylke, starta i 1967. Av andre pionerar kan nemnast brørne Åsmund og Hans Kaldheim på Ii svåg Bruk i Sandeid, Otto Bentsen på Kvitsøy, Malvin, Odd og Mikal Viga i Askvik på Hjelmeland og Anders Romsbotn på Randøy. Det var regnbogeaure som var aktuelt å satsa på då, og tiltaka ført med seg mykje uvisse og mykje prøving og feiling.

Oppdrettsnäringa vart frå starten av gjort til ei konsejsjonspliktig næring. Styresmaktene såg på konsesjonsordninga som det heilt sentrale verkemidlet for å få størst mulig positiv samfunnseffekt av utbygginga av oppdrettsnäringa. Gjennom konsesjonssystemet kunne styresmaktene fastsetja omfanget av produksjonen, kvar han skulle skje, kven som skulle driva anlegga, og langt på veg korleis næringa skulle organiserast. Den politiske målsetjinga var at næringa skulle eigast og styrast av folk i distrikta og ikkje utviklast til stordrift. Slik var det lenge, men utover i 1990-åra vart denne politikken gradvis oppgjeven, og det etablerte seg fleire store aktørar i næringa.

Det store spranget mot større eigarkonsentrasjon kom i 1996-1997, då Hydro Seafood, eit heileigd datterselskap av Norsk Hydro, kjøpte seg inn i 14 oppdrettsanlegg i Ryfylke. Hydro gjekk i samarbeid med oppdrettsaktørar på Hundsnes i Hjelmeland. Lakseslakteriet der vart overteke og kraftig utbygd. I 2000 bestemte Hydro seg for å gå ut av oppdrettsnæringa. Hydro Seafood vart seld til det nederlandske selskapet Nutreco, og Marine Harvest vart det nye firmanamnet. Ein annan større eigarkonsentrasjon skjedde rundt Bergens-selskapet Grieg Seafood, som også overtok slakteriet Stjernelaks på Helgøysund i Finnøy.

I dei siste åra har det også blitt satsa på skjelldyrking i Ryfylke. Norske fjordar er svært godt eigna til skjellproduksjon, først og fremst av blåskjell. På det europeiske fastlandet blir det konsumert store mengder skjell, og framtidsutsiktene for næringa har vorte framstilte som svært lyse. Den nye næringa har likevel slite med å koma seg ut av startgropa. Giftagar har vore det største problemet. For høge giftverdiar har i lange periodar umuleg gjort hausting og sal av skjella. Økonomiske vanskar og konkursar har ikkje uteblitt. Næringsa har enno ein lang veg å gå om ho skal ha ei god framtid på kysten.

SAND OG STEIN – VEKSTSEKTOR I FJORDBOTNAR

Sand- og steinindustrien er ein annan sektor som har hatt sterk vekst i regionen. I motsetning til havbruksnæringa er denne næringa godt synleg i Ryfylke-landskapet. Den som går forbi, ser berre toppen av isfjellet på eit oppdrettsanlegg, men når det gjeld sandtaka og steinbrota, ser han det heile. Næringsa har gjort store inngrep i landskapet i dei siste to–tre tiåra, då ho har vorte drive i stort omfang i mange fjordbygder.

I mange fjordbotnar i Ryfylke hadde førsteklasses sand lege i fred og ro i tusenvis av år. Under istida grov

isen grunnfjellet, som var dominert av gneis og granitt, til pulver og førte det ut til fjorden til det som då var havbotn. I dag ligg dette på tørt land inst i fjordane. Det er slike avsetningar frå istida som etter kvart vart utnytta i stor stil av sand- og grusindustrien.

Sandindustrien sine røter går tilbake til byrjinga av 1900-talet, men det var først i 1960-åra det vart større omfang over næringa. Då vart det satsa på sanduttak i større stil i bygder som Forsand, Frafjord, Dirdal, Årdal og Tøtlandsvik. Det kom i gang sanduttak på den eine garden etter den andre i fjordbygdene. Det var ei anleggstid medan det stod på, men sandfirmaa forplikta seg til å leggja på plass att matjorda til slutt. Slik tente ikkje berre bøndene gode pengar på å selja sand, men dei fekk også at flate ekrer etter at sanden var fjerna. Det låg pengar i denne næringa. Både sandbønder og innehavarar av firma i bransjen hadde mange gode år i 1970- og 1980-åra og figurerte heilt i toppen av skattelistene i årevis. Og næringa skapte ringverknader. Det vart arbeidsplassar i transport og utskiping, og det kom nyetableringar og oppsving i tenesteytande næringar.

Dei fleste stader vart det teke ut sand på aktivt drivne landbrukseigedommar. Grunneigarane fekk ei ny inntektskjelde i tillegg til den vanlege gardsdrifta. Det førte til at landbruket fekk eit kraftig oppsving. Den nye kapitalen vart for det meste sett inn i varige driftsmiddel på gardane. Bøndene bygde mange tidsmessige og gode driftsbygningar og rusta opp maskinparken. Mange gardar fekk betre driftsgrunnlag ved at sandmoar som tidegare ikkje var dyrkbare, etter masseuttaket vart omgjorde til vide og lettdrivne åkrar og enger. Inngrepa i naturen har vore store. Store mengder av det som elvevatnet har brukt tusenvis av år på å byggja opp, har vorte grave ut og frakta bort på eit par–tre tiår.

Utover i 1970- og 1980-åra vart sand- og steinindustrien i Ryfylke nært knytt til oljeindustrien. Ein straum av

sandbåtar førte ein stor del av sanden som vart produsert ut til Norwegian Contractors i Jåttåvågen ved Stavanger, som bygde betongplattformer til oljefelta i Nordsjøen og andre stader. Store leveransar av pukk gjekk til dekking av røyrledningar på botnen av Nordsjøen. Desse kundane stilte strenge kvalitettskrav til leveransane. For å følgja opp måtte sandindustrien bli meir kunnskapsbasert og etablera sandlaboratorium og anlegg for fingradert sortering av produkta. Uttaket av sand og stein i fjordbotnane var ein viktig føresetnad for utviklinga av oljeindustrien og for framveksten av oljefylket Rogaland. Den råvarebaserte industrien i Ryfylke vart tettare knytt til verdsøkonomien. Etter at det vart slutt på å byggja betongplattformer måtte sandindustrien sjå seg om etter andre mark-

nader. Ein ny stor marknad vart brubyggingsprosjekt i Danmark, både over Storebælt og Øresund.

På Tau og på Berakvam på Jelsa har det blitt starta pukkerk som går laus på sjølve grunnfjellet. Norsk Stein AS på Berakvam er i dag det største pukkverket i landet og den største private arbeidsplassen i Suldal kommune. Firmaet har rundt 70 tilsette og produserer vel tre millionar tonn steinmasse pr. år.

Også i sandindustrien har utviklinga på eigarsida gått frå lokale gründarar til nasjonale og internasjonale storselskap. Aker overtok større og større delar av sandindustrien frå slutten av 1980-åra. I dag heiter driftsselskapet Norstone AS, som er eigd av det skandinaviske selskapet Scancem. Dominerande eigar til det igjen er det tyske



Hyttebygging og hytteutleie er ein vekstsektor i Ryfylke. På ein hyttekonferanse i Hjelmeland i mars 2003 deltok m.a. stortingsrepresentant Bent Høie og høgskulelektor Jan Velvin (t.v.). Foto: Tor Inge Jøssang, Stavanger Aftenblad.

Heidelberger Zement. Dei er også store eigarar bak Norsk Stein AS. I siste instans er det dermed tysk storkapital som kontrollerer både den største verksemda i sandindustrien i Ryfylke og det store pukkverket på Jelsa.

BYGDENÆRINGAR I VERDSVEVEN


Bygdene langs fjordane og på øyane i Ryfylke ligg nok avsides, vil mange meina, men dei er ikkje noko bortgøymt og skjerma område i den nasjonale og internasjonale økonomien, og har vel heller aldri vore det. Utviklinga mot ein meir globalisert økonomi har vore tydeleg også her. Næringslivet i regionen har i løpet av dei siste åra vorte merkbart meir innvove i den globale økonomien.

Omgrepa kolonialisering og globalisering fangar inn viktige utviklingstrekk ved næringslivet i Ryfylke dei siste par tiåra. Med kolonialisering meiner vi at verksemduene har blitt overtekne av eigarar utanfrå. Prosessen starta med kollektivt eigde bygdeinstitusjonar innanfor handel, bank og forsikring. Dei lokale handelslaga vart innlemma i Økonom, seinare Coop, branngjeldelaga gjekk inn i Gjensidige, dei fleste sparebankane gjekk inn i SR-Bank. Fleire lokale buss-selskap har fått utanlandske eigarar. På landbruksida har Ryfylke meir og meir fått rolla som råvareprodusent. Kjøt, mjølk og egg blir transportert til Stavanger og Nord-Jæren for å bli foredla der. Lyse og Statkraft eig det meste av kraftressurane. Det franske selskapet Eramet har kjøpt smelteverket i Sauda, og Lafarge Braas, også det fransk, har overteke takpannefabrikken i Årdal. Og tyske Heidelberger Zement er, som vi såg framfor, dominerande eigar bak sand- og steinindustrien i Ryfylke. Ein stor del av oppdrettsnæringa i regionen er på nederlandske hender.


Så godt som alle dei større einingane i næringslivet i Ryfylke har i dag utanbygds eigarar. Fleire av bedriftene sel sine varer over store delar av verda. Økonomien har

vorte stadig meir internasjonalisert og globalisert. Verksemder i norske fjordarmar produserer ikkje lenger for nærmarknaden, men for verdsmarknaden. Dei har utvikla seg frå lokale krinslaup til å bli ein del av den verdsomspennande økonomien. Økonomiske svingingar ute i verda slår ganske snart inn i lokale bedrifter og småsammfunn. Vi lever i globaliseringa sin tidsalder.

Figur 1: Sysselsette etter næringssektot i 2001 i Ryfylke og Norge



Figur 2: Sysselsette etter næringssektor i 2001 i Fjord- og Øy-Ryfylke og i Industri-Ryfylke



Vegen til byen

– Om strevet med å knytte Ryfylke til Nord-Jæren

AV ROY HØIBO

Det er snart 40 år sidan Ryfylkevegen var ferdig. Etter det er Rennesøy blitt landfast, og noen bygder elles i Ryfylke har fått vegutløysing. Men vegstandarden er framleis dårlig, det er mange rasfarlege strekningar og alle ryfylkingar elles er framleis avhengige av ferje for å komma til Stavanger. 40 års strev for å komma vidare har ikkje ført til anna enn at Ryfylkevegen er blitt så eksotisk at han er utropt til Nasjonal turistveg. Er det såleis grunn til å spørja om ryfylkingane har feila i si strategiske tenking, sove i timen, ikkje sett skrifta på veggen, trudd på mirakel? Eller er det berre slik at dei har trudd at veg er eit tilstrekkeleg virkemiddel for å trygge folketalet, og gløymt at det er meir som skal til for å gi vekst?

Ingenting var viktigare for Ryfylke-kommunane enn kommunikasjonane. I alle dei arbeidsprogram og handlingplanar som Samarbeidsnemnda for Ryfylke, Regionplanrådet for Ryfylke og Ryfylkerådet sette opp, sto samferdsel og kommunikasjonar på topp. Gode kommunikasjonar var heilt nødvendige for å sikre busettinga og utviklinga av næringslivet. Meinte politikarane. Og kommunikasjonane var ikkje gode.

Da bilsalet blei frigitt, og gods og folk fekk tilbod om lettvintare og raskare skyss enn dei hadde hatt før, sto Ryfylke med eit ringt vegstell og få stader der ein greitt kunne ta med seg bilen over fjorden. Nå ville kommunane ha vegar og ferjestører og nye riksvegsamband. Og dei fekk det og meir til. Men det tok lang tid.


RYFYLKEVEGEN

I 1965 var Ryfylkevegen ferdig fram til Sand. 2. september var det offisiell ferd gjennom heile Ryfylke frå Tau i sør til Berge i nord der sjølvaste samferdselsminister

Erik Himle sto for opninga av vegen. Etterpå var det lakssemiddag, prolog og talar på Sand skule.

30 år hadde det tatt og 30 millionar hadde det kosta. Tidene hadde skifta, og da vegen endeleg var ferdig opplevde Ryfylke-bygdene ein periode med stagnasjon der regionen var i ferd med å bli definert som problemområde. Så kom kanskje vegen for seint, eller kanskje han ikkje skulle vore bygt i det heile?

Men det var ikkje det som var problemstillinga. I ei prisoppgåve som Per Surnevik utarbeidde noen år seinare er problemstillinga heller den at utvikling hadde gått Ryfylke forbi medan ein strevde med Ryfylkevegen. Og framleis var det fastlandsbygder som ikkje var knytte saman med veg, og øyer som hadde for dårlig ferjesamband. I det utviklingsbildet som etterkrigstida hadde vist oss «er selv konstruksjoner som hydrofoilbåten, passbåten, tohjulstraktoren eller ryggtåkesprøya bare nødkompensasjon for utnyttelsen av vårt århundredes genistrek, de automobile firehjulsinnretninger som på alle sam-



Vegane i Ryfylke er ikkje som andre vegar. Her har eit steinras stengt riksveg 13 i Lovrabakkane mellom Sand og Erfjord. Dette var i juli 2001. Foto: Odd Kristian Stokka, Haugesunds Avis.

funnsområder har forandret proporsjoner og dimensjoner totalt», skreiv Surnevik.

Ryfylkevegen ga ikkje det løftet verken for jordbruket, industriutviklinga eller reiselivet som ein hadde håpt på. Og den revolusjonen i fjordafarten som hydrofoilbåten «Ekspressen» førte til da han blei sett i trafikk på Sand-Sauda-ruta i 1961, førte ikkje til noen tilsvarande revolusjon i passasjerbelegget.

«Da fylkestinget i 1923 vedtok ein plan for framtidig vegutbygging i Rogaland, tenkte ein ikkje på å knyta fastlands-Ryfylke tettare i hop gjennom ei planmessig vegutbygging. Ryfylke var sett på som eit område der rutebåtane hadde sin sjølvsagde og dominante funksjon for å knyta kontakt bygdene imellom og mellom Ryfylke og Stavanger». Slik skildrar Njål Tjeltveit holdningane i boka si om Ryfylkevegen.

Men tanken om vefsamband over lengre strekningar var likevel ikkje framand, og i februar 1932 kalla Forsand-ordføraren, Torgeir Espedal, saman til eit møte for å drøfte planar om ein sambindingsveg gjennom Ryfylke. Etter drøfting i kommunane og vidare behandling i eit arbeidsutval og i fylkesvegnemnda var saka klar for fylkestingsbehandling i juni 1934. Til dette møtet låg det føre søknadar frå Forsand, Strand, Errfjord og Sand om at den delen av Ryfylkevegen som låg i deira herad måtte byggast.

Dette var inga enkel sag for fylkestinget. For det første var det ei stor sak. Heile prosjektet var kalkulert til kring 5 mill. kroner, og det var mange pengar først i 30-åra. For det andre sto vegen i eit konkurranseforhold til andre vegar. På eit møte i Stavanger Handelsforening i 1933 innleidde ordførar Espedal om Ryfylkevegen, ordførar Haukenes om Slettedalsvegen i Sauda og ordførar Høines i Suldal om Suldalsvegen. «Ulike interesser i Ryfylke sto mot kvarandre, og kvart distrikt ønskete å fremja sin vegplan framfor dei andre», skriv Njål Tjelt-

veit. Og i Haugesund-distriktet var mange meir opptatte av eit samband til Hardanger langs Åkrafjorden enn ein veg gjennom Ryfylke.

Frå arbeidsutvalet for Ryfylkevegen blei det argumentert med at ingen vegplanar i fylket kunne tilfredsstille så mange behov som denne vegen, – «den vil ved å knytte sammen fylkets forskjellige deler utvilsomt utjevne mange motsetningsforhold, skape mer samhørighet og et mer intimt samarbeide mellom fylkets bygder og byer til gjensidig fordel for de enkelte distrikter og derigjennem også for Rogaland fylke».

Overingeniør Th. Riis, som var ein viktig talsmann for Ryfylkevegen, heldt dessutan fram at vegen også ville få mye å seia som turistveg, – «ikke alene for den mer lokale turistruttraffikk, men også for større rundreiser utenfra fylket. Med utgangspunkt på Østlandet etter kystlinjen til Rogaland, etter Ryfylkeveien til Suldal og Røldal, hvorfra tilbake til Østlandet over Hardanger og Haukastøl, eller over Haukelifjell og Telemark. Eller man kan fra Ryfylke reise til Bergen, og derfra etter de forbindelser man derfra har østover.»

Fylkestinget vedtok i møte 7. juni 1934 planane for Ryfylkevegen slik vognemnda foreslo. Ein føresetnad for å komma i gang var vidare at kommunane ytte distriktstilskott til dei ulike parsellane.

I Stavanger blei ikkje Ryfylkevegen møtte med oppglødd entusiasme. Fleire sto fram og målbar skepsis fordi vegen gikk utanom Stavanger, og byen kunne miste trafikk som tidlegare hadde gått til og frå Ryfylke. Stadsingeniør Juell tok til orde for eit ferjesamband mellom Stavanger og Tau. Men dermed meldte Sandnes seg, og reiste tvil om ein kunne oppretthalde si løying til vegen dersom føresetnadane blei endra. Og så dukka spørsmålet om bru over Sandsfjorden opp. «Ei hengebru over Sandsfjorden vil knyta Ryfylkevegen til nordre stamlinna», sto det i «Ryfylke» alt i 1937. Det var herad-

styret i Jelsa som lanserte denne løysinga i sitt strev for å få nytte av vegplanane. Brua skulle byggast på det smalaste innafor Marvik, over Åserøyholmane, og skulle få ei lengde på 340 meter. Ryfylkevegen skulle så halde fram på nordsida av fjorden innover til Ropeid. «Eit stort pluss for dette prosjektet er det at vegen vert ført gjennom bygdelag som no er utan vefsamband, og desse bygder har sterke krav om å få veg snarast», sto det i avisat. Ein var klar over at dette ikkje var i Sand si interesse, «men det ein her må leggja størst vekt på er trafikken millom stamlinene, som vert den største og viktigaste», meinte Jelsa heradstyre.

«Historia til Ryfylkevegen er full av døme på at lokale interesser var utslagsgivande når kommunar og enkeltpersonar uttala seg. Heilskapstanken hadde ofte lågast prioriteten framfor dei meir lokale interessene. Og mange var ikkje framsynte nok til å skjøna at vegar mellom kommunane og gjennom heile fastlands-Ryfylke til distrikta sørانfor og nordanfor kunne ha umåteleg stor verdi i framtida», skriv Njål Tjeltveit.

Det blei nødvendig å söke om nedsetting av tilskotta frå distriktet om ein skulle ha von om å komma i gang. Og staten imøtekomm ein slik søknad. I 1936 godkjente Stortinget Ryfylkeveg-prosjektet, og same året vedtok fylkestinget planane for veganlegget. Året etter kom det løyving over stamvegbudsjetten til den første parsellen, og arbeidet kunne komma i gang for alvor. Det var likevel gjort ein heil del arbeid allereide, som var utført for nødsarbeidsmidlar og ordinære anleggsmidlar. Like sidan 1933 hadde det vore arbeidd på vegen mellom Bjørheimsbygd og Årdal. I 1937 kom det i gang arbeid på parsellane Hålandsosen-Vik, Botne-Jøssang og Hålandsosen-Kilane. Vegdirektøren tok til orde for å prioritere vegarbeida i Erfjord der ein sto sørgeleg tilbake når det galdt vegstellet. Dersom ein fekk bygd veg mellom Vågane og Eiane, og så organiserte eit mellom-

bels fergesamband mellom Vågane og Vik, kunne ein raskare komma i gang med parsellen Lovra-Sand.

Fram til 1939 kom ein likevel så langt at berre bruva over Tyssefjorden sto att på parsellen Hålandsosen-Vik, men så kom krigen, løyvingane til vegarbeidet tørka inn og det blei lite gjort.

Desto større var optimismen etter krigen, og nå tok vegen til å nærme seg Sand. Arbeidet på parsellen Lovra-Sand var mellom dei som sto for tur. Det blei bygt ein brakkeleir til 100 mann ved Lovraeidet, og ei brakke på Vela kunne huse 24 mann. I desember 1945 kom arbeidet i gang med eit par lag på Sand og eit par lag med arbeidsledige frå Stavanger på Lovraeidet. Men optimismen viste seg snart å vera grunnlaus.

Utetter i 50-åra gikk det smått, og dei som hadde stått sterkest på for å få gjennom vegen tok til å ottast at heile Ryfylkevegen skulle bli gløymt. Det var særleg heilårsvegen over Haukeli som nå påkalla interesse, og i Suldal var slett ikkje Suldalsvegen gløymt. I 1955 la dessutan Vegdirektoratet fram ei trafikkanalyse som blei presentert i Rogaland Avis under overskrifta «Ryfylkevegen – ei feilinvestering». Dette var ikkje gildt, og det blei nødvendig med nytt engasjement for å sikre gjennomføring av den store visjonen om eit samanbindande vegnett frå sør til nord i Ryfylke. På eit fylkestingsmøte i 1959 la Sands-ordføraren, Olav Vandvik, breidsida til og skulda Stavanger for å ha sove. «Eg ser Haukelivegen som eit døme på kva ein kan gjera på kort tid når dyktige menn går inn for det. Tenkt om Stavanger hadde hatt like dyktige folk til å kjempa fram Ryfylkevegen?», spurte han.

Først kring 1960 tok det til å lysne att. I 1961 kom den første, store løyvinga av stamvegmidlar til Ryfylkevegen, og ein kunne gå i gang med klargjering for bygging av bruva over Tyssefjorden. Ein stor arbeidsstyrke blei dessutan sett inn på parsellen Lovra-Lovraeidet-Sand. 7. november 1963 blei Erfjord bru, bruva over Tyssefjorden opna, og 14.

juli 1965 var ferja på Jøsenfjorden endeleg klar for trafikk. Dermed var dei siste bitane på plass, og vegen var klar for trafikk i heile si lengde. Men var han god nok?

FLASKEHALSAR OG KRONGLEVEGAR

På seinhausten 1984, same året som Ryfylkerådet var etablert, nesten 10 år etter at Samarbeidsnemnda hadde starta sitt arbeid for å fremje dei felles interessene Ryfylke-kommunane måtte ha, lukkast Senterparti-ordførarane i Ryfylke

å få samferdselsministeren frå Senterpartiet, Johan J. Jakobsen med på ei synfaring rundt i Ryfylke. Da lista dei opp det dei hadde å slite med:

- Lågt akseltrykk på delar av vegnettet
- Låge tunnellar
- For liten kapasitet på ferjene
- Låg vegstandard på ein del strekningar
- Lang reisetid



Johan J. Jakobsen (Sp) fekk med seg både sorger og gleder over vegstellet i Ryfylke medan han var samferdselsminister. Her er han med på ei hending av det meir lukkelege slaget: Opning av vegen frå Ropeid til Marvik. Det skjedde 9. oktober 1990. Dei som er med samferdselsministeren og hjelper til med snora er vegsjef Chester Danielssen (t.v) og ordførar Hallvard Bakka. Foto: Haugesunds Avis.

For å komma til og frå regionen måtte trafikken slite med flaskehalsar som Bratlandsdalen, kronglevegen mellom Ropeid og Iglatjørn, eller ein dårleg veg mellom Lauvvik og Høle. Meldinga frå rådsordførar Ola J. Hagalid til samferdselsministeren var klar:

- Ryfylke må i fokus, løyvingane må ikkje reduserast
- 10 tonns akseltrykk
- Ferjefri Ryfylkeveg og eit velsmurt ferjetilbod for øyane
- Ny veg Ropeid-Marvik som sysselsettingstiltak
- Bru over Sandsfjorden
- Nye ferjestø i Hjelmeland og på Jøseneset. På lengre sikt bru over Jøsenfjorden.
- Auka ferjekapasitet, spesielt i Jøsenfjord- og Rennesøy-sambandet
- Bru over Lysefjorden
- Ny veg Høllesli-Botne og utbetring Botne-Tungland
- Rørbru over Høgsfjorden
- Veg Helle-Frafjord
- Ny riksveg Stavanger – øyane – Nesvik via Ombo
- Nordstølsdalsvegen
- Veg Tengesdal-Hylen

Dermed var heile menyen presentert og vi har inga melding om korleis han tok det, samferdselsministeren. Veret var dårleg med soraust kuling og regnbygger, men synfaringa blei likevel karakterisert som vellukka.

Fylkeskommunen hadde sett i gang arbeid med ein transportplan for Ryfylke hausten 1984. Utgangspunktet var eit kommunikasjonssystem basert på ferjer og hurtigbåtar. Dei fleste med startpunkt i Stavanger. Transportutvalet la til grunn at transporten i størst muleg grad skulle gå over til ferjefrie samband. Dette var visjonen til utvalet. Det var ein visjon som ikkje var uproblematisk. Mange meinte det ville vera betre å gjera dei eksiste-

rande ferjesambanda betre og meir attraktive. Men statens politikk, som transportutvalet lente seg på, var at ein ferjestrekning var ein flaskehals i vegtransportsystemet, og at ferjestrekningar bør avlysts av faste vefsamband der det er økonomisk forsvarleg.

Da arbeidet var ferdig i 1987 var resultatet var ein plan som Stavanger Aftenblad meinte ville føre til den største endringa av Rogaland-kartet sidan istida. Noen av dei forslaga Transportplanutvalet la fram er blitt gjennomførte, andre er det ikkje, eller har fått konkurrerande prosjekt. Men for fastlands-Ryfylke har ikkje transportplanen for Ryfylke ført til nemnande lette i kommunikasjonane, 20 år etter.

EIN PLAN FOR OVERGANG FRÅ SJØ TIL VEG

Dei største prosjekta, og dei som blei presenterte som dei viktigaste var fastlandssambandet til Rennesøy, RennFast, nytt fastlandssamband for Karmøy, bru over Lysefjorden og samanknytinga av Ryfylke og Jæren med rørbru over Høgsfjorden, utbetring av vegnettet fram til Lauvvik og Høle, samband mellom Fisterøyane, fastlandssamband Randøy- Fogn og bru over Sandsfjorden.

I ein siste fase av transportplanen blei det planlagt vefsamband mellom Randøy og Rennesøy og Fogn med tilknyting frå Finnøy, bru over Jøsenfjorden, og ferjefritt samband over Boknafjorden.

Rennfast omfatta bru- og tunnellsamband mellom Randaberg og Rennesøy, ferjestø i Mortavika på Rennesøy og i Arsvågen på Vestre Bokn og veg vidare nordover. RennFast omfatta også planar for fastlandssamband for øyane Bru, Sokn, Åmøy og Mosterøy. Denne vegen nordover var tenkt å knytast til Karmøy gjennom tunnel under Førdefjorden og ny bru over Karmsund, litt lenger sør enn eksisterande bru. Karmøy-buen var likevel ikkje nøgde med dette, og kjempa for at det også

skulle vera ferjesamband mellom Rennesøy og Skudeneshavn.


Over Lysefjorden var det allereide bru under planlegging. Denne skulle knytast til ny veg mellom Oanes og Jørpeland og mellom Lauvvik og Vatne. Over Høgsfjorden skulle det komma rørbru og Tau-ferja skulle innstilst. Dette var ikkje ein plan som fall i god jord i Stavanger. Flytting av Ryfylke-trafikken frå Fiskepiren til Vatnekrossen i Sandnes kunne ikkje tene Stavanger, og

det blei kasta fram forslag om at ein tunnel til Tau frå Rennesøy eller Åmøy måtte vera ei betre løysing for ryfylkingane enn å måtte kjøre omvegen over Høgsfjorden.

Men slik innblanding i kommunikasjonsløysningane ville ryfylkingane ha seg fråbedne, går det fram av avisreferata da planen blei lagt fram. Kvifor må vegen til Nord-Jæren plent gå gjennom Stavanger sentrum, spurte ordførar Hagalid. Men frå Suldal var det forståing for at



Først kom Lysefjordbrua. Brua over Lysefjorden knytte Forsand saman med Forsand og blei opna 18. desember 1997. Det er ordførar Fridtjov Torsen som svingar ei bronsealderøks over snora og markerer det som blei framstilt som ei ny tidsrekning. Da trudde ein framleis at rørbrua over Høgsfjorden var neste etappe på vegen mot byen. Foto: Knut S. Vindfallet, Stavanger Aftenblad.



vegen sørover ville bli beinare over Åmøy eller Fisterøyane, enn over Høgsfjorden. Det var altså ikkje aldeles samanfallande interesser i forhold til kva samband som ville tene Ryfylke-kommunane best.

I planforslaget, og i vedtaket i fylkestinget, var det lagt vekt på at samanknytinga av Ryfylke og Jæren over Høgsfjorden ville gi dei lågaste investeringane, den beste tilknyting til byaksen Stavanger/Sandnes/Ålgård og samla sett føre til den beste trafikkavviklinga på Nord-Jæren.

Når fastlandssambandet for Rennesøy var etablert, skulle Midtsambandet gjerast om til eit Finnøy-samband med samanhengande ferjesamband Rennesøy – Sjernarøyane med anløp av Nesheim, Nord-Hidle, Helgøy, Ombo, Halsnøy, Finnøy, Fogn, Talgje og Rennesøy. Samtidig skulle det settast inn ei direkte ferje mellom Finnøy (Ladstein) og Rennesøy (Hanasand). Nedstrand skulle ut av sambandet. Fogn og Fisterøyane skulle etterkvar knytast til dette sambandet med vegen over Fisterøyane og Randøy.

Tverrsambandet Jelsa – Hebnes- Foldøy – Nedstrand skulle førast vidare, også etter at det blei bygt bru over Sandsfjorden. Men ikkje ferja Sand – Ropeid. Den ville bli lagt ned.

Jelsa skulle bli endepunkt for hurtigbåtane. Frå Jelsa ville det bli samband nordover over nye bru over Sandsfjorden. Dette gikk ikkje dei indre kommunane med på. Omlegginga av hurtigbåtrutene blei tatt ut av planen.

Transportplanen skapte glede og optimisme i Ryfylke. Ryfylke-politikarane håpte at planen skulle føre til ein ny giv for regionen, og at flyttelassa skulle ta til å gå andre vegen. Øyving Bergøy, rådmannen i Strand, sa det slik: «Byen freistar ikkje på same måten som før. Tilbodet på heimebane er betre. Dessutan er det blitt mykje tyngre å etablera seg i sentrale strok, og dermed blir Ryfylke meir attraktivt som tilflyttingsområde. I Strand kan ein få hus


for nesten halv pris. Og alt nå merkar me tilsig av pensjonistar som vil nyta sitt otium langt vekk frå veskenapparar og anna elende i byen.»

Hans Chr. Rygh, redaktør i Suldalsposten, og med indre Ryfylke som utsiktspunkt, var ikkje fullt så optimistisk da han blei spurt av Aftenbladet: «Eg vil ikkje vera pessimist, men eg trur eit utkantområde som indre Ryfylke vil måtta slåst for å greia seg. Suldal og Hjelme land er ikkje så verst stelt, fordi Ulla-Førre-utbygginga har gitt desse kommunane store inntekter. Då er det verre med Sauda. Kommunen står med ryggen mot veggen og må stadig kjempa for fabrikken og sjukehuset.»

Spørsmål om ei tilnærming mellom indre Ryfylke og Haugesund blei feid til side med tilvising til det vellukka samarbeidet i Ryfylkerådet, og faren for ei splitting mellom dei ytre og dei indre delane av regionen avvist med tilvising til det tverrsambandet som ferje- og vegsambandet over Fisterøyane og Randøy ville føre med seg.

Ingen bekymra seg nemneverdig for kostnadane. Prislappen var på 5 milliardar kroner. Sjølv om ein tok vekk dei langsiktige planane, dei som skulle komma først etter år 2000, sto det framleis att prosjekt til ein kostnad på 2,7 milliardar kroner. Det var 100.000 på kvar ryfylking. Det var klart at mye av dette måtte finansierast ved hjelp av bompengar. Rennfast, som var kalkulert til 750 millionar kroner, måtte fullt ut finansierast ved hjelp av bompengar. Til realisering av Høgsfjordprosjektet var det rekna med å ta inn 640 millionar koner i bompengar. Alt i alt måtte ryfylkingane bu seg på bompengeinnsats dei nærmaste 20 åra som ein knapt hadde sett maken til i norske lokalsamfunn, skreiv Aftenbladet.

Finnøy-ordføraren Sigurd Risa meinte det ikkje var rettferd i at vegnettet på Nord-Jæren skulle byggast ut med statlege midlar, medan Ryfylke måtte løyse alle sine vegprosjekt med bompengar.



IKKJE BERRE FRYD OG GAMAN

Det blei etterkvart fleire som stilte spørsmål ved dei store planane. Jorunn Strand Vestbø, da varaordførar i Finnøy, peika på at det frå ein forbrukarsynsstad dreidde seg om tid, pengar og trivsel. Kor aktuelt vil det vera for folk flest å bruke bil til og frå Stavanger eller Sandnes, spurte ho. Kva trafikkproblem vil det føre til, og kva vil det koste å parkere. Vil dei nye vegprosjekta belaste oss økonomisk i generasjonar framover? Kor mange familiar må kjøpe bil nummer to for å kunne utnytte dei nye samferdselstilboda? Vil folk i indre Ryfylke i framtida orientere seg i retning Haugesund fordi turen til Stavanger blir for omstendeleg? I kor stor grad kan brukarane komma til å måtte bera driftskostnadane til prosjekta? Og kva med trivnaden når den livsforma som er knytta til byreisa blir borte?

Ei meiningsmåling frå Strand hadde kome til at 54 prosent av dei som var spurte heller ville satse på ferje enn rørbru over Høgsfjorden, 25 prosent på fastlands-samband Tau-Åmøy. Berre 19 prosent av dei spurte støtta Høgsfjord-røret. Og dersom det skal komma eit hurtigbåtsamband frå Tau som skal erstatte ferja, og med rimelege rabattordningar for pendlarar, så vil vel det gå ut over økonomien i Høgsfjord-prosjektet, blei det spurt.

I Hjelmeland blei det starta ein underskriftsaksjon mot at kommunen skulle støtte Høgsfjord-brua. Initiativtakarane fekk over 1.000 underskrifter og påsto at 80-90 prosent av dei som hadde gjort seg opp ei meining var

Det var Rennesøy som fekk døgnope samband til byen først. Rennfast blei opna 30. november 1992. Aftenbladet arrangerte fest i tunnelen noen dagar tidlegare. Dei som fekk vera med: Frå venstre: Kultursjefen i Rennesøy, Grete Lamberg, Finnøy-ordfører Jorunn Strand Vestbø, Petter Holst, Atlandtic Hotel, Anne Lise Finnesand, Utstein Kloster Fjord Hotel, Anne Berit Foldnes, Guideforeningen i Stavanger, Tørleiv Haugvaldstad frå vegvesenet, Per Olav Hanssen, Stavanger Forum, reiselivssjef Kari Thu, Haga Buss og Dag Holmen, SAS-hotellet. Foto: Jonas Friestad, Stavanger Aftenblad.

i mot brua. «Eg kan ikkje med mi beste meiningskjøna at dette kan vera til fordel for dei som reiser på torget til Stavanger med frukt og grønsaker eller for dei som sel ved og juletre», skreiv Arvid N. Mosnes i eit lesarbrev. «Ikkje er det heller nokon fordel for dei som tar ein handletur ein sjeldan gong å måtta køyra 240 km om dei kjøpar meir enn dei kan bera med seg. Det vil og medføra meirkostnader å få transportert slakt, egg, melk, kraftfor, kunstgjødsel og andre landbruksrelaterte produkter, som jo trass alt dannar grunnlaget for kommunen sin økonomi og struktur. Korleis skal desse meirkostnadane dekkjast inn?»

Motstanden mot Høgsfjord-røret artikulerte seg såpass kraftig at han blei oppfatta som eit problem av styreleiaren i Høgsfjordbruene AS, ordførar i Sandnes, Roald Bergsaker. Men elles slo Ryfylke-ordførarane hardt tilbake. Årstein Løland frå Forsand og Odd W. Bøe frå Strand appellerte på ein stor konferanse i oktober 1989 om å slutta rekkene, suldalsordførar Hallvard Bakka gikk hardt ut mot «drøymarar» som tykte me hadde det godt slik me hadde det, og varaordføraren i Rennesøy, Jan Mikal Hanasand meinte det var nostalgi å snakka om «kaffikosen på ferjene» som ein del av Ryfylke-kulturen.

RENNFAST

Det var Rennesøy som fekk døgnope fastlandssamband først. Ikkje utan motstand. Slett ikkje. Både ferjeromantikarar og distriktsinteresser meldte seg, men det var til liten nytte. Frå dei indre bygdene blei det gjort forsøk på å skape interesse for ein indre trase, det vil seia utbygging av Ryfylkevegen. Dei fekk til og med indre Hardanger med i ein slags allianse, og hevda at det ville bli mye billegare. Men det hjalp ikkje. Og ferjeromantikarane var mest avliva før dei kom på banen, sjølv om dei hadde både tale- og skriveføre folk mellom seg og fekk

støtte frå SV i Stortinget. «Tenk heller ferjer og hurtigbåtar. Eg er ikkje sikker på om det er rett å leggja tilhøva til rette for auka biltrafikk, og dermed auka forureining», meinte Hanna Kvanmo.

Og det var ikkje berre ferjeromantikarar og Sosialistisk Venstreparti som var skeptiske. Ei meiningsmåling i Aftenbladet viste at 46 prosent av rennesøybuen var for prosjektet, 36 prosent mot. Karmøybuen tok slett ikkje bølgen for prosjektet, og har i alle år seinare kjempa for ferja til Skudeneshavn. På Finnøy, der dei skulle knyttast til Rennfast gjennom ferje til Hanasand, protesterte mange på dei auka fraktkostnadane som fastlandssambandet ville føre med seg. Dei fekk støtte frå ein banksjef, Gunnar Houeland, som meinte kostnadane med å bruke Rennfast ville bli urimeleg store.

Etter det Tom Hetland i Stavanger Aftenblad visste å fortelja blei grunnlaget for Rennfast lagt på ein konferanse om Kyststamvegen på Utstein Kloster i oktober 1985. Tankar om fastlandssamband for Rennesøy hadde vore framme tidlegare, men falt da det blei sett på som lite rekningsvarande i forhold til behova til Rennesøy kommune aleine. Nå hadde den teknologiske utviklinga opna nye perspektiv. Undersjøiske tunnelar kunne erstatte bruver. Vardøtunnelen var eit pilotprosjekt som også inspirerte Vegkontoret i Rogaland. Hausten 1985 la ingeniørane der planar for tunnelar under Byfjorden. «Det var ein mektig allianse som tok på seg å kjøra prosjektet», skriv Tom Hetland. «Når ingeniørar i statlege verk og vesen gjekk saman med rådmenn og ordførarar i distriktskommunar, fekk dei det stort sett som dei ville i Noreg i etterkrigstida. I den sosialdemokratiske fortellinga var dei heltane som bygde landet – med kraftlinjer, fabrikkar, vegar og bruver.»

Nøkkelpersonar i arbeidet med å drive fram Rennfast var vegsjef Chester Danielsen, ingeniør Tor Geir Espedal på Vegkontoret, sivilingeniør Olav Hauge i Asplan,

Rennesøy-rådmann Olav Pladsen, fylkesrådmann Fredrik Wendt og fylkesordførar Lars Vaage. Han var formann i kyststamvegutvalet og blei karakterisert som eit lokomotiv for å drive fram tunnelplanane. Etter han tok Arne Røttedal over. Han var da fylkesordførar, styreformann i Rogalandsbanken, den eine av tre långivarar, og styreformann i ingeniørfirmaet Arne Røttedal AS som hadde prosjekteringa og sekretariatet for bompengeskapet Tungenes Ferjeterminal AS.

Planen for Rennfast fekk dessutan god støtte gjennom positive tal og overdimensjonert grafikk i Stavanger Aftenblad. Rennesøy blei utpeika som vinnaren og alle blei lova rask transport vidare med nye og raske kamaranferjer. Ja, det var ikkje måte på: «Passasjerane skal sleppa springa ute i regn og ruskever. Frå matstova skal det vera sluser – som på ein moderne flyplass, og data-skjermar alle stader skal syta for at passasjerane heile tida veit kva tid ferja kjem – og når ferja går. Dessutan skal skjermane reklamera for lokale turistattraksjonar, om det er ein tur ut til eit tomatgartneri på Rennesøy eller ein tur til Utstein Kloster». Skreiv Aftenbladet i fullt alvor.

Planen gikk ut på å gi Rennesøy fastlandssamband gjennom to undersjøiske tunnelar, Byfjordtunnelen på 5,7 km og Mastrafjordtunnelen på 4,3 km, bru over Askjesundet og bru til Åmøy. I Mortavika skulle det byggast nytt ferjestø med ferjesamband til Arsvågen på Vestre Bokn. Vidare nordover skulle Bokn knytast til fastlandet ved hjelp av nye bruer over Boknasundet, Ognøysundet og Frekasundet. Overfartstida med ferje skulle etter planen reduserast frå 70 minutt (Skudesnes-Mekjarvik) til 20 minutt (Arsvågen-Rennesøy). Kostnaðen var rekna til 790 mill. kroner. Finansieringsplanen føresette at det skulle betalast bompengar fram til 2010.

15. desember 1988 sa Stortinget ja til planen. Og det sa ja til at det framleis skulle vera ferjesamband til Sku-

deneshavn. Men planen blei ikkje klubba gjennom utan atterhald. SV stemte i mot prosjektet og Høgre var bekymra for den store kostnaden. Rogalandsbanken jubla. «En historisk avgjørelse som innevarslar en ny tid for Rennesøy. Eg er noktern optimist, og ser framtidsvisioner for kommunen i kjølvatnet av vedtaket», sa Svein Helgesen, ordførar i Rennesøy. Optimismen blei underbygd med nye studier som spådde ei lovande framtid for dei lokalsamfunna som nå blei liggande tett inntil ein ny hovudveg, t.d. Tysvær, men med tilsvarande uro for samfunn som blei liggande lenger unna, t.d. Sør-Karmøy. Frå Sjernarøyene, Suldal og Nedstrand ble det gitt uttrykk for bekymring over utviklinga.

Fire år etter, 30. november 1992 klypte kommunalmister Gunnar Berge over snora i Mortavika med ei sauesaks. «Begeistringen, både blant øybefolkningen, fylkespolitikere og gjester fra hele landet var så stor at Natur og Ungdoms demonstrasjoner mot veiutbygging og Kyststamveiein fikk liten sympati», skreiv Aftenbladet. Dei skreiv og at politiet måtte til for å hindre at dei unge demonstrantane blei kasta på sjøen under opninga.

Bekymringane for økonomien i prosjektet blei gjort til skamme. Da 10 års jubileumet kunne feirast i 2002 var det klart at nedbetalinga gikk langt raskare enn det var rekna med. Medan ein hadde rekna med å måtte betale bompengar like til 2010, i verste fall til 2020, ja noen meinte at ein aldri ville bli ferdige med å betale bompengar i Rennfast, låg det nå an til at innkrevinga av bompengar kunne opphøre alt i 2005. Det var fleire grunnar til dette. For det første var prosjektet blitt billegare enn ein hadde kalkulert med. Rennfast var mellom dei få større vegprosjekta her i landet i nyare tid som blei billegare enn dei opphavelege kostnadsoverslaga. I forhold til dei rammene Stortinget fastsette blei prosjektet nesten 200 mill. kroner rimelegare. Framdrifta i anlegget var dessutan god, og det blei gjennomført i ei tid med

lågkonjunktur og mye ledig arbeidskraft. Rentened-gangen kom dessutan lagleg. Rett før prosjektet starta hadde realrenta ligge på 10 prosent. Halvparten av lånet til Rennfast blei gitt mot 6 prosent rente. Endeleg fekk Rennfast ein årleg gjennomsnittleg trafikkauke på 6 prosent.

For Rennesøy fekk Rennfast nesten berre positive følgjer. Folketalet voks med 700 dei første 10 åra etter at fastlandssambandet var opna og folk treivst. Verken rådmann eller ordførar var i stand til å finne negative sider ved Rennfast, kunne Aftenbladet melde.

FRÅ HØGSFJORDEN TIL RYFAST

Suksesshistoria til Rennfast hadde sitt motstykke lenger inne i fjorden. Prosjektet Kryssing av Høgsfjorden med rørbru var også med i Transportplanen for Ryfylke i 1987, men møtte straks motbør. Eit sentralt diskusjonstema blei val av trase. Det var sterke krefter som ville at sambandet mellom Nord-Jæren og Ryfylke skulle gå ein heilt annan stad, under Hidlefjoren med tilknyting til Rennfast via Sør-Hidle, Hidlekjøya og Åmøy. Det blei hevda at dette ville bli ei billegare løysing, samtidig som det ville vera meir i samsvar med eit naturleg reisemønster. Motstandane av Høgsfjord-røret hadde funne ut at 51 prosent av trafikken gikk mot Stavanger.

Så var det også her dei som ville satse vidare på ferjedrift. Og nå fekk dei støtte frå sjølvaste Vegdirektoratet. Ein driftsingeniør Kjell Levik der uttalte i følgje Aftenbladet at det ville vera ti gonger så dyrt å bygge og vedlikehalde undersjøiske tunnelar som det ville vera å la ei ferje gå kontinuerleg – døgnet rundt. Det var skremande tal frå tunnelane ved Ålesund som låg bak dette reknestykket. Stort betre var ikkje tala frå Bergen der ein rekna med at tunnelane ville få vedlikehaldskostnadar på 1,5 mill. kroner pr. kilometer. Til samanlikning kosta det 25.000 kroner å vedlikehalde ein kilometer av Ryfylkevegen pr. år.

Tau-ferja kostar ikkje samfunnet noe i dag, hevda driftsingeniøren. Dette var i 1988. Trafikken hadde auka og kapitalkostnadane hadde gått ned. «Det er ein tunnelpsykose i Noreg i dag», hevda Levik. «Folk tenker ikkje anna enn undersjøiske tunnelar, nedsenkbare tunnelar, flytande tunnelar og bruer. Få tenker at ein i staden må gjera noe med ferjepolitikken.» Men det tenkte Levik på. Han meinte at ein måtte fornye både ferjemønster og ferjetyper. Og det viktigaste var at ein ikkje må stenge riksvegar om natta. Dernest tok han til orde for hurtiggåande ferjer av katamarantypen. Det skulle gå 15 år før vi såg ei slik på ein Ryfylke-fjord.

Det blei skipa ein komite for alternativ fjordkryssing. Dei arbeidde for Hidlefjord-alternativet. Og ei arbeidsgruppe som arbeidde for fastlandssamband for Ryfylke over Randøy og Rennesøy med mellomliggende øyer og holmar. Dette alternativet kunne også inkludere Finnøy. Etter dette ville det berre bli Sjernarøyane og noe småøyar elles som ville bli liggande utanom vegnettet.

Da Vegsjefen presenterte den tilrådde planen for kryssing av Høgsfjorden med rørbru på ein pressekonferanse i september 1988, gikk planen ut på å bygge ikkje mindre enn den første neddykka rørbrua i verda over Høgsfjorden mellom Lauvvik og Oanes. Rørbrua ville bli 1.300 meter lang, ha ein innvendig diameter på 8,6 meter og på det djupaste ligge 25 meter under overflata. Brua var i utgangspunktet kostnadsrekna til 535 mill. kroner. I tillegg gikk nye tilførselsvegar og bru over Lysefjorden inn i planen. Gjennomføringa av prosjektet kunne bety eit gjennombrot for ny norsk teknologi og få mye å seia for industrien. Samla kostnad var rekna til 750 mill. kroner. Det var rekna med at bruva ville bli brukt av rundt 3.000 kjøretøy i døgnet om den var ferdig først på 1990-talet. Bompengar, ordinære vegmidlar og bidrag frå kommunane skulle finansiere prosjektet. Brua ville gi 13.000 innbyggjarar i Hjelmeland, Strand og Forsand fast vegsamanband til Nord-Jæren.



Det var protestar både for og mot rørbrua over Høgsfjorden. Det var da Ryfast kom på banen, at tilhengarane fann grunn til å protestere. Eit folkemøte på Jørpeland 1. februar 1998 samla 2.500 deltararar til demonstrasjon for Høgsfjord-røret. Foto: Jan Soppeland, Stavanger Aftenblad.

Allereide dagen etter pressekonferansen melde Forenningen for alternative fjordkryssingar seg. «Det er det dårlegaste alternativet som er valt», sa leiaren i foreninga, Jan R. Johansen frå Strand. «Bru over Høgsfjorden vil seia ein durabeleg omveg og store meirkostnadar for innbyggjarane i Strand og Ryfylke. Meirkostnaden ligg ein stad mellom tretten og femten millionar kroner i året. Det beste og billegaste alternativet vil vera Tau-Åmøy, det vil seia tunnel frå Tau til Sør-Hidle og fylling derifrå til Åmøy». Dermed var debatten i gang.

«Det rådande synet i Ryfylkekommunane er at vi støttar Høgsfjordprosjektet», sa ordføraren i Forsand, Årstein Løland. «Det er nærmast samråystes vedtak i kommunestyra i Strand, Hjelmeland og Forsand om at vi ønskjer fastlandssamband via Høgsfjorden.» Ordføraren i Hjelmeland, Ola J. Hagalid følgte opp med å hevde at Tau-Åmøy-alternativet ikkje var realistisk. «Det er altfor kostbart og heil uaktuelt». Oppfatninga av kostnader var altså høgst ulik hos dei debatterande partane. Men her var altså ikkje politikarane fullt ut på linje med folket.

I Strand blei det danna ei Tverrpolitisk samlingsgruppe som samla underskrifter mot Høgsfjordprosjektet og sendte til Stortinget. Underskriftaksjonen blei følgt opp i Hjelmeland. «Med den utviklinga som nå er innan ferjedrift, meiner me at det må gå lang tid før det er samfunnsmessig forsvarlig å byggja noko fastlands-samband frå Ryfylke til Nord-Jæren. Både ut frå økonomi og miljø vil ei moderne pendelferje vera å ønskja. Og ferja vil vera i stand til å ta dei store toppane i passasjertrafikken som dei godt 900 dagpendlarane utgjer. Dersom ein av andre årsaker finn at eit fastlandssamband uansett må koma, må Tau-Åmøy kryssing med høve til å hengja seg på Rennfast og Kyststamvegen, bli vurdert opp mot Høgsfjordkryssing», skreiv dei i følgjebrevet til Stortinget.

Men på Stortinget var det ikkje mange andre enn SV og Venstre som stilte spørsmål ved prosjektet, og i statsbudsjettet for 1996 blei det lagt inn støtte til utvikling av prosjektet. Dette var likevel ikkje noe signal om rask realisering av prosjektet, og da Odd Einar Dørum blei samferdselsminister ba han kommunane på Nord-Jæren velja mellom Høgsfjordrør eller bybane. Som venstremann let han det skinne igjennom at han såg ei stor utfordring i å løyse trafikkproblema på Nord-Jæren gjennom utbygging av kollektivtransporten. Vi var nå komne til 1998, Høgsfjordprosjektet hadde så langt kosta 50 mill. kroner, og prisen på bruha hadde auka til 950 mill. kroner. I Fylkestinget var tvilen veksande både i Arbeidarpartiet og i Kristeleg folkeparti.

Nå blei det mobilisert også frå tilhengarane si side. Foreningen Ferjefri framtid for Ryfylke arrangerte demonstrasjon på Jørpeland og greidde samle 2.500 innbyggjarar frå Strand, Forsand, Hjelmeland og Suldal på ein sur søndag i februar. «By mot land, går 'kje an – Ja te' røyret», sto det på banneret. Brutilhengarane ville tilbakevise påstandane om at Høgsfjordprosjektet hadde

liten støtte hos innbyggjarane i kommunane, og lukkast med det. Dessutan ønskte dei å setta press på fylkestingspolitikarane. Til og med Suldals-ordføraren, Torkel Myklebust, møtte opp og prøvde forklare kvifor det var viktigare med rørbru over Høgsfjorden enn rassikring av vegane i dei indre delane av regionen. Det var truleg ikkje altfor mange suldølingar som hørte kva han sa. Heimepublikumet hans var ikkje så entusiastisk.

Høgsfjordselskapet fekk nemleg gjennomført ei meiningsmåling. Den viste at i februar 1998 var det berre 38,1 prosent av innbyggjarane i Suldal som støttet Høgsfjord-brua, 45,6 prosent av innbyggjarane i Hjelmeland gjorde det same, 53,8 prosent av innbyggjarane i Strand og 75 prosent av innbyggjarane i Forsand. Det samla resultatet av meiningsmålinga kunne likevel framstillaast som eit klart fleirtal for Høgsfjordrøret. Totalt var det 50,1 prosent av dei spurte som støttet rørbrua, 39,3 prosent var i mot og resten visste ikkje. «Dette bekrefter at et flertall av folket står bak de positive vedtak som er fattet i Ryfylke og ønsker seg en fastlandsforbindelse», kommenterte administrerende direktør Ivar Bjerkeland i Høgsfjordbruene AS. «De ny tallene underbygger vårt poeng om at det er massiv motstand mot Høgsfjordprosjektet», sa Dagfinn Østrem, leiar i foreninga «For ferje Tau-Stavanger».

Tilhengarane vann også denne runden. Men med knapp margin. Da Fylkestinget i mars 1998 skulle ta stilling til prosjektet sikra utbrytarar frå Arbeidarpartiet og Kristeleg folkeparti fleirtal for ein positiv uttale. Fleirtalet i Ap og KrF gikk i mot prosjektet saman med SV, Venstre og Framstegspartiet. Ap argumenterte med at trafikktryggleik, rassikring og standard på det eksisterande vegnettet var viktigare enn rørbrua. Skepsisen til røret vokst.

For det første begynte finansieringa å bli eit problem, både for bygginga av røret, men også for å drive prosjek-

tet framover. I Nasjonal Transportplan som blei lagt fram i september 1999 blei det ikkje foreslått statstilskott til brua. Samferdselsministeren utfordra lokalsamfunnet og dei reisande til spleiselag og både Strand og Forsand lova å legge millionar i potten, men entusiasmen i dei indre bygdene var framleis nokså etterhalden. Det var Ryfast som nå seilte opp. Ryfast skulle knyte Ryfylke til Nord-Jæren gjennom ein tunnel frå Solbakk i Strand til Hundvåg i Stavanger. Det var ingen ny ide. Ideen var presentert i Aftenbladet allereide i 1987, men da ville ingen ta i han. Nå kom han opp på ny. Planen omfatta ein 13 kilometer lang tunnel frå Strand til Hundvåg, og ein ny tunnel på 3 kilometer frå Hundvåg til Stavanger. Dette var ei løysing som blei lansert ikkje berre som ei god løysing for Ryfylke, men også som ein ventil for folketalsutviklinga i Stavanger. Prisen var rekna til 1,2 milliardar kroner. Den store forskjellen var finansieringa. Stortinget godtok ikkje høgare bompengesatsar enn ferjetaksten på same strekning. Det ga eit ringt grunnlag for finansiering av Høgsfjordbrua, men eit desto betre finansieringsgrunnlag for Ryfast.

Tilhengarane raste, og ville demonstrere ved å lage trafikkork og endelause ferjekørar for byfolk på hyttetur i helga. Vegsjefen konkluderte med at Ryfast var eit betre prosjekt enn Høgsfjordrøret, «både ut fra samfunnsøkonomiske betraktninger og ut fra dagens reisemønster». Nye utrekningar viste at tunnelløysingar truleg ville bli billegare enn rørbru. Fylkesmannen åtvvara mot Høgsfjordrøret ut frå miljø, arealbruk, reisetider og reisekostnad. Fylkespolitikarane var på glid. Det begynte å brenne eit blått lys for kryssing av Høgsfjorden med rørbru.

Nedtellinga starta med at Fylkestinget sa ja til å greie ut tunnelsamband mellom Hundvåg og Strand. Det var i januar 2000. Aftenbladet hevda at saka allereide da var avgjort, og at Fylkestinget ønskte å satse på Ryfast der-

som ikkje avgjerande nye argument mot dette alternativet kom på bordet. Argumenta for Ryfast såg ut til å vera sterke og klare: Ryfast, i motsetning til Høgsfjord, ville bygge på kjent, velprøvd tunnelteknologi, såg ut til å kunne finansierast med bompengar aleine og framsto som eit miljømessig betre alternativ. Det ville bli stuttare avstandar til viktige reisemål som Stavanger, Forus og Sola og det ville bli lettare å legge opp eit attraktivt kollektivtilbod med høg frekvens. Ei ny meiningsmåling viste dessutan at 45 prosent av ryfylkingane gikk inn for tunnelen, medan berre 31 prosent framleis ville ha rørbrua.

Tida arbeidde dessutan for Ryfast. Medan Høgsfjordrøret trøng statstøtte, og dermed var avhengig av godkjente planar for å komma med i Nasjonal Transportplan, kunne Ryfast finansierast med bompengar og derfor realiserast uavhengig av dei 4-årige handlingsprogramma i Nasjonal Transportplan.

Endeleg kom det nye signal frå Samferdselsdepartementet. I Nasjonal Transportplan blei Bybanen på Nord-Jæren tona ned til fordel for auka løyingar til vegbygging. Høgsfjord-sambandet blei framleis omtala som eit aktuelt piloprosjekt for utvikling av neddykka rørbru, men planane for eit slikt samband måtte vurderast opp mot alternative løysingar for fastlandssamband, det vil sei tunnelen Solbakk-Hundvåg.

I november 2000 lanserte Senterpartiet ei såkalla Ryfylke-pakke for utbygging av vegnettet. Pakka var på 2,5 milliardar kroner og omfatta tunnet frå Solbakk til Stavanger, tunnel austover frå Espedal i Forsand til Frafjord i Gjesdal, fastlandssamband for Finnøy gjennom Finnfast frå Ladstein til Hanasand i Rennesøy og bru over Sandsfjorden. Til og med Sauda fekk tilslutning til sitt gamle krav om veg til Etne, og vegen mellom Hjelmeland og Strand skulle moderniserast. Baksida av pakka var at hurtigbåttrafikken ville bli redusert til ei

ringrute frå Judaberg. Det meste av kostnadene måtte dessutan ryfylkingane betale sjølv gjennom bompengar. Den kontroversielle delen av finansieringsplanen var at bompengar frå Ryfast-tunnelen også skulle brukast til å finansiere vegprosjekt i andre delar av regionen.

Direktøren i vegselskapa Høgsfjordbruene AS og Ryfylkevegen AS, Ivar Bjerkeland, såg truleg skrifta på veggen. Han blei 62 år utpå våren 2001 og valde å gå av med pensjon. Han hadde arbeidd med vegproblema i Ryfylke i 15 år og sa at han framleis hadde tru på Høgsfjord-prosjektet, men det var han nok etterkvart nokså

aleine om. Det han hadde fått vera med på desse åra var utbetring av vegen i Bratlandsdalen og bygging av ny veg mellom Jørpeland og Oanes. Dessutan var det bygt ny, flott bru over Lysefjorden. Men noe fastlandssamband til Nord-Jæren hadde Ryfylke ennå ikkje fått.

Før Bjerkeland rakk å rydde kontoret etter seg, gikk vegsjefen inn for Ryfyast som fastlandssambandet til Ryfylke. Samfunnsøkonomiske vurderingar gjorde at Ryfast framsto som ei betre løysing enn rørbru over Høgsfjorden. Dermed var løpet kjørt for Høgsfjorden, Fylkestinget valde Ryfast i junimøtet sitt i 2001 og



Framtidsvona i Ryfylke er knytta til kommunikasjonane. «Betre transportvilkår kan gje nye vilkår» avslørte Jorunn Strand Vestbø og Øyvind Bergøy til Aftenbladet i oktober 1988. Foto: Jonas Friestad, Stavanger Aftenblad.

Ryfylke-kommunane sette ivrig i gang arbeidet med å førebu innkreving av bompengar for å finansiere prosjektet. Ryfylkesambandet AS blei etablert som eit underbruk av Ryfylkevegen, og førehandsinnkreving av bompengar starta i februar 2003.

Men noe fastlandssamband for Ryfylke er framleis ikkje vedtatt av Stortinget. Det vil tildelegast skje våren 2005. Noe av problemet skuldast ein svær diskusjon om kor i Stavanger Ryfylke-sambandet skal komma opp av jorda. Så seint som i oktober 2003 meldte Aftenbladet om at det er Ryfast-opprør på Hundvåg. Dei som bur på Hundvåg ser ikkje positivt på å få heile Ryfylke-trafikken forbi stovedørene sine, og slett ikkje rett forbi Skeie skule.

På vegkontoret ligg det føre planar om bygging i perioden 2005-2009, men heller ikkje der tør ein spå når den først ryfylkingen kan kjøre ferjefritt til Stavanger. «Det avhenger av hvor lang tid de sentrale myndigheter vil trenge på sin behandling. Ettersom Ryfast-prosjektet trenger 100 millioner kroner i statlig bevilgning, må det ses i sammenheng med andre prosjekter», uttalte distriktsvegsjef Hanne Hermanrud til Aftenbladet i september 2003. Og der låg noe av problemet. Ryfast var ikkje aleine på banen og kostnadane steig ettersom åra gikk. Frå Ryfast blei vedtatt av fylkestinget sommaren 2001 fram til hausten 2003 hadde prislappen for Ryfast stige med 530 mill. kroner til knapt 2,4 milliardar. Prisauken skuldast i hovudsak dyrare tunnelar og miljøtiltak på Hundvåg. 80% av dette skal dekkast med bompengar.

SOLIDARITETEN SPREKK

Det hadde vore ei slags semje om Høgsfjordprosjektet og det øvrige arbeidet til vegselskapet. Lysefjordbrua blei opna i vakkert førjulsver 18. desember 1997 og det var bygt ny veg over heia til Jørpeland. Dette framsto som ei betring av vegsambandet i den søre delen av

Ryfylke, sjølv om ein altså framleis måtte med ferge til Lauvvik for å komma vidare mot Sandnes og Sørlandet. I nord hadde Suldal kommune forskotert utbetningsarbeid i Bratlandsdalen, slik at ein i allefall kunne komma seg opp til Hordalands-grensa på ein veg som såg ut som han var bygt for biltrafikk. Men flyttinga av fastlands-sambandet frå Høgsfjorden viste at denne semja var skjør.

For det første drog rådmannen i Strand fram att ein gammal ide om å bygge bru over Årdalsfjorden. Pengane til brua ville han hente frå bompengane i fastlands-sambandet. Han argumenterte med at dette var heilt avgjerande for å skape vekst i heile Ryfylke, og at det ville gi Hjelmeland og Suldal raskare tilkomst til byen. Han såg heilt bort frå at ei bru over Årdalsfjorden ikkje løyste ut ei einaste bygd som ikkje allereide hadde vegsamband, og at suldølingane framleis måtte med ferje over Jøsenfjorden. Dei som framleis trudde på Høgsfjorden, heldt dessutan fast på Renn-Rand som eit nordleg samband mellom dei indre delane av Ryfylke og byen, og i dei indre bygdene var det andre vegprosjekt som blei sett på som langt viktigare enn bru over Årdalsfjorden. Utspelet var både eit indrepolitisk og eit utanomheimkommunen-politisk bomskot. Pendlarane i Strand ville i alle fall ha seg fråbedne å måtte betale bompengar for å bygge ut andre vegar enn dei som dei sjølve skulle bruke.

Rådmannen i Forsand var ikkje betre enn kollegaen sin i nord. Han tok til orde for at Forsand burde ta heile det interkommunale samarbeidet opp til vurdering dersom det var slik at nabokommunane gikk bort frå Høgsfjordprosjektet og heller ville satse på Ryfast. Dette var sjølvsagt ikkje noe velkome utspel i Ryfylke-kommunane, men rådmannen fekk støtte i formannskapet i Forsand. Viss Ryfast blir vald, meinte Forsand-politikarane, kan Forsand bli ein blindtarm av riksveg 13. For å unngå dette kravde Forsand

at Ryfylkepakka også skulle innehalde veg austover fra Forsand med tunnel mellom Espedal og Frafjord.

Den store utfordringa for samhaldet var likevel Finnfast.

Finnøy hadde satsa på fastlandssamband til Randøy i Hjelmeland gjennom bru over Bokn og Byre. Første delen av denne planen var bru mellom Nord-Talgje og Helgøy. Den blei opna 1. februar 1989. Neste punkt var omlegging av ferjesambanda med tilknyting til Kyststamvegen via ferje til Hanasand på Rennesøy. Dette sambandet blei opna 22. juni 1993. «Det er seks år siden vi i Fylkestinget sa ja til planen (Transportplan for Ryfylke)», sa fylkesordførar Odd Arild Kvaløy. «Mange regnet med at dette var noe som hørte en nærmest utoptisk fremtid til. Men nå er Rennfast i bruk. Nytt ferjesamband er åpnet i Finnøy, et sterkt forbedret hurtigbåttilbud på Ryfylkefjordene tas i bruk i dag. Nå gjenstår Renn-Rand, samanknyting av Fogn, Bokn, Byr og Halsnøy, til Hjelmeland. Det må vi nå arbeide for».

Men det kan ikkje ha vore arbeidd særleg hardt for saka, og etter ei tid var Renn-Rand på veg ut. Finnfast var på veg inn. Det kom fram i ei bisetning på eit folkemöte i Forsand i januar 2000. Det var vegsjefen, Tor Geir Espedal, som slo fast at Finnfast ville vera ein viktig del av transportplanen for Ryfylke. Finnfast var namnet på ein tunnel frå Ladstein på Finnøy til Hanasand på Rennesøy med sidegrein til Talgje. Fastlands-samband til Hjelmeland ved hjelp av tunnel og bruer mellom Rennesøy og Randøy blei sett på som eit samband med lange avstandar og lang reisetid for fleirtalet av dei reisande mellom Ryfylke og Nord-Jæren.

Dette virka greitt heilt til finansieringa av Finnfast kom på banen. Det var lett å sjå at ei forlenging av bompengeinkrevингa i Rennfast kunne gi vesentlege bidrag til realisering av Finnfast. «Bort med bommen når Rennfast er betalt», sa Brukergruppe Rennfast. På fastlands-

sida var ein redd for at ei framskunding av Finnfast kunne føre til utsetting av Ryfast. I 15 år hadde Strand, Forsand og Hjelmeland venta på rørbru over Høgsfjorden, og opplevd at prosjektet blei stansa da det nesten var i mål. Nå var ordføraren i Strand redd for at historia skulle gjenta seg. «Hvis både T-forbindelsen og Finnfast bygges, kan vi risikere at sentrale myndigheter sier at Rogaland må vente med nye store prosjekter, fordi andre landsdeler først må få sitt. I så fall kan Ryfast bli forskjøvet av Rogfast og bybane på Nord-Jæren som også er under planlegging», uttalte Odd William Bøe.

På Finnøy lika dei forslaget om Finnfast godt. «Skal me halde oppe busettinga og sikra og utvikle næringslivet her, treng me eit fastlandssamband», sa Jorunn Strand Vestbø, ordførar i Finnøy. Men verken lokalt eller hos dei sentrale styresmaktene var det lett å finne pengane som skulle finansiere prosjektet.

Vest i havet pressa dessutan andre prosjekt seg fram. Rogfast var det store prosjektet som skulle knyte Nord-Jæren og Haugalandet sammen med ein undersjøisk tunnel mellom Mekjarvik i Randaberg og Arsvågen i Bokn. Denne tunnelen skulle ha ein sidearm til Kvitsøy, Kvifast kalla. 2,6 milliardar kroner ville dette koste, og det ville bli den lengste undersjøiske tunnelen i verda, 23 kilometer lang. Målet var å ha tunnelen ferdig til 2010, uttalte fylkesordførar Roald Bergsaker til Stavanger Aftenblad i februar 2003. Det var samtidig med den tidlegaste ferdigstillinga av Ryfast som vegkontoret kunne sjå for seg. Ikkje til å undre seg over at noen var redde for at det kunne bli kamp om pengane.

ANDRE PROBLEMSTILLINGAR I DEI INDRE BYGDENE

Alle dei store vegprosjekta dreidde seg om tilknyting mellom dei søre delane av Ryfylke og Nord-Jæren. Av og til var bruva over Sandsfjorden framme i debatten,

men med eit nokså lunka engasjement. Noen eventuell veg rundt Jøsenfjorden, slik det var skissert i ein vegplan frå 1939, eller eventuelt kryssing av Jøsenfjorden med bru, kom aldri opp.

I Sauda venta dei på vegutløysing nordover. Dei hadde rett nok ein veg mellom Sauda og Røldal, men den var vinterstengt, og det store spørsmålet kvar vår var når vegen kunne bli opna. Vegen kunne byggast om til hei-lårsveg med tilknyting til riksveg 13 ved Hellersli i Bratlandsdalen. Det gamle vegkravet var veg gjennom Nordstøldalen til Frette i Etne. Eit alternativ som kom opp som ei følgje av muleg ny trase for vegen langs Åkrafjorden, var veg gjennom Åbødalen og ned i Stordalen i Etne, men dette var meir kontroversielt i forhold til naturvernet. Den tredje utvegen til vegutløysing var ny veg via Tengesdal med tilknyting til Suldalsvegen (Rv. 13) i Hylen. Av desse alternativa ville det siste bli det bille-gaste, føresett at ein kunne bruke vegen mellom Sauda og Vanvik som han var. Vegen var kostnadsrekna til 190 mill. kroner i 1992. Nest dyraste alternativet var veg til Etne. Prislappen på det var 270 mill. kroner. Veg til Røldal via Hellandsbygd og Bratlandsdalen ville koste 320 mill. kroner.

Folk i Sauda hadde delte meningar om kva som var best, bortsett frå at vegutløysing til Hylen samla lite støtte. Det var dessutan vanskeleg å samle full støtte for det eine eller det andre alternativet i nabokommunane. Suldal såg helst at Sauda valde Hylen og Suldalsvegen, da det ville støtte arbeidet med utbetring av Bratlandsdalen. Ordføraren i Suldal lokka enda til med kommunale midlar for å få bygt vegen, men han blei ingen profet i Sauda av det. Tvert i mot blei han skulda for å motar-beide vegplanane til Sauda.

«Eg respekterer dei val Sauda har gjort», svara Torkel Myklebust, «men Sauda kan ikkje vente seg aktiv støtte frå Suldal med omsyn til veg til Etne. Vi vurderer ikkje

veg Sauda-Etne som avgjerande for Sauda si framtid. Difor kan heller ikkje Sauda vente at vi skal forskottere midlar til den vegen slik vi har gjort med andre vegprosjekt i Ryfylke-regionen.»

I Vindafjord støtta eit fleirtal i formannskapet vegen til Etne, eit mindretal vegen til Røldal og eit fleirtal i teknisk styre vegen til Suldal. Og i Etne var det ingen samla støtte for ny trase for riksveg 11 gjennom Stordalen. Fleirtalet gikk inn for ein ytre trase og fekk gjennomslag for det. Vegsjefen, arbeidarparti-regimet i Sauda og arbeidarparti-mindretalet i Etne ga likevel ikkje opp kam-pen for veg gjennom Stordalen, og dei lukkast med å få tilslutning for dette hos arbeidarparti-samferdselsminister Kjell Opseth. Naturverninteressene blei sukra med ei tunnelløysing som skulle la den mest kontroversielle delen av Stordalen bli ståande urørt.

Visjonen til saudabuen var å få eit samanhengande vegsamband frå Kvinnherad, gjennom Ryfylke til Stavanger. Men Stortinget var ikkje like samarbeidsvillig som samferdselsministeren. Stortinget sette foten ned for tra-seen gjennom Stordalen, og dermed var også utsiktene til hei-lårsveg for Sauda skovne ut i det blå. Saudaordførar Olav Dybing var skuffa og sannkjente at ein truleg var tilbake til Hylen-alternativet. Vegsjefen meinte også at hei-lårssamband austover med tilknyting til Suldalsvegen i Hylen nå var det mest aktuelle alternativet. Ein grunn til at dette var meir interessant enn ei tilknyting til Rv 13 i Bratlandsdalen var at ein veg til Hylen ville gi eit betre samband mellom Sauda og Suldal.

Eit år etter, i mai 1995, innkalte Etne Næringsråd og Sauda Næringsutvikling (SNU) til omkamp på Frette. Dei tromma saman representantar for Industriekst Sauda, Sauda Næringsforum, Haugaland Næringsutvikling, Odda Næringsråd og vegsjefane i Hordaland og Rogaland for å blåse nytte liv i planane for veg gjennom Stordalen. «Me ser på prosjektet i samband med bru over

Sandsfjorden og ikkje som eit initiativ for å slite oss laus frå Ryfylke», fann styreformannen i SNU, Harald Løland, grunn til å forklare. Vegsjefane var realistar, og valde å dempe draumen om rask realisering, men ga initiativtakarane medhald i at dette kanskje var det beste framtidssretta tiltaket for Sauda. Miljøverninteressene var ikkje inviterte til møtet.

Omkampen ga ikkje resultat i første omgang, og har ikkje gjort det seinare. Det er vanskeleg å samle oppslutning om vegutlysing for Sauda. Nabokommunen Suldal vil ikkje støtte vegutlysing mot Etne, naturverninteressene kjempar i mot veg gjennom Stordalen og nyttan av vegen er ikkje openbar for dei som har ansvaret for vegutbygginga i Hordaland.

I Suldal var interessene knytta til eit par flaskehalsar ut av kommunen, og eit par interne samband. Kommunen forskotterte store midlar for å få til ei utbetring av vegen frå Nesflaten opp til grensa mot Hordaland i Bratlandsdalen. Kommunen såg dessutan mon i den utbetringa av vegen mot Vikedal og Haugesund som skjedde gjennom bygging av ein tunnel på strekninga Ropeid-Iglatjønn, noen hundre meter vest for avkjøringa til Ropeid. Eit gammalt vegkrav frå Suldal var dessutan bygging av ein veg mellom Habn i Erfjord og Landsnes i Jelsa. Kommunen valde dette vegprosjektet for bruk av dei neste millionane til utbetring av vegsambandet i kommunen, etter at utbetringa av vegen gjennom Bratlandsdalen var ferdig.



Noen har meint at døgnopne ferjesamband med hurtiggåande ferjer kunne vore eit like bra og like billeg alternativ som tunnelar og bruer. Men slike er ikkje blitt tatt heilt på alvor av dei som har noe med det. Medan vi ventar på veg prøver Stavangerske ut den nye hurtigferja «Stavanger» i sambandet Tau-Stavanger. Foto: Jon Ingemundsen, Stavanger Aftenblad.

Det store vegprosjektet i Suldal var likevel vegutlysing for Ropeid-halvøya. Planane for prosjektet var klare allereide i 1985. Gjennom ulike parsellar skulle det byggest veg frå avkjøringa frå riksvegen ved Ropeid, forbi Midvikdalen, Øvrabø og fram til Solland ved Marvik. Eit viktig motiv for å bygge denne vegen var sjølvsagt at han var nødvendig for å få til ei kryssing av Sandsfjorden med bru. Etter ein thriller av ein avgjerdsprosess fekk vegprosjektet ja. Den 9. oktober 1990 kunne samferdselsminister Johan J. Jakobsen skjera over snora, og 430 innbyggjarar hadde fått vegutlysing.

Men det var ikkje fjordlinja som blei vald som trase for vegen, Åserød fekk ikkje vegutlysing, bruva over Sandsfjorden mangla, og vegen vidare til Hebnes og Vormestrand var ikkje mye å skryte av. Og det var ikkje berre det interne sambandet mellom Landsnes og Havn som konkurrerte om merksemda til brutilhengarane i Suldal. Det eksisterande vegnettet var dårlig, det gikk ras på Suldalsvegen, Jelsavegen, i Lovrabakkane og ved Ropeid, og Suldal prøvde forgyves å skape forståing for at det ikkje berre var nye vegar som galtdt, men også vedlikehald og sikring av dei som trass alt fanst. I 1998 hadde vegvesenet rekna ut at full rassikring ville koste 500 mill. kroner. Det var 2 1/2 gong så mye som bruva over Sandsfjorden ville koste.

VEGEN SPLITTAR RYFYLKE

I beste fall vil det gå 45 år frå Ryfylkevegen var ferdig, og det var muleg å kjøre bil frå Strand til Sand, til denne delen av Ryfylke blir knytta til Nord-Jæren med ein døgnopen veg. I mellomtida har Rennesøy fått vegutlysing og reisetida over Boknafjorden er blitt stuttare. Men dei andre øykommunane er framleis avhengige av ferjer og hurtigbåtar.

Det er og gjennomført viktige utbetringsarbeid på eksisterande vegar, og det er bygt nye interne samband i Ryfylke, men vegstandarden er framleis gjennomgåande

dårlig, det er mange rasfarlege strekningar og det manglar døgnope samband både over Jøsenfjorden og Sandsfjorden. Ingen av Ryfylke-kommunane har tilfredsstillande vegsamband austover. Frå Suldal kjem ein ikkje lenger enn til grensa mot Hordaland før det som liknar på ein riksveg går over til å likne på ein gardsveg. Frå Sauda kjem ein ikkje lenger enn til Breiborg om vinteren, og vegen vidare eignar seg best som opplevelingstilbod for spesielt interesserte den tida på året han er open.

Det sterkeste engasjementet har vore retta mot å knytte Ryfylke til Nord-Jæren, eller rettare sagt til byen, til Stavanger. Da har ein fått byen med på laget, og det har vore muleg å samle kommunane om ein slags felles strategi. Men eigeninteressene har vore sterke, og det har vore vanskelegare å samle oppslutning om vegprosjekta til lenger frå byen dei har ligge. Solidariteten har ikkje strukke seg lenger enn eigennytten, anten det gjeld i politiske organ eller hos dei som skal betale bompengane.

I nord har interessene vore sterkt sprikande. Det einaste det har vore ei slags semje om er at det burde byggast ei bru over Sandsfjorden, men den er det ikkje så mange andre som har sett mon i, og dei nordre delane av Ryfylke har ikkje fått drahjelp frå noen by. Haugesund ser ut til å vera heilt indifferent i forhold til opplandet sitt lengst vest. Såleis sit Sauda framleis utan vegutlysing verken mot nord eller aust, og Suldal er snart den einaste av Ryfylke-kommunane som ikkje har fast vegsamband med resten av Rogaland.

Brua over Sandsfjorden er likevel med når vegutbygginga i Ryfylke er oppe til drøfting. Det er aldri kryssing av Jøsenfjorden. Sjølv om det ikkje tar meir enn 10 minutt å krysse Jøsenfjorden med ferje, vil dei indre delane av Ryfylke aldri bli ein like naturleg del av ein arbeids-, bus- og serviceregion rundt Stavanger som kommunane lenger ute. Til det er avstandane for store og siste ferja frå Hjelmeland går for tidleg.

Er det såleis grunn til å spørja om dei indre bygdene har feila i si strategiske tenking, sove i timen, ikkje sett skrifta på veggen, trudd på mirakel? Er det slik at utviklinga enda ein gong har gått bygdene forbi medan ein har streva med å få bygt vegar, akkurat slik noen meinte det hadde gått da Ryfylkevegen var ferdig?

Snart 40 års strev for å komma vidare har ikkje ført til anna enn at Ryfylkevegen er blitt så eksotisk at han er utropt til Nasjonal turistveg, der det ser ut til å vera meir midlar til å tilrettelegge høvelege raste- og fotopunkt for sommarferierande tyskarar enn til å få utført nødvendige utbetringar og rassikring.

Frå 1960 til 1993 har folketalet i Ryfylke-kommunane samla sett auka frå 26.200 til 29.500. Altså med 12,6%. Men det seier lite om kva som har skjedd. Det som har skjedd er at Strand og Rennesøy har hatt ein relativ sterk folkevekst, medan folketalet i dei andre kommunane har gått tilbake, sterkare til lenger frå Stavanger kommunane ligg. Folketalet i Forsand har hatt ein svak vekst sidan 1980, og er nå oppe att på same nivå som i 1960.

Etter dei metodane Statistisk sentralbyrå bruker, finn byrået at dette er ei utvikling som vil halde fram. Statistisk sentralbyrå trur at folketalet i Strand og Rennesøy vil halde fram med å vekse relativt raskt, medan det vil stå stille eller gå tilbake i dei andre kommunane. Sterkast tilbakegang i folketalet spår byrået for Sauda. Statistisk sentralbyrå bygger på dei føresetnadane og dei tendensane som er til stades, ikkje på draumar om bruer og tunnelar som ikkje finst.

Dei valde strategiane har altså ikkje lukkast. Målet har vore å halde folketalet oppe, helst få til ein vekst i folketalet. Slik har det ikkje gått, med eit par viktige unntak. Men er det, i etterpåklokskap, muleg å sjå for seg alternative strategiar? Neppe for dei sørlege og midtre delane av Ryfylke. Men det må vera råd å vurdere om det viktigaste for dei indre bygdene var å komma seg til Stavanger med bil.

Når Rennesøy fekk sitt fastlandssamband var det ikkje

utan verdi at dette sambandet ført til eit betre samband mellom nord og sør i Rogaland, og til ein reduksjon i kjøretida langs kyststamvegen. Forsøket på å stable på beina interesse for ein alternativ trase for stamvegen gjennom dei grisgrendte bygdene lenger inne i fjordane kunne ikkje ha særleg utveg til å lukkast. Men kunne ein tenkt seg at dei indre bygdene kunne ha styrka sine vegkrav gjennom å sjå sine eigne behov i samanheng med eit betre vefsamband aust-vest? Kunne ein ha lukkast betre om ein hadde søkt samarbeid mot vest, mot Haugesund, i staden for mot sør, og prøvd å samle styrke bak eit samla krav om bru over Sandsfjorden og ein skikkeleg veg mot austlandet? Er det store feilgrepet at dei indre bygdene har trudd at dei har hørt til i Ryfylke, medan dei burde ha definert seg som ein del av Nord-Rogaland?

Hovudproblemet er truleg at indre Ryfylke aldri har hatt tilstrekkeleg verken med folk eller pengar til å kunne stille fremst i konkurransen om dei tunge vegprosjekta. Så skulle ein kanskje hatt sansene opne mot andre kommunikasjonsmidlar og andre konkurransefortrinn enn vegen? Tankar om at det er anna enn veg som kan gi vekst, eller i det minste stabilitet, har ikkje vore fråverande, men har heller ikkje ført til noen tenning verken hos administratrar eller folkevalde i Ryfylke. Ein har i for stor grad trudd at veg er eit tilstrekkeleg virkemiddel for å trygge folketalet. Det er den største synda. Veg er kanskje ein nødvendig føresetnad, men neppe tilstrekkeleg.

Dei viktigaste kjeldene til denne artikkelen er arkivet til Ryfylkerådet, som er på Interkommunalt Arkiv i Stavanger, informasjonsmateriell frå Statens vegvesen, avisutklypp i klypparkivet til Ryfylkemuseet, «Ryfylkevegen» av Njål Tjeltveit (1990) og «Soga om Sand» av Roy Høibo (1993).

Roy Høibo (55) er direktør ved Ryfylkemuseet.

Kulturell utvikling

– Om strevet med å gjera kulturen til eit strategisk virkemiddel

AV ROY HØIBO

I artikkelen om samarbeidet i Ryfylke kan vi sjå at «kulturell utvikling» kom opp som eit regionalt samarbeidsområde da Ryfylkerådet blei etablert i 1984. I 1986 oppretta rådet eit kulturutval. Men det regionale samarbeidet innafor kultursektoren hadde pågått ei stund da, og er eitt av dei samarbeidsområda som har kunna vise til resultat. Men heller ikkje her har samarbeidet gått på skinner, og mange utvegar til framsynte satsingar har gått tapt undervegs.

Kulturutvalet til Ryfylkerådet skulle «arbeide med alle former for kulturspørsmål i Ryfylke med særleg vekt på markering av særtrekk ved regionen». Opprettinga av utvalet bygde på eit arbeid som var sett i gang i 1985, og som nettopp hadde som formål å arbeide fram eit opplegg for ei aktiv Ryfylke-markering bygt på særtrekk ved regionen. Interessa for kultur som arbeidsområde var såleis nokså instrumentell, i den forstand at det i stor grad skulle dreie seg om å bruke kulturen til markering og marknadsføring av regionen.

Det utvalet som hadde tatt på seg å bringe til torgs noen tankar om særtrekk ved Ryfylke produserte ei liste med «interessante særtrekk» knytta til næringer, verdiforankring, naturgitte tilhøve og anna. Det var ei assortert liste over holdningar til næringsverksemd, slik som verdifokusering og nøysemd, tilknyting til byen, tendens til avvising av enkelte typer næringer av kulturelle og sosiale grunnar, og opprekning av historiske og eksisterande næringstiltak. Det var ei drøfting av den religiøse dimen-

sjonen i Ryfylke-kulturen, språkfellesskap og tradisjoner, det var tilvising til naturen og merksemd mot den omframme utgivinga av lokalaviser, vanskelege kommunikasjoner og ruvande personlegdomar.

Utvalet konkluderte med forslag til ei rekke tiltak som kunne settast i verk for å bruke særtrekk i ei aktiv markering av regionen. Mellom desse var skiping av ein årleg Ryfylke-konferanse der ein kunne ta opp tema som religiøse særtrekk, byggeskikk, Ryfylke-litteratur, folkeleg musikkliv og kraftutbygging. Utvalet foreslo vidare at det blei laga ein antologi med Ryfylke-litteratur og at det blei lyst ut ein forfattarkonkurranse for å få fram nye forfattarar. Det foreslo å tildele stipend til kunstnarar for å stimulere folk med talent slik at dei kunne utvikle kunsten sin, stille ut spesielle Ryfylke-produkt innafor husflid og handverk, bygge ut regionale kulturinstitusjonar, setta i verk tiltak for å få meir Ryfylke-stoff i massemidia, utgi eit Ryfylke-magasin, styrke medvetet om Ryfylke i skulen, arrangere tematurar til Ryfylke for å



Arbeidet til Ryfylke kunstlag og dei lokale kunstlaga i Ryfylke-kommunane har vore mellom dei meir vellukka tiltaka innanfor kultursektoren. Suldal kunstlag har vore særleg aktivt, og har tatt initiativ til både internasjonale utstillingar, store, utanårs installasjonar og dansearrangement. Her er det ungdommar som deltar med dansoppvising under avdukinga av treskulpturar på Einersneset, Sand. Foto: Suldal kunstlag.

sjå på kraftutbygging, jordbruk, lokal motstandskamp under siste krig, bedehus og sand- og grustak og å gi ut praktbok, video og brosjyre om Ryfylke.

Fleire av desse forslaga blei faktisk følgt opp, og vi skal sjå korleis det gikk med noen av dei.

KONFERANSAR OM, FOR OG AV RYFYLKINGAR

Den første konferansen som blei arrangert handla nettopp om særtrekk. Den gikk føre seg i Saudasjøen, på fjordhotell, i mars 1987, og det store trekkeplasteret var Andreas Skartveit, forlagsdirektøren frå Finnøy. Han måla Ryfylke med brei pensel men peika og på Ryfylke som fattigdomssamfunnet, eit samfunn prega av egalitet og pietisme, med

bedehuset og saueutstillingane som viktige kultursentra. Skartveit såg på Ryfylke-kulturen som ein motkultur der språket, religionen og politikken var viktige element, ikkje ulikt resten av Vestlandet. Dette, meinte han, ga bakgrunn for ei utvikling mot eit forsvarslaust samfunn som hadde lite å stille opp med mot det nye presset frå storsamfunnet.

Det var ikkje så lysteleg. Og sett inn i ein maktmodell, som Skartveit også tilbaud ein lydhør flokk på 28 kulturbidrarar og -politikarar frå Ryfylke-kommunane, blei det enda mindre å muntre seg opp på. Ryfylke har grodd saman med resten av landet og verda på ein måte som har gjort at innverknaden på eigne omgjevnadar er mindre. Sa Skartveit. Det er prisen, sa han, og påsto at det var lite



Ustillinga «Made in Ryfylke» som ble skipa til på Ryfylkemuseet i 1989 danna utgangspunktet for foreninga „Ryfylkeprodukt“, ei for-
ening for produsentar av husflids- og handverksprodukt frå Ryfylke. Foto: Ryfylkemuseet.

Ryfylke hadde kontroll over, anten det galdt økonomiske eller andre faktorar som påvirkja utviklinga.

Men kulturutvalet let seg ikkje knekke. Året etter blei det arrangert ny konferanse. Denne gongen var spørsmålet om det fanst noen Ryfylke-produkt. Og nå blei det noe meir å reise heim med, for alle var samde om at det var noe ein kunne kalle Ryfylke-produkt. Ryfylke-produkt blei definert som slikt som er laga i Ryfylkle og som er typisk for regionen. Døme var båtar, tønner, jærstolar, dreidde og skorne saker, ruser, teiner, sponkorger, tresko og rose måla gjenstan-
dar.

Kultursjefen i Forsand, Halvdan Magnus Hansen, spurte om det nett trond vera historiske produkt som måtte fram i lyset for å kunne skape større identitet i Ryfylke. «Dei gamle handverka vil vera ein god basis for vidare utvikling av produkt, men vi må ikkje stoppe der», sa han. «Eg trur det er viktig å skape nye produkt, bygd på den gamle arven».

Både Halvdan Magnus Hansen og ordføraren i Strand, Odd William Bøe, kommenterte at konferansen ikkje hadde vist fram noe eintydig bilde av kva som var gode Ryfylke-
produkt. Begge peika på at hovudinntrykket heller var

mangfald og at det var trong for ein aktiv innsats for å få dette mangfaldet fram i lyset. Mellom forslaga til vidareføring som kom fram var presentasjonar, publisitet og skiping av eit forum for produsentar. Og dette var faktisk idear som førte fram.

Ryfylkemuseet blei ein god samarbeidspartnar. I 1989 arrangerte museet ei utstilling av Ryfylke-produkt kalla «Made in Ryfylke». I tilknyting til denne blei det bedt inn til skiping av ein interesseorganisasjon, og Foreninga Ryfylkeprodukt blei etablert. Seinare samarbeidde Ryfylkerådet, Foreninga Ryfylkeprodukt og Ryfylkemuseet om eit prosjekt kalla Frå ide til næring som hadde til formål nettopp å løfte fram mulege idear til nye produkt bygt på lokale tradisjonar.

Ryfylkekonferansen, som nå var i ferd med å etablere seg som eit årvisst fenomen, med noen unntak, handla i 1989 om trivsel. Trivsel som utviklingsfaktor i Ryfylke. Så om kulturlandskapet, om kultur og turisme, ryfylkeidentitet, strandstadene i Ryfylke og om kommunefellesskap. Men dei to siste var i røynda konferansar som blei arrangert gjennom eit samarbeid mellom kultursjefen i Hjelmeland og styraren ved Ryfylkemuseet etter at kulturutvalet til Ryfylkerådet hadde sovna inn og kultursjefen i Hjelmeland ønskte å utvikle Spinneriet i Hjelmelandsvågen til eit aktivt kulturhus i regionen.

Kan hende lukkast kulturutvalet med å løfte fram og halde høgt, som det heitte, noen viktige særtrekk ved Ryfylke gjennom desse konferansane. Kan hende føzte dette til betre kunnskap og høgare medvet om desse særtrekkene hos dei som møtte fram. Kan hende nådde konferansane fram til noen som det var viktig at hadde denne kunnskapen og dette medvetet. Dei som møtte fram var i stor grad folkevalde og tilsette innafor kultursektoren i kommunane. Men konferansane nådde sjeldan til topps i kommunehierarkia, dei nådde sjeldan ut

til andre enn dei som hadde lønn eller møtegodtgjersle for å vera med, og det var sjeldan avisene viste påfalande interesse for konferansane.

Vi merkar oss likevel at konferanseideen blei tatt opp att på nytt etter at Ryfylkerådet var blitt Ryfylke IKS. Strategisk tiltaksplan for Ryfylke hadde definert eit tiltak kalla Kulturprosjekt Ryfylke: «Kulturen fram i lyset som varig verdidimensjon og som strategisk verkemiddel som busetnings-, nærings- og opplevelseskreterium. Viktig delmålsetjing for prosjektet er å knytte kulturinstitusjonane tettare saman med siktet på å gi kulturen i Ryfylke større samla slagkraft i utviklingsarbeidet i Ryfylke». Dette var utgangspunktet for eit nytt kulturseminar. Og nå var det meir spenst over programmet. Åslaug Haga kom, ho var kulturminister da, Kjartan Fløgstad kom, Andreas Skartveit var framleis aktuell, og ei rekke framståande ryfylkingar var inviterte til å fortelja om seg og sitt. Året var 2001 og tittelen på seminaret var rett og slett «Ryfylkekulturen». Det handla mye om mat og ein del om turisme.

Skartveit sa det som mange har lurt på. Han sa at Sauda var ein framand stad. Sett i frå Finnøy, og for mange år sidan. Jørpeland var ein annan stad. Øysamfunnet var framandt for industrisamfunnet og arbeidarørsla. Elles sa han det same som han hadde sagt 14 år tidlegare, utan at det skjemte ut, og at han aldri hadde hørt folkemusikk frå Ryfylke før. Det var første gongen han hørte folkemusikk frå Ryfylke. Det var i 2001 og Andreas Skartveit var 64 år gammal. Torborg Kleppa spurte om kultur nødvendigvis måtte ha ein nyttefunksjon. Innleiarane reiste heim med ein røykelaks i bagasjen. Men hadde ein kome nærmare noen strategiske mål?

Det overordna målet i Strategisk tiltaksplan for Ryfylke var at fleire skulle bu og arbeide i Ryfylke. For å få dette til måtte ein «utnytte alle dei eksisterande for-

trinn som måtte finnast». Fokuset på kulturen kunne ein truleg knyte opp mot dei strategiske måla som gikk ut på å bygge opp Ryfylke som «det varemerket» folk ville ha og den regionen der folk ville bu og arbeide. Kulturlandskap og kvalitetsmat var også mellom dei strategiske måla i planen. Og det var ikkje dumt tenkt det. Problemet var å nå ut over den indre kjernen, dei som allereide hadde tatt poenget, som allereide budde i Ryfylke, og som var så vel etablerte der at dei var forbi alle alternative bu- og karrierealternativ. Problemet var marknadsføringa.

MARKNADSFØRING AV RYFYLKE

Strevet med marknadsføringa var også tatt opp tidlegare, i 1988. Da blei det sett ned eit utval med desse medlemmane: Øyvind Bergøy (leiar), Tora-Liv Thorsen, Rolf Aarsheim, Roy Høibo og Audun Rake. Utvalet laga eit utgreiing. Den var ferdig i oktober. Utvalet hadde fått som mandat frå Ryfylkerådet å «gå gjennom allmenne og spesielle tilhøve ved Ryfylkeregionen for aktiv markering innad og utad». Ikkje ulikt mandatet til kulturutvalet. Målet var at fleire skulle busetta seg i Ryfylke.

Utvalet tok nokså nøye for seg ulike målgrupper, drøfta mediesituasjonen og kom opp med forslag til ein handlingsplan som både omfatta produktutvikling, internt sal og eksternt sal. Utvalet foreslo prioritering av følgjande 3 hovudarbeidsområde:

- Produktutvikling, d.v.s. kvalitetsutvikling med det formålet å gjera Ryfylke til eit attraktivt distrikt å slå seg ned i.
- Kampanjer for å selja Ryfylke til særleg viktige grupper, d.v.s. ungdom og kvinner.
- Tilrettelegging av og innsal av stoff til eksterne media.

Utvælet hadde allereide undervegs hatt møte med Stavanger Aftenblad, men fekk ikkje særleg medhald i påstanden om at Aftenbladet hadde lite stoff frå Ryfylke. Avisa lova likevel å sjå på utvegen til å kjøre ein artikkelserie frå dei indre delane av regionen. Frå Ryfylke såg det elles lite teneleg ut at Ryfylke-kommunane blei dekka av 3 ulike avdelingskontor i Aftenbladet: Sauda dekka Sauda og Suldal, Stavanger dekka Strand, Hjelmeland og øyane medan Sandnes dekka Forsand. Men Aftenbladet var lite stemt for å opprette eit avdelingskontor for dei søre delane av Ryfylke i Strand. Møtet med Aftenbladet blei likevel rimeleg oppbyggande, og det talde til at utsendingane møtte ein av sine eigne der, Per Surnevik, som både budde i Ryfylke og som hadde vist stor interesse for utviklinga av Ryfylke gjennom sin karriere i avisra.

Hos NRK møtte utvalet eit yngre og meir urbant syn på tilverret. Maiken Ims forklarte at Lokalen var eit program for heile Rogaland, og at det var nyhende- og aktualitetsstoff som hadde førsteprioritet. Ryfylke-stoffet hadde lett for å bli kosestoff. Utvalet argumenterte for at Ryfylke var så mye meir, og at dette var ei stor utfordring for massemedia, utan at det gjorde påtakeleg inntrykk på Ims.

Gjennom eit jippo i juni 1989 lukkast utvalet å få med seg dei fleste av dei riksmedia som var representerte i Stavanger på ein to dagars rundtur i Ryfylke. Dei reiste med båt gjennom Rennesøy og Finnøy, besøkte Helland Laks på Vormestrond og smelteverket i Sauda, overnatta på Sauda fjordhotell, besøkte laksestudioet på Sand, tønnefabrikken på Jelsa, fekk orientering om fjordkryssinga i Høgsfjorden og avslutta med Lysefjorden. Det blei ein kjekk tur, og det kom noe på trykk etterpå. Men det ga kanskje ikkje noe varig løft for fokuset til journalistane.

Det var ein tung jobb å skape mediainteresse for Ryfylke. Ryfylkerådet valde i tillegg å satse på eigne

trykksaker. Oppfølging av forslaget om å gi ut eit Ryfylke-magasin blei drøfta nærmare med Ryfylkemuseet. Museet såg positivt på utvegen til å utvikle sitt skrift «Folk i Ryfylke» til eit magasin for Ryfylke, men såg behov for å drøfte nærmare både stofftilgangen og økonomien i eit slikt prosjekt. Så blei det ikkje meir med det. Derimot kom det eit par bøker.

Først ei såkalla praktbok, «Ryfylke – liv og landskap», som kom i 1989. Deretter den vesle «Ryfylkevegen – Kulturhistorisk vegbok» i 1992, som var meint som ein vegvisar for dei som ville vita meir om kommunar og stader langs Ryfylkevegen.

Inn i dette bildet hører også strevet med å etablere eit Ryfylke-senter i Stavanger. Dette har vi så vidt skrive om i artikkelen om Ryfylkerådet. Ryfylkerådet tok altså i 1987 opp tanken om å etablere eit Ryfylke-senter i Stavanger. Her ville ein samle felles funksjonar for regionen og drive utoverretta markering av regionen. Rådssekretæren oppsummerte resultatet av ein høringsrunde slik:

Det er ingen av dei som har uttalt seg som er i mot etablering av eit Ryfylkesenter i Stavanger på prinsipielt grunnlag. Det er kome fram innvendingar frå nokre hald på visse punkt, men tanken får medhald. Det er mogleg at Finnøy kommune vil reservere seg litt her, like eins for Rennesøy kommune. Spesielt interessant er Stavanger kommune si svært positive haldning.

Det er også stor grad av einsarting i innspela om kva for funksjonar senteret skal ha, kva det skal innehalde.

Det er når det kjem til dei harde fakta at reservasjonane melder seg med stor tyngde. Kva kostar det og kven skal betale? Det er på det reine at ved ei eventuell etablering så må kommunane (inkl. Stavanger), stå

sentralt i å skaffe midlar av dei som skal vere med i senteret. Det er dei som må stå for eigendelen av finansieringa (stor eller liten) så vel av investeringar som av drift. Kor mykje dette blir, og korleis det kan fordelast ligg det eit stykke inn i framtida å kunne svare på. Fråsegnene frå dei kommunane som er positive bør kunne tolkast i retning av at dei ynskjer å få ei utgreiing, der dette med økonomi blir nærmare avklart.

To viktige kommunar reserverer seg så sterkt at det er eit ope spørsmål om ein kan gå vidare med denne tanken nå.

Det kunne ein ikkje, og ideen om ein utpost i byen måtte vike for dei same realitetane som mange andre gilde tankar om felles tiltak for Ryfylke.

Da lukkast ein betre med den interne informasjonen. Etter initiativ frå kulturutvalet til Ryfylkerådet blei det tatt initiativ til noe som i utgangspunktet blei framstilt som ein sentral for formidling av informasjon og mediestoff i Ryfylke. Initiativet vekte ikkje noen stor begeistring i første omgang, verken frå kommunane eller lokalavisene, men førte etterkvart til eit betre samarbeid mellom ein del av lokalavisene, og med utveksling av stoff og bruk av felles stoff.

MOT SPLITTING AV KULTUR-RYFYLKE

Så skulle ein tru at samarbeid om ein kulturfestival ville vera gode greier. Men det ført til negative overskrifter i avisene. Det var arbeidsutvalet til Ryfylkerådet som tok eit initiativ denne gongen, i 1995, etter at fylkeskommunen hadde vore med og dratt i gang ein kulturfestival i Dalane. Dette fekk tilslutning. Fylkesutvalet gikk inn for å arrangere kulturfestival i Ryfylke i 1998, og slik blei det. Gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Ryfylkerådet og kommunane kom det i stand ein

stor festival med både landskjente og lokale artistar og arrangement i alle kommunar. Målet var at kulturen skulle knyte ryfylkingane enda tettare i hop. 50 arrangement blei avvikla på tre dagar. Noen tykte det blei for mye.

Festivalen blei gjentatt i 2000, men nå med nær 70 arrangement over ein periode på 10 dagar. Her var konserter, seminar, gudstenester, eventyrstunder, Rasmus Løland-dag, musical og dansekurs. Men nå hadde kul-

tur-Ryfylke skrumpa. Rennesøy ville ikkje vera med lenger, og besøket var framleis ikkje tilfredsstillande for alle arrangementa.

Etter tredje festivalen, i 2002 begynte fleire å stille spørsmål. Kulturetaten i Finnøy meinte det var for dyrt og for tungvint å samarbeide med heile Ryfylke. I staden ønskte etaten eit tettare samarbeid med dei søre delane av Ryfylke. «Skuffende publikumsframmøte, tungvint kommunikasjon og trang økonomi gjør at Finnøy kan



Restaurantbåten «Forsand» var kulturferje under Ryfylke-festivalen 1998. På Sand møtte kulturferjepassasjerane installasjonskunst av lokalt råstoff. Foto: Suldal kunstlag.

komme til å si nei til Kulturfestivalen i Ryfylke neste år», skreiv Aftenbladet. Kulturkonsulenten i Finnøy, Terje Flesjå, meinte at dei søre kommunane låg kulturhistorisk nærmare kvarandre, og at det kommande fastlandssambandet ville gjera kommunikasjonane mellom desse kommunane enklare.

Også Strand og Forsand hadde signalisert synkande interesse for kulturfestivalen. «Festivalen har hittil ikkje vært en suksess. Publikum svikter. Samtidig er det dyrt og arbeidskrevende», sa kultursjefen i Strand, Einar Berge. Han meinte Strand kommune ville vera betre tent med å kjøre eigne arrangement, eventuelt i samarbeid med Strandadagane, og støtte frivillige lag og organisasjoner.

Dei einaste som var skikkeleg fornøgd var suldølingane, men så opna dei også det nye kulturhuset sitt på Sand under Ryfylkefestivalen 2002. Der var det fulle hus og glade tilskodarar.

Det var dessutan ikkje berre geografi og problem med å dra nytte av kjekke arrangement i nabokommunane som var problemet. Det kom også opp ein diskusjon om profesjonalitet versus amatørskap. Nå var programmet for Ryfylkefestivalen ei blanding av profesjonelle utøvarar og amatørar, ofte i kombinasjon. Men noen meinte det likevel blei for mye profesjon og for lite lokalt og folkeleg. «Vi var mest fornøyd med de lokale innslagene, og eg vil anta at vi ved seinere festivaler vil legge mer vekt på dem», sa kulturleiaren i Hjelmeland, Lars Slettebø.

Men det brenn eit blått lys for Ryfylkefestivalen. Strand og Finnøy fann etterkvart ut at dei ikkje ville vera med lenger. «Vi er i utgangspunktet positive til å fortsette samarbeidet, men hvis Strand setter ut, følger vel vi etter», hadde rådmannen i Forsand, Terje Nysted, signalisert.

Fylkeskultursjefen rulla ikkje ned for det, men tenkte

kreativt i forhold til dei indre kommunane. Han hadde registrert at oppslutninga om festivalen var større i dei indre kommunane, og tenkte høgt om å invitere med Ølen og Vindafjord i staden for dei ytre kommunane som ikkje ville vera med. Dermed var Ryfylkefestivalen i ferd med å bli eit tiltak som i staden for å samle det som etter den offisielle definisjonen var Ryfylke og det opphavelege arbeidsområdet til Ryfylkerådet, kunne komma til å splitte Ryfylke i ein søndre del, med kommunar som hadde, eller var i ferd med å få fastlandssamband til Nord-Jæren, og ein nordre del, som kunne komma til å inkludere kommunar i Nord-Rogaland-regionen.

Vi antyda i innleiinga til denne artikkelen at Ryfylkerådet ikkje var dei første som kom på banen i strevet med å samle kultur-Ryfylke. Dei var heller ikkje dei siste. Nedanfor skal vi sjå på tre regionale kulturtiltak som har hatt andre utgangspunkt.

KUNSTFORMIDLING I PROVINSEN

Bakgrunnen for oppstarten av Ryfylke kunstlag var ei rekke med kurssamlingar for utøvarar i kunstmåling, teikning, modellering og treskjæring. Primus motor for desse kursa var Magne Austigard, med god hjelp frå Audun Skjelbreid, som den gongen jobba for Friundervisninga.

Kursa vart halde vekselvis i Årdal, på Tau og i Suldal, med deltakarar frå Strand, Hjelmeland og Suldal. Resultata frå kursa vart presenterte på utstillingar, det som etterkvart er blitt til den årlege Ryfylkeutstillinga. Det vart etterkvart behov for ein meir organisert form på verksemda, og det vart danna eit interimstyre med Magne Austigard som leiar.

Ryfylke kunstlag vart skipa 28.april1978 på eit møte i Årdal. På dette møtet vart det vedteke lovar for laget, og medlemmene til det første styret vart valde, med to frå kvar av kommunane Strand, Hjelmeland og Suldal.

I fomålsparagrafen frå 1978 heiter det: «Ryfylke kunstlag har til føremål ved utstillingar, føredrag og på anna vis å arbeida for å vekkja interesse og kjennskap til kunst og kultur og stimulere desse aktivitetane i nærmiljøet.»

Ryfylkeutstillinga har alltid stått sentralt i Ryfylke kunstlag. Det var ei utstilling som skulle stimulere til auka eigenaktivitet. Dei første åra var det som ei mønstring av skapande krefter i regionen med ein stor breidde

av teknikkar innafor kunst og husflid. Seinare er utstillinga blitt ei rein kunstutstilling, der dei innsendte arbeida vert juryerte. I tillegg til Ryfylkeutstillinga vart det laga 2-3 vandreutstillingar i året med profesjonelle kunstnarar, målarkurs og målarsamlingar, og årsmøte med kunstfagleg innhald.

Delar av Ryfylke hadde nå fått eit organisert formidlingsapparat for kunst. Fylkeskultursjefen såg behov for ei utviding av denne aktiviteten til å omfatte heile



Howard Bowcott frå Wales er mellom dei kunstnarane Suldal kunstlag har invitert til å arbeide i Ryfylke. Her er han i gang med å forme sitteskulpturar på Sand. Foto: Suldal kunstlag.

Ryfylke-regionen. I 1984 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for kunstlaget, kultursjefane i dei tre kommunane og fylkeskultursjefen for å utarbeida ein plan for kunstformidling i Ryfylke. Det vart ein lang prosess, med mange møte. Else Åsen gjorde ein kjempejobb i denne perioden, i samarbeid med daverande fylkeskultursjef, Roald Håland.

Først på årsmøtet i 1992 vart det gjort vedtak i Ryfylke kunstlag om å utvide verksemda også i Forsand, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Det vart etablert lokallag i alle kommunane. I Sauda vart målarklubben invitert til å vera med og i Finnøy var det alt eit kunstlag. Forsand hadde kommunal bedriftskunstforening som tok ansvaret for kunstformidlinga. Lokallaga vart så tilmeldt regionlaget. Sigrun Surnevik vart tilsett som dagleg leiar i 50% stilling med kontorstad på Rennesøy.

Ryfylke kunstlag meldte seg tidleg inn i Norske Kunstforeningers Landsforbund som lokallag. Etter utvidinga fekk regionlaget mellombels observatørstatus fram til Rogaland fylkeskunstlag vart skipa i 2000.

Drifta til Ryfylke kunstlag blir finansiert med årlege tilskot frå Fylkeskommunen og Ryfylke-kommunane. I tillegg blir det gitt statlege tilskott gjennom Norsk Kunstforeningers Landsforbund i form av fraktilskot og prosjektilskot til enkelt utstillingar. Dei enkelte kommunane gir også direkte tilskott til sine lokallag.

Geografien og kommunikasjonen i Ryfylke gjer det ikkje enkelt å drive kunstformidling. Trass i det, har sat-singa på å gjera Ryfylke kunstlag til eit apparat for kunstformidling ut i dei minste kommunane vist seg å vera svært vellukka. Kunstlaget har fått ein publikums-styrt formidling, der dei sjølv har stor påverknad på kva som skal visast. Med ein 50% stilling får kunstlaget administrert 4-5 utstillingar i året. Det er utstillingar med profesjonelle kunstnarar på eit høgt kunstfagleg nivå, og med ei stor fagleg breidde. Det hadde ikkje vore

muleg å få dette til for små lokallag aleine. I tillegg har Riksutstillingar og andre nasjonale institusjonar fått eit mottakarapparat.

Det er ingen sjølv sagt ting å driva kunstformidling langt uti havgapet og djupt inne i Ryfylke-fjordane. «Men det er her me treng han mest, her kor folk er til kvar dag når me treng inspirasjon og påfyll», skriv Grete Holmboe i den artikkelen dette er henta frå. «Det har skjedd ei positiv utvikling av kunstformidlinga i Ryfylke etter starten i 1978. Om alt anna Ryfylkesamarbeid er i krise, er Ryfylke kunstlag eit Ryfylkesamarbeid som, etter 25 år, fungerar betre enn noen gong.»

Og det var ikkje berre kunstformidling kunstlaget engasjerte seg i. Med utgangspunkt i miljøet kring Suldal kunstlag, eitt av lokallaga til Ryfylke kunstlag, blei det tatt initiativ til etablering av eit kunstnarsenter i Suldal. Dette var utgangspunktet for den seinare etableringa av Ryfylke Kultur AS (RK 13), som etter 4 års drift er om lag der som kunstlaget var i 1991.

FRÅ INITIATIV TIL KOMITE

Det var altså 1991. Det var sommar og ver til å treffast under open himmel, kunstnarparket Anita Houvenaeghel og Freddy Gislesen frå Danmark var gjester i Suldal, og det kom i gang samtalar om etablering av gjestebustad og -atelier for kunstnarar. Houvenaeghel og Gislesen var svært interesserte. Styrerepresentantane til Ryfylke kunstlag frå Suldal skreiv notat til Suldal kommune. Men det skjedde ingenting.

Året etter var kunstnarparet Siri Wigdel og Howard Bowcott frå Wales gjester hos kunstlaget, og det kom i gang samtalar om etablering av gjestebustad og -atelier for kunstnarar. Wigdel og Bowcott var svært interesserte. Ryfylke kunstlag skreiv brev til Suldal kommune. Og kunstlaget gikk vidare. Det tok til orde for utvikling av musikkskulen til ein kunstskule og peika på konkrete

fysiske utvegar til å få dette til, foreslo framdriftsplan og ba om å få vera med på planlegginga. Nå skjedde det noe. Leiv Risa fatta interesse for saka. Leiv Risa var skulesjef i Suldal, og ein som hadde trening i å fremje nye prosjekt.

Det blei arbeidd fram ei skisse for etablering av kunstskule og utleigeatelier. Tiltaket skulle stimulere til skapande aktivitet innafor ulike kunstformer, føre til etablering av nye arbeidsplassar og bidra til marknadsføring av Ryfylke. Tre ting på ein gong. Det var strategisk utviklingsarbeid på sitt beste.

Kunstnarane var begistra. Det var Anita Houvenaeghel og Freddy Gislesen som var i ferd med å bli Norges- og Suldals-venner. Og det var Sandnes-kunstnaren Turid Gramstad Oliver: «Dersom dette går i orden slik de har planlagt, har Suldal kommune fått til noko unikt», sa ho. Ho hadde erfaring frå pionerprosjektet Sandnes sykkelfabrikk. Ingen av dei tre trudde det ville vera det minste problem å få kunstnarar til å komma til Suldal. Dersom forholda er lagt til rette vil det vera attraktivt å bu og virke her i kortare eller lengre periodar, å ha sitt atelier og undervise andre i sin kunstart, meinte dei.

Nå blei arbeidet løfta inn i meir formelle former. Det blei etablert eit interimstyre med initiativtakar og pådrivar Grete Holmboe frå kunstlaget som leiari, og med kultursjef Audun Skjelbreid og ny skulesjef Lars Galdal som medlemmar. Målet var å få etablert kunstnarverksteder og undervisningslokale og komma i gang hausten 1994. Initiativet var framleis i forkant av utviklinga. Staten arbeidde framleis på forsøksstadiet med utvikling av kulturskular, og lokka med prosjektmidlar til dei som ville prøve. Interimstyret sökte om midlar til planlegging av eit Ryfylke Kunstsenter i lokale på Ryfylke folkehøgskule.


Tiltaket fekk moralsk støtte frå Ryfylkerådet. Rådet uttalte seg positivt, og hadde ingen problem med at sentret reint fysisk blei etablert i Suldal, men ba om at det

måtte utvikle seg «som ein regional instans, med positiv betydning for kunst- og kulturaktivitet i heile regionen». Rådet hadde dessverre ingen pengar å bidra med.

I kommunane var tilslutninga meir etterhalden. Finnøy kommune fann grunn til å rette eit personleg angrep mot leiaren i Ryfylke kunstlag, Grete Holmboe, fordi kommunen ikkje var tatt med på råd og fordi ho hadde velsigna prosjektet utan å drøfte det i styret for Ryfylke kunstlag. Dette var ikkje sant. Saka var drøfta både i arbeidsutvalet og styret i Ryfylke kunstlag, i det siste hadde representanten for kultursjefane vore til stades, og styret hadde samråystes slutta seg til eit forslag om å arbeide vidare med saka. Men det viser kor vanskeleg det var å skape tillit til at etablering av nye tiltak kunne få noe å seia for andre enn den kommunen og den plassen der tiltaket skulle ha sitt sete.

Heller ikkje i Suldal gikk framdrifta på skinner. Det lukkast å skaffe pengar til planlegging av lokala, og det oppnemte interimstyret la fram eit forslag om oppstart av kunstsenter. Men Idrettslaget Sand fann det undervegs føremålstenleg å spele inn eit forslag om å etablere ein idrettsskule, musikkskulerekturen ønskte at ambisjonane blei dempa og i større grad retta seg mot ei indre utvikling av musikkskulen, Rogaland fylkeskommune og Norsk kulturråd avslo søknadar om støtte til etableringa, tvilen breidde seg i kommunen. Det var ikkje råd å komma i gang slik som tenkt. I mellomtida kom det meldingar om oppretting av kunstskular både i Vindafjord, på Stord og andre stader. Prosjektet var ikkje lenger noe pionerprosjekt.

Kunstlaget gikk vidare på eiga hand. Det fekk Suldal musikkskule med på å arrangere kurs i fri dans, det fekk kultursjefen i Suldal med på eit skulpturprosjekt og det arrangerte dragekurs i lag med Suldal folkeuniversitet. Ideen var ikkje død, og han hadde tilhengrar på høgt nivå i Suldal kommune.



Gjennom kunstlaget fekk publikum møte fri dans i fri luft. Siri Wigdel leiar ei gruppe med ungdomar under opninga av Ryfylkefestivalen 1998. Foto: Suldal kunstlag.

I 1997 stelte Suldal kommune seg til med ein Strategisk kulturplan. Det strategiske målet gikk ut på at «kulturskaping skal vere ein viktig del av det arbeidet Suldal kommune driv for å skape ei positiv utvikling, ein stad å høyra til og ein triveleg kommune å bu i». For å komma dit ville kommunen m. a. utvikle regionale kulturfunksjonar. Eit av dei regionale kulturtiltaka var å etablere eit Ryfylke kultursenter, eit anna å bygge regionalt kulturhus. Det blei sett ned ein ny komite med ordførar Eldbjørg Sivertsen som leiar. Etter 20 møte kom komiteen

opp med ein rapport om korleis kultursenteret skulle sjå ut.

Det blei inga tydeleg teikning. Utgangspunktet var at Ryfylke Kultursenter skulle vera ei drivkraft for kulturen i regionen. Det sto det i overskrifta. Men i det som sto med smått var det ikkje greitt å få auge på verken det regionale perspektivet eller det opphavelege utgangspunktet, og det var vanskeleg å sjå kor grensa skulle gå mellom det kommunale kulturkontoret og det regionale kultursenteret. Det var likevel ikkje til hinder for at kultursenteret blei etablert.

I september 1999 blei det halde stiftingsmøte for Ryfylke kultursenter AS. 105 privatpersonar, lag og bedrifter, alle i Suldal, hadde teikna i alt 315 aksjar a kr. 200,-. I tillegg hadde Suldal kommune 250 aksjar. Seinare skulle Sauda kommune bli ein stor aksjonær gjennom ei aksjegåve frå Suldal kommune som takk for hjelpa med å gi kulturhuset på Sand regionstatus. Tidlegare ordførar Torkel Myklebust blei vald til styreleiar. Terje Fatland, som var regionaldirektør i fylkeskommunen, fann tiltaket så interessant at han stilte opp som styremedlem. Lars Hauge var henta inn som nasjonal tungvektar, Rønnaug Foss Alsvik frå Strand tilkjennega det regionale perspektivet. Frå Suldal kom Anne Margrethe Myhre, aktiv lagsleiar, reiselivssjefen Bente Bjerknes og Roy Høibo med i styret.

Første utfordringa for styret var å tolke mandatet. I vedtekteno sto det at «selskapet sitt føremål er å vera ei drivkraft for utvikling av kultur i Ryfylke-regionen». Det nyvalde styret fann ut at dette kunne formulerast som ein visjon om å «utvikle og ta i bruk kultur som virkemiddel for å skape ein spennande og aktiv region, og fremja trivsel, velferd og helse». Ut frå dette arbeidde styret ut eit handlingsprogram bygt på desse hovudmåla:

- Skape mangfold i aktivitetar og få fleire til å delta
- Få fleire til å busetja seg i Ryfylke
- Gjera Ryfylke meir attraktivt for unge

Det var heilt klart at perspektivet skulle vera Ryfylke-regionen, og det som sto øverst på arbeidsprogrammet var å delta i arbeidet med Ryfylkefestivalen og Ryfylkekonferansen. Punkt nr. 2 var etablering av kunstsenter i den gamle Arbeidsskulen på Eide, nær Sand. Det tredje å bygge opp nettverk med kommunane for å samarbeide om arrangementstiltak. Elles var leiaropplæring, etablering av kulturbaserte arbeidsplassar og profilering av

regionen mellom dei oppgåvne som blei søkt prioritert.

Men styret støytte på både eksterne og interne problem. Kommunane var ikkje særleg interesserte i å sleppe RK 13 inn på banen, Suldal kommune ville gjerne sjå på selskapet som ein del av kulturadministrasjonen, aksjonærane ville at selskapet skulle interessere seg meir for det frivillige lagslivet i Suldal og styret og den nytilsette daglege leiaren var usamde om kva oppgåver som skulle prioriterast. Det gikk ikkje så bra, og den første daglege leiaren sa opp stillinga si i februar 2002, etter å ha vore i arbeid i 1 1/2 år.

Styret var nå kome i ei klemme, både i forhold til den generelle framdrifta i arbeidet med å få RK 13 opp og stå, og i forhold til ferdigstilling og opning av senteret på Eide. For ikkje å miste unødig tid blei det gjort vedtak om mellombels innleige av ein konsulent for å få i havn alleide planlagte oppgåver. Styret valde å konsentrere arbeidet om opning av Arbeidsskulen på Eide som eit kultursenter. Det blei invitert til idedugnad. «Målet er ein møteplass for personar og organisasjonar som arbeider med kulturspørsmål på heiltid eller gjennom frivillige lag og organisasjonar», sto det i invitasjonen. Det blei ikkje tydelegare kva RK 13 skulle vera. Men det blei ei stor slagten opning av Arbeidsskulen. Ikkje noe mindre enn ein festival.

Fire dagar til ende sto festen på. Det var arrangement både på Eide, i kulturhuset på Sand og andre stader. Det var konserter, stand-up show, kunstutstilling, kulturverstad og konferanse. Mary Coughlan kom frå Irland og tok folket med langt bort frå den mørke novemberkvelden. Om dagen hadde det vore skrivekurs for 50 ungdommar frå heile Rogaland. Det var ikkje meir enn noen veker sidan det hadde vore Ryfylkefestival og opning av kulturhus i Suldal og folk snakka over seg om kva for ein gild kulturkommune dei budde i. Men det kosta sjølv sagt fleisk, og spørsmåla om kva RK 13 skulle vera blei ikkje færre etter dette.

I mellomtida var det tilsett ny, fast dagleg leiar i RK 13, den 3. på to år. Han blei eit snautt år. Vi hadde komme til sommaren 2003, det hadde gått 3 1/2 år, selskapet hadde fått nytt styre og det regionale kultursenteret hadde rykka tilbake til start. «Fellesstrekka er mange mellom RK 13 sin nye strategi og den selskapet sjølv har definert som feil retning», kommenterte Suldalsposten.

Ryfylke kultursenter er så langt verken blitt noen sjølvstendig kulturinstitusjon, noen fødselshjelpar for andre, eller noen bidragsytar i strevet med å nå dei høge måla om å få folk til å bu i Ryfylke. Og det er heller ikkje blitt det kultursenteret som noen såg gode utvegar til å få til 12 år tidlegare. Det skuldast noen uheldige omstende, men det skuldast også at det blei for mange kompromiss mellom lokale og regionale mål, mellom mål for etablering og formidling av profesjonell kunst og støtte til det frivillige lag og mellom mål for tilrettelegging av ein bygningsmasse og aktivitet i distriktet.

I årsmeldinga for 2002, som blei lagt fram av den avgåande leiaren, er ideane om RK 13 som ei nyskapane og inspirerande kraft snudd på hovudet. Her heiter det at det vil bli lagt stor vekt på å få både etablerte og nye brukarar til å vera aktive som arrangørar av kurs, seminar, konsertar, utstilling m.m. «Ryfylke kultur vil og arbeide for å få fleire interessentar til å bidra til senteret». Det er som i einkvar organisasjon som er i ferd med å gå til grunne, fokus blir retta mot å halde liv i seg sjølv. Selskapet var ikkje lenger til for brukarane. Brukarane var til for selskapet.

Det kan vera grunn til å understreke at det nye styret har gitt uttrykk for at det har andre holdningar. Førebelser er det altså noe uvisst kva resultatet av satsinga på eit regionalt kultursenter vil føre til. Da veit vi meir om korleis det har gått med ideen om å laga eit regionalt museum for Ryfylke.

TRONG START FOR EIT REGIONMUSEUM

Tanken om ei regionalisering av museumsstellet i Rogaland oppsto i kjølvatnet av dei kulturmeldingane som Stortinget vedtok på 1970-talet, og nedfelte seg i ein fylkeskulturplan der det blei foreslått at Rogaland folkemuseum skulle gjerast om til eit regionmuseum for Ryfylke.

Rogaland folkemuseum var skipa i 1936. Peder Heskstad var drivkrafta, og hans tanke var å skipe til eit sentralt friluftsmuseum ved Mosvatnet i Stavanger. Guggedalsloftet frå Bråteit i Suldal vart sett opp der same året som museet vart stifta, og formålsparagrafen kom til å lyde slik:

Hovudoppgåva til Rogaland folkemuseum er å taka vare på bygningar som syner gamal byggjeskikk i Rogaland, og reisa desse husi etter museumsplanen på Tjensvoll.

Heil frå starten var det motforestillingar mot flytting av hus, men dei galdt først og frems det spesielle loftet frå Guggedal i Bråteit. Likevel gikk det ikkje lang tid før tanken om å ta vare på husa der dei hørte heime tok til å arbeide seg fram. Alt i 1938 kom Peder Heskstad til Litunet ved Hylsfjorden og baud eigaren hjelp til å vøle husa.

Rett etter krigen fekk museet sjølv hand om husa på husmannsplassen Røynevarden ved Suldalsvatnet. Den første tanken var å flytte dei til Mosvatnet, men nokså snart kom ein til at husa burde vernast på staden. Og det har seinare vore ein av dei berande ideane til Rogaland folkemuseum. Målet vart nå «å skipe bygdetun i dei ymse bygdene innan museet sitt område».

Museet heldt fram med å hjelpe til med restaurering og vedlikehald av enkeltbygningars, men det var bygdetuntanken som vart hovudsaka. I slutten av 40-åra var

det forhandlingar i gang om fleire tun ulike stader i fylket. Frå 1948 vart det arbeidd med planar for å gjera Grødalands-tunet i Hå til bygdetun. Den praksisen som museet nå arbeidde etter vart i 1953 nedfelt i ein ny formålsparagraf:

Hovudoppgåva for Rogaland folkemuseum er å ta vare på bygningar som syner gamal byggeskikk i Rogaland. Like eins skal museet ta vare på gamle bruksting som har kulturhistorisk verd. Der tilhøva ligg til rette for det vil museet ta opp arbeidet for å skipa til bygdetun.

Samstundes som den nye formålsparagrafen stadfestar det arbeidet som alt var i gang med å ta vare på bygningar i bygdetun, blei det peika på at museet nå også skulle ta vare på gjenstandar. Det skjedde altså både ei endring i innhaldet og ei utviding av oppgåvene, men ikkje på annan måte enn at museet fekk ein formålsparagraf som var i samsvar med den måten museet hadde arbeidd på nesten frå første stund.

I 1955 overtok museet husa på garden Kolbeinstveit i Suldal, og i 1970 Vika-tunet i Hjelmeland. I denne perioden overtok museet og ein del enkeltståande hus. Utanom arbeidet med bygdetuna ga museet frå 1959 ut årboka «Bygd og By i Rogaland» og det skipa til ei rekke kulturstemne og utstillingar.

I 1975 gikk museet inn i eit samarbeid med stiftinga Ullandhauggarden og prosjektet Rogaland landbruksmuseum. Dette gjorde det muleg å tilsetta konservator og søke om å bli tatt opp som halvoffentleg museum. Etter ein prøveperiode på 3 år, som blei finansiert av landbruksorganisasjonane, gikk landbruksmuseet ut av samarbeidet, men konservatorstillinga kunne likevel vidareførast gjennom eit samarbeid med stiftinga Ullandhauggarden.



Tove Solheim spelar framfor gamlestova på Røynevarden. Husmannsplassen Røynevarden attmed Suldalsvatnet var ein av dei første husmannsplassane som blei tatt vare på for museumsformål her i landet. Foto: Ryfylkemuseet.

Grunnlaget for dette var at museet kom med i tilskottssordninga for dei halvoffentlege musea. I samband med dette blei vedtekten endra, og frå 1977 var formålsparagrafen slik:

Rogaland folkemuseum skal arbeide for å verna kulturminne – anlegg, bygningar og bruksting – i Rogaland, og nyttja desse minna til gjennom gransking, folkeopplysningsarbeid og skolearbeid vinna og spreia kunnskap om livet i tidene før oss.

Hovudmålet er å berge kulturminna for etter slekta. Så langt det etter dette let seg gjera, vil ein arbeide for at kulturminna vert ein del av dagens liv og verksemad i det miljø der dei høyrer heime.

Med dette slutta museet seg til dei allmenne måla for museumsarbeid i Norge, som samla seg om dei fire hovudoppgåvene innsamling, bevaring, forsking og formidling. I praksis hadde likevel ikkje museet vunne over meir enn å verne og administrere det som alt fanst av samlingar, og knapt nok det. Rogaland folkemuseum var såleis framleis i hovudsak eit bygningsmuseum.

Arbeidet med å få stiftinga Ullandhauggarden med på tilskottssordninga lukkast ikkje, og i 1978 gjorde Rogaland folkemuseum vedtak om å ta over ein del oppgåver frå stiftinga i landbrukssektoren. Ulike sider av det moderne landbruket burde illustrerast der det høvdet best, ante var i tilknyting til museet sine eksisterande anlegg, i tilknyting til bygdemusea eller ved nye samlingar.

På denne tida var det og kome i gang arbeid med ein fylkeskulturplan for Rogaland. I utkastet til planen gikk fylkeskulturstyret inn for ein museumsstruktur med eit bygdemuseum i kvar kommune og eit regionmuseum i kvart regionsenter. Regionmusea skulle m.a. ha for-

skingsstatus og yte faglege tenester til bygdemusea. For Ryfylke-regionen gikk ein inn for å etablere eit regionmuseum i Suldal kommune. Rogaland folkemuseum burde danne grunnlaget for dette regionmuseet, medan dei bygningane museet eigde burde overførast til bygdemusea.

Rogaland folkemuseum sa seg samd i hovudintensjonane med ei desentralisert museumsstruktur, og ville og ta på seg ansvaret for å bygge opp eit regionmuseum i Ryfylke. Men museet meinte ein framleis hadde trong for arbeidet til museet i bygningssektoren, og at museet parallelt med oppgåvene her burde få høve til å utvikle arbeidet sitt i lokalmiljøa og samarbeidet med bygdemusea med sikte på å gi lokalsamfunna større medverknad.

På bakgrunn av kulturplanen og den uklare situasjonen kring framtida til Rogaland folkemuseum, eit ønskje fra Museums- og kulturminnenemnda i Hå om å overta eigendomane til museet der, og eit tilbod frå Suldal kommune om å stille kontor og bustad til disposisjon for konservatoren ved museet, og dessutan arbeide for å skaffe tomt for eit regionmuseum, tok Rogaland fylkeskulturstyre opp spørsmålet om ei omgjering av Rogaland folkemuseum til regionmuseum for Ryfylke på eit møte i mars 1980. Fylkeskulturstyret vedtok at Rogaland folkemuseum snarast råd burde omgjerast til regionmuseum for Ryfylke og at museet burde plasserast i Suldal kommune.

Museet ba landsforbundet til musea, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museet (NKKM) om hjelp i dei drøftingane som etter dette måtte førast. Og i juli 1980 låg det føre ei utgreiing frå NKKM, som blei avgjerande for den holdningen museet tok til vedtaket i fylkeskulturstyret. NKKM såg Rogaland folkemuseum som ein interessant museumsinstitusjon i landssamanhang. I sterkare grad enn noe anna museum her i landet meinte NKKM at Rogaland folkemuseum kombinerte eit desentralisert mønster med ei form for sentral styring og koordinering,

eit prinsipp som NKKM meinte var positivt og framtidssretta.

I kulturplanen merka NKKM seg at det var heilt på det uvisse korleis ein tenkte seg at forholdet mellom lokalmusea og regionmuseet skulle regulerast, og korleis den samansette museumsdrifta skulle koordinerast. Det ville etter NKKM si meining vera uklokt å gå inn for ei omstrukturering før ein slik diskusjon var gjennomført, og der dei faglege vurderingane kom sterkt inn.

Valet av administrativt sentrum, om det skulle vera Suldal eller Stavanger, såg ikkje NKKM på som noe avgjande. Men dei meinte at den vektlegginga på arbeidet i Ryfylke-regionen som fylkeskulturplanen skisserte, skulle kunne gjennomførast utan at det var nødvendig med ei «omgjering» av museet. Etter NKKM si meining skulle det ikkje vera noe problem knytta til å organisere eit regionmuseum for Ryfylke innafor ramma av Rogaland folke-museum. Hovudsaka for NKKM var at det vart forma eit klart regelverk som ga kvar eining – anten det var tale om ein region eller ein kommune – sin faste plass innafor fellesorganisasjonen. Full lokal og regional utfalding innafor eit koordinert opplegg såg NKKM som målet.

På denne bakgrunnen vart Rogaland fylkeskulturstyre og eit fleirtal i styret til Rogaland folkemuseum på eit møte 10. september 1980 samde om at administrasjonen (konservatoren) skulle flytte til Suldal og at museet skulle utvide arbeidsområdet sitt til fleire kommunar i Ryfylke. Flyttinga til Suldal blei gjennomført i samband med tilsetting av nærverande artikkelforfattar i konservatorstillinga frå 1. januar 1981, og etter avtale mellom fylkeskulturstyret og kommunen om at museet skulle få kontor i kommunehuset på Sand.

Det var ikkje semje i styret om dette, og heller ikkje mellom medlemmane. Jærbuane ville flytte administrasjonen til Suldal, suldølingane gikk i mot. I Ryfylke var det heller ikkje sjølv sagt at Suldal skulle huse museet. Jørpe-

land og Sauda var peika ut som regionsentra, og kjente seg forbigåtte. Grunngivinga for lokalisering var at den største delen av dei samlingane museet skulle bygge på var i Suldal.

Opprettninga av regionmuseet bygde heller ikkje på noe engasjement frå Ryfylke-kommunane. Dei var knapt nok spurve. Omgjeringa av Rogaland folkemuseum til regionmuseum bygde på ei fylkeskommunal avgjerd. Dermed måtte det nyorganiserte regionmuseet legge i veg utan noen sterk støtte verken frå dei frivillige kreftene som hadde bygt opp museet, eller frå dei kommunane museet var tenkt å tene.

DEN VANSKELEGE FINANSIERINGA

Det var ikkje noe ideelt utgangspunkt, og det skulle bli skrive mange planar og arrangert mange møte før kommunane 22 år seinare, frå 1. januar 2003, var blitt samde om ei såkalla konsolidering av museumsstellet i regionen. Men det var heller ikkje noe kommunane hadde kome på sjølve. Nå var det staten som tok initiativet, og staten skulle betale. Eitt av problema var altså at det var vanskeleg å få alle kommunane med på å gi økonomisk støtte til utvikling av museet. Eitt anna at heller ikkje fylkeskommunen hadde vilje til å bygge opp regionmusea slik at dei kunne ha rimeleg utveg til å ta i ferde med alle dei oppgåvane som meldte seg i kommunane.

Da Rogaland folkemuseum blei omgjort til regionmuseum i 1980 hadde museet til rådvelde ein fast stilling, eit årsbudsjett på litt over 300.000 kroner og ein liten flokk med velvillige dugnadsfolk i Suldal. Med desse ressursene skulle museet ha ansvaret for vedlikehald av 60 gamle bygningar, bevaring av ei gjenstandssamling og noe arkivalia og ein ambisjon om å drive museumsarbeid i 8 kommunar. Det hang sjølv sagt ikkje i hop. Og det skulle bli betre, men ennå i dag har ikkje museet nådd opp på det driftsnivået som Statens senter for arkiv, bibliotek og



Viga-tunet i Hjelmeland er eit av dei tuna Ryfylkemuseet ønskjer å vidareutvikle, men det har vore tungt å skaffe pengar til tiltaka. Ved utgangen av 2003 ser det ut til at målet kan vera i sikte, slik at arbeidet med å gjera Viga til ein meir interessant stad å besøke kan starte i 2004. Foto: Ryfylkemuseet.

museum (ABMU) meiner er eit minimum for eit regionmuseum.

Frå 1. januar 1982 fekk museet midlar til opprettning av ein stilling som museumsassistent. Og allereide dette året lukkast museet med å finansiere omframme arbeid med dokumentasjon og vedlikehald. Seinare også arbeid med registrering av gjenstandssamlingar, kontorarbeid, feltarbeid (innsamlingsarbeid) og arbeid med oppbygging av eit folkemusikkarkiv. Men utviklinga var nå slik at ein større

og større del av verksemda gikk føre seg ved hjelp av omframme tilskott, medlemspengar, gåver, sivilarbeidar, arbeidsmarknadstiltak og velvillige dugnadsfolk. I 1985 blei berre halvparten av utgiftene dekka gjennom ordinære driftstilskott, og følgjande hjartesukk kom på trykk i års meldinga: «Det krev mye arbeid å skaffe seg og administrere eit slikt inntektsgrunnlag. Og ein skulle ønske at stat, fylkeskommune og kommunar kunne ta på seg eit større ansvar for ei samla finansiering av museumsstellet.»

Etter å ha søkt om midlar til nye stillingar i fem år fekk museet frå 1. januar 1987 oppretta ein halv stilling for kontorassistent. Da hadde museet tilsaman 2 1/2 faste stillingar til rådvelde. Årsmeldinga var prega av frustrasjon: «Arbeidsvilkåra til museet har dei siste åra vore prega av eit stagnerrande driftsbudsjett, og det er nå stor avstand mellom dei oppåvne museet er tiltenkt som regionmuseum for Ryfylke og dei midlane som blir stilt til rådvelde for å løyse denne oppgåva. Dette fører til at dei forventningane som bygde seg opp dei første åra etter omgjeringa av museet i 1981 ikkje blir innfridd, og det fører til at ei rekke oppgåver som var forsømte allereide da enda ikkje har funne noen løysing. Dette virkar inn på omdømet til museet, og gjer at museet ikkje framstår som den naturlege og truverdige samarbeidspartnaren vi gjerne ville vera i arbeidet med museums- og kulturvernspørsmål.»

Det var arbeidsløysa som gjorde at museet likevel kunne levere resultat. I 1989 hadde museet 8 personar som var engasjerte innafor ymse ordningar for sysselsetting av arbeidsledige, og kunne i alt vise til ei personalliste på 29 personar med smått og stort. Omrekna til årsverk var det etterkvart tale om 5-6.

Ein liten vekst i det faste personalet kom da fylkesting frå 1. januar 1992 oppretta ein halv fast stilling ved folkemusikkarkivet. Så hadde museet 2 heile og 2 halve stillingar. Arbeidet med oppbygging av eit folkemusikkarkiv hadde gått føre seg i 10 år da, drive fram ved hjelp av små løvingar, idealisme og velvillig innstilling frå Suldal kommune. Suldal kommune heldt fram med å støtte arbeidet med eit halvt årsverk også vidare, slik at folkemusikkarkivet i praksis rådde over ein heil stilling. I fire år gikk det på denne måten før fylkeskommunen frå 1. januar 1996 tok det økonomiske ansvaret for heile stillingen. Frå same tid blei kontorassistentstillingen utvida frå ein halv til ein heil stilling.

Eit oversyn over utviklinga av driftsinntektene i perioden ser slik ut:

DRIFTSINNTEKTER 1981-1996

1981	307 183
1982	581 569
1983	615 243
1984	661 365
1985	702 689
1986	784 198
1987	956 731
1988	1 013 991
1989	1 039 750
1990	1 176 040
1991	1 271 320
1992	1 445 646
1993	1 643 226
1994	1 697 637
1995	2 053 902
1996	2 370 758

Strevet med å få til ei minimumsbemanning for å kunne bygge opp og drive folkemusikkarkivet hadde ein parallel i arbeidet med å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av den store bygningsmassen. Ved hjelp av omframme tilskott, sivilarbeidsordning og sysselsettingstiltak hadde det lukkast å drive eit arbeid frå år til år, men med dei store veikskapane ei slik ordning hadde både for dei som blei engasjerte og for kontinuiteten i arbeidet og for kompetanseoppbygginga. I perioden 1989-1992 tok kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland ansvar og ytte støtte til engasjement av ein handverkar, men ved utgangen av 1992 var det slutt på pengane, handverkaren måtte seiast opp og situasjonen framsto som kritisk. Det lukkast likevel ennå ein gong å stable på beina ei mellombels løysing, og frå 1. januar 1995, etter 14 år med mellombels løysingar, fekk museet, det største bygningsmuseet i Rogaland, omsider midlar til opprettning av ein fast stilling for handverkar. Da hadde museet 3

faste heile stillingar og 2 halve, inntil dei 2 halve altså året etter blei omgjort til heile stillingar. Sjølv om ordninga med sysselsetting av arbeidsledige nå hadde blitt innskrenka, hadde museet i tillegg til dei fast tilsette framleis ei rekke prosjekt- og korttidstilsette på lønningslista. I 1995 var det i 71 personar som fekk lønn frå Ryfylkemuseet.

Eit nytt forsøk på å få kommunane til å ta eit større ansvar for museet hadde ikkje lukkast. Suldal, Hjelme-land, Forsand og Kvitsøy hadde vore positive til å ta sin del av kostnaden med tilsetting av ein fagkonsulent ved museet. Fordelinga av kostnaden var rekna ut etter den modellen Ryfylkerådet brukte for foredling av kostnadar. Rennesøy kunne vera med på å finansier ein halv stilling. Finnøy stilte seg avventande. Sauda var opptatt av kor mye tid stillingen kom til å bruke i Sauda. Strand var kritisk til delingsmodellen, og ønskte eit opplegg der tilskottet frå den enkelte kommunen i større grad avspeglar det arbeidet som blei utført.

Det var altså eit stykke på veg vilje til å vera med på å løyve kommunale midlar til utvikling av Ryfylkemuseet, men ikkje i tilstrekkeleg grad og ikkje som ei solidarisk ordning der alle ytte etter evne og storleik, og arbeidet blei fordelt etter eit omforeint arbeidsprogram. Ryfylkemuseet var inne i ein vond sirkel. På grunn av mangelfulle ressurser var det vanskeleg å vera aktiv i kommunar der museet verken hadde samlingar eller frivillige medhjelparar frå før, og fordi museet ikkje var synleg nok var kommunane skeptiske til om tilskott til museet ville gi resultat i eigen kommune. Ryfylkemuseet blei kritisert for å gjera for lite, også i kommunar som faktisk var prioritert i den tida som museet hadde vore i arbeid som regionmuseum.

I vertskommunen var situasjonen anngleis. Som vertskommune var Suldal kommune pålagt eit relativt stort årleg driftstilskott til museet. I tillegg bidrog Suldal

komune til igangsetting og gjennomføring av ei rekke prosjekt som hadde eit regionalt perspektiv. Folkemusikkarkivet, som arbeider i heile Rogaland, og bygningsvernprosjektet, var tiltak som vertskommunen støtta med store midlar gjennom mange år. Museet har dessutan ein avtale med Suldal kommune om gjennomføring av eit omfattande bygdebokarbeid, og mottar støtte til ei rekke mindre tiltak. Den sterke støtten frå Suldal kommune fører til ein relativt stor aktivitet i Suldal, men altså for midlar som blir løyvd frå kommunen sjølv, og til tiltak og prosjekt som i mange tilfelle har eit regionalt perspektiv.

Det var staten som til slutt tok eit ansvar for museumssituasjonen, og som førte ny optimisme inn i strevet med å få til eit museumsstell for heile regionen.

MUSEUMSREFORM

At det var endringar på gang blei varsle alt i 1993 da kulturdepartementet nemnte opp eit museumsutval. Utvalet la fram innstillinga si i 1996 i NOU 1996:7 «Museum – Mangfold, minne, møtestad». Utvalet peika både på behovet for ei omvurdering av rolla til og måla for musea, og for ei samordning og styrking av museumsstallet.

Innstillinga blei følgt opp i St.meld. nr. 22 (1999-2000) «Kjelder til kunnskap og oppleveling – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet». Stortingsmeldinga blei vel tatt i mot i Stortinget, og la grunnen for ei museumsreform som omfatta ei indre konsolidering, ei ytre nettverksbygging og lovnad om friske midlar.

I ei orientering utarbeidd av Norsk Museumsutvikling (NMU), statens organ for museumsspørsmål, seinare omdøypa til Statens senter for arkiv bibliotek og museum (ABMU), blei det peika på at ei konsolidering kunne skje anten ved at ein enkelt institusjon fekk eit

sterkare fagleg og økonomisk fundament, eller at fleire museum slo seg saman til ei konsolidert museumseining med felles drift og felles styre. NMU meinte at miniumsbemanninga for ei konsolidert museumseining måtte vera 8-10 stillingar.

Ryfylkemuseet hadde nå 5 faste stillingar, og la raskt i veg med ein prosess for å få på plass det nødvendige rammeverket for å kunne framstå som ei konsolidert museumseining for Ryfylke. Utgangspunktet var ganske godt. Museumsstellet i Rogaland var strukturert

gjennom arbeidet med fylkeskulturplanen, og Ryfylkemuseet hadde, trass mangelfulle økonomiske og personalmessige ressurser, deltatt i museumsaktiviteter i mange av Ryfylke-kommunane. Hausten 2001 og fram på vinteren 2002 blei det arbeidd med å få til avtalar med dei enkelte kommunane. Dette lukkast godt, museet kunne sende inn søknad om å få del i dei friske midlane frå og med 2002, og fekk det.

Både i 2002 og 2003 har Ryfylkemuseet fått friske midlar gjennom museumsreforma. Først til ein stilling



Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» har gitt Ryfylkemuseet betre høve til å syne att kring om i Ryfylke-kommunane. Her ved kai i Holmesøya, Fogn. Foto: Ryfylkemuseet.



Stavanger Symfoniorkester med blanke sko på nygrusa veg på Sand i januar 2003. Symfoniorkestret har den sympatiske praksisen at dei også legg enkelte konserter ut i distrikta. Det set folk umåteleg stor pris på. Foto: Jan Inge Haga, Stavanger Aftenblad.

for vidareføring av bygningsvernprosjektet som eit permanent bygningsvernsenter ved museet, og i 2003 til opprettning av stilling som formidlar. Dermed har museet 7 faste stillingar, men har framleis ei mindre bemanning enn den som NMU ser på som ei minimumsbemanning for eit konsolidert museum. Det var derfor skuffande at det ikkje var midlar til vidare oppbygging av museet i forslaget til statsbudsjett for 2004.

Resultatet er likevel at Ryfylke har eit regionmuseum som ikkje er verre stilt enn mange andre museum av dette slaget, og som faktisk har oppnådd såpass sannkjente faglege resultat at det på nasjonalt nivå er blitt tildele høghengande utmerkingar. Ryfylkemuseet er såleis ein regional konstruksjon som har lukkast godt i forhold til ein del nasjonale føringar, men som kommunane i regionen, 23 år etter etableringa som regionmuseum, framleis har eit avventande forhold til.

KULTUR SOM STRATEGISK VIRKEMIDDEL

Den kulturelle utviklinga som var motivet for ein del av kulturengasjementet på regionalt plan handla om å ta kulturen i bruk for å nå dei overordna måla for politikken til Ryfylkerådet og kommunane i Ryfylke. Men det har sjeldan vore tydeleg kva aktørane har lagt i kulturmøtet, og det har heller ikkje alltid vore noe klart skilje mellom dyrking av kulturelle uttrykk og verdiar, og bruken av desse som instrument for å nå andre mål.

Vi har ovanfor sett på noen av dei tiltaka som har hatt eit regionalt perspektiv. Den instrumentelle tilnærminga til kulturen har vore mest tydeleg i arbeidet til Ryfylkerådet og RK 13. Ryfylkefestivalen og arbeidet til Ryfylke kunstlag og Ryfylkemuseet har vore sterke retta mot formidling av kulturuttrykk. Felles for alle tiltaka er at dei, kanskje med unntak av kunstlaget, ikkje er blitt møtt med noen entusiasme i kommunane. Det kan ha samanheng med at ingen av tiltaka, kanskje med un-

tak av kunstlaget, har oppstått som følgje av lokale initiativ. Dei er alle etablerte etter vedtak i organ på overordna plan, Ryfylkerådet eller Rogaland fylkeskommune, eller, i tilfellet RK 13, av ein enkeltkommune, Suldal. Dei som skulle styre eller administrere kulturlivet i kommunane har ikkje kjent desse institusjonane som sine eigne, dei har ikkje hatt noen plikter i forhold til dei regionale kulturinstitusjonane, og har heller ikkje hatt noen klare rettar. Det siste har for museet sitt vedkommande endra seg gjennom dei avtalane som nyleg er inngått som følgje av museumsreforma.

Det kan elles sjå ut til at det har vore vanskeleg å få skikkeleg gjennomslag for at kultur verkeleg er eit viktig satsingsområde. Sjølv om kulturutvalet til Ryfylkerådet var oppnemnt av rådet sjølv, hadde ikkje arbeidet noen stor oppslutning mellom toppiarane i kommunane, og det var vanskeleg å få noen særleg merksemad omkring dei tiltaka som blei sett i verk. Dette er ulikt den rolla kulturen spelar i omstillingsarbeidet i andre land, og delvis også i meir urbane strok i Norge. Det kan skuldast både beslutningstakarane og dei som skal legge materiale til rette for beslutningar.

Vi som har arbeidet vårt innafor kulturinstitusjonane snakkjer ikkje gjerne om verksemada vår som kulturindustri. Vi vil vera «katedral» og ikkje «børs» og tar avstand frå eit instrumentelt kultursyn. Men det er ikkje sikkert det treng vera noen motseining mellom det å hente

fram, dokumentere og formidle kulturuttrykk frå nåtid og fortid, og det å sjå korleis slike tiltak kan generere aktivitet, arbeidsplassar og pengar.

Det handlar om å sjå kva ein har, og korleis ein kan legge til rette for utvikling av ein marknad, av kulturturismen og av kulturindustrien. Føresetnaden for å få det til er truleg meir tillit og større respekt.

Kjeldene til denne artikkelen er i hovudsak arkivmateriale i samlingane til Ryfylkemuseet. Kapitlet om Ryfylke kunstlag bygger på teksten til jubileumsskriftet 2003, skriven av Grete Holmboe. Ho var medlem og leiar i styra for Ryfylke kunstlag og Suldal kunstlag 1981-2003. Artikkelen er elles skriven med den fordelan det er å kjenne ein del av institusjonane frå innsida, og med dei problema det same fører med seg i forhold til å ha nødvendig avstand til temaet. Forfattaren har både vore medlem av kulturutvalet til Ryfylkerådet, sitte i styret for RK 13 og vore styrar ved Ryfylkemuseet. Dette gir seg såleis ikkje ut for å vera noen objektiv framstilling av historia om desse institusjonane, men er tatt med fordi kultur har vore sett på som eit viktig arbeidsfelt for fellesskapet i Ryfylke, og fordi forfattaren er mellom dei som meiner at kulturen kan gi vesentlege bidrag til ei positiv, regional utvikling.

Roy Høibo (55) er direktør ved Ryfylkemuseet.

Årsmelding 2002

Vedtatt av styret i møte 4. februar 2003 (sak 2/03)

Museumsåret 2002 var det første året i den 5-årige reformperioden som er varsla for musea, og som har fått namnet Museumsreformen. Ryfylkemuseet var godt førebudd på reforma, og kom med mellom dei musea som allereide første året fekk tilført midlar til opprettning av ein ny stilling. Midlane til Ryfylkemuseet var øremerka vidareføring av bygningsvernprosjektet som museet har drive sidan 1995.

Velvilje frå kommunane gjorde at vi tidleg på året kunne sende inn dokumentasjon om det arbeidet som var gjort for å samordne museumsverksemda i Ryfylke i ei konsolidert museumseining, og da statsbudsjettet for 2003 blei lagt fram i oktober, var vi med på lista over dei som ville få «friske» midlar også i dette året. Auken i løyvingar frå Staten er også følgt opp med auka løyvingar frå fylkeskommunen og vertskommunen, slik at føresetnadane for å løyse dei oppgåvane vi er tildelte er i ferd med å bli langt betre enn dei har vore.

På den andre sida blei museet i 2002 sett tilbake gjennom sjukefråver som nesten tok eit heilt årsverk. Det meste av dette skuldast ei langtidssjukemelding. Såleis har vi i praksis ikkje hatt meir arbeidskraft til rådvelde i år enn i fjor, men med god innsats frå dei tilsette har vi likevel langt på veg nådd dei måla som var formulerte for året.

Eit høgdepunkt var ferdigstilling og opning av museumstunet på Håland i Erfjord. Her har det vore arbeidd med planlegging, finansiering og praktisk restaurering i mange år, og tolmodet har vore sett på prøve

både i museet og i bygda. Men da tunet blei opna med stor stas i september skjedde det i godt samarbeid med Erfjord grenadautval og med stort frammøte av bygdafolk og andre. Håland er nå eit av dei finaste anlegga Ryfylkemuseet rår over. Den vidare drifta vil bli planlagt i lag med eit gardsstyre som grenadautvalet har oppnemnt. Museet er innstilt på å eksperimentere med nye driftsformer og ein lågare terskel for bruk av tunet enn det vi har halde på tidlegare.

Ei anna, viktig nyvinning var ei nødvendig «ommøblering» av Nesa-sjøhuset for å gjera hovudsetet vårt meir publikumsvennleg. Den vesle museumsbutikken og kafeen vi fekk til i 1. etasje viste seg å bli ein suksess, og det alminnelege besøket i sommarsesongen auka kraftig. Dessverre mista vi samtidig noen reiseselskap som har vore trufaste dei siste åra. Det samla besøket i Nesa-sjøhuset auka likevel, medan besøket for museet samla har hatt ein liten nedgang. Den erfaringa vi sit att med er at auka satsing på publikum gir auka besøk.

Vi er dessutan godt nøgde med at vi har sluttført deltakinga i det nasjonale dokumentasjonsprosjektet «Dokument 2000» på ein god måte. Rett før jul kunne vi presentere resultatet av arbeidet i form av ein rapport vi kalla «Den fleirkulturelle bygda». Dette skjedde på eit godt besøkt arrangement der vi samla ei rekke av innvandrargruppene i Suldal til verkstad, aktivitetar, bokafe og opning av utstillinga «Høgtidsfeiring i mange land».


Folkemusikkarkivet kunne feire jubileum i 2002.

Det er 20 år sidan arbeidet med å bygge opp eit folke-musikkarkiv for Rogaland starta, og 10 år sidan det blei oppretta fast stilling ved Ryfylkemuseet til å arbeide med arkivet. Dette blei markert gjennom eit temanummer av FOLK i Ryfylke der ulike sider ved musikk-, dans- og songtradisjonane i Rogaland blei behandla. På nyåret vil jubileet bli markert med ein konsert.

Det vil elles i det følgjande bli gjort meir utførleg greie for arbeidet i meldingsåret 2002. Årsmeldinga bygger på ein detaljert resultatrapport som er utarbeidd for styret.

MUSEET SOM INSTITUSJON OG ORGANISASJON

Ryfylkemuseet er organisert som ei privat stifting der medlemmene i museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette nemner opp medlemmar til styret.



Mellan dei meir eksotiske musea som har slutta seg til Ryfylkemuseet er Hummarmuseet på Kvitsøy. Foto: Ryfylkemuseet.

Medlemmene

Mot slutten av året var det 531 som hadde betalt års-pengar. Det var 24 fleire enn året før. Dei registrerte medlemmene fordeler seg slik mellom dei enkelte kom-munane i Ryfylke (her er også med dei som ennå ikkje hadde betalt årspengane for siste året):

Forsand	7
Strand	21
Hjelmeland	54
Suldal	176
Sauda	59
Finnøy	54
Rennesøy	39
Kvitsøy	4
Andre	135
Sum	549

Det blei halde årsmøte for medlemmene på Nesa-sjøhuset, Sand, 4. april 2002. Det møtte 18 medlemmar. Målfrid Snørteland frå Jærmuseet gjorde greie for arbeidet med utvikling av Jærmuseet.

Styret

Etter årsmøtet har styret hatt denne samansettinga:

For medlemmene:

Trygve Brandal, Hjelmeland	Til årsmøtet 2003
Vara: May Britt Jensen, Rennesøy	Til årsmøtet 2003

Arnulf Honerød, Sauda	Til årsmøtet 2004
Vara: Tora-Liv Torsen, Forsand	Til årsmøtet 2004

For kommunane:

Arlild Winterhus, Suldal	Til 31.12.2003
Vara: Ola Jelsa, Sulda	Til 31.12.2003
Eva Landre Meling, Forsand	Til 31.12.2003
Vara: Kjell Haug, Forsand	Til 31.12.2003

Chr. O. Hausken, Rennesøy	Til 31.12.2003
Vara: Anne K Gangenes, Rennesøy	Til 31.12.2003

For fylkeskommunen:

Marit Jelsa	Til fylkestingsvalet 2003
Vara: Susanne Ueland	Til fylkestingsvalet 2003

For dei tilsette:

Gaute Berge Nilsen	Til 03.10.2002
Vara: Sanja Ignjatic	Til 03.10.2002

Sanja Ignjatic	Til 31.12.2003
Vara: Ruth Anne Moen	Til 31.12.2003

Styret har hatt 3 styremøte, i Suldal, Rennesøy og Forsand, og har behandla 13 saker.

Tilsette

Museet har hatt desse tilsette i meldingsåret:

Faste stillinger:

Roy Høibo, styrar	antikvar
Grete Holmboe,	sekretær
Sanja Ignjatic,	museumshandverkar
Kjell Johnsen,	konservator, folkemusikkarkivet
Ruth Anne Moen,	avdelingsleiar
Gaute Berge Nilsen,	reinhaldar (ca 20%)
Maria Corazon A. Dørheim,	

Mellombels stilling:

Ernst Berge Drange,	konservator, bygdebokarbeid
---------------------	-----------------------------



Rennesøy kommune har vald å overlate heile samlinga i bygdemuseet til Ryfylkemuseet. Bildet er tatt medan bygdemuseet heldt til på skulen i Vikevåg. Foto: Ryfylkemuseet.

Ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Monika Antun
Trygve Brandal
Kurt Erfjord
Serina Erfjord
Brit Guggedal
Gaute Hadland
Kate Nancy Husby
Ingrid Holmboe Høibo
Siri Holmboe Høibo
Karoline Høibo
Geir E. Larsen
Einar Mjølsnes
Martin Myhr
Hanna Maria van Zijp Nilsen
Gry Oftedal
Anders Erik Røine
Oddvar Rønning
Reidar Smedsvig
Terje Ole Sukka
Øivind Vabø
Egil Vaage
Laurentsa Wigestrånd

Tilknytta stilling:

Åse T. Jensen, fagkonsulent, tilsett i Hjelmeland kommune

Tilsaman er det mellom dei tilsette i museet utført 8,4 årsverk. Med tillegg av den tilslutta stillingen i Hjelmeland kommune, har museet hatt 9,4 årsverk til rådvelde.

Det har gått tapt 195 dagsverk i sjukemeldingar, d.v.s. 80% av eit årsverk. Sjukefråveret har vore på 11,1%.

Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter.

Det er dette året gjennomført fleire tiltak for å tilfredsstille krava til god utforming av arbeidsplassane ved museet. For å sikre god intern kommunikasjon blir det regelmessig halde personalmøte. Det er halde 7 slike møte i 2002. I tillegg blir det kvart år arrangert eit personalseminar. Årets seminar blei halde i Rosendal 21.-22. november. Det er og gjennomført medarbeideramtalar med dei tilsette.

For å skape trygge og allment kjente rammer for arbeidet, er det sett i gang eit arbeid med eit personalhandbok. Arbeidet starta med eit personalseminar finansiert av Forskerforbundet 25.-26. april. Ved utgangen av året er dei viktigaste kapitla i personalhandboka ferdige.

Det blir elles frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval av planar for verksemda. Ryfylkemuseet har etterkvart fått eit godt system på langtids- og årsplanlegginga, men manglar fleire av dei planane som blir etterspurde. Dette gjeld m.a. følgjande planar:

- tiltaksplan for katalogisering av samlingane
- plan for formidlingstiltak retta mot barn og unge
- plan for samordning av kulturhistorisk og naturhisto-risk formidling

Vi har dessutan behov for å revidere sikringsplanen, vedlikehaldsplanen og innsamlings- og forskningsplanen vår. Med den styrkinga av personalet som nå skjer, reknar vi med å kunne ta i ferde med fleire av desse planane.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde og vi oppmuntrer dei til-

sette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for derigjennom å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Vi har lukkast med å delta på ei rekke slike arrangement i 2002. Gaute Berge Nilsen avslutta i år deltakinga i leiarutviklingsprogrammet til Norsk Museumsutvikling.

Museumsreformen

Museumsreformen er eit statleg program for konsolidering og oppgradering av musea. Programmet går frå 2002-2006, og det skal etter programmet leggast 40 mill. «friske» kronar inn i museumsbudsjetta kvart av desse åra. Vilkåret for å få del i denne opptrappinga er

konsolidering innafor høvelege museumsregionar, og deltaking i nasjonale nettverk.

I Ryfylkemuseet sökte vi allereide i 2001 om midlar frå museumsreformen til å vidareføre bygningsvernprosjektet vårt som eit permanent bygningsvernsenter ved museet. Og vi fekk i statsbudsjettet for 2002 500.000 kroner til dette formålet.

Hausten 2001 sette vi i gang eit intensivt arbeid for å få til tilfredsstillande avtalar om konsolidering av museumsverksemda i Ryfylke, og lukkast med å få til avtalar med dei kommunane som vi ikkje frå før hadde eit nært nok samarbeid med. Bortsett frå behovet for noen justeringar er det nå slik at Ryfylkemuseet har ansvaret for all museumsverksemde i Ryfylke som ikkje



Det nyrestaurerte museumstunet på Håland i Erfjord blei opna med stor fest 29. september 2002. Erfjord Bondekvinnelag hadde tatt på seg serveringa. Foto: Ryfylkemuseet.

er tillagt andre gjennom lov. Museumssamlingane er anten i museet si eige eller er deponerte til Ryfylkemuseet. Det private Strand bygdemuseum har førebels valt å stå utanom konsolideringsprosessen.

Med ein dokumentasjon om konsolideringsprosessen i Ryfylke i botn, blei det våren 2002 på ny søkt om midlar frå museumsreformen, og vi fekk i statsbudsjettet for 2003 innvilga ytterlegare ein stilling. Håpet er at museumsreformen skal tilføre museet ytterlegare to stillinger.

I fleire av kommunane deltar vi allereide i arbeidet med praktiske tiltak ut frå dei ressursene vi har, men den tilførselen av ny ressurser som vi nå håper å få del i vil gi oss mye betre høve til å realisere ideen om eit regionalt museumsstell.

På det nasjonale planet deltar vi i eit nettverk for samtidssdokumentasjon, og vi er med på etableringa av nye nettverk for bygningsvern og for fleirkulturell formidling i musea. Vi er dessutan medlemmar i den seksjonen i museumsforbundet som arbeider med industri, kommunikasjon og anlegg, og reknar med at denne også vil bli omdanna til eit nettverk. Folkemusikkarkivet deltar i nettverkssamarbeid med dei andre folkemusikkarkiva i Norge som også har eit samarbeid med folkemusikkarkiv i Sverige.

Nybygg

Ryfylkemuseet er det av regionmusea som har investert minst i nybygg for museumsfunksjonar. Da Nesa-sjøhuset var ferdig restaurert i 1991 hadde vi brukt 5,5 mill. kroner på dette, og vi hadde fått eit godt og teneleg bygg, men det var allereide da klart at dette ikkje kunne vera det endelege svaret på dei behova regionmuseet hadde for lokale til sine funksjonar. Vi mangla m.a. noe så vesentleg som ein verkstad., og har måttå greie oss med ei provisorisk løysing av verkstadbehovet så langt.

I 1998 fekk vi utarbeidd planar for eit nytt museumsbygg som er tenkt plassert som eit frittståande bygg attmed Nesa-sjøhuset, langs fjellfoten i bakkant av Hydrokaien. Bygget skal m.a.gi rom for verkstad, inntaksrom for gjenstandar, nærmagasin/lager, nye kontor, arkiv og auditorium. Det har ei grunnflate på 375 m² er planlagt bygt i to høgder, og var i 1998 kostnadsrekna til 13,5 mill. kr.

Suldal kommune har sagt seg villig til å stille tomt til rådvelde og betale ein tredel av byggesummen. Vi har søkt Rogaland fylkeskommunen og Norsk kulturråd om å dekke resten. Vi håper det skal vera muleg å komma i gang med bygginga i 2005, og reknar da med ein ferdigstillingskostnad på nærmare 20 mill. kr.

MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine hovudrolla musea har er å vera samfunnsminne, det vil seia å produsere kunnskap gjennom å drive med innsamling, forsking og bevaring. Vi skal nedanfor gjera greie for arbeidet med innsamling og bevaring dette året, og til sist den forskinga som er utført.

Bygningar

Ryfylkemuseet eig 58 bygningar, og er med det mellom dei store bygningsmusea i landet. Det har ikkje vore noen tilvekst av bygningar i meldingsåret.

Tilstanden på bygningsmassen er under kontroll, men kunne vore betre. Museet har ein stilling til rådvelde for vedlikehalds- og vaktmeisterfunksjonar, og det er for lite. For å komma opp på eit nivå der bevaringa har meir karakter av førebygging enn reparasjon, og der vi i større grad kan trekke arbeidet med bygningsmassen inn i formidlinga, treng museet meir arbeidskraft.

Dei største arbeida med bygningssamlinga har i år gått føre seg på Håland, der eit langvarig restaureringsarbeid er avslutta. Under dette arbeidet hadde vi



Venneforeninga for «Brødrene af Sand» gjer ein kjempeinnsats for å halde jekta vedlike og imøtekomma ønske om å få seile med ho. Foto: Ryfylke-museet.

god hjelp av dugnadsfolk frå Erfjord som tok eit særleg ansvar for istandsetting av uteområdet. I tillegg har det vore gjennomført mindre vedlikehaldsoppgåver på fleire av bygningane.

Fartøy

Museet eig Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» og ei mindre samling småbåtar.

Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har tatt ansvar for vedlikehald og drift av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Venneforeninga har også tilsyn med fartøyet og har utarbeidd eit system for internkontroll for ulike ansvarsområde om bord.

Gjenstandar

Museet har ei gjenstandssamling på 7.620 nummer. Det meste av samlinga er registrert, men berre halvparten er katalogisert, d.v.s. at alle opplysningar om gjenstanden er skrive inn i ein database.

I 2002 har det vore ein tilvekst på 50 nummer. Tilveksten har kome inn til museet som gåver frå følgjande gjevarar: Nina Blackburn, Årstein Bustad, Asbjørg Håland, Marit Håland, Per Håland, Aud Kaurstad og Haldis Maribu. Det meste av tinga er utstyr som blei gitt til museet i samband med innreiing av hovudbygningen på Håland. Under arbeidet med innreiing og klar gjering av inventaret hadde vi god hjelp av frivillige deltakrar.

Hovuddelen av den magasinerte gjenstands samlinga kunne i år flyttast til det nye fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy. Etter å

ha vore oppbevart under til dels kritiske forhold i mange år blir gjenstandane nå lagra på ein sikker og god måte i ein fjellhall som tidlegare blei brukt som lager for militært materiell.

I Viga har arbeidet med registrering og konservering av gjenstandane halde fram. Det er til nå registrert 1.021 gjenstandar i tunet. Desse er i eiga til Sven Randa.

Ved overgangen til 2003 vil museet få deponert fleire gjenstandssamlingar frå dei kommunane som har gått med i den konsoliderte museumseininga. Det blir ei stor utfordring å få oversyn over desse samlingane, og få laga ein plan for registrering, katalogisering og oppbevaring av samlingane.

Naturhistorsk samling

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med ca. 100 tre av eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Det har ikkje vore noen tilvekst av sortar i hagen i meldingsåret. Jakobs-epletrea visna og blei hogne.

Hagen har vore skore, stelt og hausta, men avlinga blei ikkje spesielt stor. Frukta var likevel jamt over større, meir velsmakande og saftrik enn tidlegare år. Dette skuldast nok eit godt ver utover seinsommaren og hausten. Fleire sortar er registrerte og registreringskjema sendt inn til Nordisk genbank.

Det har lenge vore eit problem at den gamle hagen i Viga-tunet er fullt tilplanta, og ikkje gir rom for innsamling av fleire sortar. Ein har dessutan sannkjent at det var uheldig å satse på eit klonarkiv for gamle fruktslag forma som ein moderne frukthage. Så langt har det ikkje lukkast å finne høveleg areal til utviding av hagen, sjølv om fleire alternativ har vore prøvd, men nå ser det ut til at vi kan få til ein avtale med grunneigaren i Viga

om eit areal i tilknyting til tunet, og forholda ligg da godt til rette for sterkare satsing både på dokumentasjons- og formidlingsarbeidet.

Foto

Vi reknar med at museet har ei fotosamling på ca 43.000 nummer. Det meste av bilda er registrerte, men mindre enn 1/3 er katalogiserte.

I år er det registrert ein tilvekst på 292 dias som for det meste er opptak av eigne aktivitetar. I tillegg kjem noen foto gitt av Haldis Maribu i samband med innreiinga av hovudbygningen på Håland.

Video

Museet har ei lita videosamling som nå tel 48 videogram. Samlinga har i år hatt ein tilvekst på 1 videogram som er ei gave frå Grete Holmboe i samband med opninga av Hålands-tunet.

Lydband

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 429 nummer. Det er registrert ein tilvekst på 4 lydband i meldingsåret, men dette er opptak som er gjort tidlegare.

Papirarkiv

Papirarkivet ved Ryfylkemuseet omfattar om lag 15 hyllemeter med eigenprodusert materiale, og ca 36 hyllemeter med privatarkivmateriale frå andre.

I 2002 er det registrert ein tilvekst til privatarkivet på 9 nummer. Tilveksten er gaver frå følgjande: 17. mai komiteen på Sand, Sand leikarring, Sand Vevstove, Ryfylke kunstlag, Suldal kunstlag og Målfrid Nielsen Youtz.

Tilveksten av eigenprodusert materiale er særleg knytta til gjennomføringa av dokumentasjonsprosjektet «Dokument 2000», som var eit landsomfattande pro-



Folkemusikkhelga er eit årvisst arrangement som samlar gode instruktørar og lærerhilde utøvarar. Det er særleg gildt at mange unge melder seg for å få del i den tradisjonelle songen og musikken. Foto: Ryfylkemuseet.

sjekt der målet var å dokumentere viktige sider ved det norske samfunnet ved årtusenskiftet. Ryfylkemuseet deltok med ein dokumentasjon av innvandring i Ryfylke. Dette har nedfelt seg i form av notatar, spørjelister og feltdagbok frå observasjonar, samtalar og intervju med i alt 25 personar. I samband med granskingsa er det også samla ein del avisutklypp med tilknyting til saksområdet.

I samband med arbeidet for å utvikle Ryfylkvegen til Nasjonal Turistveg har museet gjennomført ei utgreiing av historia til Sauda Sinkgruver. Dette har tilført arkivet kopiar og avskrifter av materiale som vedkjem sinkgruve.

Bibliotek

Biblioteket har 2202 katalogiserte bøker (årbøker og tidskrift unntatt). Det er i år registrert ein tilvekst på 80 bøker. Tilveksten til biblioteket skjer i hovudsak ved innkjøp av bøker som har tilknyting til prioriterte arbeidsområde og som personalet finn nyttige i arbeidet sitt.

Folkemusikkarkiv

Folkemusikkarkivet dokumenterer song-, musikk- og dansetradisjonar ved hjelp av ulike slag lydband, video, noter, tekster og anna arkivmateriale på papir. Det blir arbeidd med å utvikle eit registrerings- og katalogiseringsprogram for slikt materiale kalla FIOL. Ryfylkemuseet har ei sentral rolle i dette arbeidet.

Eit oversyn over materialet ser slik ut:

TYPE MATERIALE	OMFANG	TILVEKST 2003
Spoleband	300	0
Dat-kasettar	65	1
MC-kasettar	53	1
Minidisk	1	1
Videoband	42	11
Noter	1052	0
Tekster	658	0

I tillegg til det oppgitte omfanget finst det eit uregistrert materiale av noter og tekster. Det er gjennomført registrering av 6 spoleband.

Forsking

Ryfylkemuseet har eit langsigkt samarbeid med Suldal kommune om lokalhistorisk forsking knytta til arbeidet med bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Inneverande år har det vore arbeidd på heiltid med skriving av manuskript til gards- og ættesoga for Erfjord.

I tilknyting til arbeidet med FOLK i Ryfylke og andre publiseringar er det utført mindre granskingsarbeid av utvalde emne.

Det er elles utført ein del førebuande arbeid som vi håper skal føre til nye dokumentasjons- og forskingstiltak dei nærmaste åra. Dette gjeld både bygningsvernet og folkemusikkarkivet, og det har vore arbeidd for å søke finansiering av eit krafthistorieprosjekt.

MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudrolla til musea er å vera møtestader og dialoginstitusjonar. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og kunnskapsbaserte opplevingar. Ryfylkemuseet har innverande år lagt stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

Vidareutvikling av publikumstilbodet

Arbeidet med å vidareutvikle tilboden til publikum har særleg vore knytta til tre tiltak: Vidareutvikling av vertskapsrolla og opplevelingstilboden på Kolbeinstveit, fornying av publikumsareala i Nesa-sjøhuset og innreiing og opning av Hålands-tunet. Det har dessutan vore lagt stor vekt på å styrke programtilboden ved museet.

Omlegginga til ein sterkare vertskapsfunksjon kombinert med eit breiare opplevelingstilbod ga rask og god uttelling på Kolbeinstveit i 2001. Vi hadde store forventingar om at framgangen skulle halde fram også i år, men som publikumsstatistikken nedanfor viser, blei ikkje forventingane innfridd. Dette kan ha samansette årsaker, og vi vil ikkje gi opp forsøket på å revitalisere interessa for bygdetunet før vi har prøvd ennå eit par år. Vi trur Kolbeinstveit er eit tun med stort potensiale, og vil satse så langt budsjettet tillet det også i 2003.

Mellom tilboda på Kolbeinstveit dette året har det vore kunstutstilling med Ellen Kalvig, utstilling om byggeskikk og demonstrasjon av lafting, gevir-utstilling, fotoutstilling med Vidar Lunde, husflidsutstilling og demonstrasjon av båtbygging. I og kring tunet har det vor halde sau med lam, høns, gris, kaniner og høns.

Nesa-sjøhuset har lenge lidd av ei romdisponering som har hatt openbare veikskapar i forhold til å ta i mot publikum på ein aktiv måte, samtidig som dei utstillingane som blei sette opp ved opninga i 1991 var i ferd med å bli noe alderesstegne. Før sesongen i år blei 1. etasje omgjort til resepsjon, museumsbutikk og kafe. Dette har



Museet prøver kvart år å ha eit særleg tilbod til barna på «Barnas Dag». Folkeviseleik er eit populært innslag for dei minste. Foto: Ryfylkemuseet.

fått god respons hos publikum, som trass i sviktande besøk frå reiseselskap har opplevd vekst i besøkstalet. Det kjem fleire til museet, og dei som kjem bruker meir tid i museet.

Hålands-tunet blei opna med stort program 29. september. Dette er etter restaureringa og innreiinga blitt ei av perlene i samlingane våre, og vi reknar med stor interesse for tunet. Vi planlegg likevel ikkje tradisjonell museumsvisning i tunet, men vil, i samarbeid med eit «Gardsstyre» oppnemnt av Erfjord grændautval, gjera forsøk med ulike former for bruk av tunet.

Vi ser likevel at det ved sidan av den fysiske tilrettelegginga for publikum er nødvendig å tilby eit aktivt program for å kunne konkurrere om merksemda frå publikum. Ved museet har vi stelt oss til med ei programmemed som søker å ta initiativ til, koordinere og gjennomføre ulike programtilbod. Dette har vore ein suksess, i den forstand at svært mange av dei arrangementa programmemed har stelt i stand har fått god oppslutning frå publikum. Ettersom dette er noe nytt, tillet vi oss å referere arrangementslista:

- | | |
|-----------|---|
| 15.01 | «Pus låg onde ogn», sangkveld for store og små |
| 27.02 | Spleising og knyting av tauverk |
| 07.03 | «Dristige menn og villige kvinner», foredrag |
| 16.03 | Konsert med gruppa «Folk» |
| 11.04 | «Suldalsspringaren», temakveld med dans |
| 15.-16.04 | Kurs i Halling og Pols |
| 17.04 | Tur for Suldal internasjonale kvinnekafe til Sauda |
| 27.04 | «Sjømannsviser for store og små», lansering av songhefte for «Brødrene» |
| 30.05 | Bokafe og nyopning av Nesa-sjøhuset |

- | | |
|-------------|---|
| 01.06 | Stand i Gata og opning av sommarutstilling i Nesa-sjøhuset |
| 08.06-09.06 | Kurs, konsert og seljefløyteverkstad med Steinar Ofsdal i Nesa-sjøhuset og på Røynevarden |
| 10.06 | Barnas Dag |
| 03.07 | Dans på Kolbeinstveit |
| 06.07-07.07 | Fjellenes år, Sandsa |
| 28.08 | Tur med «Brødrene af Sand» til Lingvong (Ryfylkefestivalen) |
| 29.09 | Opning av Hålandstunet |
| 08.11 | Konsert i høve kyrkjejubileum på Sand |
| 23.10 | Tur for Suldal internasjonale kvinnekafe til Håland |
| 09.11 | Kyrkjegardsvandring på Sand (kyrkjejubileet) |
| 12.12 | «Høgtidsfeiring i mange land» – bokafe, verkstad og kafe i Nesa-sjøhuset |

Det blir arbeidd med planar for betre tilrettelegging både på Jonegarden, Hustveit og ved sinkgruvene i Allmannajuvet. Begge stader er det planar om reising av visningsbygg. Planane har kome lengst på Jonegarden, men det ser ut til å vera større utvegar til å få til ei finansiering av eit visningsbygg i Allmannajuvet. Her er planane om tiltak knytta til utvikling av Ryfylkevegen til Nasjonal turistveg.

Museet har inngått avtale om eit breitt samarbeid med Stavanger Turistforening om tilrettelegging av kulturminne og formidling av kulturhistorie knytta til bruken av heia. Museet og foreningen driv gjensidig informasjon om kvarandre, og museet har bidratt til «hyttebiblioteka» på turisthyttene ved å plasser ut utvald litteratur. Saman med bøkene er det også lagt ut stevbøker, der vi oppfordrar fotturistane til å skrive stev om opplevingane sine.

Udstillingar

Museet har hatt desse tema-utstillingane i meldingsåret:

«Strandstaden Sand», fast utstilling i Nesa-sjøhuset, heile året

«Folkemusikkarkivet», skjermustilling vist i Nesa-sjøhuset mellom andre utstillingar

«Arbeidet med Brødrene af Sand» , skjermustilling vist i Nesa-sjøhuset

«Egil Bjørnstad», kunstutstilling (Suldal kunstlag), mars

«Sommarutstilling», kunstutstilling (Suldal kunstlag), juni-august

«Kultur på kultur», utstilling om utgravingane på kulturhus-tomta på Sand, i samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger, september-oktober

«Høgtidsfeiring i mange land», utstilling på Nesa-sjøhuset, i samarbeid med Suldal internasjonale kvinnekafe, desember

Følgjande miljøutstillingar har vore opne i sommarse-songen:

Jonegarden på Hustveit

Sinkgruvene i Allmannajuvet

Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda

Skulemuseet på Jelsa

Kolbeinstveit

Viga

Delar av kulturfestivalen i Ryfylke var lagt til Viga-tunet. Dette var eit vellukka arrangement.

Besøk

Statistikken for publikumsbesøk ved anlegga for 2002 i samanlikning med tala for 2001 ser slik ut:

	2001	2002
Industriarbeidarmuseet	43	36
Sinkgruvene	318	235
Jonegarden	491	355
Nesa-sjøhuset	3 363	3 538
Kolbeinstveit	2 164	1 315
Røynevarden	93	97
Skulemuseet	269	604
Håland		335
Viga	435	376
Eksterne arrangement		572
SUM ANLEGG	7 176	7463
Brødrene	840	342
Sum med Brødrene	8 016	7 805
Sum Sauda	852	626
Sum Suldal	5 889	6461
Sum Hjelmeland	435	376

Dei faste anlegga våre har hatt ein liten auke i besøket i år, men samla sett er det registrert ein liten svikt i besøket frå i fjor til i år. Men bildet er nyansert. Nesa-sjøhuset har hatt ein god framgang, og sjølv om det har vore ein alvorleg svikt i det registrerte besøket på Kolbeinstveit er besøket i Suldal høgare enn i fjor, medan det har vore nedgang i eit allereide lite besøk både i Sauda og i Hjelmeland. Truleg avspeglar dette både den generelle turistsatsinga i kommunane, og vår eiga satsing på særlege anlegg. I Suldal har det over lengre tid vore satsa sterkt på å bygge opp ei reiselivsnæring, medan det t.d. i Sauda går føre seg ei nedbygging av marknadsføringa og

servisen. Får vi til den satsinga som er under planlegging i tilknyting til Jonegarden, sinkgruvene og Viga-tunet, er det grunn til å tru at tala vil komma til å sjå heilt annleis ut.

Nedgangen i besøket på Brødrene skuldast ulik praksis for formidling og registrering av besøkande medan fartøyet ligg ved kai på Sand. I fjor blei alle som var om bord registrert. I år er det ført statistikk berre for dei som var med og seilte.

Kurs og foredrag

Ved Folkemusikkarkivet blei det gjennomført kurshelg i song, dans og musikk på Mo Laksegard helga 6.-8. september. Talet på deltakarar var 52. Dette er eit stort og om lag årvisst arrangement der det har lukkast å få til eit godt samspel mellom utøvarar som har kome langt og utøvarar som nettopp har starta, og mellom gammal og ung. Innslaget av barn og unge er stort kvart år.

Det er dessutan gjennomført eit prøveprosjekt med



Styret samla framfor samlinga til Forsand bygdemuseum i Bergevik, Forsand. Frå venstre: Eva Landre Meling, Chr. O. Hausken, Ola Jelsa, Ruth Anne Moen, Trygve Brandal og Arnulf Honerød. Foto: Ryfylkemuseet

folkemusikk i skulen i samarbeid mellom Folkemusikkarkivet og Suldal kulturskule. Dette vil bli søkt vidareført gjennom utarbeiding av eit læreverk.

Folkemusikkarkivet har elles hatt desse kursa:

- 05.04-06.04 Kvedarkurs, i samarbeid med Sandnes Musikkskule
15.04-16.04 Kurs i halling, i samarbeid med Suldal kulturskule og Sand leikarring
15.04-16.04 Kurs i pols, i samarbeid med Suldal kulturskule og Sand leikarring
17.04 Dansekurs for lærarar i Sauda

Bygningsavdelinga har i samarbeid med Høgskolen i Sør-Trøndelag og Sauda vidaregåande skule arbeidd med eit kurs i bygningsvern. Dette var lyst ut i veke 43 og 45, men samla ikkje nok deltakarar til å kunne settast i gang. Ved ny ulysing på slutten av året meldte det seg fleire deltakarar, og det vil nå bli gjennomført våren 2003.

Museet har gitt undervisning for studentar frå Høgskolen i Stavanger som har hatt uteskole i Suldal, og for VK1 byggfag ved Sauda vg. skule, avd. Sand.

Publikasjonar

Museet har gitt ut desse publikasjonane i meldingsåret:
«FOLK i Ryfylke 2002», temanummer om folkemusikk

«Den fleirkulturelle bygda – Rapport om innvandring i Ryfylke», sluttrapport frå deltaking i dokumentasjonsprosjektet «Dokument 2000»

«Kolbeinstveit», brosjyre om Kolbeinstveit

«Hiv opp segl!», songhefte til «Brødrene af Sand»

Andre tiltak

Musea er serviceinstitusjonar. Det betyr at vi får ei rekke spørsmål om ulike forhold. Alt frå spørsmål om preparering og bevaring av hus og gjenstandar, til meir krevjande spørsmål om slekts- eller lokalhistoriske tema eller spørsmål knytta til dei spesielle satsingsområda våra innafor folkemusikk og bygningsvern. Folkemusikkarkivet driv ein relativt arbeidskrevjande arkivservice med kopiering av arbeidskasettar til utøvarar. Dette er aktivitetar som ikkje nedfeller seg med særleg tyngde i dei allmenne oversyna over arrangement og publikumsbesøk, men som likevel er viktige for at museet skal blir oppfatta som og fylle rolla si som samfunnsinstitusjon.

AVSLUTNING

Styret vil takke Kulturdepartementet, Norsk Museumsutvikling, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og dei øvrige kommunane i Ryfylke, Reisemål Ryfylke, Ryfylke IKS og andre samarbeidspartnarar og dei tilsette for godt samarbeid til beste for museumsarbeidet og kulturminnevernet i 2002.

Sand, 31. desember 2002/Håland, 4. februar 2003

Arnulf Honerød

Trygve Brandal

Marit Jelsa

Arild Winterhus

Sanja Ignjatic

Chr O Hausken

Eva Landre Meling

Rekneskap 2002

RESULTATREKNEKAPEN

	2001	2002
Driftsinntekter	4 459 092	5 141 271
Varekjøp	-79 780	-131 687
Lønn og sosiale utgifter	-2 610 199	-2 951 789
Andre kostnadar	-1 832 757	-1 999 837
Driftsresultat	-63 643	57 958
Finansinntekter	85 423	128 713
Finanskonstnadar	-5 998	-6 316
Resultat av finansinntekter/-kostnadar	79 425	122 398
Årsoverskott/-underskott	15 782	180 356
Overføring frie fond	-19 812	-26 270
Avsett til styrking av eigenkapital		-154 086
Bruk av eigenkapital	4 032	
Avrunding	-2	
Sum disponert/dekka inn	-15 782	-180 356

RYFYLKEMUSEET – BALANSEREKNESKAPEN 2002

EIGE	2001	2002
Anleggsmidlar	202 638	161 440
Varelager		36 263
Kundefordringar	425 212	89 565
Feilkunder		450
Kasse	2 813	1 300
Bank, brukskonto	1 112 942	1 678 566
Bank, skattetrekk		0
Sum eige	1 743 605	1 967 584
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital	-639 956	-794 042
Avsetningar	-663 591	-437 142
Leverandørgjeld	-197 175	-452 860
Skattetrekk		0
Skuldig arbeidsgjevaravgift		0
Anna skuld	-136	-3 151
Skuldig meirverdiavgift		-125
Skuldig løn og feriepengar	-219 482	-253 399
Skuldig arbeidsgjevaravgift av fereiepengar	-23 265	-26 865
Sum gjeld og eigenkapital	-1 743 605	-1 967 584

Sand, 31. Desember 2002/4.. Januar 2003

Eva landre meling

*Trygve Brandal
Styreleiar*

Arnulv Honerø

Chr. O. Hausken

Marit Jelsa

Arild Winterhus

Sanja Ignjatic

Roy Høibo

Styrar

Revisjonsberetning

Rekneskapet for Ryfylkemuseet blir revidert av Fylkesrevisjonen i Rogaland. Fylkesrevisjonen har i brev av 28. mai 2003 konkludert slik om rekneskapet for 2002:


Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for stiftelsens økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god regnskapsskikk i Noreg
- opplysningene i årsberetningen om forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter
- stiftelsens årsregnskap er i samsvar med stiftelsen formål

Uten at det har betydning for konklusjonen i avsnittet ovenfor vil vi presisere at avsetningene på kr. 437.142 som i note 6 til regnskapet er omtalt som frie fond i det alt vesentlige representerer bundne midler. Viser for øvrig til note 3 i regnskapet der de samme avsetningene omtales som bundne midler.

Mette Jesnen Moen
Fylkesrevisor

Inge Gulliksen
Revisor



MUSEUMSBUTIKKEN

I Nesa-sjøhuset på Sand har

Ryfylkemuseet ein butikk med eit utval
bøker, hefte, CD-ar, bruksgjenstandar og
gåveartiklar. Her er også ein enkel kafé.

Nærmore opplysningar om vareutvalet på
heimesida vår: www.ryfylkemuseet.no

Butikken og kaféen er open i opningstida
til museet. I vinterhalvåret på kvardagar
(måndag–fredag) 9–15. Om sommaren til
16 på kvardagar, og på laurdag og søndag
12–16.

Ryfylkemuseet, Nordenden 14, 4230 Sand

Telefon 52 79 29 50 – Faks 52 79 29 51

E-post: post@ryfylkemuseet.no